


S. SCHJØTT

NORIGS SOGA

FJORDE UPPLAG





Pris Kr. 1,80

Julius E. Olson
1902

S. SCHJØTT

NORIGS SOGA

LÆREBOK

AAT

AMTS- OG FOLKEHØGSKULAR

FJORDE UTGAAVA



ALB. CAMMERMEYERS FORLAG



Prenta hjaa
Alb. Cammermeyers Forlag og Centraltrykkeriet
Kristiania 1900

Daa denne boki kom ut fyrste gongen i 1879, var ho ætla „til heimelesning og bruk for lærarar". No vert ho brukt til lærebok ved amts- og folkehøgskular. Men skal ho brukast til lærebok, er det mangt, som ein ikkje skal læra utanboks, men berre lesa igjenom, og mange namn, aarstal og dagetal, som ein ikkje tarv taka med. Elles vert ho for tung.

Kristiania, oktober 1900.

S. Schjøtt.

Misprentingar og rettingar

Side	12, 3dje	radi ovantil:	*Gula* skal vera: *Gulen.*	
„	25, 10de	—„—	koma *til* Norig skal vera: *i* Norig.	
„	32, 11te	—„—	*Irland* skal vera: *Island.*	
„	37. 4de	—„—	*namn* —„— *mann.*	
„	156, 5te	radi nedantil:	*Norig-Danmark* skal vera: *(Norig-Danmark.*	
„	181, 5te	—„—	*tor* samlaget skal vera: *or* samlaget.	

Fyrste stykket.

Den eldste tidi.

Steinalderen. Bronsealderen. Jarnalderen.

Det er ikkje stort, som me veit um federne vaare i den fyrste tidi; det finst korkje bøker eller segner, som fortel um den. Men i den seinaste tidi hev dei funnet ymse ting paa marki og i kjempehaugar, og av deim kann me sjaa, at i den allereldste tidi budde det folk her, som hadde reidskap og vaapn av bein og stein, og livde av aa fiska og veida dyr. Denne tidi kallar dei *steinalderen.* Seinare hadde dei reidskap og vaapn av bronse, ei blanding av kopar og tinn. I den tidi hadde dei husdyr og dyrka jordi og hadde store baatar eller skip, som ein kann sjaa av „helleristningarne“ (eller bergskrifti) dei kallar, som mange stader er innhogne paa bergi, og som dei trur skriv seg fraa denne tidi. Denne tidi kallar dei *bronsealderen.* Seinare, umkring Kristi tider, hadde dei reidskap og vaapn av jarn. Denne tidi kallar dei *jarnalderen.* I den *eldre jarnalderen* hadde dei ei skrift, som dei kalla runer, som dei hadde laga for det meste etter det latinske eller eit anna sudeuropæiskt alfabet, og av rune-innskrifterne fraa den tidi kann me sjaa, at dei tala eit maal, som liknar paa det norske, men var fælt gamaldagslegt. I den *yngre jarnalderen* (fraa det 7de aarhundrad etter Kristus) var runeskrifti mykje forandra og maalet mykje meir likt det seinare norske maalet.

Det finst ikkje so mange merke i Norig etter steinalderen og bronsealderen som i Danmark og synsteluten av Sverige. Norig var soleis mindre bygt daa.

Fraa jarnalderen finst det mange merke baade i Norig og Sverige og Danmark.

Truleg budde alt fraa steinalderen dei same folki i desse landi, som endaa bur her, fraa Eideren i Danmark til Lofoten i Norig.

Innvandringi.

Naar federne vaare vandra inn og kva veg dei kom, veit me ikkje. Dei kom vandrande i mindre flokkar, som dei kalla „folk“ (som *raumar, ryger, hordar, trønder, hader).* Det stykke land, som eit „folk„ busette seg i, kalla dei fylke. Kvart folk var bytt i fleire mindre „herar“, og det stykke land, som ein „her“ busette seg i, kalla dei herad.

Norig er eit bakkut og fjellut land, med mange tronge dalar og faa sletter. I gamle dagar var landet mykje meir skogvakset, helst ned paa flatlandet. Der som dei beste bygderne er no, var i den tidi tjukkaste skogen, og der var det paa mange stader myrlendt og ufriskt og frostnæmt, og difor søkte dei fyrste, som vandra inn, noko upp i høgdi, naar dei busette seg inne i landet, men mest busette dei seg umkring fjordarne og sjøarne, av di vatnet var lettaste farvegen.

Frænde-folki til federne vaare fann flatare lende til aa byggja, og dei busette seg helst i landsbyar og dreiv sambruk, soleis at jordi høyrde til heile landsbyen, og den einskilde mannen aatte berre huset, han budde i, og tufti, det stod paa. Men i Norig ned med sjøkanten eller upp i dalsidorne høvde det betre, at kvar fri mann, som kunde, tok jord for seg sjølv og rudde gard for seg og huslyden sin, og han og ætti hans fekk daa full eigedoms-rett eller *odelsrett* til garden, og vart heiltupp sjølvstendig. Desse var *odelsbønder*, storbønder (eller „holdar“).

Dei, som ikkje fekk taka seg jord sjølve, leigde av odelsbønderne og het *leiglendingar* eller smaabønder.

Der fanst ufrie folk og, som dei kalla *trælar,* som dei anten hadde kjøpt eller fanga paa herferd.

Fyrr federne vaare vandra inn, fanst det ikkje noko jorddyrkande folk i landet, som dei kunde leggja under seg, og det vart soleis ikkje eit stand av herrar og eit stand av undergjevne bønder. Alle bønder, baade odelsbønder og leiglendingar, var frie.

Gudelæra.

Federne vaare var heidningar, daa dei vandra inn i landet, og trudde paa fleire gudar, og det gjekk mange hundrad aar, fyrr dei høyrde um kristendomen. Dei skapte seg ei gudelæra sjølve, streng og aalvorsam som landet sjølvt, men fager.

Fyrr verdi vart skapt, trudde dei, var det eit tomt rom, *Ginnungagap.* Sunnanfor laag *Muspelheim;* der var det eld og hite, og der raadde **Surt** med det logande sverdet sitt. Nordanfor var skoddeheimen, *Nivlheim;* der er det kulde og myrker og brunnen *Kvergjelme,* og i den bur ein drake, som heiter *Nidhogg.* Fraa brunnen strøymer det kalde eiter-aaer, som møtest med gneistar fraa Muspelheim, og av dette vert jotunen **Yme** skapt og kui **Audhumbla.** Fraa Yme kjem alle jotnar, risar og rimtursar. Audhumbla sleikte dei salte rimklumparne, og av dette vart **Bure** skapt. Han hadde sonen **Bør**, og han hadde tri søner, **Odin**, **Vile** og **Ve**, som dei kalla *æser.* Æserne drap Yme og drog liket hans ut i Ginnungagap og skapte jordi av kroppen, sjøen av blodet, fjelli av beini og tre-i av haaret og himmelen av skallen, og paa den sette dei gneistar fraa Muspelheim til stjernor, og dei skapte skyer av heilen. Jotnarne rømde undan mot nord til *Jotunheim* og *Utgard.* No skapte æserne ein mann og ei kvinna, **Ask** og **Embla**, av tvo tre, og bygde aat deim ei borg, *Midgard,* av augnebruni hans Yme, til aa verja deim mot jotnarne. Æserne sette bu i himmelen i *Aasgard* og bygde ei bru fraa Aasgard til Midgard, som heiter *Biv-rost* (vegen som bivrar, regnbogen). Dei held ting under aski *Yggdrasil.* Det er det gjævaste av alle tre, med grøne greiner utyver all verdi. Det hev tri røter, den eine i brunnen Kvergjelme, der draken Nidhogg gneg paa roti, den andre i Jotunheim i brunnen hans Mime; der er det eine auga hans Odin, som han sette i pant til aa faa læra visdom av Mime. Den tridje roti er i Aasgard i *Urdarbrunnen.* Der bur dei tri *norner,* som raader for lagnaden. Dei heiter **Urd**, **Verdande** og **Skuld**. Dei vatnar roti, so treet altid held seg grønt, elles kom det snart til aa visna, daa Nidhogg og mange ormar gneg paa roti, og ein hjort gneg paa toppen, og det rotnar paa sidorne, og treet lid meir vondt, enn menner veit um. Det er eit bilæte paa mannelivet.

Paa Yggdrasil[1] heng Odin i 9 næter, saara med spjotet og ofra aat seg sjølv, og lærer visdom, skrikande av verk og pina.

Odin er den største av æserne; han kallast Allfader og Valfader (fader til dei *utvalde*, som skal falla i strid). Han drikk kvar dag av brunnen hans Mime, og fraa *Lidskjalv* skodar han ut yver all verdi. Tvo ramnar, *Hugin* og *Munin* (tanke og minne), kjem med bod og tidend til han um alt, som hender. Han hev ein hest, som heiter *Sleipne* og hev aatte føter; han er snøggare enn andre hestar. Spjotet hans heiter *Gungne* og raakar alt, som han skyt etter. Han hev ei stor hall, som heiter *Valhall*. Til honom kjem etter dauden alle dei, som hev livt retteleg.

Tor er son hans Odin. Han kjøyrer i ei kjerra med tvo gjeitebukkar, og difor kallast han Aketor. Han er gud for tora (tore-dun) og ljoneld. Han hev eit styrkebelte, *Megingjord*, som han tek paa seg, naar han treng all si gudemagt, og hamaren *Mjolne*, og slæst med jotnar og troll og bergar bonden. Til honom kjem trælarne, naar dei døyr. Han bur i *Trudvang*.

Balder er son til Odin og Frigg, kona hans. Han er god og mild og skuldlaus. Han bur paa *Breidablik*, og der finst inkje, som er ureint.

Tyr med eine handi er gud for ufred og slaasting.

Heimdall, den kvite aas med gulltenner, bur paa *Himinbjørg* (Himmelborgi) og vaktar paa Bivrost. Han er vakare enn fuglen og ser 100 miler og høyrer graset gror. Naar jotnarne kjem, blæs han i *Gjallarhornet*, og daa ljomar det yver heile verdi.

Brage med det side skjegget er gud for skaldskap. Naar dei drakk skaali hans i gjestebod, lova dei aa gjera eitkvart storverk.

Hod (uttal: Haad) er blind og sterk og gud for den blinde lagnaden.

Vidar med jarnskoen, son hans Odin, er tagal; han er den sterkaste etter Tor. **Ull** er ein god skiløypar og bogeskyttar.

Forsete, son hans Balder, gjer forlik paa jordi og i himmelen.

Nokre av gudarne kalla dei *vaner;* dei hadde fyrst ufred med æserne, men vart sidan forlikte med deim. Til vanerne høyrde:

Njord, som raader for vind og sjø. Han bur i *Noatun* utmed sjøen og hev ein son **Frøy**, som bur paa *Alvheim* og raader

[1] Ygg-drasil tyder rædsel-hesten, galgen, som Odin liksom rid paa.

for regn og solskin. Han sender fred og gode aaringar, og gjer ingen mann harm. Han kjøyrer med galten *Gullinburste* (Gullbust), som fer baade i luft og yver hav, og sigler med skipet *Skidbladne,* som sigler paa land og hav.

Øge raader for havet. Han er ein jotun, men ven med æserne.

Aasynjorne (eller kvinne-gudarne) er:

Frigg, som bur i *Fensalerne* eller *Søkkvabekk,* kona hans Odin. **Siv** med gullhaaret er gift med Tor. **Nanna,** kona hans Balder, døyr av sorg, daa Balder vert drepen. **Skade** er dotter til jotnen Tjasse og gift med Njord, men dei kann ikkje forlikast. Han bur utmed havet, og ho gjeng paa ski og veider dyr paa fjellet. **Gjerd** er og ei jotundotter og er gift med Frøy. Han gav sitt sverd til aa faa ho, og difor er han sverdlaus i den siste striden. **Idun,** kona hans Brage, gjøymer gull-epli, som gudarne et av til ikkje aa eldast. **Frøya,** syster hans Frøy, raader for elsk og kjærleike. Ho kjøyrer i ei kjerra med tvo kattar og bur paa *Folkvang,* og fær helvti av kjemporne med Odin. Ho græt gull-taaror for mannen sin, som for til framande land. Ho kallast *Vanadis* (vane-gudinna). **Raan** er gift med Øge. Ho hev eit net og fangar sjømenner med.

Valkyrjorne er skjoldmøyar (møyar som er i herferd), som Odin sender ut i striden til aa velja ut deim, som skal falla. Dei rid gjenom luft og yver hav.

Kvart menneskje hev ei usynleg *fylgja. Alvar* bur i lufti og inne i jordi. *Dvergar* bur i bergi og er dugande smedar. *Troll* og *draugar* og mangeslags vette finst det i mengd.

Loke er av jotunætt, men fosterbror hans Odin. Han er fager, men vond og ful og gjer mykje vondt for æserne. Med jotungjenta **Angerboda** hev han tri born: **Fenrisulven, Midgardsormen** og **Hel.** Æserne vilde binda Fenrisulven med ei snor, men han var rædd, at det var trollskap med snori, so han ikkje skulde koma laus att. Daa stakk Tyr handi i gapet hans, og daa let ulven binda seg, men daa han ikkje kunde slita seg laus, beit han handi av Tyr. Midgardsormen ligg rundt umkring jordi og bit seg i sporden. Hel bur i *Helheim.* Dit kjem daadlause og vonde menner etter dauden. Paa *Naastrandi* (likstrandi) langt fraa soli stend ein sal; eiterdropar fell ned gjenom ljoren, og ormerygger vind seg um salen. Dei som hev svoret meineid

eller myrda eller lokka annan manns kona, vassar der i tunge straumar.

Jotnen Trym hev stolet Tors-hamaren og vil ikkje gjeva han att, utan han fær Frøya til kona. Loke raader Tor til aa klæda seg ut som Frøya, og dei kjøyrer til Jotunheim, og jotnarne ber inn hamaren; men daa Tor fær att Mjolne, drep han Trym og mange jotnar. Soleis hjelper Loke Tor til hamaren sin, men med synd og svik. Snart fær vondskapen magt. Balder drøymer, at det er faare for livet hans, og daa tek Frigg eid av alle ting paa, at dei ikkje skal skada Balder, men ho tek ikkje eid av mistelteinen, daa ho totte han var for ung til aa sverja. Æserne skaut for moro etter Balder, men ingenting skadde han. Daa gjekk Loke etter mistelteinen og gav han til den blinde Hod og bad han skjota. Daa fall Balder daud ned. Frigg sende **Hermod** til Hel og bad ho senda Balder upp att, og det lova ho, um alle ting i verdi vilde graata for Balder. Daa gret alle ting i verdi so nær som ei trollkjering; men den trollkjeringi var Loke[1].

Æserne hemnde seg paa Loke; dei batt han med tarmarne til son hans yver tri kvasse steinar og hengde ein orm yver andlitet hans, og eiteren dryp ned paa han. **Sigyn**, kona hans, held ein kopp under, men kvar gong koppen er full og ho slær han ut, dryp det i andlitet hans. Soleis ligg han til *Ragnarok* (gudedauden, domedag).

Daa den gode Balder er burte, tek det vonde yverhand i himmelen og paa jordi. Brøder slæst, til dei døyr, det er hardt i verdi, horing og dreping, det er økse-tid og sverd-tid, og skjoldar kløyvest, og daa er enden nær. Daa kjem den lange veteren, *Fimbul-veteren,* det fyk fraa alle kantar, og det frys og blæs, og soli fær ikkje skina tri vetrar paa rad, og ingen sumar er imillom. Yggdrasil skjelv og jordi rister, og fjelli ramlar ned. No kjem Loke og Fenrisulven lause, og Midgardsormen vrid seg i jotun-sinne og sym til lands. Skipet *Naglfar* sigler ut med heile jotun-heren, og Loke med heile flokken fraa Hel stemner yver havet, og **Surt** med si fylking

[1] I den eldste tidi var Balder ein solgud, og hans helferd vil segja, at soli gjeng fraa oss um hausten. Seinare vart Balder tenkt som gud for det gode. Sameleis var Yggdrasil i den eldste tidi eit bilæte paa skyerne, men seinare paa mannelivet.

kjem sunnantil med logande sverd. Alle stemner dei til den store sletta, *Vigrid,* der skal striden standa. No blæs Heimdall i Gjallarhornet, og gudarne rid ned yver Bivrost til striden. Odin rid fyre, men Fenrisulven gløyper han. Vidar hemner Odin og riv upp kjeften paa ulven. Frøy gjeng mot Surt, men daa han hev selt sverdet sitt, er han vaapnlaus og fell. Loke og Heimdall drep kvarandre. Tor drep Midgardsormen, og gjeng ni steg fraa den vonde eiterormen, so døyr han sjølv. Daa svartnar soli, stjernorne kjem burt, jordi sig ned i havet, Yggdrasil brenn, og logarne leikar mot himmelen.

Men ei ny jord kjem upp or havet med fossar og fjell. Æserne møtest paa *Idavollen* og finn i graset dei underfulle gull-brikkor, som dei hadde aatt i livsens morgon, og spelar med deim; aakrarne veks usaadde, alt det vonde høyrer upp, og Balder kjem att. Ein mann og ei kvinna, *Liv* og *Livtrase,* hev gjøymt seg i Yggdrasil, daa verdi brann, og havt morgon-doggi til mat; fraa deim kjem ei ny manne-ætt. Alle dei gode skal bu i *Gimle,* som er takt med gull og fagrare enn soli, og der skal dei njota æveleg gleda. Daa kjem *den megtuge,* han som raader for alt; men den glinsande myrke draken, *Nidhogg,* rømer undan og flyg burt yver vollen med lik paa vengjorne.

Denne trui vart ikkje til med ein gong, og ikkje hadde alle plent same trui helder. Det var venteleg mange, som trudde, at gudarne aldri skulde døy. I vikingtidi (det 8de og 9de og 10de aarhundrad etter Kristus) var slag og slaasting den største gleda, og daa vart trui um det store „Ragnarok“ til. Daa trudde mange, at dei som fall i slag eller merkte seg med *gjeirsodden* paa sottesengi (gjeir er det same som spjot), skulde koma til Odin i Valhall og vera *einherjar* og slaast kvar dag, til dei fall, og livna uppatt um kvelden og eta flesk og drikka mjød, men at dei, som døydde av alderdom eller sjukdom, skulde koma til Hel. Daa heldt dei mot og djervskap for den største dygdi.

Gamle kvæde og segner. Liv og skikker. Næringsveger. Kultur.

Det meste av det, som me veit um trui og aandslivet i den eldste tidi, lærer me av gamle kvæde, som skriv seg fraa vikingtidi, men vart uppskrivne og samla fleire hundrad aar

etter. Denne samlingi gjeng no under namnet *„den eldre edda“* (eller *Sæmundar edda*). Mange av desse kvæde er um gudarne og deira liv, og mange av deim um kjempor i gamle-tidi, som **Sigurd Faavnesbane, Helge Hundingsbane,** og fleire. Desse kvædi maalar eit villt liv med slaasting og draap og blodhemn, men det er heit kjærleike og truskap og.

Eit merkelegt dikt i „den eldre edda“ heiter *Haavamaal* (tala av den høge, Odin). Det gjev mange livereglar: Gjestmild skal ein vera. „Den treng eld, som kjem inn og er kald paa kne-i. Mat og klæde treng den mann, som hev faret yver fjellet“. Ein skal vara seg for drykk: „Det beste ein hev med seg paa ferdavegen er godt vit, det verste ein hev med seg er aa drikka seg full.“ Ein skal vera motig: „Ein gap trur han skal liva æveleg, um han varar seg for strid; men alderdomen gjev han ingen fred, endaa um vaapni sparer han.“ Ein skal ikkje tala for mykje: „Ei kjapp tunga fær seg tidt ei ulukka“. Ein skal vera sin eigen herre: “Eige bu er betre, um det so er lite; kvar er herre heime. Blodut er hjarta for den, som skal beda um mat til kvart maal.“ Ein skal elska venerne sine, men vera sviksam mot den, som lyg: „Vil ein njota godt av ein, som ein trur ille, skal ein tala fagert, men tenkja sviksamt.“ Ein treng vener: „Fura, som stend paa traakki, turkar burt; korkje bork eller bar liver ho mot kuldi. So er det med ein mann, som ingen elskar; kvi skal han lenge liva?“ Ein skal arbeida for æra og godt ettermæle: „Fe døyr, frændar døyr, sjølv døyr du og, men æra døyr aldri.“

Umfram desse gamle kvæde finst der mange yngre sogor og segner um kjempor og hendingar i det 8de og 9de aarhundrad, um **Fridtjov den frøkne,** um **Starkad, Halv** og kjemporne hans og *Braavallaslaget* og meir. Me kan ikkje lita noko visst paa desse gamle hendingarne, som dei fortel um, men av deim fær me likevel vita mykje um, korleis dei gamle livde paa denne tidi.

Næringsvegerne var jordbruk, feavl, skytteri, fiske og handel. Dei hadde sylv og gull, men ikkje mynta so nær som framand mynt, men denne tok dei og berre etter vegt. Dei hadde spiral-runde ringar (baugar) av gull og sylv, som dei bar paa armen og hogg bitar av, naar dei skulde betala, og betalte so etter vegt. Av jarn hadde dei baade innført jarn og norskt jarn av myrmalm. Dei var gode handverkarar og utifraa gode smedar.

Husi var paa den tidi og lenge frametter paa lag som vaare gamle rotstovor. *Skaalen* eller *halli* var det gjævaste huset paa garden. Det var bygt i firkant fraa aust mot vest, og veggerne mot nord og sud var lengre enn hine. Der var berre jordgolv, men steinsett etter midten, og der brann *langelden*. Røyken gjekk upp gjenom *ljoren;* ljoset kom inn gjenom gluggar høgt uppe paa veggen. Langs med langveggerne var det langbenker. Midt paa den nørdste langbenken, som var den gjævaste, daa den snudde mot sud, mot soli, var husbondens høgsæte, *andvege,* med høgsætes-stolparne, truleg for det meste med utskorne gude-bilæte paa, ein paa kvar sida av høgsætet. Midt imot paa hin langbenken var eit ringare høgsæte for den gjævaste gjesten. Paa den eine tverveggen, midt imot inngangsdøri, var tverbenken eller *tverpallen,* og der sat for det meste kvinnfolket. Veggerne var prydde med skjoldar og andre vaapn, og naar det var stas, straadde dei halm paa golvet og hengde *tjald,* fint ty, paa veggerne og lagde putor paa benkerne. Langs veggerne var det sengerom, so kvar hadde si seng bak der han sat.

Dei gamle var kjære i stas, og allermest prydde dei herskipi sine, *langskipi.* Fremst var det tidt eit drakehovud, og i bakstamnen ein spord, og naar dei sette segl til, saag skipet ut som ein fljugande drake, og slike skip kalla dei for drakar og ormar. Fine klæde og vaapn lika dei og godt. Vaapni deira var: sverd, spjot, øks, boge og skjold, og naar dei hadde raad, hjelm og brynja. Naar dei døydde, vart dei lagde i gravhaug med vaapni sine; stundom vart dei gravsette i langskipi. Paa haugen sette dei bautasteinar og hogg innskrifter med runer.

Kvar fri mann, odelsbonde og leiglending, raadde fritt i sitt eige hus. Naar eit barn var født, kunde han segja fraa, um dei skulde føda det upp eller „bera det ut“, so det døydde. Giftarmaal gjekk for seg som ein handel, og mannen kunde hava fleire konor, men dette hende sjeldan. Det var ikkje ofte, at dei bar ut born helder, utan naar dei ikkje hadde raad til aa føda deim upp. Trælarne kunde dei drepa eller selja, men dei var for det meste snilde med deim og gav deim tidt frie. Kona stod høgt i æra og hadde tidt serskild eigedom (heimanfylgja si og det som mannen hadde kjøpt ho for). Kona var med mannen i gjestebod og jamleg paa ting og, og stundom i

strid. Det var soleis eit godt og vakkert husliv, endaa husbonden hadde ein stor rett.

Fylkes-skipnaden.

Odelsbønderne eller *holdarne* var kjernen i landet og liksom ein adel. Dei hadde full eigedomsrett til odelsgardarne sine, og garden gjekk fraa far til son, og ætti let ikkje gjerne garden gaa fraa seg, daa ho elles miste odelsretten. Ingen kunde selja ein odelsgard, mindre han fyrst baud han til odels-ervingarne, som hadde fyrste retten til aa kjøpa. Seinare vart det so, at den, som var odelsboren, i ei viss tid hadde rett til aa løysa inn odelsgarden. I den eldste tidi var det mange gonger fleire leiglendingar enn odelsbønder, men kvar fri mann kunde kjøpa seg jord, og naar jordi hadde voret lenge i ætti (etter Gulatings-lovi i 6 ættled), vart det odelsjord, og eigaren vart odelsbonde. Odelsbønderne hadde i mange maatar større rett og magt enn smaabønderne.

I kvart herad, som ein her hadde busett seg i, var det ein *herse,* som var herførar i ufred, og forstandar eller *gode* (uttal: gaade) for *herads-hovet.* (Hov, uttal: haav, er det same som gudehus.) Ein av dei gjævaste odelsbønderne var herse, og hovet paa hans odelsgard vart heradshov, so paa den maaten kom denne hovdingskapen til aa gaa i arv fraa far til son liksom odelsretten. I kvart herad var det eit herads-ting, og paa det avgjorde dei frie bønderne alle saker, som kom heradet ved, og paadømde trættor, men odelsbønderne raadde mest.

I kvart fylke, som eit folk hadde busett seg i, var det eit fylkes-hov og eit fylkes-ting. Eit av dei gjævaste heradshovi var fylkeshov, og den hersen, som hadde fylkeshovet paa sin odelsgard, var gode for fylkeshovet og hovding for heile fylket. Der var ikkje andre prestar enn hersarne. Dei ofra eller *blota* til gudarne i hov eller paa *horger,* som var simple steinaltar ute paa marki. Dei blota dyr og i den fyrste tidi menneskje, mest trælar eller fangar. Hov og horger var fredlyste, og den, som braut freden der, kalla dei *varg i veum* (ulv eller varg i heilagdomen), og honom kunde dei drepa, kor dei raaka han. Etter blotingi hadde dei gjestebod. Dei hadde tri store blot um aaret: Ved veternæterne (14de oktober), daa helsa dei veteren og bad um godt aar; og midveters (14de januar), daa bad dei

um godt aar og fred; og ved sumarnæterne (14de april), daa bad dei um siger.

Fylkestingi kom truleg ihop til visse tider og daa helst ved dei store blot. Der avgjorde dei saker, som kom heile fylket ved, og tok ved lover og paadømde trættor. *Lagretta,* domarar, som truleg vart utnemnde av hersen, dømde baade paa herads- og fylkes-tingi. Der som lagretta sat var det *vebond* rundt umkring, (heilage bond, for det meste haslepaakar). Den, som braut seg gjenom desse, vart fredlaus. Ein annan maate aa avgjera trættor paa var guds-dom (at dei let Gud døma). Ein slik gudsdom var *holmgang,* det vil segja, at dei tvo, som hadde noko hopehavande, gjekk ut paa ein holm og slost. Daa let Gud den vinna, som hadde rett. Ein annan gudsdom, som kvinnfolk bruka, var aa taka ein stein upp or ein kjetel med kokande vatn, med naken arm og hand. Naar ikkje armen eller handi var skadd, var ho skuldlaus.

Naar nokon i den eldste tidi hadde drepet ein mann, var skyldfolket til den, som var drepen, skyldig til aa hemna han og drepa anten draapsmannen eller einkvar i hans ætt. Seinare vart det fastsett bøter, som draapsmannen og ætti hans kunde betala til skyldfolket aat den, som drepen var, og fraa den tid vart det meir fredsamt i bygderne. Boti var ikkje like stor for alle. Etter Gulatings-lovi og Frostatings-lovi var boti for ein odelsbonde, anten han var draapsmann eller det var han, som var drepen, 24 øyrar sylv (umkring 1500—2000 krunor i vaare pengar). Etter Gulatings-lovi var boti for ein frigjeven (ein som hadde voret træl) 6 øyrar, for son til ein frigjeven 8[1], for ein bonde 12, odelsbonde 24, herse 48, jarl 96, konge 192.

Naar nokon hadde fenget bot og likevel hemnde seg, var dette nidingsverk, og han vart lyst fredlaus, og kven som vilde kunde drepa han.

Naar det var ufred i heradet eller fylket, sende den, som fyrst merka fienden, bodstikka umkring, og daa møtte bønderne fram, og hersen, som styrde heradet eller fylket, førde deim mot fienden.

Fleire fylke hadde truleg fraa gomol tid sleget seg ihop til mindre samlag um *ei* lov, soleis dei 8 Trondheims-fylke um

[1] Son til ein frigjeven hadde større „rett“ og større bot enn ein frigjeven, av di far hans var fri, men faren til ein frigjeven var træl.

Frostatings-lovi med ting-stad paa Frosta paa garden Lagatun (heiter no Logtu), fleire fylke paa Vestlandet um *Gulatings-lovi* med ting-stad paa Gula i Sogn, og nokre av fylki paa Upplandi um *Eidsivatings-lovi* med ting-stad paa Eidsvoll. Elles var det lite samband millom fylki.

I mange fylke vert det nemnt *kongar.* Kongsmagti kom truleg til paa den maaten, at storbønder var ute paa herferd og hadde mykje stridsfolk um seg. Folket hans het *drott,* og herføraren *drotten* eller *konge.* Naar ein slik herkonge hadde odelsjord i eit fylke og elles var ein dugande mann, fekk han tidt meir magt enn hersarne, som ikkje hadde noko fylgje av stridsmenner aa stydja seg paa, og han var sjølvskriven til aa vera herførar i ufred, og reiv vel tidt til seg all den magt, som tilkom hersen, og vart soleis konge yver fylket. Det hende tidt og, at der var kongar, som ikkje hadde noko land aa raada for, og av slike kongar kunde det vera mange i eit fylke, som hadde ein herse eller ein fylkeskonge til styrar. Kongen livde av sitt eige gods, og bønderne betalte ikkje skatt. Han kunde utnemna ein av mennerne sine til jarl, og han var daa den største etter kongen.

Fylki var soleis i fyrstningi smaa sjølvstyrde rike, der stormennerne (odelsbønderne) raadde mest (aristokratiske republikkar), men etter kvart trengde kongsmagti seg inn utantil i mange fylke[1].

[1] Der var 31 fylke: 1. *Haalogaland.* 2. *Naumdølafylke.* 3. *Øynafylke* (Inderøyi, Beitstaden og Veran). 4. *Sparbyggjafylke.* 5. *Verdølafylke.* 6. *Skjøynafylke* (Skogn og Yterøyi). 7. *Stjordølafylke.* 8. *Strindafylke.* 9. *Gauldølafylke.* 10. *Orkdølafylke.* Dei 8 siste kalla dei *Trondheim* eller *Trøndelag.* Dei, som budde i fylke 3, 4, 5 og 6, kalla dei inntrønder, og dei som budde i fylke 7, 8, 9 og 10, uttrønder. 11. *Nordmørafylke.* 12. *Raumsdølafylke.* 13. *Sunnmørafylke.* 14. *Firdafylke* (Nordfjord og Sunnfjord). 15. *Sygnafylke.* 16. *Hordafylke.* 17. *Haddingjadal* (Hallingdal). 18. *Valdres.* 19. *Rygjafylke* (Stavanger amt). 20. *Egdafylke* (Lister og Mandals amt og Nedenes amt). 21. *Grenafylke* (Bratsbergs amt og Numedal). 22. *Vestfold* (Jarlsberg og Larviks amt paa lag). 23. *Vingulmork* (langs Kristianiafjorden fraa Dramnselvi til Glaama). 24. *Alvheimar* (fraa Glaama til Gjøtaelvi. Fraa Svinesund til Gjøtaelvi kalla dei *Raanrike*). Dei 4 siste kalla dei Viki. 25. *Raumafylke* (Romerike, Odalen, Vinger og Solør). 26. *Hadafylke* (Haland, Ringerike, Land og Toten). 27. *Heinafylke* (Heidmarki, Vardal og Birid. 28. *Gudbrandsdalir.* 29. *Øystridalir.* Dei 5 siste kalla dei *Upplandi.* 30. *Jamtaland.* 31. *Herjaardal* (Herjedalen).

Vikingferderne.

Imot slutten av det aattande aarhundrad etter Kristus hadde federne vaare naatt so langt fram i styrke og magt, at landet vart deim for trongt. Naar ein odelsbonde hadde fleire søner, og han ikkje kunde gjeva kvar av deim ein odelsgard, laut dei ut og vinna seg æra og rikdom. Mangein odelsbonde hadde vel og større hug paa det enn aa sitja roleg heime, helst naar han var kjær i stas og rikdom, daa heimejordi paa dei fleste staderne var helder mager. Paa langskipi sine for dei umkring paa sjøen og slost og herja, kor dei kom. Dei kalla seg *vikingar* eller *sjøkongar.* Vikingar fraa Sverige og Danmark for og umkring, og alle desse gjekk i utlandet under namnet *normanner* (eller nordmenner), det vil segja folk fraa dei nordlege landi *(Noreg, Nord-veg).* Dei for i *vesterviking* til England, Skotland, Irland og Frankrike, og i *austerveg* til landi um Østersjøen.

Dei fleste staderne var heimefolket for veikt til aa verja seg, og verst var det i Frankrike. Kongarne visste ikkje onnor raad enn aa betala vikingarne til aa sigla av, men nye flokkar kom i staden, og den eine store byen etter den andre vart brend og herja. Tvo gonger kringsette dei Paris, og den eine gongen brende dei eit stykke av byen. Kringum i kyrkjorne bad folket til Gud, at han vilde berga deim mot dei ville normannerne. Vikingar herja Lissabon i 13 dagar, og ein hop drog til Italia og vilde brenna Rom, men vart narra og brende byen Luna i staden. I England vart London herja, og kong Alfred gjøymde seg eit halvt aar i myrar og øydemarker for deim, og i Tyskland brende dei Køln og Bonn.

Men dei gjorde ikkje berre røva og herja. Ein vikingflokk, truleg fraa Sverige, drog til Russland og skipa i Novgorod det russiske riket 862, som dei kalla *Gardarike.* Folk fraa Danmark og Norig sette seg fast i England og gjorde fred med kong Alfred 878 og fekk strandi fraa Tems til Skotland mot aa verja landet mot andre vikingar. I Frankrike fekk Gange-Rolv fraa Norig eit jarledøme av den franske kongen Karl (den faavise) 912, med hovudstaden Ruda (no Rouen, uttal: Ruang). Rolv vart døypt og tok namnet Robert. No vart det ein ende paa vikingferderne dit. Nordmennerne bytte det øydelagde landet millom seg og dyrka det upp, og no fekk det namnet Nor-

mandi. Dei gløymde snart farsmaalet sitt, daa dei gifte seg med franske gjentor, og borni tok maalet etter moderi og vart heiltupp fransmenner, og no gjorde dei mykje til aa hjelpa upp franskt maal, bygningskunst og bokrike. Fraa Normandi kom seinare den riddarflokken, som skipa rike paa Sicilia og i Nedre-Italia, og fraa Rolv var **Vilhelm Landvinnaren** ætta, som sidan med det normanniske riddarskapet tok England 1066 og der lagde grunnvollen til ein riks-skipnad, som lenge var den friaste i Europa.

For heimlandet vart desse vikingferderne og til mykje gagn. Det er fyrste gongen vaart folk gjer seg kjent i Europa. Umkring midten av det 9de aarhundrad kjem namnet „nordmenner“ fyrst i bruk i utlandet um federne vaare, og namnet „Norig“ feste seg paa landet vaart. Vikingar, mest fraa Vestlandet, busette seg paa *Færøyarne* og *Orknøyarne* og *Hjaltland* (Shetlandsøyarne) og *Sudrøyarne* (Hebriderne) og i nørdsteluten av Skotland og paa øyarne *Man* og *Anglesea* (uttal: Engelsi), og mange stader i Irland. Der skipa **Olav Kvite** eit kongerike i Dublin i 852. Dette riket stod mest i 350 aar. Fraa Vestlandet var det lett aa sigla yver til Hjaltland og derifraa fraa øy til øy til Skotland og Irland. Truleg hadde mange eigedom og herredøme baade i desse landi og heime, og norske stormenner gifte seg med døtter til skotske og irske kongar og jarlar. Paa denne tid var dei keltiske folk i Irland og Wales (uttal: Væls) langt framme i kultur; prestarne i Irland var i mange maatar lengst framme i heile Europa og var ivrige kristne, og i Wales blømde skaldskap og song. Av desse lærde nordmennerne mykje. Dei førde heim med seg rikdom og kulturemne, og mange vart kjende med kristendomen[1]. Dei vestlandske fylke, som hadde mest samferdsel med desse landi, var dei megtigaste, og der treivst skaldskap og soge-forteljing best.

[1] Eit og anna i den norske gudelæra minner mykje um kristendomen, slikt som segni um Yggdrasil, som Odin heng paa, og um Ragnarok, og trui paa den megtuge, som raader for alt.

Andre stykket.

Fraa midten av det niande aarhundrad til 1035.

Halvdan Svarte. Døydde 860. Danmark hadde alt i lange tider voret samla til eitt rike og sameleis Sverige. Etter kvart kom namnet Norig i bruk um fedralandet vaart, og namnet nordmenner um federne vaare, og dermed tok dei til aa kjenna seg som eitt folk i motsetning til dei tvo andre. Dette var vel fyrst tilfellet i Viki, for der kom danskar og svenskar og nordmenner tidast ihop. Der laag *Skiringssal;* (ikkje langt fraa Larvik; endaa heiter ein gard der *Kaupang,* det vil segja: kjøpstad); der var det eit stort hov, og dit kom folk fraa heile Viki til dei store bloti, og der var det livleg handel med kjøpmenner fraa alle dei tri nordlege landi.

I den eldste tidi er det trulegt, at Viki høyrde under svenske og danske kongar, men i fyrstningi av det niande aarhundrad etter Kristus raadde det ei fri og sjølvstendig kongsætt paa Vestfold. Til denne ætti høyrde **Halvdan Svarte** (dei kalla han **Svarte,** for di han hadde svart haar); fraa honom kom tanken um aa samla dei norske fylke til eitt rike.

Halvdan Svarte tok med odd og egg og lagde under seg det meste av landet sunnanfjels. Han var ein klok og rettvis konge. Han gjorde *Eidsiva-tinget* paa *Eidsvoll* til ting for riket sitt, og let den gamle *Eidsiva-lovi* gjelda for alle dei fylki, som høyrde til riket hans. Han heldt loverne godt og saag etter, at alle andre, høg og laag, retta seg etter deim. I hans tid var det gode aaringar, og folket elska han. Men han vart ikkje gamal. Daa han var 40 aar, hende det ein vaar, at han kjøyrde yver Randsfjorden fraa eit gjestebod og drukna i *Røkensviki,* 860. Alt folket heldt so mykje av han, at daa dette spurdest og liket hans skulde jordast paa Ringerike, kom dei beste mennerne fraa Romerike og Vestfold og Heidmarki, og alle vilde leggja liket i haug i sitt fylke, daa dei venta seg gode aaringar, um dei fekk det. Daa vart dei forlikte um aa skifta liket i fire luter, og hovudet vart hauglagt paa *Stein* paa Ringerike. Denne haugen er endaa til og heiter Halvdans-haugen.

Harald Haarfagre. 860—930. Daa Halvdan Svarte døydde, var **Harald**, son hans, berre 10 aar gamal. Daa trudde fleire hovdingar, som Halvdan fyrr hadde vunnet paa, at no var det tid til aa vinna att magti. Men Harald og morbror hans, som het **Gutorm** og styrde for han, var deim for snare og vann fleire slag, fellte mange av fiendarne og kom uventande yver nokre av deim og brende deim inne, so det snart vart ro i heile riket hans Halvdan.

Dei fortel, at Harald fridde til ei norsk kongsdotter **Gyda Eiriksdotter** (eller **Ragna Adilsdotter**), men ho svara, at ho vilde ikkje hava ein mann, som berre raadde for nokre faa fylke, men ho vilde taka han, naar han hadde lagt under seg heile Norig. Daa lova Harald ved den Gud, som hadde skapt han og raadde for alle ting, at han vilde ikkje skjera eller kjemba haaret sitt, fyrr han hadde eigna til seg heile Norig med skatt og skyld, eller so vilde han døy.

Dermed gjekk Harald og Gutorm med ein her yver Dovre og ned i Trondheim, slo bønderne i fleire slag og lagde under seg heile Trondheim og Naumdølafylke og Haalogaland, og so siglde han sudetter langs med landet og tok fylke etter fylke radt sud til Sognefjorden. Daa var Hordafylke, Rygjafylke og Egdafylke att, og der kunde han venta seg eit hardt motstand av stormennerne; for ingenstad i landet var det slik rikdom og magt som der. Harald heldt paa og laga seg til i fleire aar, og daa han totte, at han var sterk nok, siglde han sudetter. Det hadde samla seg ein stor her av hordar og ryger og egder og telebønder, og baae herarne møttest i *Hafrsfjord* (Havsfjorden, ei halv mil sunnanfor Stavanger). Det vart ein lang og hard strid, men enden vart, at Harald vann. 872.

Medan Harald heldt paa med denne ufreden, hadde den svenske kongen **Eirik** freista paa aa leggja under seg mykje av Austlandet, men Harald berga fyrst sitt eiget land, og sidan tok han Vermeland og Raanrike (Bohuslen) fraa Sverige.

No vart det ikkje gjort motstand mot Harald meir, og no var han einvaldskonge yver Norig. Strakst etter var han i gjestebod paa Møre hjaa **Rognvald** jarl, som hadde hjelpt han mykje under ufreden. Rognvald skar haaret hans, som hadde voret uskoret i 10 aar, og gav han namnet **Haarfagre**, og alle sagde, at namnet høvde godt.

I alle dei fylke, Harald lagde under seg, er det fortalt, at han tok odelen fraa bønderne, og gjorde til sin eigedom alle aalmenningar og jamvel sjøen og vatni. Odelsbønderne hadde fyrr voret sine eigne herrar heime paa odelsgardarne sine og ikkje lagt skatt til nokon og ikkje voret skyldige til anna enn aa verja heradet og fylket i ufredstider, og hadde havt fullt og fritt sjølvstyre i herad og fylke med hersen i fyreenden og smaabønderne bak seg. No laut dei leggja landskyld og fylgja kongen, naar han samla ein her, og naar nokon forbraut seg, kunde kongen taka odelsgarden fraa han eller bøter. Harald hadde liksom dei gamle kongarne ei *hird* (vakt) um seg, av dei gjævaste mennerne. Han sette ein jarl i kvart fylke til aa skifta lov og rett og krevja inn bøter og skatt mot aa hava tridjeparten sjølve, og kvar skulde i ufredstider hjelpa kongen med 60 mann. Under kvar jarl stod 4 eller fleire hersar, som styrde i heradi og skulde hjelpa kongen med 20 mann kvar i ufredstider. Kongen lønte deim med aa gjeva dei kongsgardar til len (eller veitsla), og difor vart dei seinare kalla *lendmenner* (menner, som hev fenget land). Lendmennerne vart ikkje berre kongelege embætsmenner. Dei var bondehovdingar liksom fyrr, og av det kom meste magti, dei hadde, men dei fekk ikkje raada seg so mykje som fyrr, og til vederlag for dei len, dei fekk av kongen, skulde dei fylgja kongen med mannskapet sitt, naar det var ufred, og fri bygdi for tjovar og røvarar. Mannskapet til lendmennerne var sidan det mest paalitande mannskapet i den norske heren, og baade dette og at bønderne stødt gjorde som dei gamle hovdingarne vilde, gjorde at kongen ikkje kunde koma langt, mindre han fekk studning av lendmennerne.

Harald gjorde alle paalegg so store, at kvar jarl og herse hadde større innkomor enn fyrr, og difor var det mange av dei gamle stormennerne, som gjerne vilde tena han. Dei gjævaste av desse var jarlen **Haakon Grjotgardsson** i Trondheim og Rognvald jarl paa Møre.

Island funnet og bygt. Men det var mange, som ikkje kunde finna seg i denne skipnaden, som dei kalla for hardstyre og trældom. Mange storbønder, mest fraa Vestlandet, siglde av fraa ættejordi si. Ikkje lenge fyrr hadde nokre vikingar funnet *Island*. Tvo aar etter slaget i Havsfjorden drog brøderne **Ingolv**

og L[illegible] [illegible] og [illegible] seg (874), og snart kom mykje fleire etter. Men det var ikkje mykje, som drog [illegible] til Island. Det ligg [illegible] mil ut i havet fraa Norig, og det er eit [illegible] land aa [illegible] paa. Island er [illegible] [illegible] mest som [illegible] av Norig, med gode beite og godt fiske og mykje [illegible], som straumen fører med seg dit, og i den tid var det noko skog og, men det meste av landet er breidar og øydemarker, og der er raatt og vindhardt, mildare um veteren, men kaldare um sumaren enn heime i Norig. Dei fleste drog [illegible] til dei skotske øyarne, der dei hadde vener og frændar, og derifraa heldt dei paa med ufreden mot Harald og herja paa riket hans. Harald hadde ein her ute kvar sumar og freda landet og forbaud strengt aa gjera strand-hogg (det vil segja aa gaa paa land og hogga ned buskapen for bønderne og taka med um bord); men dette hjelpte ikkje. Sistpaa laut han samla ein stor her, og med den siglde han yver til øyarne og jaga vikingarne av og lagde under Norigs rike baade Hjaltland og Orknøyarne og Sudrøyarne og Man og truleg Færøyarne med og innsette jarlar. Strakst etter reiste aalmugen seg i Skotland og jaga vikingarne derifraa, og no tok heile utvandrar-straumen vegen til Island. Dei fleste av deim hadde huslyren med seg og det fylgje av frie menner, som hovdingarne stødt hadde um seg. Fleire av deim tok ned hovi paa gardarne sine og hadde med seg timbret og noko av moldi, som hadde voret under gudebilætet. Um Ingolv er det fortalt, at han kasta høgsætes-stolparne i sjøen, og at dei dreiv i land der, som no heiter *Røykjavik*, og der sette han bu. Innvandrararne tok land *(nam land)*, so mykje, dei vilde hava, og bytte ut millom sine undergjevne, og difor hev desse nybyggjarar fenget namnet *landnamsmenner.*

Den store *landnamstidi* fell millom aari 886 og 900. Minst 400 storbønder med sitt fylgje hadde vandra ut til Island, og fyrr Harald døydde, var truleg minst 25,000, mest alle fraa Vestlandet, busette der. Det var eit stort tap for Norig. Nettupp dei ætterne, som hadde den største upplysning og rikdom og hadde fostra den norske skaldskapen, vandra ut til den nye heimen langt ute i havet og livde der sitt eige liv, og der fekk no alt det ein rik vokster, som vart kjøvt og døyvt i heimlandet.

Mange av dei misnøgde i Norig hadde vandra ut til andre stader og. **Gange-Rolv**, son hans Rognvald Mørejarl, hadde faret til Normandi, og mange til Jamteland og Helsingland. Det er rimelegt, at minst 6—800 storbønder, umfram smaabønder, vandra ut, og no tok Harald alle gardarne deira. Mange av desse gav han lendmennerne til len, og alle hine vart „krongods“, kongsgardar, som han sette *aarmenner* (gards-futar) til aa driva for kongens rekning. Aarmennerne var gjerne trælar eller frigjevne og difor lite vyrde. Dei var liksom politi i bygdi og kravde inn kongens skattar og kunde krevja hjelp av lendmennerne, naar dei turvte.

No raadde Harald med fullt velde yver heile Norig og attaat yver dei skotske øyarne, og tok skatt av finnarne i Finnmarki og halvøyi Kola, som no høyrer til Russland, radt til „Kvite-havet“. Det hadde kosta ein hard strid, og mykje stort og godt hadde gjenget til spilles ved striden, men det laut so vera, soframt Norig skulde staa seg mot dei store grannekongarne, sviakongen og danakongen.

Kong Harald hadde mange konor og yver 20 søner, og desse gav han kongsnamn og rike aa styra. Han heldt mest av Eirik, som var son av ei dansk kongsdotter. Daa han var 12 aar gamal, fekk han langskip av far sin og drog i viking og var so djerv, at han fekk namnet **Blodøks**. Den yngste sonen hans Harald het **Haakon** og vart uppfostra hjaa den engelske kongen **Adalstein**, og difor fekk han namnet **Adalsteinsfostre**. Sønerne hans Harald var reint agelause. Dei var ille nøgde med at Harald hadde innsett jarlar, og jaga mange av jarlarne hans av, og tvo av deim innebrende Rognvald Mørejarl. Den eine av desse, **Halvdan Haalegg**, siglde med tri langskip til Orknøyarne. Der styrde **Einar**, son hans Rognvald jarl, og han var sett der til aa fri øyarne for vikingar. Han fekk utnamnet **Torv-Einar**, for di han skar torv og bruka til ved, daa det var skoglaust paa øyarne. Einar slo Halvdan i eit slag og fanga han, og no hemnde han far sins draap og „risteørn“ paa ryggen hans Halvdan (ɔ: han stakk sverdet inn i livet ved ryggen og skar ut alle sidebeini alt ned til lenderne og drog ut lunga). For dette maatte Einar og orknøyingarne bøta 60 merker gull.

Fleire av Haralds-sønerne fall etter kvart. Daa Harald var 70 aar, skifte han landet millom deim, som var att, og gav deim

kongsnamn, og det er fortalt, at han sette i lovi, at alle etterkomararne hans paa manns-sida skulde taka kongedøme etter far sin, men dei skulde hava jarledøme, som kom av ætti hans paa kvinne-sida.

Kongedømet skulde soleis gaa i arv liksom ein odel, som høyrde kongen til. Dette var noko, som fall av seg sjølv, daa Harald hadde hervunnet landet, som vart hans odelsgard liksom. Men liksom ein odelsgard ikkje høyrer husbonden til, men heile ætti, soleis høyrde riket no til heile Haralds-ætti.

Men Harald gjorde det, som han kunde, til aa halda ihop riket, og innsette Eirik Blodøks til aa vera yverkonge, naar han sjølv døydde. Det vart elles ikkje so mange smaakongar, som ein skulde tenkt, for fleire av Haralds-sønerne slo kvarandre ihel, daa dei ikkje kunde forlikast um magti. Ein av sønerne hans, **Halvdan Svarte**, hadde nær innebrent Eirik, og daa samla Harald og Eirik ein her og laag ved *Reinssletta* (tett ved Rein i Stadsbygdi ved Trondhjemsfjorden). Men ein skald, som het **Gutorm Sindre**, hadde fyrr dikta eit kvad um Halvdan og eit um Harald, og daa dei baud han løn, bad han, at dei eingong skulde gjera det, som han bad um. No bad han deim um aa forlikast, og det gjorde dei.

Daa Harald var 80 aar gamal, vart han so tungfør, at han gav styringi til Eirik, 930, og tri aar etter døydde han paa sotteseng, 933. Harald var ein fager mann og stor og sterk og mykje elska av mennerne sine. Han var ein streng herre mot folket, som rimelegt var, naar han skulde gjera eit slikt storverk. Han vart hauglagd paa garden *Haugar* (Hauge) ved *Karmsund*, ikkje langt fraa Haugesund. Dei sette ein stein ved hovudet hans og ein ved føterne og ei stor hella yver. I 1872, 1000 aar etter slaget i Havsfjorden, reiste dei ei minnestytta der, og ved den hev dei no lagt den gamle steinhella.

Eirik Blodøks, 930–934, og Haakon Adalsteinsfostre, 934–961. Daa Harald gav riket til Eirik, vilde ikkje brøderne hans godkjenna honom for yverkonge, og dei fekk hjelp kvar i sitt rike, og det er trulegt, at smaariki no tenkte paa aa vinna att sjølvstyret sitt. Men Eirik vann i striden og drap fleire av brøderne sine.

Den eine av desse, Olav, kongen i Viki, let etter seg ein son, Trygve Olavsson, som laut røma undan til Upplandi.

Eirik var ein dugande mann og hadde lukka med seg, naar han slost, men han var uppfostra paa vikingferder og var hardhjarta og hardstyrande og betre laga til aa føra ein flokk vikingar paa herferd enn til aa styra det store nye riket etter Harald, far sin. Kona hans het Gunnhild og var væn og klok, men innful og hard og eggja Eirik Blodøks til mykje vondt. Misnøgjet var so stort paa slutten, at nokre av hovdingarne sende bod til England til Haakon Adalsteinsfostre. Han var 15 aar paa den tidi og fager og stor og sterk. Han var ein stor itrotsmann og var uppfostra i eit land med god upplysning, og var døypt og upplærd i kristendomen. Haakon var viljug til aa koma og drog til Norig aaret etter Harald var slokna, og lendde i Trondheim. **Sigurd** jarl paa Lade (ikkje langt fraa Trondhjem), son til jarlen Haakon Grjotgardsson, tok godt imot Haakon, som var ung og ukjend, og han fekk istand eit forlik millom dei gamle stormanns-ætterne og Haakon soleis, at kongedømet skulde gjeva fraa seg noko av magti si. Bønderne fekk att odelen sin, og dermed fekk hersarne att den gamle hovdingmagti si. Paa desse vilkaar tok bønderne Haakon til konge i Trondheim og sagde seg imillom, at no var Harald Haarfagre komen att og hadde yngst uppatt andre gongen. Tidendi um at bønderne hadde fenget att odelen, flaug som elden i turre graset alt aust til landsenden, og alle stader tok dei Haakon til konge. Eirik og Gunnhild og alle sønerne deira rømde undan. Eirik for til England og fall der, medan han var paa ei vikingferd i England med ein stor her av nordmenner, i eit hardt og langt slag.

No var Haakon yverkonge i heile Norig; han styrde sjølv yver Vestlandet. Sigurd jarl raadde i Trondheim, og paa Upplandi og i Viki raadde underkongar av ætti hans Harald Haarfagre.

Haakon skipa tvo store lagdøme, *Gulatings-lagdømet* og *Frostatings-lagdømet.* Han sette fyre, at den gamle *Gulatings-lovi* (sjaa s. 12) skulde gjelda for alle fylki vestanfjels, og at *Frostatings-lovi* skulde gjelda for alle fylki nordanfjels. *Gula* i Sogn og *Frosta* i Trondheim vart tingstader liksom fyrr, og

der skulde det samla seg ein gong um aaret utsendingar fraa heile lagdømet til aa gjeva lover og paadøma saker.

Daa Halvdan Svarte hadde lagt dei sunnanfjelske fylki ihop til eitt lagdøme, so var heile Norig no bytt i tri lagdøme[1].

Haakon var ein god og rettvis konge, og difor fekk han namnet **Haakon den gode**. Det kom tidend um den gode styringi hans alt aust til Jamteland, som nordmennerne hadde bygt, men som til daa styrde seg sjølve og korkje vilde gjeva seg under Norig eller Sverige. No høyrde jamtarne so mykje godt um Haakon, at dei gav seg godviljugt under Norig.

Haakon freista paa aa kristna Norig. Han heldt ei tala paa Frostatinget og sagde, at alle folk skulde lata seg kristna og halda upp med blotingi; men bønderne tok til aa murra, og **Aasbjørn** *fraa Medalhus* (Melhus i Gauldalen) svara, at soframt kongen vilde bruka magt og hardstyre mot deim, vilde dei taka seg ein annan hovding. Kongen laut gjeva etter. Trønderne brende upp tri kyrkjor, som kongen hadde uppsett paa Møre, og drap tri prestar, og i eit blotgilde i hovet paa *Mære* (i Sparbu) truga bønderne Haakon til aa eta hestekjøt liksom heidningarne, og drikka alle skaalerne for dei heidenske gudarne. Kongen vart harm og siglde sudetter og samla mykje folk og vilde hemna seg paa trønderne. Daa kom det tidend um, at sønerne hans Eirik Blodøks var komne til Viki med ein stor her. Daa Eirik var fallen i England, hadde sønerne hans tilhald i Danmark hjaa kong **Harald Gormsson**, og Harald hadde endaa kne-sett (eller teket til uppfostring) ein av sønerne hans, som og het Harald. Danakongen tenkte, at han skulde vinna att herredømet yver Viki, og gav Eiriks-sønerne hjelp, og desse heldt no paa og herja i Viki og hadde jaga underkongen, **Trygve Olavsson**, fraa skipi sine. Daa Haakon fekk tidend um dette, sende han bod paa Sigurd jarl og andre hovdingar i Trondheim, og daa kom *dei* til Haakon, som mest hadde gjenget innpaa

[1] Til Eidsiva-lagdømet høyrde Upplandi og Viki. Til Gulatings-lagdømet Egdafylke og alle vestanfjelske fylke so langt mot nord som til der Romsdalen tek til. Haddingjadal og Valdres høyrde og til dette lagdømet, i det minste seinare. Alle hine fylki høyrde til Frostatings-lagdømet. — Dei 8 fylki i Trondheim heldt paa med sine tingmøte for seg sjølve og hadde ting kvart aar, ein maanad fyre Frostatinget, paa Øyri ved Trondhjem. Dette tinget kalla dei *Allsherjar-tinget* (ting av all heren). Det hadde rett til aa kaara konge for heile landet.

han og vilde tvinga han til aa blota. Dei forlikte seg no, og alle ihop siglde sudetter til aa verja landet. Dei og Eirikssønerne møttest ved Karmøyi, og baade herarne gjekk paa land og slost paa *Agvaldsnes*. Nordmennerne vann, og ein av Eirikssønerne og mykje av mannskapet deira fall.

Etter dette slaget skipa Haakon landsforsvaret. Han bytte alle bygderne langs med sjøen og so langt upp i landet, som laksen gjeng lengst upp, i „skip-reidor“. Bønderne i kvar skipreida skulde gjeva kongen eit skip med mannskap, vaapn og mat, eller *full leiding*, naar det var ein utanlands her i landet; elles var dei berre skyldige til aa gjeva kongen *halv leiding*, som kongen hadde rett til aa skriva ut kvar sumar og bruka utanfor landet i 2 maanadar. Naar ikkje kongen baud ut halv leiding um sumaren, skulde bønderne betala kongen, det leidingen kosta. Kvar fri mann skulde eiga skjold og spjot og anten sverd eller øks. Var ein fiende ventande ein stad, skulde alle mann, som dugde til aa slaast, taka til vaapn. Fraa gomol tid hadde det voret vitar eller vardar paa høge fjell, som dei kveikte, naar fienden var nære. Haakon sette no fyre, at dei skulde setja upp vitar soleis, at dei kunde sjaa fraa den eine til den andre, og naar vitarne brann, skulde bodstikka gaa rundt, og daa skulde folket laga seg til i det fylket, der fienden var ventande, og leidingsskipi fraa dei andre fylki koma til hjelp. Paa 7 dagar kunde tidend um ufred gaa fraa den synste viten til det nørdste tinglaget paa Haalogaland.

Daa Haakon hadde voret konge i 20 aar, kom Eiriks-sønerne att med ein stor her av nordmenner og daner. Dei kom uventande paa Haakon, som var paa garden Birkestrond paa *Frædi* („Frei“, tett ved Kristianssund.) Haakon samla det mannskapet, som var aa faa der umkring, og „hasla voll“ (stakk ut ein plass med haslepaakar) paa *Rastarkalv* paa Frei, og der møtte Haakon Eiriks-sønerne. Ein av mennerne hans Haakon, som het **Egil Ullserk**, fekk 10 merke og 10 mann med seg og gjekk med desse slik, at Eiriks-sønerne trudde, at det var ein stor her, som kom setjande og vilde gaa millom deim og skipi deira. Dermed flydde dei, men saag snart, at dette berre var ei pretta, og daa stana Eiriks-sønerne og dei nordmennerne, som var i heren deira, men Haakon slo deim andre gongen

der, og tridje gongen ned i fjøra. Ein av Eiriks-sønerne fall, og hine flydde til Danmark.

Nokre aar etter var Haakon i gjestebod paa *Fitjar* (heiter no Fitje) paa øyi Stord i Sunnhordland. Daa saag vaktmennerne ein stor flaate kom siglande, og skalden **Øyvind Finnsson Skaldespillar** gjekk inn og sagde det til kongen. Daa kongen gjekk ut, saag han strakst det var herskip, og dei hadde ikkje langt att til øyi. Det var Eiriks-sønerne, som kom, og dei, som heldt vakt ved vitarne, hadde ikkje set deim. Haakon spurde mennerne sine til raads um, kva dei skulde gjera, daa dei hadde ei stor yvermagt mot seg. Daa talde Øyvind til aa slaast, og hine svara, at dei helder vilde falla som menner enn fly for danerne ufreista. Kongen takka deim og stelte upp det mannskapet, han hadde. Eiriks-sønerne hadde 6 gonger so mykje folk. Harald Eiriksson var føraren deira no, og med honom fylgde **Alv Askmann** og **Øyvind Skrøya**, brøderne hennar Gunnhild. Haakon gjekk hardt fram og hogg til baae sidorne. Han hadde gullslegen hjelm paa hovudet og spjot og skjold og sverdet *Kvernbit.* Dette sverdet hadde han fenget av Adalstein, fosterfar sin; det var so godt blad paa det, at han hogg gjenom ein kvernstein radt til auga med det, og difor vart sverdet kalla Kvernbit. Soli skjein paa gullhjelmen, og daa vende mange vaapni mot Haakon. Daa tok Øyvind Finnsson og sette ein hatt yver gullhjelmen, men daa ropa Øyvind Skrøya: „Gjøymer nordmanna-kongen seg no, eller hev han flytt, eller kor er gullhjelmen?“ Dermed gjekk han og bror hans fram og hogg som ville og galne. Men Haakon svara: „Haldt fram, som du stemner, vil du finna nordmanna-kongen“. Det var ikkje lenge aa venta helder, fyrr Øyvind kom, men Haakon kløyvde hjelmen og hovudet paa han, og i det same fall Alv Askmann og. Daa flydde heren til Eiriks-sønerne; men daa Haakon sette etter og gjekk fremst i fylkingi si, kom det ei pil i armen hans, og dei kunde ikkje faa stilt blodet. Daa han merka, at han vart klen, vilde han sigla nord til kongsgarden *Aalreksstad* (Aarstad ved Bergen), men han kom ikkje lenger enn til *Haakonar-hella* (heiter no Helleren, ikkje langt fraa Bergen). Daa var han mest livlaus, og dei lagde til lands. No sende Haakon bod til Eiriks-sønerne, at han gav deim Norigs rike, av di han sjølv ikkje hadde søner. Venerne hans baud

honom, at dei skulde føra liket hans til England og gravsetja det i kristi jord, men han svara: „Eg er det ikkje verd; som heidning livde eg, og som heidning skal dei jorda meg og“. Strakst etter døydde han der paa Haakonar-hella, same staden som han var fødd, aar 961. Liket vart ført nord til Sæheim (Sem) i Nordhordland og hauglagt der, fullt væpna, og endaa kann ein sjaa gravhaugen hans. Øyvind Finnsson kvad *Haakonarmaal* til hans æra og viste han etter gamal skikk til Odin i Valhall. Baade vener og uvener gret, daa han døydde, og sagde, at so god konge vilde visst aldri koma til Norig meir.

Norigs rike hadde gjenget mykje fram under Haakon den gode. Harald Haarfagre hadde teket landet med odd og egg og aatte landet som ein herre. Daa bønderne tok Haakon til konge, fekk dei att odelen og vart herrar i sitt eiget land og tok paa seg aa verja landet sitt, soleis at ikkje kvart fylke skulde slaast for seg, men alle skulde hjelpast aat. Haakon og landsfolket slo gong etter gong utanlands herar, og dette gav det nye riket samhelde, og gjorde at dei no kjende seg som nordmenner og brøder meir enn fyrr. Landet var no bytt i tri store lagdøme, og det var so god fred i landet, so jamtarne helder vilde tyda seg til Norig enn raada seg sjølve. Kongedømet var sterkt og bønderne var frie, daa Haakon styrde.

Eiriks-sønerne, 961—965, og Haakon Jarl, 965—995. No vart dei fem sønerne hans Eirik tekne til kongar i Gulatings-lagdøme. **Harald Graafeld** var den eldste og fremste av deim, men elles styrde dei alle jamsides og tok seg kvar si hird. I Viki raadde **Trygve Olavsson** og **Gudrød Bjørnsson**, sonesønerne hans Harald Haarfagre, og paa Upplandi fylkeskongar av Haralds-ætti, og i Trondheim raadde Sigurd jarl, og ingen av desse godkjende i fyrstningi Eiriks-sønerne for yverkongar. Til dette kom og, at danakongen Harald Gormsson Blaatonn stod paa, at Eiriks-sønerne hadde riket til len av honom. Det var soleis lite att no av samlingsverket hans Harald Haarfagre. Eiriks-sønerne freista paa aa leggja heile landet under seg med svik og magt, og moder deira, Gunnhild, raadde deim til mykje vondt, liksom ho hadde gjort med mannen sin, Eirik Blodøks. Dei drap Gudrød og Trygve med svik, og enkja etter Trygve laut røma utor landet med eit nyfødt

barn, **Olav.** Dei lova Sigurd jarl venskap, og han godkjende deim for yverkongar, men eingong daa han var i gjestebod paa *Oglo* (Skatvoll) i Stjørdalen, siglde dei um natti inn etter fjorden og brende Sigurd jarl inne. Sigurd hadde ein son, som het **Haakon**; han var fager og velvaksen og klok, men sløg og ful. Honom tok trønderne til jarl og sette paa vatnet kvart skip, som var brukande, og Eiriks-sønerne rømde undan. I fleire aar heldt Haakon seg i Trondheim, og han og Eiriks-sønerne svor kvarandre takom-til venskap, og takom-til prøvde dei paa med svik mot kvarandre. Endeleg laut Haakon røma til Danmark, og daa hadde Eiriks-sønerne samla heile Norig under seg.

Men dei fekk mange fiendar. Dei var liksom far sin store og væne og djerve stridsmenner, men dei var sviksame og kjære i pengar og harde og brydde seg maateleg um loverne. Dei var so knipne, at dei grov pengarne sine ned i jordi, er det fortalt. Dei var kristne og braut ned hovi, men kom ingen veg med aa kristna landet og fekk berre fleire uvener. Det kom uaar etter uaar, og fisket slo ikkje til, og bønderne var so misnøgde, at dei slo ihel fleire av brøderne. Snart fekk Haakon jarl Harald Graafeld i fella og. Danakongen Harald Gormsson var harm paa Harald Graafeld, for di han ikkje betalte skatt, og tok godt imot Haakon jarl. Danakongen hadde ein brorson, som het **Gullharald.** Han gjorde krav paa eit stykke av Danmark, og Haakon eggja han upp. Men daa danakongen ikkje vilde gjeva han noko, raadde Haakon danakongen til aa gjeva Gullharald Norig. Dette vart dei forlikte um, og danakongen baud Harald Graafeld koma til Danmark, og han kom og lagde aat ved Hals ved Limfjorden med tri skip. Daa kom Gullharald paa han med 9 skip. Harald varde seg manneleg, men sistpaa fall han. Dessimillom hadde Haakon sagt til danakongen, at det var faarlegt aa gjeva Gullharald Norig, og baud seg til sjølv aa verta danakongens jarl og leggja Norig under honom og drepa Gullharald. Daa danakongen gjekk inn paa dette, siglde Haakon etter Gullharald og kom, strakst etter Harald Graafeld var fallen, og fanga Gullharald og hengde han upp. (Umkring aar 965.)

No siglde Harald Gormsson og Haakon og mange andre norske hovdingar med ein stor flaate til Norig. Harald Gormsson vart yverkonge, og Haakon fekk til len Vestlandet fraa

Lindesnes til Trondheim mot aa betala helvti av dei kongelege innkomorne og hjelpa danakongen i ufred. Trondheim og fylki nordanfor tok han i arv etter far sin. Harald Grenske, son til kong Gudrød, er det fortalt fekk Agder og eit stykke av Viki og vart utnemnd til konge der. Resten av Viki tok danakongen for seg sjølv. Paa Upplandi raadde fylkeskongar av ætti hans Harald Haarfagre, men dei og kong Harald Grenske skulde svara skatt til danakongen. Dei tvo Eiriks-sønerne, som endaa var i live, hadde seg undan, daa alt folket gjekk fraa deim.

Det var det gamle stormanns-veldet og fylkessjølvstyret, som raadde i landet no, og det einaste bandet, som knytte ihop dei norske fylki, var at dei godkjende den danske kongen for yverkongen sin. Men dette danske herredømet hadde ingenting aa segja; kvar hovding i Norig raadde seg fritt, og raadde seg meir no, enn naar dei hadde ein norsk yverkonge. Haakon jarl hadde største magti i Norig, og han betalte ingen skatt til den danske kongen, og sagde at pengarne gjekk med til aa verja landet mot dei tvo Eiriks-sønerne.

Harald Gormsson laag i ufred med Tyskland. Den tyske kongen **Otto den fyrste** hadde vortet romersk kjeisar i 962, og daa den romerske kjeisaren heldt seg for større enn kongarne, gjorde Otto krav paa herredømet yver Danmark, og Harald laut taka ved kristendomen og godkjenna kjeisaren for yverherre. Daa Otto den fyrste døydde, vart son hans, **Otto den andre**, kjeisar; men i fyrstningi var det mykje uro i riket hans. Daa tenkte Harald, det var tid aa gjera seg fri, no daa kjeisardømet var veikt og han hadde hjelp aa krevja i Norig, og sende bod til Haakon jarl, at han skulde koma til Danmark med ein her. Haakon baud ut halv leiding og kom til danakongen, som hadde ein stor her sjølv og. Harald sende den norske heren til *Danevirke* (ein mur, som **Tyre Danebot** hadde uppsett til aa verja inngangen til Danmark mot tysken), og nordmennerne varde Danevirke so vel, at Otto laut snu. Daa vilde Haakon draga heim til Norig med heren sin; men medan han laag i Limfjorden for motvind, kom Otto braadt attende og kom inn i Danmark, og Harald maatte lova aa innføra kristendomen i Norig og faa Haakon jarl døypt. Harald baud Haakon til seg, og daa han kom, truga Harald han til aa lata seg døypa, og let han faa prestar med seg. Men so fort Haakon

fekk vind, sette han prestarne i land og stakk i sjøen og herja paa heimvegen i danakongens rike, og gjorde seg no til sjølvstendig styrar i riket sitt, dei vestanfjelske og nordanfjelske fylki. Han bygde uppatt dei hovi, som Eiriks-sønerne hadde rivet ned, og bad folket blota. Han var ein stor blotmann sjølv og; det er fortalt, at eingong han var i stor naud, blota han sin eigen son (i slaget i Hjørungavaag). I Viki, som no var reint skild fraa riket hans Haakon og endaa stod under danakongen, fekk kristendomen etter kvart inngang, og missionærar fraa Danmark og Tyskland arbeidde der for den nye trui.

Harald Gormsson vilde hemna seg paa Haakon jarl og siglde til Norig med ein stor her, og daa han kom i riket hans Haakon, herja han det verste han kunde. I Lærdal i Sogn stod 5 gardar att. Men daa han fekk tidend um, at Haakon samla mykje folk, snudde han heimatt og tenkte paa meir hemn.

Der var ein viking-hop, som hadde busett seg paa *Jomsborg* paa øyi *Jom* (heiter no Wollin i Forpommern), og hadde skipa eit samlag med strenge lover. Ingen fekk vera med, som var under 18 eller yver 50 aar, eller som var rædd eller gav seg for nokon ting, og kvinnfolk fekk ikkje koma inn i borgi. Dei djervaste kjemporne søkte dit fraa alle nordlandi, mest fraa Danmark, og dei var vidkjende for aa vera motige stridsmenner og harde til aa røva. I eit gravøl drakk danakongen deim fulle og fekk deim til aa lova, at dei skulde fara mot Haakon jarl. Daa dei vart fastande, totte dei, at dei hadde lova for mykje, men dei tenkte dei skulde koma uventande paa han og siglde, so fort dei kunde, til Norig med 60 skip og herja i riket hans Haakon. **Eirik**, son hans, som Harald Gormsson hadde sett til jarl i Vingulmork og Raumarike, fekk tidend um dette og samla folk og for landvegen til Trondheim, og daa let Haakon og Eirik bodstikka gaa og samla ein flaate paa 180 skip (truleg inn paa 10,000 mann) og møtte jomsvikingarne i *Hjørungavaag* (heiter no Lidvaag paa Hareidland paa Sunnmøre). Nordmennerne hadde meir folk og fleire skip, men dei var ikkje so godt væpna og øvde, daa mesteparten var berre leidingsfolk, og skipi var mykje mindre enn dei, fienden hadde, og jomsvikingarne hadde lenge yvertaket. Fraa dei høge skipsbordi sine stakk dei og skaut ned paa nordmennerne og skaut tvert igjenom skjoldarne deira, og mange

fall. Haakon sjølv kom i stor naud, og brynja hans var reint sundskoti. Eirik Haakonsson lagde fram der, det trengdest mest, og daa den eine norske fylking-armen vart trengd tilbake, kom han til hjelp der og lagde seg sida um sida med skipet hans *Bue Digre,* den djervaste av alle jomsvikingarne. No vart det ein kvass strid, og enden vart, at 35 skip i jomsvikingflaaten rømde undan, og berre 25 laag etter. Daa lagde Haakon seg paa den andre sida hans Bue Digre; Bue kasta seg i sjøen med tvo kistor fulle med gull, og no hogg nordmennerne mannskapet hans ned fraa stamn til stamn, og sameleis gjorde dei paa hine skipi. Berre nokre faa fekk liv og fred. Dette slaget var truleg um veteren 985—986.

Etter denne store sigeren raadde Haakon fritt som ein konge i alle sjøbygderne fraa Finnmarki til Lindesnes og hadde 16 jarlar under seg. Færøyarne, Orknøyarne og Sudrøyarne lagde skatt til han. Bønderne heldt mykje av han, for det var god fred innanlands og gode aaringar. Men lukka vart Haakon jarl for stor. Han vart stolt og streng og lagde seg i ulivnad med kvinnfolk, og bønderne fekk ikkje hava døtterne sine i fred for han, og sistpaa vart alle hatige paa han.

Viki op Upplandi høyrde ikkje med til riket hans Haakon, men Eirik, son hans, hadde styringi yver fleire fylke der. Harald Gormsson, som altid hadde fenget hjelp av jomsvikingarne, hadde ingi magt lenger i Viki etter slaget i Hjørungavaag og fall strakst etter i eit slag mot son sin, **Svein Tjugeskjegg**. Men truleg hadde den svenske kongen **Eirik den sigersæle** teket eit stykke av Viki no. Det gamle Eidsiva-lagdømet var reint uppløyst, og mange, som hadde teket ved kristendomen, daa Harald Gormsson var yverkonge der, tok no til aa blota paa nytt lag. Det saag ut til, at den gamle trui og det gamle stormanns-veldet og det gamle fylkessjølvstyret skulde faa yverhand i heile Norig. Men i lengdi kunde ikkje det gamle staa seg. Heidenskapen var utlivd no. Fleire av dei mest upplyste hadde lært aa kjenna kristendomen paa vikingferderne eller handelsferderne sine, og nokre av deim let døypa seg. Kristendomen fekk inngang i alle andre land rundt umkring og hadde alt no gjort so mykje i Norig, at faa, i det minste av dei store ætterne, trudde paa dei gamle gudarne. Av deim, som hadde nokor upplysning, trudde nokre paa sin eigen styrke, og

dei fleste trudde ingenting. Naar den gamle trui løyste seg upp, kunde ikkje det gamle stormanns-veldet og fylkessjølvstyret halda seg ved lag helder, av di det nettupp hekk ihop med trui. (Sjaa sida 10—12.) Det var mykje og no, som heldt heile det norske folket ihop. Den norske leidingsheren hadde slegest manneleg paa Danevirke og i Hjørungavaag, og desse storverk, som nordmennerne hadde gjort mot utlendingar, knytte nordlendingar og vestlendingar og vikverjar ihop med ein sams eigedom av store minne.

Haakon fekk tidend um, at ein kongsson av ætti hans Harald Haarfagre var vest i Irland. Denne kongssonen var **Olav**, son til kong Trygve Olavsson og sonesons son hans Harald Haarfagre. Daa Trygve var drepen av Eiriks-sønerne, vilde Aastrid, enkja hans, fly til Gardarike med den nyfødde guten sin, men vart fanga paa vegen av vikingar. Guten vart skild fraa moderi og seld for ein bukk og sidan for ei kufta, men sistpaa vart han kjend av morbror sin, som var i Gardarike hjaa kong Valdemar. Der voks han upp til ein væn og stor og sterk mann, og han vart den beste itrotsmannen av alle nordmenner. Han kunde gaa paa aararne utanbords, naar mennerne hans rodde, og han leika med tri smaasverd, so det eine stødt var i vedret, og tok deim altid att i handtaket. Han hogg like godt med baae henderne og skaut med tvo spjot um gongen. Daa han var 18 aar, for han i viking nokre aar og tok ved kristendomen liksom mange andre vikingar, og han var namnkjend for aa vera ein av dei gjævaste hovdingarne. Daa han fekk høyra, at Haakon jarl hadde lagt seg ut med bønderne, fekk han hug til aa freista lukka heime, og med 5 skip stakk han i sjøen og siglde attende til Norig.

Dessimillom hadde Haakon jarl sendt trælarne sine etter ei væn bondekona, **Gudrun** (fraa garden Lunde i Horrig). Ho var so væn, at dei kalla ho *Lunde-soli.* Men mannen hennar, **Orm Lyrgja**, let bodstikka gaa, og bønderne samla seg. Nettupp som dette hende, kom Olav Trygveson med sine 5 skip til Agdenes (ved innlaupet til Trondhjemsfjorden), og drap **Erlend**, son hans Haakon jarl, som vilde stengja vegen for han. Haakon jarl laut røma for bønderne og hadde berre ein træl, **Kark**, med seg og kom til garden *Rimul* (heiter no Romul i Melhus i Gauldalen). Der budde ei kona, som het **Tora** og hadde

voret kjærasten hans ei tid. Ho gjøymde Haakon og Kark under eit svinebol i eit hol, som dei grov. Tora lagde timber og mold yver holet og dreiv griserne yver.

Bønderne tok Olav til konge og for til Rimul og leita etter Haakon. Olav stod paa ein stein attmed svinebolet og lova ut pengar og æra til den, som drap jarlen. Dette høyrde Kark. Han vart snart bleik og snart svart som jordi, og Haakon bad han, at han skulde ikkje svika han. Jarlen trudde ikkje Kark og heldt seg lenge vaken, men sistpaa somna han, og daa drog Kark ein kniv og drap Haakon. 995.

Haakon Ladejarl hadde voret den største blotmannen og den megtigaste hovdingen av dei gamle storætterne. Han hadde stridt for alt det gamle, men no var tidi komi, daa det nye, kristendomen og kongedømet og heile riket samla skulde vinna fram. Ingen nordmann hev havt so stor magt som Haakon, so nær som kongarne; men endaa fekk han so laak ein ende, at bønderne kasta stein paa liket og hengde hovudet hans i ein galge.

Olav Trygveson, 995—1000. Heile folket tok med gleda mot Olav Trygveson, og hovdingarne paa Upplandi og i Viki, som hadde havt landet sitt til len av danakongen, tok det no til len av Olav. Sameleis gjorde **Sigmund Brestesson** paa Færøyarne, som fyrr hadde øyarne til len av Haakon jarl. Sønerne hans Haakon, **Eirik** og **Svein,** for ut or landet til den svenske kongen **Olav Skautkonung,** og heile Norig var samla paa nytt lag, fraa Finnmarki til Gjøtaelvi. Olav tok strakst til aa innføra kristendomen. Han kalla til seg fleire av dei største hovdingarne i Viki, som han var skyld til, og lova deim magt og æra, um dei vilde taka ved kristendomen. Dei gjekk inn paa dette, og so heldt han ting med aalmugen, og den fylgde hovdingarne sine. Olav refste strengt, naar nokon sagde nei, og drap nokre, og paa eit aar vart Viki kristna. Sidan for han nordetter og kristna alle sjøbygderne. Paa Gulating tala han fyrst med hovdingarne, og dei lova aa taka mot kristendomen, soframt kongen vilde gifta **Aastrid,** syster si, med ein av dei beste hovdingarne, **Erling Skjalgsson,** som høyrde til den største og gjævaste ætti i Hordaland. Kongen samtykte, og no vart Erling verbror til kongen og fekk styringi yver landet fraa Sognefjorden til Lindesnes.

I Trondheim vilde bønderne, at Olav skulde blota, men han var sløg og fekk alle hovdingarne deira i si magt, og so sagde han, at skulde han blota, vilde han gjera det største blotet, som brukelegt var, og blota folk, og so truga han med, at han vilde drepa alle hovdingarne. Daa laut trønderne taka den nye trui. Paa Haalogaland tok ein megtig hovding **Haarek** *paa Tjotta* (paa Helgeland) kristendomen og vart kongens lendmann. Andre, som ikkje vilde lata døypa seg, vart pinte og drepne, og heile Haalogaland vart kristna.

Olav kom ikkje til Upplandi, og fylkeskongarne, som raadde der, tok ikkje ved kristendomen, men han fekk kristna Irland og Færøyarne og Grønland.

Paa fem aar fekk Olav den nye trui innførd. Han hadde med seg prestar fraa England, men dei var alt for faa til aa læra upp folket, so i fyrstningi var det kristendom mest berre i namnet. Men trui paa dei gamle gudarne vart mindre enn fyrr, daa aalmugen saag, at dei ikkje kunde berga seg mot Kristus, og at dei kristne strafflaust reiv ned hovi deira[1].

Jarlesætet paa Lade stod tomt no, og Olav hadde brent det store hovet der. Men ikkje langt fraa Lade bygde han eit hovudsæte for kongsmagti og kristendomen ved Nidar-osen (der som Nid-elvi eller „Nea“ renn ut). Der sette han upp ein kongsgard og ei kyrkja og grunnlagde ein by, som fekk namnet *Nidaros* og vart hovudstaden for heile Norig, daa Trondheim var den megtigaste luten av landet. 996.

Olav fridde til den svenske dronningi *Sigrid Storraade,* men daa ho ikkje vilde taka den rette trui, slo Olav ho i andlitet med hanska si og sagde: „Kva skal eg med deg, din rava heidning?“ Men Sigrid svara: „Det kunde vel henda, at dette vart banen din“. Sigrid var enkja etter den svenske kongen Eirik den sigersæle. Son hennar, Olav Skautkonung, var no

[1] Dei engelske prestarne gjekk varleg fram, naar dei preika den nye læra, og drog folket med lempe yver fraa den gamle til den nye trui. Det var nok, naar folket let seg døypa og heldt jol paa same tid som dei kristne, heldt heilag 7de kvar dag og fasta 7de kvar dag og trudde, at Kristus var gud. Mange, som trudde paa Kristus, trudde, at dei gamle gudarne var til endaa, men at dei var vonde magter. Nokre var „blanda i trui“. Soleis *Helge den magre.* Han trudde for det meste paa Kristus, men naar han var paa sjøen, kalla han paa Tor.

konge i Sverige. **Svein Tjugeskjegg**, son hans Harald Gormsson, var konge i Danmark, og gifte seg med Sigrid. Svein hadde ei dotter, som vart gift med Eirik jarl, son hans Haakon jarl, og det var samlag millom desse tri, Eirik jarl, den danske kongen og den svenske kongen, og dei traadde etter aa taka liv og rike fraa Olav Trygveson, daa han hadde teket fraa deim det land, som dei hadde aatt i Norig; Eirik jarl hadde attaat far sin aa hemna, og Sigrid Storraade eggja upp dei tvo andre. Til dette kom og, at syster hans Svein, *Tyre,* hadde gift seg med Olav Trygveson, kong Svein uspurt, og daa Svein hadde teket fraa ho all eigedomen hennar i Danmark, eggja ho Olav upp til aa krevja bot.

Olav baud ut leidingsheren um vaaren 1000 og skuva skipi sine paa vatnet, og lendmennerne kom til han med sine skip og. Han hadde mange store skip, Trana og Ormen skamme (eller stutte) og eit ovende stort skip, som het **Ormen lange.** Dette skipet styrde han sjølv. Det hadde gyllt drakehovud og spord og 600 mann um bord, dei sterkaste og djervaste, som var aa finna. Ingen maatte vera med, som var yver 60 eller under 20 aar, so nær som den gjæve bogeskyttaren **Einar Tambeskjelvar**; han fekk vera med, endaa han berre var 18 aar. Midt paa sumaren siglde han ut fraa Nidaros med 60 store langskip umfram leidingsskipi, og siglde fyrst til Vindland (Pommern) og hadde der eit møte med den polske kongen **Boleslav,** (eller Burislav), som var uvener med kong Svein. Men no tok leidingsheren til aa lengta heim og fekk heimlov, er det fortalt, og daa hadde Olav berre dei 60 store langskipi att, som han sjølv og lendmennerne aatte.

Dessimillom stakk Svein Tjugeskjegg i sjøen med 60 skip, og Olav Skautkonung kom til han med 15 skip og Eirik jarl med 5 skip, manna med nordmenner. Men daa heile denne styrken endaa var for liten til aa slaast med den norske flaaten, fekk danakongen **Sigvalde jarl**, hovdingen for jomsvikingarne, til aa lova Olav Trygveson venskap og lokka han i fella. Olav hadde høyrt tidend um, at der var samla ein flaate imot han, men Sigvalde gjorde han trygg og baud seg til aa fylgja med 11 skip, manna med jomsvikingar. Den 9de september aar 1000 siglde Olav Trygveson ut fraa Vindland. Det var blankt solskin og lagleg vind, men ikkje sterk, og difor gjekk

dei minste skipi forare og siglde undan ut paa havet. Sigvalde jarl, som sagde, at han var best kjend med, kor det var djupast i sundi millom øyarne, bad Olav sigla etter seg med dei største skipi, og no siglde Olav med dei 11 største skipi etter Sigvalde, men hine siglde fraa han.

Danakongen og sviakongen og Eirik jarl laag med heile heren sin ved øyi *Svolder* (paa austsida av Rygen). Sigvalde lagde seg inn under øyi, og daa den norske flaaten paa 11 skip fylgde etter Sigvalde, kom heile den store flaaten til dei tri hovdingarne roande ut imot. Olav Trygveson vilde ikkje fly: „Ned med seglet", sagde han, „ikkje skal mine menner tenkja paa flugt". Han lagde Ormen lange i midten, og hine skipi paa baae sidorne av den. Danakongen og sviakongen lagde seg mot dei største skipi, som laag i midten, men det vart ein hard strid, og dei laut leggja fraa att. Daa lagde Eirik jarl seg ved det minste skipet hans Olav, som laag ytst, og tok det etter ein hard strid. Dermed tok han *paa* det næste skipet og tok det, og soleis tok han det eine etter det andre, til berre Ormen var att. Alle dei nordmennerne, som det endaa var liv i, var gjengne upp paa Ormen, og no lagde Eirik seg med alle skipi sine um den. So fort det fall folk for Eirik, kom daner og sviar i staden, og danerne og sviarne laag paa fraastand og skaut paa Ormen. Endeleg var det so mange falne av mannskapet paa Ormen, at Eirik jarl og mennerne hans kunde gaa upp, og dei som endaa var ilive paa Ormen samla seg no atterut um kongen, og der stod den siste harde striden. Kongen stod paa atterskansen (lyftingi) med gyllt skjold og gullslegen hjelm og ei raud trøya utanpaa brynja og var lett aa kjenna. Han hadde slegest paa kjempevis; no stod han og skaut og var saara. Sistpaa var det berre 8 mann att umfram kongen, og daa sprang han yver bord. I same stundi sprang hine og yver bord, men vart fanga og fekk liv og fred av Eirik jarl. Men kong Olav saag ingen meir til.

Olav var berre 36 aar, daa han fall. Han hadde samla Norig og kristna det meste av landet og tidt voret hard og streng, medan han gjorde dette, men endaa var han meir elska enn nokon annan norsk konge. Dronning Tyre døydde av sorg. Dei hadde havt ein son, Harald, men han døydde, strakst fyrr Olav siglde heimantil.

Norig sund-bytt etter slaget ved Svolder. 1000—1016. Dei tri, som hadde felt Olav Trygveson, bytte Norig millom seg. Svein Tjugeskjegg fekk Upplandi og Viki so nær som Raanrike, og gav Eirik jarl Raumarike og Vingulmork til len, som han hadde havt fyrr under Harald Gormsson. Sviakongen fekk Raanrike, som han gjorde til eit svenskt landskap, og 7 fylke nordanfjels, som han sette Svein, bror hans Eirik, til jarl yver. Alt det andre tok Eirik jarl, so nær som at Erling Skjalgsson, som var komen til aa sigla fraa Olav Trygveson, verbror sin, ved Svolder, raadde som han vilde i dei fylke, han hadde fenget av kong Olav. Paa Upplandi tok smaakongarne landet sitt til len av danakongen.

Soleis hadde Norig no mange herrar. Den, som hadde største magti, var Eirik jarl. Han og Svein, bror hans, var kristne, men let kvar tru, som han vilde, og mange stader gjekk kristendomen reint under. Eirik sette i stand det gamle jarlesætet paa Lade og let Nidaros forfarast. Baae jarlarne heldt dei gamle loverne godt, og det var fred og ro i landet, og aalmugen var vel nøgd. Einar Tambeskjelvar, ein av dei faa, som vart berga i slaget ved Svolder, vart gift med **Bergljot**, syster deira, og vart den største lendmannen nordanfjels. Sigmund Brestesson tok Færøyarne til len av Eirik, og alle hovdingarne vart forlikte med jarlarne so nær som Erling Skjalgsson. Han tok landskyld i sine fylke, og jarlarne torde ikkje koma der, utan dei var mannsterke. Han hadde aldri mindre enn 90 mann heime paa garden sin *Sole* (ikkje langt fraa Stavanger), og tidt 100 mann eller fleire. Han hadde mange trælar og gav dei eit visst dagsarbeid, og naar dei hadde gjort undan, kunde dei arbeida aat seg sjølve resten av dagen. Soleis kunde dei paa tvo-tri aar tena so mykje, at dei kunde kjøpa seg frie, og daa sette Erling deim i veg paa einkvar maaten, og kjøpte andre trælar for løysepengarne. Han var den gjævaste av alle lendmenner i Norig.

I Danmark døydde kong Svein 1014, og etter honom kom **Knut**, son hans, som dei sidan kalla **Knut den megtige.** Han drog til England og lagde det under seg. Eirik jarl, som hadde 2 fylke til len av danakongen, laut fylgja med han, men døydde eit bil etter. Han fekk det ettermælet, at han hadde voret ein god og rettvis styrar og den største herføraren i nordlandi paa

den tid, daa han hadde vunnet i dei tvo største slagi, i Hjørungavaag og ved Svolder. **Haakon**, son hans, vart jarl no; han var berre 17 aar.

Olav Haraldsson den heilage. 1016–1030. Danakongen Harald Gormsson hadde innsett **Harald Grenske** til konge paa Vestfold og Agder. Daa han døydde, fekk enkja hans strakst etter ein son, som fekk namnet **Olav**[1]. Ho vart sidan gift med kong **Sigurd Syr** paa Ringerike, og der vart Olav uppfostra. Det er fortalt, at Olav vart døypt, daa han var tri aar gamal, og at Olav Trygveson stod fadder til han. Daa han var 18 aar, for han i viking i nokre aar og vart namnkjend for aa vera ein klok og djerv førar. Daa han fekk tidend um, at Eirik jarl var komen til England, siglde han med tvo skip til Norig og fanga Haakon jarl, son hans Eirik, i Saudesundet (i Sunnfjord) og tok eid av han paa, at han aldri skulde bera vaapn mot Olav, og etter dette siglde Haakon jarl til England og var hjaa kong Knut, morbror sin[2]. Det høvde ille for Olav, at Svein og Haakon just hadde gjort forlik med Erling Skjalgsson, og daa det ingi hjelp var aa faa av Erling, drog Olav til Vestfold, der far hans hadde voret konge, og der var det mange, som tok godt imot han. Derfraa for han upp til Ringerike til Sigurd Syr, og dei hadde eit møte med fylkeskongarne paa Upplandi og bad deim taka Olav til yverkonge i Norig. Desse fylkeskongarne raadde seg meir, naar dei hadde ein utlending til yverkonge, av di han var langt undan, og skulde dei hava ein nordmann til yverkonge, hadde *dei* likso godt krav paa aa vera det som Olav daa alle ihop var ætta fraa Harald Haarfagre. Men endaa vart enden paa raadleggjingi, at dei vart samstelte um aa reisa uppatt Haralds-ætti og taka Olav til yverkonge. Sidan fekk Olav kongsnamn paa eit ting etter dei upplendske loverne, og so for han til Trondheim. Svein jarl var nett paa *Steinkjer,* som var kjøpstad, og som jarlarne vilde hjelpa upp, so ikkje kongsstaden Nidaros skulde verta til noko. Daa Olav kom, skunda Svein seg ut gjenom fjorden og kom seg med naud ut.

[1] Harald Haarfagre — Bjørn Farmann — Gudrød — Harald Grenske — Olav Haraldsson.

[2] Eirik jarl hadde voret gift med syster hans Knut.

Kong Olav tok paa og bygde uppatt husi i Nidaros, daa mange var nedfalne eller forfalne, so ingen kunde bu i deim. Daa kom Svein jarl og Einar Tambeskjelvar braadt paa han med 2000 namn og brende upp heile byen.

Olav for sør yver fjellet til Upplandi; men vaaren etter samla han folk og fekk mannskap av upplandskongarne og gjekk ned til Viki og fekk seg skip. Svein jarl baud ut leidingsheren nordanfjels, og Erling Skjalgsson og Einar Tambeskjelvar og andre lendmenner fylgde med han, og dei hadde ein stor her. Palmesundag 1016 møttest baae flaatarne ved *Nesjar* (heiter no Brunlanes ved Fredriksvern). Der vann Olav etter ein hard strid. Svein døydde strakst etter, og Einar Tambeskjelvar for ut or landet, men Erling Skjalgsson for heim til odelen sin og hadde mykje folk um seg.

Olav for nord til Trondheim, og der bygde han uppatt Nidaros og sette upp ein kongsgard. Han tok seg ut ei hird paa 60 *hirdmenner* og 30 *gjester*. Gjesterne hadde halv hirdmanns-løn, og kongen bruka deim til aa reisa ærender for seg. Han heldt 30 *huskarlar* (eller drenger) og, som gjorde alt det arbeidet, som trengdest paa garden, og fylgde med kongen, naar det var ufred, liksom hirdmennerne og gjesterne. Ein av dei gjævaste hirdmennerne var *stallaren*, som tala til aalmugen paa tingi paa kongens vegne.

Daa det spurdest nordanfjels, at Svein jarl hadde andast av, tok alle trønderne Olav til konge. Ikkje lenge etter vart han forlikt med Erling Skjalgsson. Etter dette lagde Olav under seg Viki og jaga dei danske syslemennerne[1] av og fekk helvti av Raanrike til aa gjeva seg under Norig att. Sidan siglde han upp i Glaama til Sarpsfossen og sette upp ei borg der og stakk ut tufter til ein by, som fekk namnet *Borg* (Sarpsborg). Naar han sat her, var han ikkje langt undan, um noko skulde koma paa i Viki.

Kong Olav freista paa aa faa Jamteland tilbake til Norig att. Jamteland hadde godviljugt gjevet seg under Haakon Adalsteinsfostre, men etter hans avferd fall det fraa att. Olav sende menner dit til aa krevja skatt, men det kom sendemenner fraa den svenske kongen og slo deim ihel.

[1] Syslemenner er det same som amtmenner paa lag no.

Den svenske og den danske kongen var ikkje fornøgde med, at Olav hadde teket fraa deim skattlandi deira i Norig. Den danske kongen Knut hadde nok aa gjera med aa leggja England under seg, men den svenske kongen, Olav Skautkonung, vilde ikkje finna seg i dette. Han var so illsinna, at han tolde ikkje, at folk kalla Olav Haraldsson for konge, dei skulde kalla han Olav Digre (av di Olav ikkje var høg, men før og trek). Baae kongarne gjorde kvarandre mykje skade, og Olav Haraldsson lagde den andre helvti av Raanrike under Norig. Men korkje vikverjarne eller gautarne (i Gjøtaland i Sverige) lika denne ufreden, daa Olav forbaud all utførsel fraa Viki til Gautland, so gautarne korkje kunde faa sild eller salt fraa Norig, og vikverjarne fekk ikkje selt varorne sine. Vikverjarne bad Olav um aa gjera forlik, og daa sende han **Bjørn stallar** til Sverige og sagde, at han skulde bjoda sviakongen fred paa dei vilkaar, at landemerket skulde vera der, som det var under Olav Trygveson. Bjørn fekk **Rognvald jarl** i Gautland til aa lova, at han skulde hjelpa, og dei drog til *Uppsala-tinget,* som var det øvste tinget i Sverige, og der bar Bjørn fram ærendet sitt for sviakongen, men denne bad Bjørn stallar tegja still. Daa stod Rognvald jarl upp og tala, men kongen svara med mange harde ord. Daa stod den øvste lagmannen **Torgny** upp, og daa reiste alle bønderne seg og styrmde til fraa alle kantar. Torgny lagmann sagde: „Me bønderne vil, at du, kong Olav, gjer forlik med Olav Digre, den norske kongen. Men vil du ikkje gjera, som me segjer, so vil me taka *paa* deg og drepa deg og ikkje tola ufred og ulov av deg.“ Aalmugen gjorde stort vaapnbrak og staak til dette, og kongen lova, at han skulde gjera som bønderne vilde og gjera forlik.

Medan dette hende, for kong Olav umkring og kristna Opplandi, som endaa var reint heidenske, og refste strengt deim, som ikkje vilde halda upp med heidenskapen. Dette tolde ikkje upplandskongarne, som hadde raadt seg sjølve i dansketidi. Dei vart samstelte um aa drepa kong Olav og heldt seg samla paa Ringsaaker paa Heidmarki og vilde til aa reisa aalmugen. Men kong Olav, som var paa Eidsvoll, fekk tidend um dette og rodde ein kveld snøgt uppetter Mjøsi og kom til Ringsaaker, fyrr det vart ljost um morgonen, og fanga alle kongarne. Han jaga tri av deim ut or landet og skar tunga av paa ein

og stakk ut augo paa ein og refste hardt deim, som hadde voret med i denne raadleggjingi. Paa denne tidi døydde Sigurd Syr, stykfar hans, og no var Olav den einaste, som bar kongsnamn i Norig.

Sviakongen tenkte ikkje paa aa halda forliket, og daa tok svenskarne **Onund Jakob**, son hans, til konge, men Olav Skautkonung skulde faa hava kongsnamn han med, og vera med i styringi, men halda forliket med den norske kongen. Paa eit møte i Konghelle vart det no gjort fred millom den norske og den svenske kongen. Fraa den tid rekna dei Vermeland med til Sverige, men baade Norig og Sverige gjorde krav paa Jamteland.

Olav Haraldsson arbeidde trutt for kristendomen. Han for rundt i heile landet og tvinga deim, som var falne fraa, til aa umvenda seg, og for likso hardt og strengt aat som Olav Trygveson, og han stana ikkje, fyrr heile Norig var kristna. Han skipa paa loverne og. Han gav ei kyrkjelov (eller *kristenrett*) og lempa dei gamle loverne etter kristendomen, og han fekk bønderne til aa samtykkja den nye skipnaden. Sidan kalla dei desse loverne for loverne hans Olav den heilage.

Paa Upplandi, der fylkeskongar hadde styrt, alt fraa di Harald Haarfagre døydde, var Eidsiva-lagdømet reint uppløyst, men no vart det skipa paa nytt lag, og Viki, som i lange tider hadde voret skild fraa Upplandi, vart uppteki i Eidsiva-tinglaget att.

Olav freista og paa aa samla alle dei land under seg, som nordmenner bygde. Han fekk jarlarne paa Orknøyarne og Hjaltland til aa taka øyarne til len av seg. Færøyingarne laut og gjeva seg under honom, og grønlendingarne lagde skatt til han. Islendingarne vara seg for aa koma under herredømet til dei norske kongarne, men Olav fekk deim til aa taka utor lovi det, som ikkje høvde med kristendomen.

Paa faa aar hadde soleis Olav fritt landet for danskt og svenskt yverherredøme, hadde samla heile Norig og mange av skattlandi og jaga eller drepet jarlarne og fylkeskongarne, innført kristendomen der, som folket var heidenskt endaa, og hadde fenget i stand ei kyrkjelov og hadde fenget dei gamle loverne til aa høva med kristendomen og hadde skipa Eidsiva-tinglaget att. Olav Haraldsson var i alle maatar den, som fullførde det storverket, som Harald Haarfagre lagde grunnvollen til. Men

han kunde ikkje gjera alt dette utan han i mange maatar laut gaa dei gamle storætterne for nær og gjera ein ende paa sjølvstyret deira. Kristendomen, som var innkomen i Norig gjenom einvaldskongarne, gav desse ein høg rett imot hovdingarne av dei gamle ætterne, som hadde sin rett fraa den gamle trui og den gamle gudsdyrkingi, og Olav bruka denne retten sin strengt. Det hadde voret skikk fyrr, at sønerne til lendmenner og storbønder for i viking og herja baade innanlands og utanlands; men Olav freda landet og refste hardt alle, som braut freden, og tvinga alle, rike og fatige, til aa halda loverne. Daa fekk Olav mange fiendar[1].

Daa Knut den megtige hadde lagt heile England under seg, og hans magt stod fast og det var mange i Norig, som var misnøgde med kong Olav, kom Knut fram med kravet sitt og sende bod til kong Olav, at han skulde taka Norig til len av honom; men Olav svara, at han vilde verja landet med odd og egg. Knut for sløgt aat og gav mange av dei norske lendmennerne pengar, og alle dei, som kom til han, fekk henderne fulle. Erling Skjalgsson og fleire av sønerne hans og **Tore Hund** og mange andre drog yver til England. Mange andre tok pengar, men for løynt med det, so Olav hadde mange med seg, som han ikkje kunde tru paa.

I Sverige hadde Olav Skautkonung andast av, og Onund Jakob styrde aaleine. Han og kong Olav gjorde samlag til aa

[1] Einar Tambeskjelvar forlikte seg med kong Olav, men han vilde ikkje tena kongen. Han var gift med Bergljot, syster hans Svein jarl, som Olav hadde jaga fraa landet. Haarek fraa Tjotta var ein megtig lendmann; men daa han var ein hard og vrang mann, tok Olav helvti av umbodet (sysla) fraa han og gav til ein annan. Olav hadde drepet ein megtig bonde, Olve paa Egg (ved Steinkjer), for di han heldt paa og blota; han hadde voret gift med Sigrid, syster hans Tore Hund, som og var ein stor hovding. Bror hans Tore Hund var gift med Sigrid Skjalgsdotter, syster hans Erling Skjalgsson. Son deira, Aasbjørn, drap ein av aarmennerne til kong Olav, og daa Olav let drepa han, vart han uvener med Erling Skjalgsson og Tore Hund. Olav hadde gjevet enkja hans Olve og garden Egg og styringi i Indre-Trondheim til Kalv Arneson, som soleis vart verbror hans Tore Hund. Kalv hadde 6 brøder og ei syster, Ragnhild, som var gift med Haarek fraa Tjotta. Kalv hadde 2 styksøner med kona si, Tore og Grjotgard, og desse var systersønerne hans Tore Hund. Olav drap baae tvo, daa den eine vart kongssvikar, og hin vilde hemna bror sin. Stormennerne hadde soleis nok aa hemna paa kong Olav.

verja seg mot Knut, som ætla seg til aa taka Norig, og daa kannhenda Sverige etterpaa, og dei drog ihop ein stor her og siglde til Danmark og herja. Daa kom Knut med ein uhorveleg stor flaate fraa England, og daa siglde Olav og Onund yver til Skaane og venta paa Knut i *Helgeaai*. Der stod det eit slag millom flaatarne, og kong Olav gjorde ei pretta der, so kong Knut leid store tap; men flaaten hans Knut vart for drjug, so Olav og Onund totte det var raadlaust aa slaast lenger, og siglde til Sverige 1027. No var vegen stengd gjenom Øresund, og Olav laut gaa landvegen gjenom Sverige heim til Norig.

Aaret etter siglde kong Knut med ein stor her til Norig og innsette Haakon jarl til styrar og gav veislor til lendmennerne, og Erling Skjalgsson og Einar Tambeskjelvar og Haarek fraa Tjotta og mange andre stormenner gjekk i tenesta hans og vart lendmennerne hans. Knut vart teken til konge yver heile Norig og raadde no baade yver England og Norig og Danmark. Folk var ikkje huga paa aa fylgja kong Olav lenger, og han laag i Dramnsfjorden, medan Knut for landet rundt. Daa han høyrde, at Knut hadde siglt til Danmark att, siglde han vestetter langs landet med 13 skip, men kor han gjekk i land og baud ut mannskap, var det ingen, som vilde fylgja han. Strakst fyre jol siglde han nord um Jadren („Jæderen“). Erling Skjalgsson hadde samla ein stor flaate og heldt vakt, daa han visste Olav var ventande, og no sette han etter Olav; men Olav, som hadde mykje mindre folk, lokka Erling til aa sigla eit godt stykke fyre flaaten sin, og so lagde Olav seg med sine skip attanfor eit nes, og daa Erling kom siglande etter med sitt skip og var rædd, at Olav var sigld fraa han, visste han ikkje ordet av, fyrr han var midt inne i flaaten hans Olav. Alle mennerne paa skipet hans Erling fall, men Erling stod i lyftingi og varde seg manneleg. „Du snur andlitet mot oss idag, Erling,“ sagde Olav. „Andlit mot andlit skal ørner klorast,“ svara Erling. Daa baud Olav Erling liv og fred, um han vilde gaa i tenesta hans. Dette vilde Erling og tok hjelmen av seg og gjekk fram til Olav. Daa rispa Olav kinnet hans med øksi og sagde: „Eg skal merkja kongs-svikaren.“ Men i det same sprang det ein fram, som tenkte han skulde gjera Olav tillags, og kløyvde hovudet hans Erling; daa sagde Olav: „No hogg du Norig av

henderne mine.“ Og det var, som Olav sagde; Erling kunde truleg hjelpt Olav til aa faa att riket.

No laut Olav skunda seg nordetter, og alle stader flokka bønderne seg ihop og fylgde med Erlingssønerne etter Olav. Daa han kom til Sunnmøre, høyrde han, at Haakon jarl og mange lendmenner kom mot han nordantil, og daa laut Olav styra inn i Storfjorden, og her skildest lendmannen **Kalv Arneson** og mange andre fraa han. Olav siglde med nokre faa, som var han tru, inn i Tafjorden og gjekk i land i Valdal, og derfraa for han landvegen til Gardarike til kong **Jarislav**, og hadde son sin, **Magnus**, med seg.

Olav tenkte paa aa leggja ned kongsnamnet og gaa i kloster, endaa han ikkje var meir enn 34 aar gamal; men daa fekk han høyra, at Haakon jarl var komen burt paa sjøen paa ei Englands-ferd, og at Norig var hovdinglaust no. Daa gav Olav seg paa vegen heim med ein liten flokk og kom til Sverige. Der fekk han noko hjelp av Onund Jakob, og der kom halvbror hans, **Harald Sigurdsson** (son til Sigurd Syr og Aasta, som var mor hans Olav) til han med umkring 700 mann. Han var berre 15 aar, men stor og sterk. **Dag Ringsson**, son til ein av dei upplandskongarne, som Olav hadde jaga, kom og til han med ein stor styrke, mot aa faa rike aa raada for i Norig; men Olav viste fraa seg 600 heidningar, daa han vilde setja si lit til Gud og ikkje til folketalet, sagde han. Han lagde vegen gjenom Jamteland og kom yver fjellet ned i Verdalen i Trondheim, og daa hadde han 3,600 mann. Men lendmennerne hadde samla ein her paa yver 14,000 mann og møtte Olav paa *Stiklestad* i Verdalen 29de juli 1030. Kalv Arneson og Tore Hund og Haarek fraa Tjotta førde bondeheren. Mennerne til kong Olav for ned for ein bakke og ropa: „Fram, fram kristmenner, krossmenner, kongsmenner“, og sette inn paa bondeheren so hardt, at mange heldt paa og skulde fly; men lendmennerne eggja upp folket sitt til motstand, og det vart ein vill strid. Olav gjekk fram i heitaste slaastingi og slost manneleg, og bønderne vart rædde, daa dei saag kongen sin i andlitet. Daa slaget var paa det villaste, vart soli formyrkt, er det sagt. Fyrst lagde det seg ein raude yver himmelen og so yver soli, og so kom soli burt, so det sistpaa vart reint myrkt. Kong Olav fekk eit øksehogg i den vinstre foten

ovanfor kneet; daa halla han seg upp mot ein stein og bad Gud hjelpa seg. I det same stakk Tore Hund eit spjot gjenom han, og endaa eit hogg fekk han i halsen.

Daa kongen var fallen, heldt Dag Ringsson striden uppe endaa ei stund, men sistpaa laut han fly med leivningarne av heren. Harald Sigurdsson var hardt saara, men fekk hjelp av ein bonde, som lækte saari hans.

Strakst etter slaget løyste bondeheren seg upp. Det kom ein rædsel yver mange, er det fortalt, for di dei hadde drepet den gode kongen, og mange trudde, at solformyrkningi var eit teikn fraa himmelen.

Svein Knutsson. 1030—1035. Knut den megtige hadde lova aa gjera Kalv Arneson til jarl og sameleis Einar Tambeskjelvar, men Einar hadde alt, fyrr kong Olav kom att, fenget vita, at Knut ikkje vilde halda, det han hadde lova han, og difor var han ikkje med i slaget paa Stiklestad. Kalv vart ikkje jarl han helder, men Knut sette sin eigen son Svein til konge og vilde ikkje vita utav noko sjølvstyre av lendmennerne. Svein var reint ung, men mor hans, **Alfiva**, og danske hovdingar styrde for han. Knut let Svein gjeva nye og strenge lover. Han tok odelen fraa bønderne og gjorde seg til yvereigar liksom av alt jordegods i landet, og bønderne vart kongens tenestbundne menner i staden for frie herrar heime paa gardarne sine. Ingen fekk lov til aa fara utor landet forutan lov av kongen, elles miste han eigedomen sin. Til jol skulde alle gjeva kongen jolegaavor, malt, lin, smør og eit laar av ein triaars ukse. Dette var liksom ei avgift, for di dei fekk lov til aa bruka kongens jord. Kongen tok strandretten i heile landet, og difor skulde kvar den, som rodde ut paa havet og fiska, betala kongen fem fiskar. Bønderne skulde setja upp alle dei bygningarne, som kongen vilde hava paa gardarne sine („hoveri-arbeide"). Vitnesmaal av ein dansk mann skulde fella vitnesmaal av 10 nordmenner[1].

Nordmennerne hadde no fenget likso strenge lover som dei, danskarne hadde heime hjaa seg, og kongen tok seg mykje

[1] Dette vil segja, at naar ein dansk stridsmann av kongens fylgje kom i slaasting med nordmenner, hadde stridsmannen den forrett, at hans vitnesmaal galdt meir i saki. Den forretten hadde dei, som høyrde til kongens fylgje, i fleire andre land og.

meir magt no, enn kong Olav hadde gjort krav paa. Til dette kom og, at Alfiva var stolt og myndig, so dei likna ho med Gunnhild, kona hans Eirik Blodøks, og dei gav henne meste skuldi.

Men det var ikkje til aa faa ei slik styring, at lendmenner og bønder hadde slegest paa Stiklestad. Kalv og Einar var misnøgde, for di Knut ikkje gjorde, som han hadda lova deim, og aalmugen murra høgt og klaga hardt paa deim, som hadde felt kong Olav. No kom det ut og, at Olav var ein heilag mann, og at det hende merkelege ting ved liket hans, og Einar, som rosa seg av det, at han ikkje hadde voret med paa Stiklestad, og heile aalmugen og jamvel Svein Knutsson godkjende, at Olav var ein heilag mann. Dei gravsette Olav yver høgaltaret i Klemenskyrkja i Nidaros, og seinare vart det bygt mange kyrkjor til hans æra baade i Norig og andre land. Pilegrimar kom i flokkevis fraa mange stader med rike gaavor til han. Olav fekk tilnamnet den heilage og vart æra som ingen annan konge av sitt folk, og endaa veit dei aa fortelja um undergjerningar, som St. Olav skal hava gjort. Olav var fallen som martyr liksom for ei stor sak: kristendom, ei sterk kongsmagt og ein fast skipnad av lov og rett og eit sjølvstendigt og samheldigt Norig. Alt dette, han hadde stridt for, vann styrke no.

Knut den megtige sende bod til Kalv Arneson og bad han senda seg tri tylvter med øksar, men Kalv svara: „Ingi øksar sender eg kong Knut; seg han det, at eg skal gjeva Svein, son hans, so mange øksar, at han ikkje skal synast, det skortar.“ Kalv og hine norske hovdingarne raadde seg til aa henta Magnus, son hans Olav, fraa Gardarike. Strakst etter døydde Knut den megtige; men fyrr han døydde, fekk han tidend um, at Magnus Olavsson var teken til konge i Norig, og at Svein, son hans, hadde rømt landet 1035. Det store riket hans Knut gjekk no reint i stykke, men for Norig rann det upp ei god tid.

Nordmennerne utanfor Norig.

Færøyarne. Harald Haarfagre lagde truleg Færøyarne under Norig, den gongen daa han tok dei skotske øyarne. Haakon jarl innsette **Sigmund Brestesson** til hovding der, og han lagde

skatt av øyarne til Haakon. Sidan tok Sigmund øyarne til len av Olav Trygveson og innførde kristendomen der, og daa Olav døydde, tok han deim til len av jarlarne Eirik og Svein. Strakst etter var det ein sløg og vrang mann, som het **Trond i Gata**, som drap Sigmund, og no styrde Trond i lang tid og betalte ingen skatt, fyrr Olav den heilage vart konge i Norig; daa laut øyarne gjeva seg under honom og høyrde sidan med til Norig.

Orknøyarne og **Hjaltland** og **Sudrøyarne** laut og gjeva seg under Harald Haarfagre, daa han giorde den store ferdi si mot vikingarne. Han sette **Torv-Einar** til jarl paa Orknøyarne og Hjaltland, og fraa honom kom det ei stor jarle-ætt. Daa Eirik Blodøks vart burtjaga fraa Norig, hadde han, og sidan sønerne hans, lange tider tilhald der, men daa dei døydde, lagde jarlarne skatt til Haakon jarl. Ein av dei gjævaste jarlarne der het **Sigurd Digre**. Han laut taka ved kristendomen og taka øyarne til len av Olav Trygveson, men strakst etter gjorde han seg til sin eigen herre. Han raadde ei tid yver heile nordvest-parten av Skotland og vart gift med dotter til den skotske kongen. Sudrøyarne lagde skatt til han og sameleis øyi Man, so Sigurd Digre var ein megtig hovding. Sønerne hans tok Orknøyarne og Hjaltland til len av Olav Haraldsson. Sudrøyarne vart tidleg kristna og hadde alt sin eigen bisp, daa Halvdan Svarte livde. Dei betalte skatt til Haakon jarl, men ikkje til Olav Trygveson og Olav Haraldsson.

Paa øyi **Man** hadde Harald Haarfagre innsett ein jarl; men etter hans avferd raadde det kongar paa øyi i lange tider, og dei betalte ingen skatt til kongarne i Norig.

Paa **Irland** busette nordmennerne seg tidleg umkring i dei fleste byarne, *Dublin, Waterford* (uttal: Vaaterford), *Limerick, Cork* og fleire. Dei tok strakst ved kristendomen og skipa fleire kongerike. Det største var det, som **Olav Kvite** skipa i Dublin 852. Der budde nordmennerne i ein part av byen, og bygde ein mur og grov ei grav um den, so dei kunde verja seg mot dei innfødde. Nordmennerne i Irland dreiv mykje handel og sjøfart, og dette vart til gagn for Irland, daa irarne ikkje var noko handelsfolk. All den irske handelen kom i henderne paa dei norske kjøpmennerne, og dei byarne, som dei busette seg i, er just dei same, som seinare vart store

handelsbyar. Mange nordmenner søkte hit fraa andre stader, baade kjøpmenner og handverkarar og vikingar og skaldar. Olav Trygveson var og i Irland ei tid. Fraa Irland kom kristendomen til dei fleste norske nybygderne der vest.

I det nordvestre *Skotland* og paa *Anglesea* (i Wales) var og mange nordmenner busette, so me kann segja, at paa den tid var heile havet fraa Færøyarne og vest um Skotland og England eit norskt hav. Norske vikingar og kjøpmenner var allestader aa sjaa her, og dei hjelpte kvarandre mot dei innfødde, og takomtil slost dei seg imillom.

Daa Eirik jarl styrde i Norig, var **Sigtrygg Silkeskjegg** konge yver dei norske i Dublin. Han gjorde samlag med jarlen Sigurd Digre og tenkte han skulde fella den irske yverkongen **Brian**. Norske vikingar strøymde til fraa alle kantar og tenkte, dei skulde vinna seg land og herfang. Palmesundagen 1014 var heile den norske heren samla i Dublin. Brian hadde og samla ein stor her og stod paa sletta ved *Clontarf*, strakst austanfor Dublin. Langfredag morgon drog nordmennerne ut imot han med ein veldig og ypparleg utrusta her, og dei stelte seg i fylking paa baae sidorne. Slaget varde fraa morgonen til kvelden og var baade hardt og heitt. Sigurd jarl og mange andre hovdingar og minst 6000 mann fall av nordmennerne (nokre segjer, det fall 14,000), og Sigtrygg Silkeskjegg laut gaa attende til Dublin. Dette slaget kallar dei *„Briansslaget“*. Det er eit av dei største slag, nordmennerne hev voret med i, og irarne er endaa den dag idag stolte av denne sigeren, som berga deim, so dei slapp aa koma under norskt herredøme. Vinningi vart elles mindre for irarne, enn ein skulde venta, for kong Brian og mange andre hovdingar var falne, og Sigtrygg Silkeskjegg styrde som konge i Dublin til døyandedagen sin. Dei norske kongeriki i Irland stod aldri under kongarne i Norig.

Island. Daa nordmennerne busette seg paa Island, skipa dei seg sameleis, som dei hadde havt det i heimlandet. Hovdingarne sette upp hov paa gardarne sine og stod for blotingi og vart kalla godar[1]. Umkring dei større hovi vart det tinglag (eller godord), og goden var ordførar paa tinget og nemnde upp lagretta (domarar). Dei vart samstelte um aa taka ved ei

[1] Namnet herse vart ikkje bruka paa Island, daa „herse“ vil segja ein herførar, og paa Island var det ingen faare for ufred.

lov for heile øyi, og det var same lovi, som dei hadde havt heime, Gulatings-lovi. Dei skipa eit sams ting og for heile øyi, *Alltinget.* (Umkring 927). Seinare vart det fastsett, at det skulde vera 13 heradsting (3 i kvar fjordung av øyi so nær som i Nordfjordungen, der vart det 4.) Paa heradstingi møtte dei um vaaren. Dei sakerne, som dei ikkje vart forlikte um der, vart avgjorde paa Alltinget, som dei heldt ein gong um aaret ved midsumars-tid; det varde i 14 dagar. Der møtte alle godarne; det var 3 i kvart tinglag, tilsaman 39. Godarne nemnde upp domarar. Lover for heile øyi vart vedtekne av *lagretta,* og i den hadde alle godarne sæte, og kvar av deim valde seg attaat tvo av sine eigne tingmenner til aa vera med i lagretta. Godarne valde ein formann, som het lovsegjings-mann. Han var formann for lagretta og skulde segja fram lovi paa Alltinget, so folket kunde læra ho, og han skulde vera ferdig med det paa 3 aar, og so skulde han taka paa att. Lovsegjings-mannen var i fyrstningi paa livstid.

Soleis hadde utvandrararne paa faa aar skipa ei styring. Island vart ein fristat, der stormennerne raadde mest. (Aristokratisk republik.)

Kristendomen vart lovteken paa Island i aaret 1000, men det var mykje strid, fyrr dette gjekk igjenom. Paa Alltinget aar 1000 saag det ut til, at dei kristne og heidningarne skulde kløyva seg i tvo med kvar si lov. Daa vart dei samstelte um aa skjota dette tvistemaalet under lovsegjings-mannen **Torgeir Ljosvetninga-gode.** Han var heidning, men skyna, at den nye tidi høyrde kristendomen til. Han laag eit jamdøger gjøymd under kappa si og mælte ikkje ordet; men daa kunngjorde han den lovi, at alle skulde lata døypa seg, og at dei skulde riva ned hovi, men dei, som vilde, skulde hava lov til aa blota løynleg og bera ut born, som dei ikkje vilde føda upp, og eta hestekjøt. Daa let alle islendingarne døypa seg. Men det var ikkje ventande, naar kristendomen var innførd paa denne maaten, at heidenskapen kunde faa ende med *ein* gong, og den nye trui vilde hava tid til aa vinna fram. Denne yvergangstidi fraa det gamle til det nye var ei uroleg tid paa Island liksom i Norig, og i den gjekk dei „store tidenderne“ for seg, som sidan vart uppskrivne i sogorne. Storætterne slost um magti. **Gunnar fraa Lidarende** vart yverfallen og drepen heime paa

garden sin. **Njaal** og **sønerne hans** vart innebrende nokre aar etter, og **Kaare Solmundsson**, maagen hans Njaal, hemnde verfar sin so det spurdest. Tidi fraa 980—1030 held dei for Islands stortid. Men etter kvart kom det ro i landet. Dei 39 storætterne, som styrde øyi, laut taka upp fleire nye ætter i samlaget sitt, og fraa den tid styrde stormennerne i fred og ro ei tid frametter. Olav Haraldsson freista paa aa faa Island i samlag med Norig, men islendingarne vilde ikkje.

Grønland. Norske sjøfolk, som skulde til Island, hadde drivet langt ut i havet og hadde funnet eit stort land der. **Eirik den raude** fraa Jadren laut røma fraa Norig og sette seg ned i dette landet. Han kalla landet Grønland, daa han vilde lokka fleire til, og sidan kom det mange islendingar dit. Dei busette seg i tvo bygder, *Austbygdi* strakst vestanfor *Kvitserk* (Kap Farvel), og *Vestbygdi,* som laag nordanfor. Dei livde av feavl og fiske. Eirik hadde ein son **Leiv den hepne** (lukkelege), som Olav Trygveson fekk til aa døypa seg og innføra kristendomen paa Grønland. Grønlendingarne lagde skatt til Olav Haraldsson, men raadde seg elles sjølve.

Vinland. Ein islending, som skulde til Grønland, fekk skodda paa seg og dreiv langt sudetter, og daa skodda letta, saag han land, men daa han kunde skyna, at det ikkje var Grønland, siglde han nordetter, til han kom dit han skulde. No vart det mykje tala um aa finna nye land. Leiv Eiriksson siglde ut paa lande-leit og fann eit land, som han kalla *Helleland* (truleg Labrador i Nordamerika). Sidan kom han til eit skogvakset land (truleg Nova Scotia), som han kalla *Markland.* Han siglde lenger og kom til eit fagert og godt land, og der laga han seg til aa vera um veteren. Vetersolkverv rann soli klokka 7½ um morgonen og gjekk ned 4½ um eftanen. Etter det kann ein rekna ut, at dette landet var Massachusetts (uttal: Massatsjusetts). Daa dei hadde sett upp hyttor der, gjekk dei inn i landet paa uppdaging. Der fann dei vindruvor og ladde skipet med druvor og timber. Leiv kalla landet for Vinland, og um vaaren siglde han heimatt. Sidan for **Torfinn Karlsevne** ut med ein heil flokk, menner og kvinnfolk (160 ialt) og buskap, og vilde grunnleggja ei nybygd. Han kom so langt som til Providence i Rhode Island paa lag. (Uttal: Providens, Rod Eilen.) Dei innfødde, indianarne, som nordmennerne kalla for

skrælingar, kom og handla med deim, men det vart snart slutt paa handelen, og skrælingarne sette *paa* deim fleire gonger. Nokre av dei beste nordmennerne vart drepne, og det fall tungt for deim, som var so faa, aa verja seg mot yvermagti, daa dei ikkje hadde eldvaapn (byrsor og kanoner). Karlsevne sette ein sterk skigard kringum huset sitt, men sistpaa totte han, det var for faarlegt aa vera der, og daa han hadde voret der i tri aar, drog han heim med ei ladning druvor og skinnvaror.

Seinare gjorde **Frøydis,** syster hans Leiv, og mannen hennar og nokre andre islendingar ei ferd til Vinland, men Frøydis sette vondt millom mannen sin og hine hovdingarne, so han slo deim og mannskapet deira ihel. Frøydis sjølv drap 5 kvinnfolk, daa ingen annan vilde gjera det. Men desse forfælande ugjerningarne hennar Frøydis og yverfall av indianarne gjorde no mykje til, at Vinlands-ferderne etter kvart kom i gløymeboki, endaa um ein og annan gjorde ei handelsferd dit. Men mest gjorde vel det, at havet var so gruveleg stort og faarlegt og vanskelegt aa finna fram paa, helst i den tid, daa dei ikkje hadde kompas, so mange siglde ut, som dei aldri fekk spurlag paa meir.[1] Nokre dreiv paa sjøferderne sine mykje lenger mot sud, til Florida eller Georgia. Der budde ein islending, **Bjørn Breidvikingakappe,** i 30 aar millom dei innfødde, er det fortalt[2].

Fraa Grønland var det fleire, som siglde nordetter og, og gjorde uppdagingsferder paa baae sidor av Grønland. Dei naadde so langt som til Lancaster-sund.

Nordmenner i Gardarike og Miklegard. Mange nordmenner og svenskar og danskar, som vilde vinna seg rikdom og æra, for til kongarne i Gardarike og kjeisararne i Miklegard („storbyen“, Konstantinopel) og tok tenesta der ved livvakti. Dei vart kalla *væringar.* Mest namnkjende er væringarne i Miklegard. Dei var væpna med lange øksar, sverd og lange skjoldar og fylgde stødt med kjeisaren og var dei beste hermennerne i

[1] I 985 siglde 25 skip fraa Island til Grønland, og berre 14 kom fram. Hine gjekk under eller dreiv attende. Endaa faarlegare var siglingi til Vinland.

[2] Daa det kom folk fraa Europa til Amerika umkring aar 1500, hadde dei innfødde der paa mange stader segner um menner, som var komne austantil og hadde lært deim upp i mange nyttige ting.

kjeisarheren. Væringar for paa herferd med dei greske herarne til ymse land umkring „Middelhavet“, og naar dei kom heim til faderslandet sitt, hadde dei mykje kultur og kunnskap med seg, som kom heimlandet til gode.

Tridje stykket.

Fraa 1035—1177.

Magnus den gode. 1035–1047. Magnus vart teken til konge i heile Norig, og Knut den megtige døydde strakst etter, 1035, og aaret etter døydde Svein, son hans. Knut hadde tvo søner til. Den eine, **Harald Harefot**, vart konge i England, og den andre, **Hordaknut**, i Danmark. Hordaknut gjorde krav paa Norig etter bror sin, og det var ufred ei stund um dette, men daa fekk dei norske og danske hovdingarne eit forliksmøte i stand i Gjøtaelvi, og her vart dei tvo unge kongarne forlikte um aa halda fred og venskap, og at, um den eine døydde sonlaus, skulde hin faa riket hans.

Kong Magnus var i fyrstningi hard mot deim, som hadde voret med og slegest mot fader hans. Kalv Arneson og mange andre laut røma landet, Haarek fraa Tjotta vart drepen, og han tok odelsgardarne fraa mange. Men daa vart bønderne harme, og trønderne hadde eit møte og vart samstelte um ikkje aa tola det. Daa kvad **Sigvat Skald**, som i mange aar hadde voret med kong Olav, eit kvæde, som heiter „*Bersöglis-visur*“ (Framtalande-visa), og talde han til aa fara mildt fram og ikkje hemna seg. Kongen lydde etter denne raadi, og dei fleste loverne, som Svein Knutsson hadde sett, vart no avlyste, og Magnus og nokre andre kloke menner gjekk igjenom Frostatings-lovi og gjorde nokre forandringar i ho, og so skreiv dei upp ei lovbok, er det fortalt, som sidan galdt i Trondheim. Denne lovboki fekk namnet *Graagaasi* og er den fyrste skrivne lovboki i Norig. Bønderne fekk att odelsretten, og kongen laut truleg gjeva fraa seg dei gardarne att, som han hadde teket. Sidan var Magnus ein god og snild styrar, so han fekk namnet den *gode*.

Strakst etter forliksmøtet i Gjøtaelvi døydde Harald Harefot, og no vart Hordaknut konge baade i Danmark og England, men døydde faa aar etter, 1042. Danmark hadde veikna mykje

av i den siste tidi, daa mange av dei gjævaste danskarne hadde busett seg i England, og det var faare for, at det vesle Danmark skulde verta som eit underbruk under det rike og store England. Men det danske herredømet hadde voret so hardt, at no, daa ætti hans Knut var utdøydd, var det ute med det danske herredømet i England, og Danmark, som hadde vondt for aa berga seg sjølv, tok Magnus den gode til konge etter avtala i Gjøtaelvi.

Magnus gjorde seg snart elska i Danmark og innsette til jarl ein dansk mann, **Svein Ulvsson** (eller Svein Estridsson, son hennar Estrid, syster hans Knut den megtige). Einar Tambeskjelvar talde kongen fraa dette og sagde, at Svein var for stor jarl; og han hadde rett, for strakst etter tok Svein kongsnamn. Kong Magnus kom til Danmark med ein stor norsk her, og daa rømde Svein til Sverige, men samstundes kom det tidend um, at *vindarne* herja i Danmark. Fyrr hadde danskarne herja i Vindland, som var heidenskt, men no kom vindarne med ein uhorveleg stor her og for uppigjenom Slesvik med eld og sverd. Magnus møtte deim paa *Lyrskogsheidi,* ikkje langt fraa byen Slesvik. Heidningarne hadde ei forfælande yvermagt, og dei danske var ikkje aa lita paa, daa mange av deim ikkje lika aa hava ein norsk konge, og nordmennerne brydde seg ikkje um aa vaaga livet for Danmark. Daa kom Hertug **Ordolf** fraa Saksen Magnus til hjelp med ein tysk her og talde han til aa slaast, og det var Magnus meint paa sjølv og. Han sette mot i heren og for inn paa fienden brynjelaus og i ei raud silkeskjorta, og i handi hadde han Olavs-øksi Hel, som far hans hadde aatt. Den norske og danske og tyske heren fylgde djerveleg etter, og nordmennerne høyrde liksom ein klokke-ljom i lufti, og totte dei kjende Olavs-klokka i Nidaros. Dei slo heidning-heren i bakken, og 15,000 vindar laag falne paa heidi etter slaget. Dette slaget stod den 28de september 1043. Med denne veldige sigeren var det ute med ufreden, og Danmark var berga for lange tider. No vart Magnus danskarne endaa kjærare, og dei fleste vende seg fraa Svein Ulvsson, som nokre fortel var med vindarne i slaget. Svein fekk hjelp i Sverige og paa dei danske øyarne, som ikkje hadde voret ute for faaren, og kom gong etter gong til Danmark med store herar, men Magnus slo han og jaga han av, so tidt han kom.

Nokre aar etter slaget paa Lyrskogsheidi kom Harald Sigurdsson til Norig. Han var halvbror til kong Olav den heilage og farbror til kong Magnus. Daa han var komen seg etter dei saari, som han fekk i slaget paa Stiklestad, drog han til Gardarike til kong Jarislav og fridde til dotter hans, **Ellisiv**; men Jarislav vilde, at han fyrst skulde vinna magt og æra. Daa for Harald til Konstantinopel og gjekk inn i væringflokken, og her hadde han lukka med seg. Han var ein fager mann, 7½ fot høg, og sterk og ein god skald. Han vart hovding for ein flokk av væringarne og gjorde mange storverk i Syria og Afrika og paa Sicilia og sende all den rikdomen, han vann, til Jarislav. Daa han kom att til Gardarike, fekk han kongsdotteri og uhorvelegt med skattar, og so for han til Norig og kravde helvti av kongedømet. Magnus og Harald vart forlikte soleis, at Harald fekk helvti av kongedømet, og Magnus helvti av skattarne, og Magnus skulde vera øvst, naar dei var ihop baae tvo.[1] Men det var ikkje noko godt samhelde millom kongarne. Harald var vand med aa fara umkring som herførar og ikkje til aa styra eit fritt folk, han vilde raada sjølv og var hard og fekk tilnamnet **Hardraade** (den som raader — eller styrer — hardt), og han var ikkje so godt lika som Magnus.

Magnus døydde aaret etter dette forliket i Danmark paa ei ferd mot Svein, 1047. Daa var han 24 aar gamal. Fyrr han døydde, gav han Danmark til Svein Ulvsson og Norig til Harald Sigurdsson. Liket hans Magnus vart gravsett i Klemenskyrkja i Nidaros; der kvilde far hans, kong Olav, og i ei kista prydd med sylv og gull, som Magnus hadde latet gjera. Heile Norig syrgde etter Magnus, og baade vener og uvener rosa han.

Paa Orknøyarne raadde paa denne tidi **Torfinn jarl**, son hans Sigurd Digre. Han hadde ufred med den skotske kongen og vann fleire store slag og lagde under seg eit stort stykke av Skotland (9 jarledøme) og hadde attaat eit rike i Irland og alle Sudrøyarne. Han tok ikkje desse landi til len av kong Magnus, og denne hadde ikkje stunder til aa tvinga han.

Harald Hardraade. 1046–1066.

Daa Magnus var slokna, tinga Harald med den norske heren

[1] Norigs rike vart ikkje bytt soleis, at kvar av deim hadde helvti av landet, men dei styrde ihop heile landet og hadde helvti kvar av innkomorne.

um aa hjelpa han til aa verta konge i Danmark; daa vilde nordmennerne altid verta yvermenner yver danskarne, sagde han. Men Einar Tambeskjelvar sagde, at han helder vilde fylgja Magnus daud, enn nokon annan konge livande. Daa laut Harald draga til Norig, og danskarne tok Svein til konge, men Harald herja i Danmark kvar einaste sumar i fleire aar, og for fram med mord og brand som ein viking av det gamle slaget. Han brende byarne Aarhus og Slesvik, og kvar haust kom han til Norig med stort herfang, men kunde aldri festa fot i Danmark. Fleire gonger kom Svein yver han med stor yvermagt, men Harald var for snartenkt. Eingong kasta han yver bord tome tunnor og timber og sette dei danske fangarne ovanpaa og let deim driva paa sjøen, og medan Svein berga folket, smatt Harald undan.

Han var ein dugande, men streng styrar; han lagde harde paalegg paa bønderne og aga storhovdingarne. Dei største av desse var **Haakon Ivarsson**, som var ætta fraa Haakon Ladejarl, og Einar Tambeskjelvar, som var gift med **Bergljot**, dotter til Haakon Ladejarl. Einar tala stødt mot kongen paa tingi og sagde ende ut, at bønderne vilde ikkje tola urett av han. Han hadde mykje folk um seg, og eingong kom han til Nidaros med 500 mann. Harald totte dette bar reint av og lokka Einar inn i kongsgarden og drap honom og **Eindride**, son hans. Daa sende Bergljot bod til Haakon Ivarsson og bad han hemna Einar, og det var med stor naud, at Harald fekk i stand forlik. Finn Arneson hadde hjelpt han til forlik, mot at Kalv, bror hans, skulde faa lov til aa koma heim til Norig. Men ikkje lenge etter, daa Harald var paa ei vikingferd i Danmark, sende han Kalv upp i landet med ein liten styrke, og daa Kalv vart yverfallen av danskarne, sende han ikkje hjelp, og Kalv fall. Daa vart Finn so hatig paa kong Harald, at han for til Danmark og vart jarlen hans Svein. Soleis kua Harald stormennerne.

Harald gjorde mykje til aa binda Viki til kongsætti og dei andre norske landsluterne, daa Viki fyrr hadde voret under dei danske kongarne og hadde mykje samferdsel med Danmark. Han grunnlagde byen *Oslo*, daa han saag, at det kunde verta ein god handelsplass her, og herifraa kunde han lettare hava eit auga med Danmark. Han gav Oslo ein heilagdom,

St. Halvard (Halvard hadde voret syskenbarnet til kong Harald), og St. Halvard vart no det same for Viki, som St. Olav for Trondheim og heile Norig, ei æra for landet og ei studning for kongsmagti. Paa Vestlandet var der og ein heilagdom, **St. Sunniva.**

Erkebisparne i Bremen hadde herredømet yver den danske og svenske kyrkja, daa det var dei, som hadde fenget Danmark og Sverige umvende, men Norig var umvendt av kongarne sine og av prestar fraa England. Daa Harald var konge, gjorde erkebisp Adalbert av Bremen krav paa herredøme yver den norske kyrkja og, men Harald svara: »Eg veit ikkje, kven annan er rett erkebisp og styrar her i Norig enn eg sjølv, kong Harald Sigurdsson.«

Som ventande var med so myndig konge som Harald, heldt han uppe det norske herredømet yver skattlandi. Han gjorde kongedømet sterkt, og det var god fred innanlands i hans tid, og ingen fiende herja i landet, men den norske leidingsheren og lendmennerne vann seg herfang i Danmark, og handelen paa utlandet tok til. Han var snild med islendingarne, og eingong, daa det var uaar paa Island, hjelpte han deim, og difor kvad dei mange kvæde til hans æra.

Daa Harald hadde herja i mange aar paa Danmark, kom det endeleg til eit stort slag millom nordmennerne og danskarne utanfor *Nisaa* i Halland, 1062. Svein hadde 360 skip, og Harald berre helvti so mange, daa han hadde sendt leidingsheren heim. Mange raadde Harald til aa fly, men han svara, at fyrr skulde dei falla alle ihop, den eine tvert yver den andre. Slaget tok til i kveldingi og varde heile natti. Ut paa morgonsida gjekk Harald upp paa skipet hans Svein og hogg ned mannskapet fraa stamn til stamn. Daa tok storhopen av danskarne til aa fly; men meir enn 70 danske skip vart liggjande etter, reint folketome. Svein berga seg med naud; Finn Arneson, som no var gamal og mest blind, vilde ikkje fly og vart fanga, men Harald berre erta han ei stund for moro skuld og gav han fri.

Harald hadde ingi nytte av denne store sigeren, og tvo aar etter gjorde kongarne fred.

Daa Hordaknut døydde, vart **Edvard Konfessor** av den gamle engelske kongsætti konge i England. Magnus den gode meinte,

at han hadde erverett til England etter Hordaknut, men han kunde ikkje tenkja paa aa leggja England under seg, daa Svein Ulvsson (Estridsson) stødt hindra han. Edvard døydde 1066, og no vart verbror hans, **Harald Godvinsson**, konge. Men Harald hadde ein bror, **Toste**, som var misnøgd med dette og kom til Norig og talde kong Harald Sigurdsson til ei Englandsferd, og sagde, at dei fleste engelske hovdingarne vilde hjelpa han. Nordmennerne var lite huga paa denne vaagsame ferdi og spaadde Harald ymist; men det hjelpte ikkje, og Harald baud ut halv leiding av skip og mannskap og stakk i sjøen med innpaa 240 skip, umfram smaaskutor og førsleskip, og styrde til Orknøyarne. Der hadde Torfinn jarl slokna, og daa hadde han styrt i 50 aar. Han hadde tvo søner, og desse fylgde Harald paa ferdi, og heren voks upp til innpaa 30,000 mann. Herfraa siglde Harald til England, og der kom Toste til han med mannskap, og dei vann eit stort slag ved *Fulford* tett ved byen York, og *York* baud seg til aa yvergjeva seg og senda Harald gislar. Harald laag um bord paa skipi natti etter; men andre dagen gjekk han paa land, den 25de september, og vilde nemna ut styrarar i York og heradet. Han tok med seg tvo tridjepartar av heren, og daa det var varmt vedr, tok dei ikkje brynjor paa, og drog sorglause fram. Men daa dei kom til *Standford-bru*, ei mil fraa York, fekk dei sjaa ein veldig her, som kom imot deim. Det var den engelske kongen, Harald Godvinsson, som kvelden fyreaat var komen til York med ein her, dubbelt so stor som den norske og ypparleg væpna, og ein styrke av hestfolk, er det fortalt. Harald vilde ikkje fly, men sende bod til skipi etter resten av heren og stelte upp mennerne sine i ein stor ring. Han let deim, som stod fremst, setja spjotskafti i jordi og snu oddarne mot det engelske hestfolket. Dei, som stod attanfor, skulde snu oddarne mot hestarne. Engelsmennerne reid fram mot nordmennerne, men kunde ikkje brjota fylkingi deira og reid fraa att til eit nyt stormlaup. Daa trudde nordmennerne, som ikkje var vande til aa slaast med hestfolk, at engelsmennerne flydde, og so gjekk dei ut or fylkingi og sette etter. Men daa samla hestfolket seg att og sette inn paa det brynjelause norske fotfolket og fekk snart yvertaket. Harald gjekk fram som ei kjempa og slo

til baae sidorne, og alt hopa undan, der han gjekk fram. Daa fekk han ei pil i strupen og fall.

No vart det eit stans i slaastingi, og baae herarne kvilde seg. Harald Godvinsson baud nordmennerne liv og fred, men dei ropa, at dei helder vilde falla yver kvarandre enn taka liv og fred av engelsmenner. Daa tok slaget til andre gongen, og no førde Toste nordmennerne fram, men dei rauk for yvermagti, og Toste fall. Daa kom resten av heren fraa skipi, brynjeklædd og fullt væpna. Dei hadde skunda seg so, at mange var reint utasa, daa dei kom fram. Dei gjekk so heitt paa, at det saag ut ei stund til, at dei skulde vinna, men arbeidet vart for drjugt for deim. Mange var so trøytte, at dei døydde usaara, og mange slengde brynjorne fraa seg, so dei kunde koma til aa hogga hardare; men daa vart det lett for engelsmennerne aa drepa deim. Dei fleste av deim fall etter ei forfælande slaasting. Ein djerv nordmann varde aaleine ei bru ei lang stund, og drap 40 engelsmenner, fyrr han fall. Manndraapet heldt paa til myrke kvelden. Leivningarne av heren berga seg ned til skipi, men mesteparten av heren og mest alle dei norske hovdingarne laag etter paa slagmarki. 1066.

Olav, son hans Harald Sigurdsson, siglde heim til Norig med berre 24 skip, knapt tiendeparten av heile flaaten. Aaret etter vart liket hans Harald henta og gravsett i Nidaros.

Engelsmennerne hadde betalt sigeren dyrt. Faa dagar etter slaget ved Standford-bru gjekk **hertug Vilhelm** av Normandi, som var ætta fraa Gangerolv, i land sud i England med ein her paa 60,000 mann. Daa kunde ikkje Harald Godvinsson setja upp ein her, som var sterk nok, og fall i slaget ved *Hastings*. So vart Vilhelm konge, og normannerne vart herrar i England.

Olav Kyrre. 1066–1093. Harald hadde tvo søner, **Magnus** og **Olav**, og baae tvo vart kongar. Strakst baud Svein Ulvsson ut ein her, daa beste helvti av den norske leidingsheren var fallen i England; men nordmennerne samla ein her dei og, og det vart gjort fred millom Norig og Danmark. Strakst etter døydde Magnus, og sidan styrde Olav aaleine. Han var mild og fredsam, men styrde sterkt og. Han fekk namnet **Olav Bonde** eller **Olav Kyrre** (kyrr, det same som

roleg), og heile folket elska han. Norig gjekk mykje fram i mange maatar i hans tid. Der var gode aaringar, og handelen tok til. Han grunnlagde *Bjørgvin* (Bergen), som snart vart den største handelsplassen i Norig. *Konghelle* (ved Gjøtaelvi) og *Stavanger* kom og upp paa denne tidi, og alle dei eldre byarne gjekk fram, *Nidaros, Sarpsborg, Oslo* og *Tunsberg.* (Tunsberg var den eldste av byarne og var komen upp i staden for det gamle Skiringssal.) Der var fred og ro i landet, og kristendomen gjorde folket mildare. Trælarne fekk etter kvart fridomen att,[1] og vikingferderne vart det reint slutt med. Dei totte det var synd aa herja i kristne land, og dessutan var dei landi, som vikingarne fyrr hadde heimsøkt, so sterke no, at det var raadlaust aa herja der, og daa trældomen høyrde upp, lønte det seg ikkje aa fanga folk, daa ingen vilde kjøpa deim.

Fyrr Olav vart konge, var det tri bispar i Norig, ein for kvart av dei tri store lagdøme. Desse bisparne hadde voret ved kongens hird eller reist umkring i landet og uppbygt folket der det trengdest; men no tok Olav paa aa faa i stand faste bispestolar. Han bygde ei domkyrkja (bispe-kyrkja, »kristkyrkja«) i Nidaros, den same som stend endaa, og der sette han kista hans Olav den heilage. Han tok paa og bygde ei domkyrkja i Bergen og, og det var meiningi aa flytja heilagdomen hennar St. Sunniva dit, men kyrkja vart ikkje ferdig, medan Olav livde. Bispen i Eidsiva-lagdømet fekk ikkje helder si domkyrkja fyrr etter Olav var slokna. Daa vart Oslo hovudsætet for dette tridje bispedømet og fekk ei domkyrkja, St. Halvardskyrkja, og heilagdomen hans St. Halvard vart førd dit. Bisparne, som fyrr hadde voret berre liksom dei øvste kapellanarne hjaa kongen, fekk no meir magt enn fyrr, men det vart ikkje noko bispevelde, daa bisparne liksom fyrr stod under kongen og vart utnemnde av kongen.

Nordmennerne paa Orknøyarne og i Dublin hadde fenget faste bispestolar og domkyrkjor nokre aar fyrr, og ved dette leitet vart det ein bispestol paa Island og, og ei domkyrkja uppsett paa garden *Skaalholt.*

Nordmennerne hadde fyrr for det meste butt paa gardarne sine paa landet, men paa denne tidi kom bylivet upp, daa

[1] Olav den heilage hadde sett i lovi, at kvart fylke skulde gjeva ein træl fri kvart aar.

byarne vart større og det vart fleire av deim. Bymennerne kom tidt ihop og hadde store drikkelag, som dei heldt paa umgang (»kvirvings-drykkjor«). Dei som var med, kalla seg for »kvirvings-brøder« og hjelpte kvarandre, naar nokon leid vondt eller urett. I Nidaros hadde brøderne so mykje magt, at dei hadde uppsett ei kyrkja og hadde si eigi klokka, som kalla deim ihop, naar det trengdest. Men brøderne for ikkje stødt so fredsamt aat, er det von, og difor skipa Olav Kyrre faste »*gilde*« eller samlag, som skulde hava møti sine i eit hus, gildeskaale, som var bygt til det bruket. Dei fekk strenge lover, og prestarne skulde hava tilsyn med deim. Kongen sjølv og dei beste mennerne skreiv seg inn i desse gildi, og kvinnor og kunde faa vera med; paa denne maaten kunde ikkje stygg aatferd faa nokon inngang der. Brøderne skulde liksom fyrr hjelpa kvarandre, og dette gjorde daa mest same nytta som assuranceselskap og sjukekassor og slikt i vaare dagar. Slike gilde hadde dei mange stader paa landet og, der det var noko tettgrendt.

Under Olav Kyrre vart klædebunaden mykje finare, og rikmennerne klædde seg mykje etter engelske og normanniske motar. Husi vart betre innreidde. Golvet vart steinlagt, og dei sette upp omnar. Istadenfor dei gamle gluggarne, kom vindaugo med glas i bruk etter kvart. Olav innførde paa kongsgarden bikarar istadenfor dei gamle drikkehorni, som hadde gjenget fraa mann til mann i laget, og han utnemnde nokre av hirdmennerne til *skutelsveinar*, som stod for bordenden og skjenkte for kongen og andre stormenner, og han hadde *kjertesveinar*, som heldt likso mange brennande kjerte eller ljos, som det var høge gjester i laget. Kjertesveinarne var unge menner av god ætt, som paa denne maaten lærde god livemaate paa kongsgarden. Daa det no trengdest fleire folk paa kongsgarden enn fyrr, gjorde Olav hirdi dubbelt so stor, og heldt 120 hirdmenner og 60 gjester og 60 huskarlar.

Olav styrde med æra i 27 aar og døydde paa sotteseng. Den tidi, han styrde, var den beste og lukkelegaste, som Norig endaa hadde havt, og landet kom til velmagt.

Magnus Berrføtt. 1093–1103. Etter Olav Kyrre vart **Magnus**, son hans, og **Haakon** Magnusson, brorson hans, kongar. Det saag ut til ufred nokre gonger millom deim,

men Haakon døydde ikkje lenge etter, og sidan styrde Magnus aaleine. Han var berre 20 aar gamal, men høgvaksen, fager og djerv; han var altid huga paa strid liksom farfar sin. Han hadde eit ordtøke, at kongar var til for aa vinna æra, men ikkje for aa liva lenge.

Strakst Magnus vart konge, gjorde han ei ferd til Skotland og øyarne der umkring. Daa Olav Kyrre var konge, raadde Orknøy-jarlarne seg sjølve, men dei var ikkje gode styrarar, og Sudrøyarne skilde seg fraa deim og stod no under den norske kongen paa Man, **Gudrød**, som hadde teket det norske riket i Dublin og eit stort stykke av Irland og. Han var so megtig, at han hadde ein flaate paa 90 skip. Enden paa denne ferdi vart, at Gudrød laut gjeva upp Dublin til ein irsk konge, som Magnus hadde gjort forlik med, og godkjenna Magnus for yverherre yver Sudrøyarne og Man.

Daa Magnus kom heim, hadde han fleire megtige lendmenner aa tvinga. Den eine av desse, **Sveinke Steinarsson** i Raanrike, var so megtig, at Magnus totte det var best aa gjera forlik med han.

Ikkje lenge etter vart det naudturvelegt for Magnus aa gjera ei ny ferd til Vesterhavs-landi, og denne gongen siglde han ut med ein stor flaate og umkring 14,000 mann. Fyrst fanga han Orknøy-jarlarne og lagde Orknøyarne under Norig, og so vann han Man og Sudrøyarne og fekk mange nordmenner til aa busetja seg der, daa mange av deim, som var der fyrr, var falne i dei siste urolege tiderne, og dei, som var att, var faa til aa halda nordmannskapen uppe mot dei innfødde, som hadde yvertalet paa desse øyarne. So tok han Anglesea og truga med aa herja paa Skotland, og den skotske kongen vart skræmd til aa gjera fred paa det vilkaaret, at alle øyarne vestanfor Skotland skulde høyra til Norig. Magnus sende skorne sine til ein irsk konge og sagde, at han skulde bera deim um halsen joledagen og soleis godkjenna Magnus for yverherre, og den irske kongen torde ikkje segja nei. Men noko større herredøme kunde ikkje Magnus vinna, daa leidingsheren, som berre var skyldig til aa fylgja 2 maanadar, var sigld heim, og mange av lendmennerne og for fraa han. — Daa den norske heren var der vest, tok kong Magnus og mange av mennerne hans til aa klæda seg etter den skotske moten med stutte

kjolar og kappor, forutan brøker, og av dette fekk han tilnamnet **Berrføtt.**

Daa Magnus var komen heimatt, tok han til med ein ufred med den svenske kongen **Inge** og gjorde krav paa, at Gjøtaelvi og Veneren skulde vera landskilet millom Norig og Sverige, og at soleis Dalsland skulde høyra til Norig. Ufreden varde i tvo aar, og det stod tvo slag ved *Fokserne* ved Gjøtaelvi, og nordmennerne og svenskarne vann kvar sin gong. Sistpaa hadde den norske, svenske og danske kongen eit møte i Konghelle, og der vart det avtala fred, og at Magnus skulde gifta seg med **Margrete,** dotter hans Inge, og hava Dalsland i heimanfylgja.[1] Difor fekk Margrete tilnamnet *Fredkolla* (fredsgjenta).

Daa Magnus hadde voret konge i 9 aar, gjorde han tridje gongen ei ferd til Vesterhavs-landi, og den av dei irske kongarne, som no aatte Dublin, laut gjera fred og gjeva Magnus Dublin og eit stort stykke av Irland. Strakst fyrr Magnus skulde fara heim, gjekk han upp i landet med det meste av heren og skulde taka imot ei naute-drift, som irekongen hadde lova aa senda; men daa dei gjekk yver nokre myrar, kom irarne og sette *paa* deim. Nordmennerne venta ikkje yverfall, daa der var fred, og mange fall paa myrarne, og nokre berga seg ned til skipi. Magnus vilde ikkje fly og forlata mannskapet sitt; han stod under merket med ryggen mot eit tre og slost. Han hadde gyllt hjelm og raud skjold med ei gyllt løva paa, og ein raud silkekjole utanpaa brynja med ei gul silkeløva framme og bak. (Av dette hev dei trutt, at Norig hev fenget ei løva i vaapnet sitt.) Nordmennerne hogg ned irarne som bu-fe, men yvermagti vart større og større. Magnus fekk eit spjot gjenom baae laari, men berre braut av spjotskaftet og bad mennerne sine gaa vel fram. Strakst etter fekk han eit hogg i halsen og fall. Daa flydde nordmennerne, men fyrst drap **Vidkunn Jonsson** kongens banemann og berga merket. Magnus var berre 30 aar, daa han fall. Etter dette slaget gav hovdingarne hans Magnus upp Irland og siglde heim.

Øystein, Sigurd Jorsalafar og Olav. 1103–1130.

Magnus hadde tri søner, **Øystein** og **Sigurd** og **Olav,** og alle tri vart kongar. Olav døydde ung.

[1] Daa Magnus ikkje hadde born med Margrete, fekk den svenske kongen Dalsland att, daa Margrete døydde.

Øystein var ein vensæl og fredsæl styrar og kunnug i loverne og likna paa Haakon Adalsteinsfostre og Olav Kyrre, men Sigurd var streng og huga paa strid og likna meir paa Harald Hardraade og Magnus Berrføtt.

Nokre aar fyrr desse vart kongar, hadde store herar fraa mange kristne land i Europa teket til aa fara til Jødeland og vilde taka dette landet fraa muhamedanarne, og dei hadde teket Jerusalem og eit stykke av landet og grunnlagt eit kristet rike der; men det vart hardt trengt av muhamedanarne, og det laut stendigt draga nye herar dit og hjelpa. Desse ferderne kalla dei *krossferder*, daa alle, som var med, sette ein raud kross paa den høgre oksli. Dei trudde, at dette var ei heilag gjerning, og at kvar den, som fall paa slik ei ferd, var viss paa himmerike. Mange nordmenner fekk og hug paa slik ei ferd, baade for di dei var ivrige kristne, og for di dette var liksom ei vikingferd, og dei vilde, at ein av kongarne skulde vera førar. Daa samla kongarne ein flaate paa 60 skip og 10,000 utvalde stridsmenner, som alle ihop var friviljuge, og Sigurd vart hovding. Flaaten stakk i sjøen i 1107 og siglde fyrst til England og sidan til Spania og slo ein stor muhamedansk sjørøvar-flaate ved Portugal og hjelpte dei kristne i Portugal mot muhamedanarne, som hadde teket det meste av landet, og vann fleire slag. Derfraa siglde den norske flaaten gjenom Gibraltarsundet, slo muhamedanarne, kor dei møtte deim, øydelagde muhamedanske røvarborger og fekk uhorveleg mykje herfang, og kom til Sud-Italia. Der hadde normanner fraa Normandi vunnet eit stort herredøme og grunnlagt det riket, som sidan fekk namnet kongeriket Napoli og stod til 1860. Dei hadde teket heile Sud-Italia fraa den greske kjeisaren og Sicilia fraa muhamedanarne. Normannerne tok mot nordmennerne, frændarne sine, med stor stas, og Sigurd utnemnde hertug **Roger** i Apulia (i Napoli) til konge. Derfraa siglde han til Jødeland, og der tok **Balduin**, kongen i det kristne riket der, kjærleg imot han og bad han um hjelp mot muhamedanarne. Dette lova Sigurd, men fyrst gjekk han til Kristi grav og andre heilage stader i Jerusalem og lauga seg i Jordan, og fekk ein spon av den heilage krossen, mot at han skulde innføra tiend og fremja kristendomen i alle maatar, naar han kom heim, og gjera eit erkebispedøme for Norig.

Etter dette hjelpte Sigurd med aa taka byen *Sidon*. Balduin kringsette byen paa landsida, og Sigurd lagde seg utanfor paa sjøsida, og ein veldig ægyptisk flaate drog seg undan for den norske flaaten. Sidon laut snart etter gjeva seg, og daa siglde den norske flaaten til Konstantinopel gjenom Dardanellerne med sidevind, og folk stod paa land og bisna paa den lange rad med silkestriputte segl. Den greske kjeisaren tok imot deim med stor stas. Mange av nordmennerne tok tenesta der millom væringarne, og mange var falne paa ferdi, og difor drog Sigurd landvegen gjenom Ungarn og Tyskland til Danmark, og derfraa siglde han paa eitt skip til Norig. Daa hadde han voret burte i 4 aar, og alle var samstelte um, at ingen hadde gjort større heidersferd fraa Norig. Etter dette fekk Sigurd tilnamnet *Jorsalafar* (Nordmennerne kalla Jerusalem for Jorsalir).

Medan Sigurd var ute, styrde Øystein godt heime. Jamteland hadde høyrt til Sverige alt fraa slaget ved Svolder, men no fekk Øystein jamtarne til aa gjeva seg under Norig godviljugt.[1] Han bøtte paa loverne i mange maatar og bygde rorbuder i Vaagen i Lofoten for deim, som dreiv fiske, og gjorde ei hamn ved Agdenes og sette upp sjømerke og bygde fjellstovor paa Dovre, so ferdafolk kunde hava tak yver hovudet, og bygde kyrkjor og andre store bygningar. Det var ikkje aa undrast paa, at han var elska av folket, men han og Sigurd var ikkje vidare gode vener, av di dei var so ulike i lynne; men det kom aldri til strid. Øystein døydde 1122, og heile folket syrgde paa han.

Sigurd arbeidde trutt paa aa fremja kristendomen. Han gjorde ei krossferd til det svenske landskapet *Smaaland*, som var heidenskt endaa, og kristna det. Han gjorde eit nytt bispedøme i Stavanger og bygde ei domkyrkja der,[2] og venteleg var det han og, som bygde St. Halvards-kyrkja, domkyrkja i Oslo, so Norig no hadde 4 faste bispestolar, Nidaros, Bergen, Stavanger og Oslo. Færøyarne fekk og ein bispestol paa denne tidi, og bispen paa Sudrøyarne og Man og Orknøybispen kom meir under den norske kyrkja enn fyrr. Norig fekk ikkje noko erkebispedøme endaa; men dei norske bisparne, som fyrr

[1] Herjedalen høyrde truleg fraa gomol tid til Norig.

[2] Den vestre parten av domkyrkja i Stavanger er fraa Sigurds tid.

hadde voret under erkebispen i Bremen for det meste, stod no under erkebispen i Lund (fraa aar 1104). Fleire kloster vart skipa av Øystein og Sigurd. Sigurd fekk innført tiend i Norig, det vil segja, at alle folk kvart aar skulde svara tiendeparten av all innkoma si; bispen, prestarne, kyrkja og dei fatige skulde hava kvar sin fjordepart. Hermed vart prestestandet med ein gong rikt og megtigt. Dei fleste andre staderne i Europa var alt tiendi innførd, og prestarne hadde ikkje lov til aa gifta seg (coelibat), og ved det vart prestestandet liksom eit rike for seg sjølv, som stod under paven og tidt var sterkare enn kongen og adelen. Men i Norig var det mange prestar, som gifte seg, og prestestandet skilde seg ikkje so mykje ut fraa folket og kongsmagti.

Medan Sigurd og brøderne hans livde, var Norig megtigare og rikare enn fyrr. Handel og skipsfart treivst utifraa godt, og folket var fritt og lukkelegt. Kongarne hadde strakst i fyrstningi avlyst fleire paalegg, som endaa var att fraa Svein Alfivasons tid, og dette gjorde mykje til at folket lika seg. I dei siste aari, Sigurd livde, var han tidt hugsjuk og stundom reint galen; men folket mintest, kor gode han og Øystein hadde voret, og heldt seg rolegt.

Paa Island hadde det lenge voret fredsamt, fraa di kristendomen vann seg fram, og bisparne hadde styrt mest.[1] Island fekk paa denne tidi ein ny bispestol paa *Holar,* umfram den, som var fyrr paa Skaalholt. Den islendske kyrkja stod liksom den norske under erkebispen i Lund. Grønland fekk seg og ein bispestol paa *Gardar.*

Nokre aar fyrr Sigurd døydde kom det ein mann, **Harald Gille,** fraa Irland og stod paa, at han var son hans Magnus Berrføtt. Sigurd let Harald gaa berrføtt yver 9 gloande plogjarn, og daa føterne hans var uskadde, godkjende Sigurd han for halvbror sin. Dette var ei stor ulukka for landet. Alle, som var ætta fraa Harald Haarfagre, hadde rett til kongedømet, anten dei var ægtefødde eller ikkje. Daa no Sigurd

[1] Det hende tidt paa Island, at ein stormann las til prest og let seg vigja til geistlege embætte, og soleis vart han baade geistleg og verdsleg hovding paa ein gong, plent liksom dei gamle hersarne (eller godarne). Paa denne maaten gjekk det til, at bispar kunde styra landet, endaa det var lite magt aa kalla i kyrkja.

gav Harald lov til aa visa ætti si ved jarnburd[1] og prestarne kunde stella det so, at det gjekk godt eller ille med jarnburden, so kom seinare den eine etter den andre og gav seg ut for kongssøner. Prestarne fekk meir magt enn godt var, og ei lang uroleg tid tok til, strakst Sigurd fall fraa, 1130.

Bokrike grunnlagt. Paa denne tidi vart grunnvollen lagd til det gamle norske (norrøne) bokriket. Nordmennerne hadde altid voret glade i skaldskap og sogor. **Tjodolv fraa Kvin** (Kvinesdal) kvad for Harald Haarfagre, og **Øyvind Finnsson Skaldespillar** for Haakon Adalsteinsfostre, islendingarne **Halfred Vandrædaskald** for Olav Trygveson og **Sigvat Tordsson** for Olav den heilage og Magnus den gode. Av andre skaldar er dei merkelegaste islendingen **Egil Skallagrimsson** og den norske kongen **Harald Hardraade.** Men dei kvædi, dei kvad, og dei sogorne, som vart fortalde, vart for det meste ikkje uppskrivne, daa runerne ikkje var laglege til aa skriva med. Men daa kristendomen hadde vunnet seg heiltupp fram, vart kunnskapen større, og dei latinske bokstavarne kom i bruk. Det var ei lukka, at kristendomen kom til Norig og Island fraa England, av di dei engelske prestarne aldri vanvyrde det folkelege, jamvel um det ikkje høvde so godt med kristendomen. I Sverige og Danmark, som var kristna av tyske missionærar, kom det ikkje upp noko folkelegt bokrike, og der vart latin bokmaal; men i Norig let prestarne skaldskapen vera i fred, endaa han hekk ihop med den heidenske trui, og landsmaalet, *Norrøna,* kom til æra. Det fyrste, som vart uppskrivet, var Frostatings-lovi under Magnus den gode, og dei islendske loverne, daa Sigurd Jorsalafar livde (1117). Baae desse lovbøkerne vart kalla *„Graagaasi“*. Strakst etter tok islendingarne **Are Torgilsson** og **Sæmund Sigfusson** til aa skriva upp gamle og nye hendingar paa Island og i Norig.

[1] Jarnburd var ein gudsdom. Den, som skulde prova noko, bar gloande jarn eller gjekk paa gloande jarn, og var han uskadd, for han med sanning. Prestarne kjende ein maate, som folk kunde berga hender og føter paa.

Baae tvo var prestar og hadde tilnamnet „frode“ (vise, som er kunnuge i historia.)[1]

Alt fraa di islendingarne vandra ut fraa heimlandet, hadde dei meir enn hine nordmennerne lagt seg etter skaldskap og soge-forteljing, og no paa denne tidi var det mest islendingar, som lagde seg etter bokskriving. Det var den lettaste maaten for ein islending aa koma inn i den norske kongs-hirdi paa, naar han var ein god soge-mann og kunde kveda og fortelja um storverki til kongarne og andre hovdingar. Det vart til det, at islendingarne for det meste tok paa seg dette gjerefaret, og difor vart det mindre torv for nordmennerne til aa kveda og skriva.

I Norig og paa Island vart latin berre kyrkjemaal, men landsmaalet vart bokmaal, og grunnlaget vart lagt til eit bokrike, som hev voret til æra og pryda for folket.

Magnus Blinde og Harald Gille. 1130–1136.

Sigurd Jorsalafar hadde tvo born, ein son, **Magnus**, og ei dotter, **Kristina**. Magnus vart teken til konge. Harald hadde gjort eiden sin paa, at han ikkje skulde gjera krav paa kongedømet, so lenge Sigurd eller Magnus, son hans, livde; men no braut han eiden, som han hadde svoret, og let seg taka til konge og tvinga Magnus til aa lata han faa halve riket. Ingen av deim dugde til aa vera konge. Magnus var hardhjarta og pengekjær og ein stor drikkar, og Harald var ein godtull, som let andre raada, og difor var han betre lika. Det einaste, han kunde tilgagns, var aa kappspringa, og han kunde ikkje tala reint norsk dessmeir. Der var ingen venskap paa deim, som rimelegt var. Nokre aar etter slo Magnus Harald i eit slag; men Harald fekk hjelp av den danske kongen **Eirik Eimune** og mange nordmenner og siglde med ein stor styrke til Bergen og fanga Magnus. Daa tok mennerne hans Harald og skamfor Magnus so ille, so han aldri skulde verta konge meir. Dei stakk ut augo paa han og hogg den eine foten

[1] Det er uvisst um Frostatings-lovi vart uppskrivi alt under Magnus den gode, men baade den og Gulatings-lovi var uppskrivne i fyrstningi av det 12te aarh., kor som er. Det er uvisst og, um Sæmund hev skrivet noko.

av han og skamfor han endaa styggare, og so sette dei han i Nidarholms kloster.[1]

Medan Harald var konge aaleine, styrde lendmennerne. Paa denne tidi hende det, at ein stor sjørøvar-flaate fraa Vindland tok *paa* Konghelle, som Sigurd Jorsalafar hadde gjort til ein av dei største byarne i Norig. Borgararne varde seg manneleg; men sistpaa let dei seg lokka til aa gjeva seg, og daa herja og brende vindarne heile byen og førde mange burt til trældom. Konghelle kom seg aldri rett etter dette.

Seks aar etter Sigurd Jorsalafar døydde kom det ein mann til Norig, som het **Sigurd**. Han var prestlærd og vigd til dekn (kapellan) og var ein vakker og sterk og dugande mann, men so agelaus og vill, at dei kalla han for **Sigurd Slembedekn.** Han gav seg ut for aa vera son hans Magnus Berrføtt, men Harald vilde ikkje godkjenna han for bror og prøvde paa aa drepa han. Men Sigurd smatt undan og slo Harald ihel i Bergen. Sigurd bad bymennerne taka seg til konge, men dei ropa alle som ein og sagde, at dei aldri vilde tena ein mann, som hadde sleget ihel bror sin; men var ikkje Harald bror hans, hadde han ingen rett til aa vera konge. 1136.

Sigurd Munn, Øystein og Inge Krokrygg. 1136–1161.

Harald hadde fleire søner. Tvo av deim, **Sigurd** og **Inge**, vart tekne til kongar, men lendmennerne styrde for deim, daa Sigurd berre var 4 og Inge 2 aar.

Daa Sigurd Slembedekn ikkje kunde verta konge (venteleg for di lendmennerne ikkje kunde raada so mykje naar dei fekk ein sterk og gaaverik konge), tok han Magnus Blinde ut or klostret, og daa fekk han hjelp av dei gamle venerne hans Magnus; men lendmannen **Tjostolv Aaleson** slo Magnus ved *Minne* (utfals-osen til Mjøsi paa Romerike), so han laut røma til Vester-Gautland. I dette slaget, fortel nokre, bar Tjostolv Inge paa brystet i kappa si, og daa Tjostolv tidt kom i stor naud under slaget, vart Inge klembd, so han vart krypling; han vart krokryggja, og den eine foten visna burt, so han knapt kunde stiga paa han. Etter dette slaget drog Tjostolv

[1] Nidarholm heiter no Munkholmen, ein fjordung nordanfor byen Trondhjem.

mot jarlen i Vester-Gautland, som Magnus hadde eggja upp; jarlen var komen inn i Raanrike med ein her og meinte, at det var ei lett sak aa taka Norig no; men Tjostolv slo han soleis, at han laut røma med skam. Daa fekk Magnus eggja upp den danske kongen Eirik Eimune, og han kom til Oslo med ein stor flaate, og Tjostolv laut røma byen, daa han berre hadde lite folk. Danerne brende upp byen, men Tjostolv samla mannskap paa Raumarike, og daa han kom att, torde ikkje den danske heren bida og siglde sudetter langs med land; men kor danerne kom i land, skaut bønderne paa deim, so dei stødt miste folk, og sistpaa slo ein lendmann deim, so dei siglde heim. Alle sagde, at ingen hadde gjort verre ferd med so stor her.

Nokre aar etter kom Sigurd Slembedekn og Magnus med ein dansk og norsk flaate til Viki, men lendmennerne møtte deim ved *Holmengraa* (utanfor Strømstad, ikkje langt fraa Dynekilen). Strakst slaget tok til, rømde dei danske skipi, og daa hadde lendmennerne yvermagti. Alt mannskapet fall paa skipet hans Magnus; hirdmannen hans, **Reidar**, vilde bera Magnus umbord paa eit anna skip, men daa kom det eit kastespjot og gjekk gjenom baae tvo. Reidar fekk det lov, at han hadde fylgt kongen sin vel. Sigurd vart fanga, og daa han paa herferderne sine hadde røva og drepet mange stader i Norig, tok nokre og pinte han ihel; dei slo sund armar og bein med øksehamrar og hydde han med lær-reimar, so han vart liksom flegen. Men han gav seg ikkje og tala likso roleg som elles og song ei salma. Paa slutten tok dei ein stokk og støytte sund ryggen hans med. Dei fleste av aalmugen og hovdingarne vilde ikkje sjaa paa dette. 1139.

No vart det fred nokre aar. Lendmennerne styrde godt, alle saar vart lækte, og handel og andre næringsveger tok seg upp.

Sidan kom **Øystein**, tridje sonen hans Harald, fraa Skotland til Norig og vart teken til konge. Daa dei tri kongarne voks upp, og dei lendmennerne, som hadde styrt for deim, døydde, vart det ufred paa nytt lag. Øystein og Sigurd var harde og agelause, og Inge, som var blid og god, var krypling. Dei tvo brøderne vilde setja av Inge; men lendmannen **Gregorius Dagsson** og andre lendmenner hjelpte Inge so godt, at fyrst

vart Sigurd og nokre aar etter Øystein og drepen, og no styrde Inge aaleine. 1157.

Medan sønerne hans Harald var kongar, kom det ein sendemann fraa paven til Norig, **Nikolaus Brekspear** (uttal: Brekspir). Han skulde hjelpa til aa rettleida i ymse kyrkjesaker, og no kom det ihop eit stort riksmøte i Nidaros, og der møtte kongarne og bisparne og andre stormenner og 12 utsendingar fraa kvart bispedøme. Her vart det vedteket, at Norig skulde hava ein eigen erkestol i Nidaros, der dei heilage leivningarne hans Olav den heilage kvilde, so den norske kyrkja ikkje kom til aa vera under erkebispen i Lund lenger. Den nye erkebispen vart vigd med stor stas, og skalden **Einar Skuleson** kvad i domkyrkja for heile forsamlingi eit fagert kvæde, *Geisle* (eller straalen), til St. Olavs pris. Daa fekk Upplandi sin eigen bispestol paa Hamar, som snart etter vart liksom ein by. Erkebispen i Nidaros hadde 10 bispedøme under seg, 1) Bergen, 2) Stavanger, 3) Oslo, 4) Hamar, 5) Skaalholt og 6) Holar paa Island, 7) Gardar paa Grønland, 8) Færøyarne, 9) Orknøyarne og Hjaltland, 10) Sudrøyarne og Man. Anten no eller strakst etter fekk kvar bispestol i Norig sitt domkapitel (korsbrøder), som var bispens raad og valde ny bisp, naar den gamle døydde. (Fyrr hadde kongarne utnemnt bispar).

No hadde den norske kyrkja fenget ein full og heil skipnad liksom i andre land paa denne tid. Daa tiendi vart innførd, vart presteskapet rikt, og no, daa det fekk erkebispen til hovding, vart det so megtigt, at det snart kunde bita i kjeppen med kongarne. 1152.

Daa Sigurd Munn og Øystein var drepne, valde mennerne deira **Haakon Herdebreid**, son hans Sigurd, til konge. Han var berre 10 aar. Mykje folk fylgde med han, men mest tjovar og skarvar fraa grensebygderne umkring Gjøtaelvi, og no bar det til med herjing og røving so ille, at folk aldri hadde høyrt gjetet slikt fyrr. Gregorius Dagsson fall, og daa gret Inge som eit barn og svor, at han vilde fara mot Haakon. Men denne kom braadt paa Oslo, der Inge var, og det kom til eit slag ute paa isen um natti. Nokre av mennerne hans Inge sveik han, men han vilde ikkje fly og fall der med stor æra. Daa var han berre 26 aar. 1161.

Haakon Herdebreid. 1161–1162. Haakon var no den einaste, som hadde erverett til kongedømet; men daa mange menner av laag ætt hadde sleget seg i lag med han, totte dei lendmennerne, som hadde fylgt Inge, at det ikkje var raadelegt aa taka han til konge. Den megtigaste av deim var **Erling Skakke.** (Han hadde eingong paa ei krossferd voret med og teket eit stort muhamedanskt skip i „Middelhavet“, og der hadde han fenget eit hogg i halsen, so han sidan bar hovudet noko paa skakke.) Erling var gift med **Kristina**, dotter hans Sigurd Jorsalafar, og hadde med henne ein son **Magnus**, som paa den tid var 5 aar. Han samla hovdingarne, som hadde voret med Inge, og dei vart forlikte um aa taka Magnus Erlingsson til konge, endaa det var mot lovi, daa han ikkje var kongsson. Erling fekk lov paa hjelp av den danske kongen, **Valdemar den store**, mot aa gjeva han Viki; men det høvde so heppeleg for Erling, at han forutan hjelp vann paa Haakon ved *Sekken* i Romsdalsfjorden, og Haakon vart drepen. 1162.

Magnus Erlingsson. 1162–1184. No vart Magnus konge aaleine, og Erling styrde riket for han. Han var ein streng herre og drap deim, som kunde verta faarlege for honom og Magnus. Daa Magnus ikkje var kongsson, men berre dotterson til ein konge, vilde Erling, at erkebispen **Øystein** skulde kryna Magnus til konge, og soleis gjera kongedømet hans liksom lovlegt. Øystein hadde just fenget bønderne i Trondheim til aa gaa inn paa aa gjeva erkestolen større innkomor, og no vilde han gjerne hava kongens jaminne paa dette. Daa gjorde Erling, hovdingen for lendmennerne, og Øystein, hovdingen for presteskapet, ei avtala, at erkestolen skulde faa større innkomor og magt, mot at erkebispen skulde kryna og salva lendmanns-sonen Magnus til konge. Kryningi gjekk for seg paa eit riksmøte i Bergen 1164. Der var erkebispen, alle bisparne, ein paveleg sendemann (legat) og 12 utsendingar fraa kvart bispedøme, liksom paa riksmøtet i Nidaros. Paa dette riksmøtet vart det fastsett, at naar kongen døydde, skulde geistlege og verdslege stormenner og 12 menner fraa kvart bispedøme, utnemnde av bisparne, velja ettermannen hans; dei kunde velja anten den eldste av kongens ægtefødde

søner, um han dugde til aa vera konge, eller so ein av brøderne hans og andre av dei næmaste skyldingarne til kongen. Ingen kunde verta konge, mindre bisparne samtykte.

Paa denne maaten kom Norig i henderne paa dei geistlege og verdslege stormennerne, liksom alle andre land i Europa paa den tid.

Fleire flokkar reiste seg mot Erling og Magnus, men vart slegne. Daa Erling ikkje vilde halda det han hadde lova Valdemar, var det ufred ei stund millom deim. Sistpaa vart dei forlikte soleis, at Erling skulde taka Viki til len av Valdemar og verta jarlen hans.

No saag det ut til, at det nye stormannsveldet skulde faa fotfeste, og at ingen skulde setja upp mot kongedømet hans Magnus, og folket var velnøgt for det meste, daa det var vant til aa fylgja hovdingarne sine, og det var rimelegt, at den nye skipnaden vilde gjera ende paa ufreden. Men Erling hadde voret so hard til aa refsa motstandararne sine, at mange visste ikkje onnor raad enn aa slaa seg ihop mot han, og det reiste seg ein flokk, som i fyrstningi var liten og arm og fekk namnet *birkebeinar,* for di dei leid mykje vondt paa ferderne sine i skog og mark og tidt ikkje hadde anna paa føterne enn bjørkebork; men det var harde og vaapnføre menner. Dei tok til konge ein son til kong Øystein Haraldsson, som het **Øystein Møyla** (møyla er det same som ei ung gjenta. Dei kalla han so, av di han var so fin og fager). Dei tok Nidaros, og Øystein vart teken til konge yver Norig paa Øyreting, daa mange av trønderne ikkje lika, at Magnus mest heldt til i Viki og Gulatings-lagdømet, medan det i gamle dagar var Trondheim, som var hovudlandet. Men ikkje lenge etter slo Magnus Erlingsson birkebeinarne i slaget paa *Re* ved Tunsberg; der fall Øystein Møyla. 1177.

Etter denne sigeren heldt dei Magnus for aa vera endaa større herførar enn Erling. Den siste etterkomaren av den gamle kongsætti, som folk visste um, var fallen, og det var ikkje von um, at nokon kunde gjera motstand meir.

Engelsmennerne tek Irland.

Paa denne tidi laag nordmennerne paa Irland under for engelsmennerne. Ikkje mange aar etter Magnus Berrføtt var fallen

og dei norske hovdingarne hadde uppgjevet herredømet yver Dublin, hadde nordmennerne eit sjølvstendigt rike i Dublin att. Irland var daa som no eit utifraa tettgrendt og folkerikt land, og nordmennerne leid tidt store tap, naar dei slost med irarne, men dei var so driftige handelsmenner, so dei endaa hadde rikdom og magt nok til aa halda seg mot dei innfødde. Men i aaret 1170 tok engelsmennerne til aa leggja Irland under seg, og dei vart nordmennerne for sterke. Desse varde seg manneleg (i Waterford, Limerick, Cork og Dublin); men korkje dei eller irarne kunde staa seg, og Irland kom under England. Men endaa lenge etter livde det mange nordmenner i dei irske byarne og heldt fast ved norsk livemaate og skilde seg lenge ut baade fraa irarne og engelsmennerne. Endaa so seint som i midten av det 17de aarh. var dei fleste kjøpmannsætterne i Dublin ætta fraa nordmennerne, er det fortalt.

Kongsmagt og folkemagt. Ting og rettargang. Sjølvstyre. Odelsbønder og lendmenner.

Kongsmagti hans Harald Haarfagre var grunnlagd paa takarretten, men under Haakon den gode vart ho grunnlagd paa ei semja millom kongen og folket, som ingen av deim kunde skipla. Harald Haarfagre vilde hava ein yverkonge, og under honom fylkeskongar og jarlar; men fraa Olav Haraldssons tid vart det so, at riket skulde vera *eitt*. Kvar kongsson hadde rett til aa vera konge og faa sin part av dei kongelege inntekterne, daa kongsmagti var ein odel liksom for heile Haralds-ætti; men riket vart ikkje sund-bytt meir. Det vart aldri utnemnt meir enn *ein* jarl helder.

Kongen skulde verja landet og varna um lov og rett, og folket skulde hjelpa han til dette. Kongen hadde rett til aa skriva ut halv leiding kvar sumar, og kunde gjera herferd kor han vilde i 2 maanadar og vinna seg herfang. Naar han ikkje skreiv ut leiding, skulde bønderne betala det leidingen kosta. Kongens andre inntekter var innkomorne av det kongelege jordegodset, og bøter, som vart betalte for ymse lovbrot. — Nokre av lendmennerne var stødt ved kongens hird og var raadgjevararne hans.

Kongen var den gjævaste odelsmannen i landet; han aatte meir jordegods enn nokon annan, og retten til aa vera konge

var paa ein maate hans odelsrett. Men kvar odelsbonde var likso fri og sjølvstendig paa sin odelsgrunn som kongen paa sin.

Loverne hadde liksom eit heilagt upphav. Dei hadde vokset upp or den gamle trui og var lempa etter den nye trui, og baade kongen og folket var skyldige til aa lystra deim. Braut kongen dei gamle loverne, skulde bønderne taka *paa* han og drepa han. (Etter Frostatings-lovi.)

Folket hadde den dømande og lovgjevande magti. Heradsting og fylkesting heldt paa liksom fyrr. Der fylki var store, hadde dei, umfram fylkestingi, halve-ting, tredings-ting og fjordungs-ting, etter som fylket var bytt i 2, 3 eller 4 luter. I Trondheim, der fylki var smaa, hadde dei, umfram fylkestingi, ting for tvo og fire fylke og, og Øyreting, dei kalla, for alle aatte Trondheims-fylki. Dei mindre tingi kom ihop, so tidt det var ei sak aa avgjera. Daa gjekk bodstikka, og alle bønder, som kunde, skulde møta og døma. Vart saki der paadømd, var ho dermed avgjord, elles kunde dei gaa til dei store lagting[1] med ho. Paa lagtingi møtte lendmenner, aarmenner, nokre prestar, som bispen utnemnde, og tingmenner (eller nevndemenner), som lendmennerne eller aarmennerne utnemnde. Av tingmennerne tok dei ut 3 tylvter, som skulde vera *lagretta* og sat innanfor vebondi. Lagretta hadde den dømande magti. Retten til aa taka ved lover hadde alle tingmennerne, umkring 3—400 for kvart lagting. Det var venteleg kongen, som for det meste lagde fram nye lover for lagtinget, og daa det var hans umbodsmenner og lendmenner, som utnemnde tingmennerne, hadde kongen mykje magt til aa faa alt til aa gaa, som han vilde. Lagtingi møtte ein gong um aaret og var samla umkring tri vikor, og tingmennerne hadde kost og betaling, so lenge dei var heimanfraa. Byarne, i det minste dei største, hadde sine eigne møte og lagting og stod under ein byfut (gjaldkere). Dei hadde si eigi by-lov, bjarkøy-rett, um alt slikt, som berre kom byen ved, men i andre ting stod dei under den lovi, som galdt i det lagdømet, dei laag i.

Fyrr riket var samla, hadde bønderne avgjort alting, som høyrde til styringi, paa heradstingi og fylkestingi; men etter

[1] Eidsiva-lagdømet vart med tidi bytt i tvo: Eidsiva-lagdømet og Borgartings-lagdømet. Det siste hadde tingstaden sin paa Sarpsborg. Der var soleis i alt 4 lagting.

samlingi hadde desse tingi mest berre retten til aa døma, og kongen og hans umbodsmenner og lendmenner styrde. Paa lagtingi hadde ikkje bønderne stor politisk magt. Fylkes-styringi hadde dei skyna seg paa, men riks-styringi hadde dei ikkje greida paa, og den brydde dei seg ikkje stort um helder, naar kvar mann fekk hava sin rett ukrenkt. Etter kvart som det gamle sjølvstyret høyrde upp og odelsbønderne miste den politiske magti, vart det ei kluft millom deim og lendmennerne, og odelsbønderne nærma seg noko meir til aalmugen, og mange odelsgardar vart smaabytte. I det 12te aarh. var det mange fleire odelsbønder enn i gamle dagar. Bonde-standet vart meir demokratisk.

Harald Haarfagre hadde tvinga hersar og lendmenner til aa lystra seg; men daa han fall fraa, og riket tidt vart sundbytt, heldt lendmennerne si gamle magt ved lag. Dei raadde fritt i bygderne, som dei vilde, og kunde lita trygt paa bønderne, og dei meinte, at dei hadde likso god rett til styringi som kongen og vel so det, daa dei hadde sin lovlege rett fraa den gamle trui. Men etter slaget paa Stiklestad, daa kristendomen vann og Olav Haraldsson vart gjord heilag og retten for kongedømet vart godkjend av alle, og det liksom vart eit kongedøme av Guds naade, daa fekk kongen ein høgre rett, og lendmennerne kunde ikkje setja upp lenger. Daa bønderne miste sjølvstyret, miste hovdingarne deira, lendmennerne, og mykje magt. So kom *det* til, at vikingferderne høyrde upp, so stormennerne ikkje hadde so lett lenger for aa vinna seg rikdom, og det norske jordbruket gav so lite av seg, at lendmennerne kunde ikkje halda mykje folk um seg, naar dei berre hadde gardarne sine aa liva av. Det var elles ei god hjelp for deim, at dei fekk aaføre til aa vinna herfang paa dei store herferderne, som Harald Hardraade og Magnus Berrføtt og Sigurd Jorsalafar gjorde. Daa det vart slutt med desse herferderne, tok ufreden innanlands til, og daa laga det seg so, at lendmennerne kunde draga meir og meir av landsstyringi til seg, og endeleg fekk dei gjort ein lendmanns-son til konge. Lendmennerne kom soleis meir og meir burt fraa bønderne og inn under kongedømet og fekk sistpaa landsstyringi i henderne sine, dei og bisparne.

Fjorde stykket.

Fraa 1177 til 1319.

Sverre Sigurdsson. 1177–1202. Nokre aar fyre slaget paa Re kom det ein mann fraa Færøyarne til Norig, som het Sverre. Han var fyrst i prestlæra, men daa mor hans fortalde, at han var son hans Sigurd Munn, for han til Norig og vilde freista paa aa vinna kongedømet. Men han merka snart, at kongedømet hans Magnus var so godt lika og Magnus sjølv so elska, at det var ingi von um aa taka det fraa han. Ikkje kunde Sverre prova, at det var sant, at han var kongsson, og ikkje kjende han ein einaste mann i Norig, han kunde trøysta seg til. Daa for Sverre til Vermeland; men der fekk han sidan tidend um, at Øystein Møyla var fallen, og strakst etter kom det ein liten flokk birkebeinar, som hadde fenget spurlag paa Sverre, og bad han vera hovdingen deira; men det var berre unge folk, og dei fleste var baade klædelause og vaapnlause. Daa Sverre ikkje vilde vaaga paa det, truga dei med, at dei skulde drepa han, og daa gav han etter. Han gav seg paa vegen til Norig med 70 mann, og med deim skulde han slaa ned hovdingveldet og taka kongedømet fraa Magnus. Han tok kongsnamn i Viki i mars 1177, og derfraa ætla han seg til Nidaros, daa trønderne var dei einaste, han kunde venta nokor hjelp av; men daa han ikkje kunde fara gjenom Norig med den vesle flokken sin, laut han taka vegen gjenom Sverige, og paa den ferdi leid dei forfælande mykje vondt. Det var just i ørefallet, og mange av dei bygderne, som dei for gjenom, var heidenske og halvville. Dei for gjenom tjukke skogar og yver lange myrar og store fjell, og hadde tidt ikkje anna aa liva av enn bork og save og fjorgamle ber, som hadde stadet under snøen. Endeleg kom han til Nidaros, og trønderne tok han paa Øyreting til konge yver heile Norig, 1177. No tok ufreden til med Magnus og Erling, men i dei fyrste aari saag det myrkt ut for Sverre. Dei beste mennerne i landet heldt seg til kong Magnus, og det var mest arbeidsfolk og husmenner og fredlause, som fylgde Sverre. Men han var utifraa godt laga til aa vera hovding. Han var sterk og motig og klok og fann stødt paa raad, naar det saag

verst ut, og han var ein stor talar, som kunde setja mot i folket sitt, naar det galdt. Den flokken, som fylgde han, vart etter kvart so motig og øvd, at det aldri hev voret betre hermennner i Norig enn dei gamle birkebeinarne. Endeleg vart Sverre so sterk, at han kunde taka paa Magnus og Erling i Nidaros. Fyre slaget lova han birkebeinarne, at den, som drap ein lendmann, skulde verta lendmann, og den, som drap ein hirdmann, skulde verta hirdmann sjølv. Slaget stod paa *Kalvskinnet.* Birkebeinarne gjekk so hardt paa, at fylkingi hans Magnus strakst seig attende, og Erling og mange lendmenner og hirdmenner fall, og Magnus flydde. 1179.

No var det ingen, som negta Sverre kongsnamn so nær som Magnus og mennerne hans. Desse fekk no klengjenamnet *heklungar*, men namnet birkebeinar vart eit heidersnamn. Mange av birkebeinarne vart hirdmenner og lendmenner og so rike og megtige, at dei knapt kjende seg sjølve att. Men no loga ufreden upp verre enn fyrr. Til dessa var det mest berre kongarne og hirdi deira, som hadde slegest, og folket hadde ikkje lidet stort ved all denne ufreden. Men no vart dei, som høyrde til dei gamle storætterne, eggja upp, daa dei saag husmanns-søner og arbeidarar koma til den største magt og æra, som dei sjølve hadde havt fyrr liksom ein odel, og dei, som høyrde til aalmugen, vart huga paa aa taka magti fraa stormennerne. Folket sjølvt tok no til aa vera med i ufreden; trønderne vilde gjera Trondheim til hovudlandet liksom i gamle dagar, og difor hjelpte dei Sverre mot Magnus, som studde seg paa hovdingarne og folket i Viki og Gulatings-lagdømet. Liksom i gamle dagar fekk stormennerne hjelp i Danmark.

Aaret etter slo birkebeinarne Magnus paa *Ilevollarne* attmed Nidaros, og Magnus laut røma undan til Danmark. Endeleg etter fleire slag, som Sverre stødt vann i, saag det ut til, at Magnus skulde vinna. Sverre laag med ein liten flaate inne i Sognefjorden og hadde brent upp kvar einaste gard i Sogndal og den vesle byen Kaupanger, av di folket hadde sleget ihel syslemennerne hans og ikkje vilde gjeva bot. Daa trudde Magnus, at han hadde Sverre i fella, og styrde inn i Sognefjorden med ein flaate, som var mest dubbelt so stor, og raaka birkebeinarne i *Norefjorden.* Men Sverre førde mennerne sine so klokt, og birkebeinarne slost so djerveleg, at dei reiv sigeren

til seg. Heklungarne rømde fraa smaaskipi upp paa dei store, og tri store skip vart so mette med folk, at dei sakk. Magnus kasta seg i sjøen og drukna, og mange av dei beste stormennerne fraa Viki og Gulatings-lagdømet fall. Sverre let gravsetja liket hans Magnus i Bergen med den største æra og heldt sjølv minnetala, og i den sagde han, som sant var, at Magnus i mange maatar hadde voret ein god hovding. Han var berre 28 aar, daa han fall. 1184.

No var Sverre konge yver heile landet. Han lønte birkebeinarne sine, som dei fortente, og gjorde mange til lendmenner og syslemenner og let mange faa rike giftarmaal. Erkebispen Øystein, som hadde voret ein arg uven, forlikte seg med han, og det same gjorde fleire av dei gamle stormennerne. Det danske herredømet i Viki vart det slutt med no.

Mangt og mykje vart anderleis no i Norig. Kongsmagti vart teki ut or henderne paa stormennerne. Sverre var etter den gamle erveretten odelsboren til kongedømet og turvte ikkje tinga med bispar og lendmenner um det.

Bondestandet hadde etter kvart vortet meir demokratisk. (Sjaa s. 73.) Sverre arbeidde for eit sterkt kongedøme paa demokratisk underlag, og gjorde mykje til, at det skulde halda fram soleis, som det hadde byrja. Han innsette fleire *lagmenner* i kvart lagdøme, som skulde skifta rett og avgjera trættor, so aalmugen, som ikkje var lovkunnig eller hadde raad til søksmaal, kunde sleppa aa fara til lagtingi. Skulde kongedømet verta sterkt, laut Sverre taka den store magti fraa lendmennerne, som desse i ufredsaari hadde rivet til seg. Fyrr hadde ikkje kongarne andre umbodsmenner enn aarmennerne, som var lite agta og trengde hjelp av lendmennerne. Berre ender og daa innsette dei *syslemenner,* som var storætta og vyrde menner, helst paa dei staderne i riket, som kongen sjeldan kunde hava tilsyn med sjølv. Daa Sverre trengde paalitande embætsmenner, som det stod age av, innsette han alle stader syslemenner. Lendmennerne hadde hovdingskapen liksom ein odel, men syslemennerne kunde kongen innsetja og avsetja, som han vilde, og dei kunde aldri verta faarlege for kongedømet, daa dei ikkje hadde onnor magt enn den, dei fekk av kongen, og ikkje hadde nokon ervd hovdingskap i bygderne aa stydja seg til. Dei kravde inn innkomorne for kongen og

svara paa kongens vegne, naar han hadde sak med nokon, og hadde tilsyn med rettargang og leidingsgreida og var politi. Ved dette miste lendmennerne det yvertaket, som dei hadde havt, og landet fekk eit embætsstand, som det trengde til, daa sjølvstyret hadde glidet ut or henderne paa folket.

Kyrkja miste no den magti, ho hadde fenget paa riksmøtet i Bergen. Erkebisp **Eirik**, som var komen etter Øystein, flydde til Danmark, men endaa fekk Sverre hine bisparne til aa kryna og salva seg i Bergen, so ingen lenger skulde negta han retten til kongedømet. Men paven heldt med erkebispen, og denne lyste Sverre i bann, det vil segja, lyste han ut or kyrkje-samfundet. Daa erkebispen paa denne tidi vart blind, lagde Sverre dette ut som ei Guds straff, og sagde at bann-straalen hadde vendt seg mot hans eigne augo.

Men det var so mange, som ikkje lika det nye tilstandet i Norig, og som hadde fenget vane paa ufred og slaasting, at det reiste seg den eine flokken etter den andre, og Sverre fekk aldri ro. Sistpaa fekk ein innful og sløg bisp, **Nikolaus Arneson**, reist ein flokk, som dei kalla *baglarne* (av *bagall*, ein bispestav), og desse fekk alstødt hjelp av danskarne, som vilde hemna seg paa Sverre, for di han hadde teket att Viki. Baglarne vart faarlegare enn alle hine, og snart loga striden yver heile landet. Baglarne sette eld paa Bergen, so 6 kyrkjor og mange hus brann upp, og Nikolaus bisp sjølv stod for denne ugjerningi. Sverre kom tidt i stor naud, og sistpaa lyste paven **Innocens den tridje** bann yver Sverre og alle deim, som heldt med han, soleis, at alle vart lyste ut or kyrkje-samfundet, alle kyrkjor skulde stengjast, og ingen verta jorda i kristi jord; prestarne skulde berre hava lov til aa døypa born og skrifta folk, som laag paa sitt siste. I Viki hata folket Sverre slik, at eingong kom det ihop minst 15,000 bønder fraa heile Viki, radt fraa Telemarki til Svinesund, og alle desse styrmde til Oslo mot Sverre. Men Sverre slo vikverjarne etter ein hard strid og vann fleire gonger paa baglarne. Han gav ut eit stridsskrift mot prestarne, som anten han sjølv eller ein av venerne hans skreiv, og som endaa er til, og i dette skriftet klaga han presteskapet baade for lygn og anna vondt og lagde ut um, at han hadde kongedømet fraa Gud og baade rett og skyldnad til aa styra baade landet og kyrkja. Soleis

stridde han med pen og sverd, til det endeleg saag ut til, at han skulde slaa ned alle fiendarne sine. Men alt dette strævet og maset hadde teket so paa han, at han vart sjuk. Daa var han i Tunsberg og hadde kringsett baglarne i borgi paa „Slotsberget“. Baglarne og hovdingen deira, **Reidar Sendemann**, heldt ut i 20 vikor; daa var baglarne so utsvelte, at dei vart sjuke og gav upp borgi. Sverre, som stødt var god og mild, let passa dei sjuke baglarne, som det hadde voret hans eiget folk, men endaa døydde mange av deim. Strakst etter siglde han til Bergen, og daa let han reida upp ei seng for Reidar, som og var sjuk, paa kongsskipet attmed hans eigi seng. Daa dei kom til Bergen, tok sjukdomen hans Sverre til. Han bad venerne sine lyfta seg upp i høgsætet sitt, og der døydde han. Han vart gravsett i domkyrkja med all den stas, som høver for ein konge, endaa han var bannsett. 1202.

Sverre var umkring 50 aar gamal, daa han døydde. So nær som Harald Hardraade og Harald Haarfagre hadde ingen norsk konge vortet so gamal, og etter Sigurd Jorsalafar var han den einaste kongen, som sottdøydde.

Alle, jamvel uvenerne hans, sagde, at slik mann som Sverre hadde ikkje voret i Norig i deira tid. Um han var kongsson eller ikkje, kan ingen i vaare dagar segja for visst; men han hadde baade hovud og hjarta til aa vera konge.

Haakon Sverresson. 1202–1204. Kong Sverre hadde havt tvo søner, **Sigurd Lavard**, som var eldst, og **Haakon**. Sigurd døydde fyre Sverre, og soleis vart Haakon teken til konge. Han var ein god og mild styrar, og godt lærd liksom far sin. Daa Sverre laag paa sitt siste, talde han Haakon til aa forlika seg med presteskapet, og det gjorde han.[1] Bisparne, som hadde rømt landet, kom heim att og avlyste bannet, og daa gav alt folket seg under Haakon, og bagleflokken løyste seg upp. Men denne gode kongen braaddøydde nyaarsdagen 1204, og birkebeinarne sagde, at stykmor hans, dronning Margrete, hadde gjevet han banedrykk.

Gutorm Sigurdsson. Døydde 1204. No vart Gutorm, son hans Sigurd Lavard og soneson hans Sverre,

[1] Truleg gjekk kongen no inn paa, at domkapitlet skulde hava rett til aa velja bispen. Denne retten hadde ikkje Sverre godkjent.

konge. Han var berre 4 aar, og difor skulde **Haakon Galen**, systerson til kong Sverre, vera jarlen hans og styra riket for han, til han vart stor.

Men daa baglarne høyrde, at den vensæle kong Haakon var slokna, tok dei **Erling Steinvegg** til konge. Han gav seg ut for aa vera son hans Magnus Erlingsson, og fekk hjelp fraa Danmark, som paa den tid var eit megtigt rike. Danakongen Valdemar („**Valdemar Seier**") kom til Viki med 300 skip. Erling fekk kongsnamn paa Haugating ved Tunsberg og tok **Philippus**, systerson hans Nikolaus Arneson, til jarl. Dermed siglde Valdemar heimatt.

Soleis skulde daa ufreden taka til att, og Haakon Galen baud ut leiding i Trondheim; men daa braaddøydde Gutorm sumaren 1204. Han hadde boret kongsnamn eit halvt aar, og dei tvilte for, at han og hadde fenget banedrykk.

Inge Baardsson. 1204–1217. Haakon Sverresson hadde ein son **Haakon**, som vart fødd etter faren var slokna, men daa denne guten var lausbarn, visste ikkje birkebeinarne um det og tok til konge **Inge Baardsson**, son hans **Baard paa Rein** og hennar **Cecilia**, syster til kong Sverre. Mange vilde helder havt Haakon Galen til konge, daa han og var son hennar Cecilia og var ein stor herførar, men daa far hans var svensk, laut han vera nøgd med jarlsnamn, men styrde elles likso mykje som Inge.

Inge var ein mild og vensæl, men veik konge, og baglarne tok paa med ufreden att. Ein veter kom dei uventande paa Nidaros, nett som Inge gjorde brudlaup for syster si, og mange var drukne um kvelden, daa dei lagde seg. Baglarne drap mykje folk og herja byen. Inge sumde yver Nidelvi (Ne'a), men daa var han so forfrosen og trøytt, at han orka ikkje gaa. Daa tok ein av mennerne hans, **Reidulv**, og sveipte kappa si um kongen, og i berre skjorta og hosorne bar han kongen sin burt og berga han. Sidan døydde Erling Steinvegg, og no stelte Nikolaus Arneson det so, at baglarne tok Philippus til konge. Men daa denne ufreden hadde vart i 4 aar, vart alle leide av dette, og bisp Nikolaus fekk i stand eit forliksmøte paa *Kvitingsøy*, ikkje langt fraa Stavanger, og her vart dei forlikte soleis, at Philippus skulde hava jarlsnamn og Kristina, dotter hans

Sverre, til kona, og styra Upplandi og Viki. 1208. No vart det ro frametter. Baade Inge og Philippus var vensæle styrarar. Haakon Galen var misnøgd, av di Philippus vart kalla konge imot forliket, og han vilde hava magti sjølv, men det kom ikkje til ufred. Inge døydde 1217.

Haakon Haakonsson den gamle. 1217–1263. Haakon Haakonsson var fødd paa garden Folkisberg (Folkenberg i Eidsberg i Smaaleni) og vart uppfostra der eit aar i løynd, daa baglarne hadde magti i Viki. Veteren etter, ved joletider, for birkebeinarne til Hamar med guten, til syslemennerne hans Inge; men daa baglarne for umkring der og, sende dei guten yver fjellet til Østerdalen i skugg og skjol, og daa det sette i med snøfok og styggevedr, tok tvo skiløyparar guten og for i fyrevegen med han. Paa denne ferdi leid dei mykje vondt; eingong hadde dei ikkje anna enn braadna snø aa gjeva barnet. I Østerdalen kom det mykje folk til deim, og dei kom yver Dovre med heilo. Inge og Haakon Galen tok godt mot guten, og dei gamle birkebeinarne gledde seg. Dei treivst ikkje vidare hjaa kong Inge og var ikkje so vyrde som fyrr. Dei var betre vande med aa slaast for kongen sin enn med aa te seg fint paa kongsgarden. Dei lengta so etter at Haakon skulde verta stor, at dei tok han i armar og bein og drog i han, daa dei totte han voks for seint. Daa guten var 8 aar, fekk Haakon Galen kong Inge til aa gaa inn paa, at den som livde lengst av dei tvo skulde hava riket, og etter deim skulde den næmaste ægtefødde ervingen hava det. Daa Haakon ikkje var ægtefødd, vart han soleis arvelaus. Um kvelden etter dette var tinglyst, kom Haakon burt til ein birkebein, som het Helge, og vilde leika med han, men Helge sagde, at han skulde hava seg undan: „Idag vart farsarven din dømd fraa deg“, sagde han, „og no bryr eg meg ikkje meir um deg“. „Kor var det og kven gjorde det“, spurde guten. „Paa Øyreting“, sagde Helge, „og det var kong Inge og Haakon Galen, som gjorde det“. „Ver ikkje vond paa meg, kjære Helge“, sagde guten, „denne domen kan ikkje staa ved magt, av di min umbodsmann ikkje var der og svara paa mine vegne“. „Kven er daa umbodsmannen din“, spurde Helge. „Det er Gud og den heilage Maria og den heilage kong Olav“,

svara Haakon. Daa kysste Helge guten, og alle som høyrde det, vart forundra.

Daa Inge hadde andast av, var det mange stormenner, baade verdslege og geistlege, som freista paa aa hjelpa fram andre kongsemne; men birkebeinarne mintest Sverre og det han hadde stridt for, og vilde ikkje vita av andre enn Haakon, og han vart kaara paa Øyreting. Daa var han berre 13 aar gamal, og difor skulde **Skule Baardsson**, halvbror til kong Inge, vera jarlen hans og styra landet for han. Han skulde hava tridjeparten av riket og, til vederlag for di han ikkje vart konge. Paa denne tidi døydde Philippus, og daa forlikte birkebeinarne og baglarne seg og hjelptest aat med aa tyna fleire nye flokkar, *slitungarne* og *ribbungarne*, som reiste seg sunnanfjels og fekk hjelp av Nikolaus Arneson.

Men Skule Baardsson vilde vera konge sjølv. Daa vart det tilstemnt eit riksmøte i Bergen 1223, og her vart riket tildømt Haakon. Han tenkte han skulde gjera Skule til lags og gifte seg med Margrete, dotter hans; men Skule var stødt misnøgd. Ved dette leitet døydde Nikolaus Arneson, som hadde gjort Sverre og ætti hans meir vondt enn nokon annan. Daa han var aat og skulde døy, bad han kong Haakon tilgjeva seg alt det vonde, han hadde gjort, og det gjorde Haakon og fylgde han sjølv til gravi.

Sistpaa gjorde Haakon Skule til hertug, og det var eit heidersnamn, som endaa ingen hadde boret i Norig; men Skule slo seg ikkje til ro med det og gav seg kongsnamn paa Øyreting i 1239, og no tok ufreden til millom birkebeinarne og flokken hans Skule, som dei kalla *varbelgerne*. Skule slo ein flokk birkebeinar paa *Laaka* (i Nannestad paa Romerike) og tok byen Oslo. Men Haakon, som var nordanfjels, siglde sudetter so fort han kunde og kom uventande til Oslo, og her stod det eit langt og hardt slag i gatorne. Skule flydde og for landvegen til Nidaros, men Haakon sende ein flokk birkebeinar sjøvegen, og dei kom uventande yver han i Nidaros. Mennerne hans Skule vilde ikkje hjelpa han, og Skule gjøymde seg tvo dagar i ein skog. Daa slapp han inn i *Elgeseter kloster* (strakst vestanfor garden Elseter); men birkebeinarne fekk tidend um dette og kringsette klostret, og daa det vart kveikt eld paa, gjekk hertugen ut og vart drepen. 1240.

Hermed var det slutt paa den lange ufreden innanlands. Kongedømet, slikt som Olav den heilage og Sverre hadde skipa det, hadde vunnet. Presteskapet laut finna seg i, at kongen sagdest hava fenget magti fraa Gud og vera sett av honom til aa hava tilsyn med kyrkja. Lendmennerne kunde ikkje gjera seg til eit allmegtigt herrestand, og aalmugen hadde no fenget sin eigen vilje og fylgde ikkje lendmennerne lenger, men tydde seg meir til kongedømet.

No vart det god fred i landet. Haakon var ein mild konge, som tilgav motstandararne sine, og han styrde landet baade sterkt og klokt. Han vart elska og æra av alle. Han heldt seg til vens med presteskapet, endaa mange av det fyrr hadde voret mot han. Han prydde byarne med herlege kyrkjor og kloster og andre bygningar. Han grunnlagde byen *Marstrand* i Bohuslen og fleire festningar i Viki og bygde uppatt *Sverresborgi* i Bergen og *Sverresborgi* ved Nidaros, som var øydelagde under ufreden, og hjelpte upp næringsvegerne. For upplysningi var det gjort ikkje so lite etter maaten. Der var etter kvart sett skular i gang ved domkyrkjorne og ved klostri.

Haakon gjorde loverne betre i mange maatar. Jarnburden, som hadde gjort so mykje vondt, vart no avteken, og det vart fastsett, at riket ikkje skulde kunna bytast sund, og at den eldste ægtefødde kongssonen var næmast til aa erva riket.[1] Daa det hadde auka paa med draap og blodhemn under ufreden, vart det no vedteket fleire rettarbøter, som skulde gjera ende paa dette.[2] Han fekk vedteket ein ny kristenrett og, daa den gamle ikkje høvde lenger no, daa kyrkja hadde fenget meir magt og vyrdnad.

I aaret 1247 let Haakon ein paveleg legat, kardinal **Vilhelm av Sabina**, kryna seg i Bergen. Baade verdslege og geistlege stormenner møtte fram der og dei beste bønderne fraa kvart

[1] Av dei eldre norske kongarne var det mange, som ikkje var ægtefødde: Haakon den gode, Magnus den gode, brøderne Sigurd Jorsalafar og Øystein og Olav, Magnus Blinde, Harald Gille, brøderne Sigurd Munn og Øystein, Sverre Sigurdsson og Haakon Haakonsson.

[2] Fyrr var det so, at naar ein var drepen, kunde frændarne hans drepa draapsmannen eller ein av frændarne hans, naar dei ikkje gav bot. Dette gjorde daa, at frændarne til den drepne tidt drap reint uskyldige menner, som dei kunde hava større gagn av aa verta kvitt enn draapsmannen.

fylke. Haakon heldt drustelege lag for gjesterne sine og gav kardinalen store gaavor, og betalte mange pengar til paven og.

Norigs rike hadde aldri stadet med slik glans som paa denne tidi. Haakon hadde lova paven aa gjera ei krossferd til det heilage landet. Den franske kongen Ludvig den 9de, som og budde seg til krossferd, baud Haakon styringi yver den norske og franske flaaten, men Haakon bad seg undan: „Fransmennerne er stolte,“ sagde han, „og nordmennerne er ikkje lange aa tøygja, so det lett kunde verta uvenskap.“ Det vart elles ikkje noko av med denne krossferdi. Paven hadde ufred med den tyske kjeisaren Fredrik den andre og vilde hava hjelp av Haakon og baud han kjeisar-kruna, men Haakon vilde ikkje. Kristina, dotter hans, vart gift med ein spansk prins, og radt fraa Tunis kom det sendemenner til Norig, strakst etter Haakon var slokna.

Eit folk fraa Asia, mongolarne, tok til aa herja i Russland, og mange bjarmar rømde undan for desse fraa Bjarmeland (ved Kvite-havet) og kom til Norig, og der fekk dei lov av Haakon til aa busetja seg ved Malangenfjorden, og tok ved kristendomen. Fraa Malangenfjorden og nordetter høyrde ikkje med til Norig den tid, men til Finnmarki, som var norskt skattland og naadde mot aust radt til Kvite-havet. Haakon arbeidde paa aa umvenda finnarne og, og bygde kyrkjor i Ofoten og paa Trums. Paa denne tidi tok norske bumenner til aa busetja seg i Finnmarki, og dette landet kom no meir inn under Norig. Mange karelar hadde og busett seg i Finnmarki, men daa dei stod under russarne, vart det mykje krangel ei stund. Endeleg vart det gjort eit forlik soleis, at nordmennerne skulde krevja skatt av finnarne, og russarne av karelarne. Paa denne maaten fekk russarne rett til aa krevja skatt i eit norskt skattland, og dette kom det sidan mykje ugreida av.

Ufred paa Island. Paa same tid som den lange ufreden i Norig, var det ein lang og stygg ufred paa Island og. Strakst etter aar 1000 hadde stormennerne der vortet samstelte um aa byta magti seg imillom, og daa vart det fred ei lang stund, liksom i Norig etter slaget paa Stiklestad. Men etter kvart kom magti i henderne paa nokre faa stormanns-ætter, som samla alle godordi og store rikdomar, medan hine stormannsætterne liksom odelsbønderne i Norig miste den politiske magti og nærma seg meir til aalmugen. Desse faa stormennerne tok

til aa slaast um magti, og det var ei vill tid med store slag, innebrenning og skamfaring av folk, mykje verre enn i gamle dagar. *Sturlunga-ætti* var mest namnkjend paa Island for ageløysa og ofse. **Sturla Sigvatsson** vilde gjera seg til herre yver heile øyi og drog ut med 1000 mann; men **Gissur Torvaldsson** møtte han med ein her paa yver 1600 mann og felte Sturla i slaget paa *Ørlygsstad.* Sidan fekk **Snorre Sturlason,** farbror hans Sturla, den magti, som Sturla hadde havt. Snorre var lendmann og hirdmann hans Haakon Haakonsson og hadde lova aa hjelpa han til aa leggja Island under han, men Snorre gjekk attpaa det han hadde lova og heldt seg til vens med hertug Skule. Daa fekk Haakon Gissur Torvaldsson til aa taka *paa* Snorre, verfar sin, og drepa han paa garden hans, *Røykjaholt.* 1241. Sidan vart Gissur til hemn for dette yverfallen og garden hans brend, og kona hans og alle sønerne hans brann inne.

Under all denne ufreden fekk Haakon større og større magt paa Island. Mange hovdingar der var hirdmennerne hans, aalmugen lengta etter fred og hjelp mot hovdingveldet, og prestarne lærde, at det var skam for kristne folk, at dei ikkje stod under ein konge, og so vart enden, at islendingarne lova aa svara skatt til den norske kongen, men skulde hava sine eigne lover. 1262—1264. Daa hadde den islendske republikken stadet i innpaa 400 aar. Strakst fyrr hadde grønlendingarne og gjevet seg under den norske kongen.

Soleis raadde Haakon Haakonsson yver meir land, enn nokon norsk konge hadde gjort fyrr. Riket hans naadde fraa Man til Finnmarki og fraa Gjøtaelvi til Grønland.

Bokriket. Paa denne tidi hadde det gamle norske bokriket auka seg upp og hadde vænaste blømingi si. Den gamle kunstige skaldekunst var helder utlivd, men dei beste sogorne vart ihopsette og uppskrivne no. Mange av desse er um hendingar paa Island og Færøyarne og Orknøyarne, og mange um dei norske kongarne. Den mest namnkjende sogeskrivaren er islendingen **Snorre Sturlason** (fødd 1178), ein av dei megtigaste hovdingarne paa Island og ætta fraa dei gamle kongarne. Han sette ihop ei samling norske kongesogor, som dei kallar *Heimskringla* (jordskiva, etter det fyrste ordet i boki). Heims-

kringla gjeng til slaget paa Re 1177. Soga hans Sverre vart uppskrivi under tilsyn av Sverre sjølv, og Magnus Lagabøtar fekk **Sturla Tordsson**, brorson hans Snorre, til aa skriva um Haakon Haakonsson og seg sjølv, men av soga hans Magnus er det berre att ein liten stubb.

Andre merkelege bøker var: *Konungs skuggsjaa* (kongsspegelen, for di kongar og andre skulde liksom spegla seg i den). Der stend det, korleis ein kjøpmann skal fara aat, naar han fer utanlands, og korleis den skal fara aat, som kjem til kongens hird, og mykje anna. Denne boki er skrivi i Norig i fyrstningi av det 13de aarh. og syner, at nordmennerne var eit godt upplyst og seda folk. *Edda,* av Snorre Sturlason, er ei slags lærebok i skaldekunst.

Der er mange bøker og, som er umsette fraa latin og fransk, religiøse skrifter og romanar.[1] Sverre-ætti gjorde mykje til aa hjelpa fram bokriket. Haakon Haakonsson den unge umsette ei bok fraa latin, og Magnus Lagabøtar og son hans let setja ihop ei drjug bibelhistoria, *Stjorn.* Det var elles no som fyrr mest islendingar, som dreiv paa med bokskriving. —

Daa Haakon var innpaa 60 aar gamal, tenkte den skotske kongen paa aa leggja Sudrøyarne under Skotland, daa øyarne var mest bygde av skotar og laag tett ved Skotland. Skotske hovdingar gjorde yverfall paa øyarne, brende kyrkjor og gardar, drap mannfolk og kvinnfolk og tok smaaborni paa spjotsoddarne. Daa samla kong Haakon ei stor magt, 150 skip og 20,000 mann, og siglde til Skotland og herja langt inne i landet og lagde under seg att so mykje, som Magnus Berrføtt hadde raadt yver. Daa han var ferdig med dette, hadde det lidet langt ut paa hausten, og daa kom det ein reint overhendig sterk storm, som folk ikkje hadde set maken til, og den norske flaaten, som laag ved *Largs*, var i stor naud, og fleire skip gjekk under. Ein stor skotsk her kom til og vilde nytta dette aaføret til aa gjera det av med ein norsk styrke paa 1000 mann, som var i land. Skotarne var mange gonger so mannsterke, og stormen var so hard, at det var mest umogelegt aa senda folk i land. Sistpaa kom likevel nokre seg i land, og daa dreiv nordmennerne den store skotske heren paa flugt. Etter denne ærefulle

[1] Normannerne i England og Frankrike hadde teket til aa gjera sitt eige maal, fransk, til bokmaal, jamsides med latin.

sigeren ved Largs siglde Haakon til Orknøyarne og vilde liggja der veteren yver, um det skulde trengast ei ny herferd, men han gav mesteparten av heren heimlov. Her paa Orknøyarne vart kongen sjuk. Daa let han lesa upp alle kongesogorne for seg fraa Halvdan Svarte og utetter. Siste kvelden, daa han var aat og skulde døy, heldt dei paa med Sverres soga; det var nære midnatt, daa ho var utlesi, og strakst yver midnatt slokna kongen, 15de december 1263.

Alle syrgde paa denne gode kongen. Han fekk tilnamnet den gamle, av di han hadde havt ein son Haakon, som vart krynt til konge, medan gamle Haakon livde, og som vart kalla Haakon den unge, men som døydde fyre faderen.

Haakon den gamle er den siste norske kongen, me hev ei heil soga um.

Magnus Lagabøtar. 1263–1280. Etter Haakon vart Magnus, son hans, konge. Det var ein upplyst mann med god vilje, men ingen hermann.

Daa den skotske kongen, Alexander den tridje, høyrde, at Haakon den gamle var slokna, lagde han radt under seg Sudrøyarne og Man. Daa Magnus skyna, at det i lengdi vilde vera vanskelegt aa verja desse øyarne, som laag so langt undan, gjorde han fred og selde øyarne til den skotske kongen mot ein pengesum og ei aarleg avgift.[1]

Under styringi hans Magnus herja karelar og kvænar i Haalogaland; um dei vart utjaga, veit me ikkje.[2] Elles var det fred og ro i landet i hans tid, og han nytta freden godt.

Fyre hans tid var det ikkje sams lov for heile landet. Frostatings-lovi og Gulatings-lovi og Eidsivatings-lovi (og Borgartings-lovi) veik ikkje lite ut fraa kvarandre, og dei høvde ikkje rett til den nye tidi. Magnus fekk fullmagt av lagtingi til paa grunnlaget av dei gamle loverne aa setja ihop ei *landslov,* som skulde gjelda for heile Norig, og han fekk denne landslovi vedteki paa lagtingi.

[1] Paa Man heldt nordmennerne sine gamle lover. Øyi er endaa i vaare dagar eit kongerike for seg sjølv med sitt eige ting. Ingi lov, som er gjevi av det engelske parlamentet, gjeld paa Man, fyrr ho er vedteki paa den gamle tingvollen.

[2] Der er berre ein stubb att av soga hans Magnus.

Etter den nye lovboki skulde berre draapsmannen, ikkje alle frændarne hans, betala bot, og han skulde betala til ervingen aat den drepne, ikkje til alle frændarne hans. Blodhemn skulde ingen hava lov til. Den gamle stands-skilnaden, at kvar skulde faa og gjeva bot etter sitt stand (sjaa s. 11), fall burt. Fyrr var det so, at naar ein leid urett og skade, fekk han sjølv saksøkja ugjerningsmannen; men etter den nye lovboki var slike ugjerningar lovbrot, som kongen ved embætsmennerne sine skulde paatala. Lagmennerne vart domarar. Dei, som hadde ei sak, kunde anten gaa til heradstinget eller til lagmannen med ho; lagmannen fekk rett til aa avgjera dei sakerne, som vart innstemnde for honom. Den, som ikkje var nøgd med lagmannens dom, kunde innstemna saki for lagtinget, men der var lagmannen formann, og han og syslemennerne nemnde upp lagretta. Vart ikkje lagmannen og lagretta einige, skulde kongen avgjera saki. Offentlege lovbrot (kriminelle saker) skulde paadømast paa heradstingi, liksom fyrr; men kongens syslemenner stod for desse tingi, og folket fekk soleis ikkje stort att av retten til aa døma, kongen og embætsmennerne fekk det meste. Folket miste retten til aa taka ved lover og, av di lover, som skulde gjelda for heile landet, kunde ikkje i same ordlagi takast ved paa 4 serskilde lagting anna enn for eit syns skuld, og det vart ikkje skipa noko storting for heile riket. Seinare vart dei 4 lagdøme bytt i fleire, so folk ikkje skulde hava so lang tingveg. — Kongen kunde, etter landslovi, gjeva ut rettarbøter, og daa skulde han samraada seg med gode menner, og difor kom riksmøte av kongens handgjengne menner mykje i bruk no. Elles skulde landslovi staa ved magt til evige tider.

Ved denne nye skipnaden vart mest all magt lagd i kongens hand, og folket miste mest alt sjølvstyret og kom reint utanfor det offentlege livet.

Daa kongedømet no vart so sterkt, skulde det attaat hava meir glans og stordom enn fyrr. Difor gav Magnus ut ei ny *hirdskraa* eller hirdlov. Etter den vart lendmennerne, som var kongens største raadgjevarar, dei gjævaste næst etter hertugar og jarlar. *Kanslaren* fekk same rett og vyrdnad som lendmennerne. Han var for det meste geistleg, hadde kongens segl og sette ihop og forsiglde dei brevi, kongen skulde senda. So

kom *stallararne* (det same som marskalk eller marsk), *merkesmannen* og *skutelsveinarne,* og so *drottseten* (drost), som stod for trakteringi. Lendmennerne skulde kallast *baronar* og skutelsveinarne *riddarar,* og baronar og riddarar skulde kallast *herrar.*

Kyrkja fekk og stor magt. Erkebispen, **Jon Raude**, fekk kongen til aa gjera ei *semja i Tunsberg,* at kyrkja skulde hava rett til aa døma i alle saker millom geistlege og verdslege; at erkebispen skulde hava lov til aa halda ei hird paa 100 mann og bisparne paa 40. Hirdmennerne, baade kongens og bisparne sine, skulde vera frie for leidings-avgift av gardarne, dei budde paa.

Island fekk og ei ny lovbok, som var mest lik den norske. Der skulde ikkje vera godar lenger, men syslemenner, som kongen utnemnde.

Av dette store lovgjevingsarbeidet fekk Magnus tilnamnet Lagabøtar (lovbøtaren).

Paa denne tidi kom handelen meir og meir i henderne paa utlendingar. I gamle dagar hadde stormennerne faret paa handel til utlandet, men paa denne tidi tok dei til aa halda seg for gode til det og dovna av. Daa landet ikkje hadde noko handelsstand sjølv, so nær som nokre smaahandlarar, laut det draga til seg framande kjøpmenner. Difor gav Magnus fleire av dei tyske byarne „fribrev“ og letta handelen for deim med Norig.

Eirik Prestehatar. 1280–1299. Daa Magnus døydde, vart Eirik, eldste son hans, konge. Han var ikkje fullt 12 aar gamal, og difor styrde baronarne for han i fyrstningi. Den gjævaste av deim var **Bjarne Erlingsson** til Bjarkøy. Baronarne unnte ikkje kyrkja den magti, ho hadde fenget av Magnus Lagabøtar, og kyrkja var ikkje nøgd med det, ho hadde fenget. Erkebispen Jon lyste Bjarne Erlingsson og fleire baronar i bann, men baade Jon og fleire bispar laut røma landet, og presteskapet laut gjeva fraa seg mest alt det, som det hadde fenget ved semja i Tunsberg.

Magnus Lagabøtar hadde voret gift med ei dansk kongsdotter, Ingebjørg; men den danske kongen **Eirik Glipping** vilde ikkje betala ut farsarven hennar, og daa kom det til ein lang ufred millom Norig og Danmark. Daa kong Eirik og raadgjevararne hans ikkje vilde finna seg i, at dei nordtyske byarne tok seg større rett, enn Magnus Lagabøtar hadde gjevet deim, gjorde

byarne samlag med Danmark. Danmark var paa den tid veikt, men dei tyske byarne var so mykje sterkare. **Alv Erlingsson** til Tornberg (Tanberg paa Ringerike) herja i Danmark og tok danske og tyske skip i mengdevis og vann uhorveleg mykje herfang. Tyskararne sende ut 30 store skip imot han, men Alv tok 9 fraa deim, er det fortalt. Daa sende dei ein ny flaate ut, og den lagde seg i Øresund og hindra tilførsel til Norig, so det vart stor svult der. Endaa verre vart dette for Norig, av di handelen med England hadde teket mykje av i det siste, og difor vart enden den, at den norske kongen gjorde forlik med dei tyske byarne paa det grunnlaget, at tyskararne skulde hava den retten til aa driva handel i dei norske byarne, som dei fyrr hadde havt, og endaa noko større rett, og nordmennerne skulde hava same retten i dei tyske byarne.

Strakst etter drap marsken **Stig Andersson** og fleire andre danske stormenner kong Eirik Glipping. Draapsmennerne vart dømde fredlause og kom til Norig, og der fekk dei hjelp. No bar det til med ufreden att millom Norig og Danmark, og nordmennerne og dei fredlause herja og brende i Danmark.

Alv Erlingsson hadde drepet ein norsk stormann, og for det vart han dømd fredlaus, og daa herja han for seg sjølv i Danmark. Eingong vart han fanga og førd for den danske enkjedronningi. Ho spotta Alv, for di han var so liten, men han svara: „So liten eg er, liver du aldri den dagen, du føder slik ein son.“ Daa svor dronningi, at han skulde rettast, og det vart han.[1]

Eirik hadde voret gift med Margrete, dotter til den skotske kongen Alexander den tridje, og dei hadde ei dotter, **Margrete.** Daa Alexander døydde sonlaus, tok skotarne Margrete, dotter hans Eirik, til dronning. Ho for yver til Skotland, men døydde paa vegen, 8 aar gomol („Gjenta fraa Norig“, som dei kalla ho). Eirik gjorde krav paa Skotland etter dotter si, men det var faafengt.

Eirik var ein godlynd og snild konge, men sjukleg og veik, og let andre raada. Daa han vart myndig, var han ikkje hard med presteskapet. Ingen kalla han for prestehatar, daa han livde, og han fortente det ikkje helder.

[1] Han vart kalla Alv *Milde*, daa dei som fekk ein udaude tidt vart kalla milde eller heilage. Dette tilnamnet vart sidan til *Mindre* Alv eller Alv *Liten.* Der er endaa visor til um denne Alv, baade norske og danske.

Haakon Magnusson den eldre (den femte). 1299—1319.

Eirik hadde ingi søner, og difor vart Haakon, bror hans, konge. Medan Eirik livde, hadde han voret hertug og havt tridjeparten av Norig; han hadde butt i Oslo, og Eirik budde i Bergen. Daa Haakon vart konge, heldt han paa og budde i Oslo, og Trondheim vart ikkje hovudlandet lenger.

Haakon var ein klok og sterk konge. Han aga dei tyske kjøpmennerne, som stødt vilde riva til seg større handelsrett, og gav ut fleire strenge paabod mot deim. Under bror hans hadde lendmennerne raadt mykje og styrt landet, og syslemennerne hadde voret harde med aalmugen. Men no gav Haakon ut ei rettarbot, at det skulde ikkje lenger vera jarlar i landet (so nær som kongssøner og Orknøy-jarlen), og ikkje lendmenner eller baronar. No vart riddararne det øvste verdslege stand i riket. Haakon meinte, at kongen hadde den skyldnaden paa seg aa sjaa etter, at aalmugen ikkje leid nokon urett, og han hadde strengt tilsyn med syslemennerne. Han tolde ikkje, at kyrkja tok seg magt helder. Haakon fullførde det, som dei norske kongarne, mest Sverre og ætti hans, hadde arbeidt paa: at all magti skulde vera hjaa kongen, stormennerne missa si magt, og aalmugen vera fri. Dette gjekk godt og, naar Norig hadde ein god konge, og Haakon styrde godt. Landet var lukkelegt, men folket, som ingen part hadde i styringi, vart meir og meir like glad i offentlege saker og brydde seg ikkje um aa møta paa lagtingi lenger, som rimelegt var, daa lagtingi ingi magt hadde.

Ufreden med Danmark heldt paa, og nordmennerne hadde yvertaket liksom fyrr. Endeleg gjorde dei fred millom baae riki i *Kjøbenhavn* 1309. Daa hadde ufreden vart umkring 25 aar. Ved denne freden fekk Haakon bot for arven til mor si.

I Sverige var paa den tid **Birge Magnusson** av Folkungaætti konge. Han laag alstødt i strid med brøderne sine, hertugarne **Eirik** og **Valdemar.** Hertugarne fekk hjelp av kong Haakon, og Birge av den danske kongen **Eirik Menved.** Haakon hadde ingi søner, men tvo døtter. Etter lovi hans Magnus Lagabøtar kunde ikkje ei kvinna erva Norigs rike, og difor fekk Haakon stelt det so, at um **Ingebjørg,** ægtefødde dotter hans, fekk ein son, skulde han erva Norig. Det vart fastsett

og, at kvinnor kunde erva riket, naar det ikkje fanst andre ervingar. Ingebjørg vart trulova med hertug Eirik, men seinare vart det ufred millom Eirik og Haakon. Eirik drog inn i Norig ein veter med ein her, truleg tyske leigesoldatar, og kringsette *Akershus*. Dette er fyrste gongen Akershus vert nemnt. Haakon var ikkje paa den kanten av landet, men bønderne samla seg og drog mot Eirik, og dei slost godt, er det fortalt,[1] men kunde ikkje greida seg mot øvde soldatar. Eirik vart sjuk i Oslo og drog seg ut or Norig strakst etter slaget med bønderne, og nordmennerne gjorde ei herferd inn i Dalsland. Sistpaa vart det gjort fred millom alle tri rike i *Helsingborg* 1313. Daa hadde Eirik alt haldet brudlaup med Ingebjørg. Nokre aar etter fanga kong Birge baae hertugarne og let deim svelta ihel, trur dei. Haakon skunda seg inn i Sverige med ein her, men kom for seint til aa berga maagen sin. Svenskarne vart so harme paa kong Birge, at dei jaga han ut or landet, og han kom aldri att. Same aaret døydde kong Haakon. 1319. Han var den siste kongen paa manns-sida av den gamle norske kongsætti, som hadde styrt landet i innpaa 500 aar.

Femte stykket.

Fraa 1319—1537.

Magnus Eiriksson Smeiken. 1319—1355.

Ingebjørg, dotter til kong Haakon og hertug Eirik, hadde ein son **Magnus**, som ervde riket etter Haakon. Paa morsida høyrde han til Harald Haarfagre-ætti og paa farssida til den svenske Folkunga-ætti. Daa han berre var 3 aar gamal, styrde 12 formyndarar med kanslaren til formann.

Magnus vart teken til konge i Sverige og, etter Birge, og soleis fekk Norig og Sverige no same kongen, men elles skulde kvart rike styrast for seg sjølv og kongen vera like lenge i kvart rike.

Hertuginna Ingebjørg fekk mykje aa segja no, men ho var ung og uvitug, øydde upp dei pengarne, Haakon hadde spart ihop, og gjorde gjeld. Baade nordmennerne og svenskarne vart misnøgde og tok magti fraa ho, og dei norske stormennerne gjorde **Erling Vidkunnsson**, brorson hans Bjarne Erlingsson,

[1] Det er lite me veit um denne tidi og frametter til reformationen.

til riksforstandar og gav han kongeleg magt og namnet drottsete. I styringssaker skulde han samraada seg med riksraadet (dei gjævaste stormennerne).

Erling styrde riket godt, til Magnus vart 15 aar; daa tok han sjølv styringi. Men det var vanskelegt aa styra tvo rike i slike tider. Dei svenske stormennerne vilde raada seg sjølve og kunde ikkje semjast med kongen. Dei gav han klengjenamnet Smeiken, og det var ikkje for det gode. Dei sagde, han var veik og lauslynd og hadde ikkje vidare gaavor. Han var stødt i pengeknipa og laut setja kruna si i pant.

Nordmennerne lika han betre. Det er likt til, at Magnus var mild og rettvis og heldt lov og rett uppe, men daa all magti var i henderne paa kongen, var landet vanhjelpt med aa hava ein konge, som for det meste ikkje var heime. Difor tok nordmennerne **Haakon**, son hans Magnus, til norsk konge; men daa Haakon var berre barnet, skulde Magnus styra for han, til han vart stor. Strakst etter vart det fastsett i Sverige, at **Eirik**, den andre son hans, skulde hava Sverige etter Magnus.

I denne tidi gjekk det meir og meir til atters med Norig. Dei tyske byarne ved Nordsjøen og Østersjøen hadde gjort eit stort samlag, *Hansesamlaget;* dette vart so stort, at sistpaa var 84 byar med i det. Dei fekk all handelen baade i Norig og Sverige og Danmark. Dei tyske handelsmennerne i dei norske byarne trassa lov og rett og førde eit forargelegt liv med lauslivnad og slaasting og draap. Eingong stod det eit heilt slag millom byfolket og tyskararne i Bergen, og desse brende upp mange hus i byen. Kongen stræva ærleg aa taumekjøyra deim og gav ut fleire paabod imot deim, men dette nytta ikkje, daa Norig, som fyrr sagt, ikkje kunde vera deim forutan, og enden vart, at dei tok seg rett til aa handla i smaatt og kjøpa upp varor av bønderne i staden for av borgararne. Det verste var, at dei tyske handelsmennerne ikkje busette seg i Norig; daa hadde dei eller borni deira lært seg norsk og vortet nordmenner, og Norig soleis fenget seg eit norskt handelsstand, som kunde hjelpt upp landet. Men dei tyskararne, som kom til Norig, var berre krambud-sveinar, som ikkje fekk lov til aa gifta seg og ikkje kunde driva handel for eigi rekning. Det var so lite framferd i det norske byfolket paa denne tidi, at jamvel handverkararne for det meste var tyskarar.

Daa nordmennerne slutta med aa fara paa sjøen, kom den norske flaaten reint i forfall, og dette vart faarlegt no, av di andre folk tok til aa byggja større og sterkare skip enn fyrr.[1] Det var lite samferdsel millom Norig og skattlandi. Orknøyarne, som laag so nær Skotland, vart meir og meir skotske. Den gamle norske jarlsætti var utdøydd, og det hadde lenge voret jarlar av skotsk ætt. Bisparne og prestarne var og for det meste fraa Skotland, og skotske herrar fekk inngang paa øyarne. Paa Hjaltland stod det betre til; det stod ikkje lenger under Orknøy-jarlen, men beint under den norske kongen, og det kunde difor halda seg heiltupp norskt. Island gjekk mykje til atters, der var stødt ufred og slaasting, og embætsmennerne sopa aat seg.

Store ulukkor kom til. I Gauldalen grov Gaul'a seg inn under melen og reiv med seg 48 gardar og fleire kyrkjor, og halvtridje hundrad menneskje gjekk med. Den store og fagre domkyrkja i Nidaros, som Olav Kyrre hadde uppsett og som sidan var tilbygd og prydd framigjenom tiderne og no stod ferdig i all sin agande stordom, vart mest øydelagd av lauseld (andre paaskedagen 1328). Russarne herja i Finnmarki og langt ned i Haalogaland. Magnus gjorde fleire herferder mot deim med norsk og svensk hermagt, men hadde ikkje vidare framgang. Men den største ulukka var *„den store mannadauden“* eller *„svartedauden“*, som var so gruseleg, at det endaa gjeng segner um han. Det var ei pest, som kom fraa Asia og for herjande heile Europa rundt paa 8 aar. Ho kom til Norig ut paa sumaren 1349 med eit skip, som kom fraa England til Bergen, og paa eit aar for ho heile landet rundt radt upp til dei øvste fjellbygderne. Mange bygder døydde reint ut, lækjedom var ikkje aa tenkja paa, og dei freista paa aa berga livet med bøner og prosessionar. Dei fortalde i den tidi, at tvo tridjepartar av heile folket døydde paa det aaret, og i det minste døydde tridjeparten. Dei fleste embætsmennerne strauk med. Prestarne sparde seg ikkje og gjorde kva dei kunde til

[1] Det var so mykje verre for kongen aa halda flaaten i stand, daa han, so megtig han var, ikkje hadde lov til aa leggja paa nye skattar. Det var ingen helder, som hadde rett til aa lata til pengar. Vilde kongen hava større innkomor, laut han fara umkring i kvart herad og tinga med bønderne, um dei godviljugt vilde gjeva noko.

aa hjelpa dei sjuke, er det likt til, for flest-alle døydde av sotti. Erkebispen og alle bisparne so nær som ein gjekk med. Heile domkapitlet i Nidaros døydde ut so nær som ein, og han laut velja den nye erkebispen aaleine. Dette var eit hardt slag for den norske kyrkja; ho hadde i seg dei same emne til vanmagt, som heile riket elles (paven lagde seg for mykje upp i kyrkjesakerne, so bisparne ikkje fekk den magti, dei trengde til). Kyrkja kom seg aldri rett etter dette.

Pesti kom til skattlandi og, so nær som til Island og Grønland. Seinare kom det pest og andre sjukdomar til Island med, og uaar og jordskjelv kom til. Med Grønland var det mest ikkje samferdsel lenger. Kongen hadde einerett paa handelen og sende berre ender og daa eit skip upp. Daa vart grønlendingarne utarma; yverfall av eskimoarne skadde deim og mykje. Sistpaa kom heile Grønland i gløymeboki, og folket døydde av naud og armodsdom eller vart drepne av eskimoarne.

Til Sverige og Danmark kom pesti baade fraa Norig og Tyskland, og herja ille der som i Norig. Men Sverige og Danmark kom seg snarare etter farsotti.[1] I Norig var det ikkje magt og tiltak i folket liksom fyrr; landet var stort, men fatigt og fælande romgrendt,[2] og folket hadde ikkje hovdingar aa stydja seg til.

No gjekk det til atters med bokriket og. Det var stormennerne, som heldt bokriket uppe, og samferdsli med England og Irland og Frankrike fekk fyrr i tidi kulturen fraa Europa til aa strøyma til Norig og gjeva rikare vokster aat det nationale livet og bokriket. Medan Norig hadde sit fagre og rike landsmaal, hadde Sverige og Danmark berre bygdemaal. Dette vart no reint forandra. Dei norske stormennerne kunde ikkje lenger bera bokriket; det fanst ikkje noko rikt handelsstand helder, som kunde gjera det, og bonden brydde seg jamnast ikkje um slikt. Daa Norig og Sverige hadde konge ihop, vart dei riddar-romanarne, som var umsette paa norsk, umsette fraa

[1] 10 aar etter gjekk „barnedauden“ i dei tri landi, og 1371 herja ei gruseleg farsott i Norig att. Fyre mannadauden var det 300 prestar i Trondheim, etter den siste farsotti var det berre 40 att.

[2] Danmark var umkring tri gonger so folkerikt som Norig paa denne tidi, men berre setteparten so stort paa lag. Danmark var soleis 18 gonger so tettgrendt som Norig.

norsk til svensk og sidan til dansk, og daa tok Sverige og Danmark til aa faa seg eit bokrike paa sitt eige maal. Samferdsli millom Norig og Vesteuropa tok av, daa skipsferdi tok av, og samferdsli med Tyskland tok til. Men daa Danmark laag næmast Tyskland, kom kulturstraumen fyrst dit, so til Sverige og sist til Norig, som soleis kom til aa liggja meir avsides liksom. I Danmark og Sverige hadde dei teket til aa dikta visor etter tyskt mynster. Derfraa kom denne visediktingi til Norig og derfraa til Island. Mange av desse gamle visorne er til endaa.

Paa denne tidi var det so lite hjelp for det nationale livet i dei norske stormennerne, at no daa Norig og Sverige hadde *ein* konge og stormennerne i baae riki kom meir ihop, fekk det svenske maalet inngang i Norig bland dei beste i riket.

Haakon Magnusson den yngre (den sette). 1355–1380.

Haakon vart myndig i 1355, og daa tok han styringi i Norig. Han var ein god og rettvis mann. I Sverige sette kongssonen Eirik upp mot kong Magnus og gjorde seg til konge, men ikkje lenge etter døydde han. Daa tok svenskarne Haakon til konge, soleis at han og Magnus skulde styra ihop, men dei svenske stormennerne var so reint agelause og sjølvraadige, so det vart ikkje vidare til styring.

I Danmark hadde tilstandet voret endaa mykje verre enn i Norig og Sverige. Stormennerne tenkte berre paa aa sopa aat seg sjølve, trælka folket og gjorde kongen magtlaus og herja og røva paa sjøen og paa landet. Riket hadde ei stund voret reint sunderteket, og det meste av landet var pantsett til danske og tyske herrar. I denne naudi gav Skaane seg under Sverige. Endeleg fekk kong **Valdemar Atterdag** samla riket att. Dotter hans, **Margrete**, vart trulova med kong Haakon, men daa Magnus Smeiken let Valdemar faa taka att Skaane, vart svenskarne harme, og dei svenske stormennerne tok til konge ein tysk mann, **Albrekt av Meklenburg**, systerson til kong Magnus. Magnus og Haakon tapte eit slag; Magnus vart fanga, og Haakon laut draga til Norig att. No kom det ein brote tyskarar inn i Sverige, og dei plaaga aalmugen, som lengta etter „den gode og ærlege herre“ Magnus att. Tyskararne fekk slik magt, at kongen kalla kvar tysk landslaupar for morbror, sagde

svensken. Stormennerne vart og misnøgde, og daa kong Haakon drog med ein stor her mot Stockholm, gav dei far hans fri, mot at han ikkje skulde gjera krav paa Sverige meir, og skræmde Albrekt til aa lova, at han skulde styra i alle maatar, som riksraadet vilde. Men for aalmugen vart det ikkje betre enn daa tyskararne styrde. Stormennerne herja og slost og drap liksom i Danmark.

Tri aar etter drukna kong Magnus i Bømmelfjorden. Daa var han 58 aar gamal. 1374.

Haakon stræva liksom dei fyrre norske kongarne med aa gjera ende paa den yvermagti, dei tyske kjøpmennerne hadde rivet til seg. Han forbaud deim aa selja i smaatt og handla med andre enn borgararne. Dette lika dei ikkje, Dei var so kaute, at dei gjekk væpna paa gatorne og drap folk og gjorde mykje ugagn. Daa tok dei norske embætsmennerne skip og gods fraa tyskararne, og daa kom det til ufred. Nett paa same maaten gjekk det i Danmark og. 77 tyske byar fraa Holland til Lifland gjorde samlag mot Norig og Danmark. Kong Albrekt og nokre tyske fyrstar slo lag med byarne og vilde byta Danmark millom seg. I denne ufreden tok dei store tyske herskipi til aa føra kanoner, og den norske leidingsflaaten var venteleg no reint ubrukande. Danmark var likso verjelaust. Tyskararne herja og brende mest i heile Danmark og herja Kjøbenhavn. I Norig brende dei Marstrand og Konghelle og herja alle sjøbygderne fraa Gjøtaelvi til Bergen, og so lenge ufreden stod paa, fekk landet ingi tilførsel. Haakon laut gjera fred og gjeva tyskararne so stor rett, som dei nokor-tid hadde havt. Danmark slapp betre, enn det kunde venta. Byarne gjorde fred med Valdemar Atterdag, og daa var ikkje hine fiendarne so mykje aa ottast for. — I Sverige hadde og tyskararne rivet all handelen til seg, og der var det attaat ein tysk konge og flokkar av tyske leigesoldatar.

Valdemar Atterdag døydde 1375. Han hadde ikkje søner, men berre ei dotter Margrete. Margrete og Haakon hadde ein son, **Olav**, og han vart no konge i Danmark, men daa han ikkje var meir enn 6 aar gamal, styrde Margrete for han, medan Haakon styrde Norig.

Haakon døydde 1380, 40 aar gamal.

Olav Haakonsson. 1380—1387. Haakon hadde berre *ein* son, Olav, og han vart konge i Norig etter far sin. Soleis fekk Norig og Danmark no same kongen. Margrete styrde Danmark. Tilstandet der var reint grysjelegt paa denne tidi, og Margrete og Olav var mest i Danmark, der det trengdest mest. I Norig stod det mykje betre til. Drottseten og riksraadet styrde.

Olav vart berre 17 aar gamal. Han døydde 1387, og med honom døydde denne kongsætti ut. *(Folkunga-ætti.)* Nordmennerne syrgde mykje paa han, og aalmugen vilde ikkje tru, at han hadde døytt. Han er den siste norske kongen, som er ætta fraa Harald Haarfagre.

Stormannsveldet vert sterkt i Sverige og Danmark, og veiknar av i Norig.

I Sverige og Danmark hadde det laga seg til eit sterkt stormannsvelde. Dei, som i ufredstider vilde tena kongen fullt rusta og med hest, slapp aa svara skatt av gardarne sine. Desse vart daa kalla frie (paa Svensk frälse), og hine, som laut betala, ufrie. Denne retten kom til aa gaa i arv, so det paa slutten vart ein erve-adel, og den tok seg stødt meir og meir magt. Han hadde i fyrstningi all si magt fraa kongen, men kom paa slutten til aa raada meir enn kongen sjølv. Dei gjævaste vart *kongens raad,* men etter kvart tok dei seg so mykje magt, at dei fekk landsstyringi i si hand og vart til eit *riksraad.* I dette fekk dei øvste geistlege stormennerne og sæte. Desse stormennerne pinte og plaaga aalmugen, bygde borger umkring i landet og røva fraa folk og slost med kvarandre um magti. I Danmark fekk dei størst magt. Der tok dei tidt gardarne fraa dei frie bønderne og gjorde deim til festebønder og plaaga deim med avgifter og arbeid (hoveri). Ikkje stort likare var det med den svenske aalmugen. Liksom i Norig hadde aalmugen baade i Sverige og Danmark mist sjølvstyret sitt. Paa landskapstingi (fylkestingi) kunde i gamle dagar kvar fri mann møta fram, men no var hovdingmøte eller *herredagar* komne i stellet og raadde i staden for folket. Mest magt fekk stormennerne ved det, at dei tok seg rett til aa velja ny konge, naar den gamle døydde. Denne retten bruka dei daa til aa tvinga kongs-

emnet til aa skriva under ei handfestning (val-forlik), som gjekk ut paa aa auka stormannsveldet.

Eit slikt stormannskap heldt paa og laga seg til i Norig og, men det kom aldri rett til aa trivast. Magnus Lagabøtar hadde gjort dei handgjengne mennerne sine frie for leidings-avgift, som bønderne laut betala; men denne avgifti var ikkje stor og var fastsett ein gong for alle. Den norske odelsbonden mintest, at han hadde havt stormanns-rett i eldre tider, og det var slikt grjot i honom, at dei nye handgjengne stormennerne og dei kongelege embætsmennerne kunde ikkje trælka honom til aa vinna magt og rikdom sjølve, og dei norske kongarne, som hadde stridt seg til den magti, dei hadde, mot det gamle stormannsvelde, hjelpte bønderne mot yvergang. Daa Norig var eit erve-rike, kunde ikkje stormennerne tvinga kongarne til aa skriva under handfestningar helder. Difor vart ikkje dei norske stormennerne gode til aa halda i hempa med dei svenske og danske.

I alle tri landi hadde bønderne mist sjølvstyret. I Sverige og Danmark var dei lite frie, og kongedømet var veikt og stormennerne sterke, men i Norig var bonden fri og stormennerne veike, og kongen den einaste, som styrde. I Sverige og Danmark var det eit stort herremanns-lag, som kunde styra, og som hadde mykje aa tapa, um landet kom under framande herrar, men i Norig var det ikkje so. Bonden var mest like glad, korleis det gjekk landet, naar han berre var fri mann paa garden sin, og alt stod paa kongen. Hadde Norig ein klok og sterk konge, gjekk alting godt, hadde det ein veik konge, gjekk det maateleg, og skulde Norig hava konge ihop med andre land og kongen jamt var burte, kunde ikkje landet i lengdi halda seg jamhøgt med hine.

I det fjortande aarh. hadde det voret mykje samkvæm millom dei svenske og danske stormennerne, mange giftarmaal kom i stand millom svenske og danske ætter, og det svenske og danske maalet kom til aa verta mest likt hjaa stormennerne. I baae landi kunde dei ikkje venta anna enn fiendskap av folket og av kongen. Um det kom i stand eit samlag millom baae riki, kunde dei lettare trakka paa folket og trassa kongen. For Norig vilde eit samlag med dei tvo andre riki vera øydeleggjande. Landet var reint hjelpelaust, naar det ingen konge

hadde for seg sjølv, riksraadet, som ikkje hadde noko stormannsvelde aa stydja seg til, hadde liti magt, og naar nordmennerne sjølve ikkje kunde styra, var det ikkje anna aa venta, enn at dei framande stormennerne vilde taka styringi.

Daa den norske kongsætti døydde ut, var tilstandet i Norig betre enn i Sverige og Danmark. Men det var reint eit tilfelle, um dette skulde vara ved eller ikkje.

Margrete. 1387—1389. Margrete var ei utifraa gaaverik kvinna, og det kunde trengast og i slike tider. Det saag myrkt ut i dei tri riki. Dei hadde faarlege fiendar paa alle kantar, russar og tyskarar, og det hadde voret nære paa, at Danmark reint hadde gjenget under. Næringsvegerne var heiltupp i forfall, og der var dagstødt røving og draap baade i Sverige og Danmark.

Det høvde seg so ved eit tilfelle, at Margrete kom til aa samla dei tri rike, endaa det var lite von, um at so skulde henda. Ingi kvinna hadde styrt i sitt eige namn i noko av dei tri riki, det var fleire som hadde erverett til kongedømet, og den svenske kongen kom med trugsmaal mot Norig og Danmark. Margrete var i fyrstningi so fatig, er det fortalt, at ho kunde ikkje gjeva eit maaltid mat, mindre gode vener hjelpte ho, og tri aar, fyrr Olav døydde, hadde ho ikkje meir enn tvo smaa skip til aa slaast mot dei adelege sjørøvararne, og dei stormennerne, som var true, hadde ikkje meir enn 7 til aa hjelpa ho med. Store stykke av Danmark var i klørne paa tyskararne. Ho laut gjeva Sønderjylland (Slesvik) som len til den holsteinske greven Gerhard, som no vart hertug av Slesvik. No trengde tyskdomen hardt inn i dette landet, men ved dette fekk Margrete fred paa den kanten.

Baade dei norske og danske stormennerne tok Margrete til „fullmegtig frua og husbonde“. I Sverige hadde stormennerne teket mest all magti fraa Albrekt, og daa han drog inn mange tyskarar og paa den maaten tenkte aa styrkja magti si, vart dei so hatige paa han, at dei gjorde samlag med dei norske og danske stormennerne og tok Margrete til fullmegtig frua dei og. Albrekt gjorde berre gjøn med ho; han kalla ho kong broklaus og sende ho ein brynestein til aa bryna naalerne sine paa. Han for til Nordtyskland og kom attende til Sverige

med ein stor tysk her, men ein norsk og dansk og svensk her slo tyskararne ved *Falkjøping* og fanga kong Albrekt, 1389.

Eirik av Pommern. 1389–1442. Nordmennerne lika ikkje aa hava ei kvinna til konge. Margrete hadde ein systerdotterson, **Eirik**, son til ein pommersk fyrste. Han hadde etter lovi erverett til Norig, og han vart teken til konge paa Øyreting 1389, men daa han berre var 6 aar, skulde Margrete styra for han.

Etter Falkjøping-slaget fekk Margrete heile Sverige i si magt so nær som Stockholm. Der hadde tyske soldatar og kjøpmenner magti og drap alle dei beste svenskarne i byen og varde seg i mange aar, daa Margrete ingen flaate hadde til aa hindra tilførsel med. Nokre av dei tyske byarne kunngjorde, at dei som vilde herja paa dei tri riki, skulde have trygt tilhelde der. Daa samla det seg fulltupp med røvarar, som tok paa og herja paa gomol vikingvis. Dei kalla seg *Vitaliebrøder*, for dei skulde laast føra matvaror (viktualia) til Stockholm. Dei brende Malmø, og tvo gonger Bergen, som var den rikaste byen i dei tri riki, og tyskararne i Stockholm herja og brende dei næmaste bygderne og byarne. Endeleg 6 aar etter lagde nokre av hansebyarne seg imillom, daa dei leid store tap ved det, at handelen hadde slutta. Stockholm gav seg upp til Margrete, og Albrekt slapp ut or fangehuset. Vitaliebrøderne vart burtjaga og tok no til aa herja andre stader.

Etter denne ufreden vart Eirik teken til konge baade i Danmark og Sverige, og i 1397 vart han krynt i Kalmar (i Sverige) til konge yver alle tri riki. Paa eit møte av norske og danske og svenske stormenner vart nokre av deim samstelte um, at dei tri riki til evige tider skulde hava *ein* konge. Naar kongen døydde, skulde utsendingar fraa alle riki velja ettermannen hans. Riki skulde hjelpa kvarandre i ufred, men elles skulde kvart rike styrast etter sine eigne lover. — Ingen nordmann var med paa dette, denne unions-akt vart aldri kunngjord og vedteken og vart soleis aldri lov i noko av riki. Folket fekk aldri vita um dette dessmeir. Det var Margrete og stormennerne, som hadde gjort alt ihop. Dette samlaget, som no kom i stand, daa alle tri riki fekk same konge, kaller dei *Kalmar-samlaget*. (Kalmarunionen.) 1397.

Eirik var reint ung og ikkje dugande helder, og difor styrde Margrete so lenge ho livde. Ho styrde sterkt og fekk stormennerne til aa lystra baade i Sverige og Danmark, men under styringi hennar vart Danmark hovudlandet, baade av di ho var dotter til den danske kongen Valdemar Atterdag, og av di Danmark var meir tettgrendt enn Norig og Sverige og mykje folkerikare enn Norig, og av di det laag næmast Tyskland, som var den faarlegaste fienden og attaat i alle maatar var mynsterlandet for stormennerne i dei tri riki.

Daa grev Gerhard døydde, prøvde Margrete paa aa faa att Slesvik, men enkja og borni etter Gerhard sette upp, og det vart ufred. Strakst etter døydde Margrete, 1412, 60 aar gomol.

Eirik skreiv ut mykje folk i alle riki og lagde paa store skattar. Dette gjekk mest ut yver deim, som lite hadde, av di presteskapet og adelen hadde mykje skattefritt jordegods. Daa Eirik hadde teket mest heile Slesvik, fekk den holsteinske greven hjelp av nokre av hansebyarne. Tyskararne siglde mot Kjøbenhavn, men dronningi, fru **Filippa**, fekk folket til aa verja seg so godt, at fienden vart driven attende, 1428. Dessimillom laag kong Eirik paa kne i Sorø og bad. Verre gjekk det med Bergen same aaret. Vitaliebrøderne fall yver byen og røva paa bispegarden og alle nordlandsjegterne, som nettupp var komne til Bergen, og drap og herja i heile byen. Aaret etter kom dei att, 400 mann sterke, og røva og brende upp mykje av byen. Ufreden varde i 25 aar. Hansebyarne fekk stadfesting paa all den handelsrett, dei hadde havt, mot at kjøpmennerne fraa dei tri riki skulde hava same retten i dei tyske byarne. Den holsteinske greven fekk Slesvik.

Eirik drog inn mange tyskarar i Danmark, og gav baade tyskarar og danskar embætte i Norig og Sverige. Baade nordmennerne og svenskarne var misnøgde med dette og klaga attaat yver dei store skattarne. Dei kongelege futarne pinte og plaaga aalmugen. Dei fortel um ein fut i Dalarne (i Sverige), at naar bønderne arbeidde paa garden hans og øykerne var so utpinte, at dei ikkje orka meir, hadde han bønderne for plogen, og kvinnfolk, som var med born, for høylasset, og eingong hengde han upp 5 mann i røyken i peisen. Endeleg reiste dalkarlarne seg og hadde til hovding ein adelsmann **Engelbrekt Engelbrektsson**; hine svenskarne hjelpte til, og dei

dreiv utlendingarne ut. Men dei svenske stormennerne lika ikkje aa vera under bondehovdingen Engelbrekt, og han vart myrda, og daa tok stormennerne **Karl Knutsson** til riksforstandar. Engelbrekt fekk soleis vantakk for storverket sitt. Han var den fyrste, som vakte fridomshug og aalmennhug hjaa den svenske bonden; han kalla ihop den fyrste svenske riksdagen og, som alle 4 stand møtte paa, adelstand, prestestand, borgarstand og bondestand.

Det danske lensvæsen vart innført i Norig og kongelege lensmenner innsette til styrarar. Dei budde gjerne paa ei festning eller ein kongsgard og betalte stundom berre ei viss avgift av lenet til kongen og fekk sjølve hava alle inntekterne elles. Difor pinte dei ut av leni alt det, dei kunde faa. Dei styrde mest som dei vilde, som smaakongar, og stod ikkje under noko tilsyn. I Tunsberg len klaga aalmugen, for di skattarne, som futarne kravde, var so store, og sagde, at det var betre aa fara fraa horv og plog og fly fraa lenet. Nordmennerne var misnøgde og, for di kongen aldri kom til Norig, og ingen var innsett til aa styra paa hans vegne helder. Under denne styreløysa herja russar og heidningar paa Haalogaland. Aalmugen sunnanfjels reiste seg under **Amund Sigurdsson Bolt**, men riksraadet fekk sona det ned og lova aa skriva til kongen, at han ikkje skulde setja utlendingar til embætsmenner og ikkje krevja større skatt enn han hadde rett til.

Danskarne var endaa meir misnøgde baade med skattarne og tyskararne, som kom inn i landet. Sistpaa vart Eirik so leid og kjeid av alle klagemaali, at han busette seg paa Gotland, og daa sagde svenskarne og danskarne han upp. 1439.

Nordmennerne heldt lengst paa han. Dei var fraa gomol tid vande til aa agta og æra kongen sin og lystra lovi og ikkje taka seg sjølve til rettes, og paa slutten hadde Eirik gjort, som dei bad um, og innsett ein drottsete til aa styra landet, og til dette embættet utnemnde han riddaren **Sigurd Jonsson** til Giske, som var ætta fraa Agnes, dotter hans Haakon den femte. Nordmennerne baud Eirik koma til Norig, men han vilde ikkje koma. Endeleg laut dei segja Eirik upp 1442. Daa hadde han boret kongsnamn i Norig i 53 aar. Sidan livde han i 10 aar som sjørøvar paa Gotland; daa vart han avjaga og døydde sidan i Tyskland som ein fatig mann.

Kristofer av Baiern. 1442–1448. Danskarne og svenskarne hadde tvo aar fyreaat teket ein tyskar, Kristofer av Baiern, systerson hans Eirik, til konge. Dei svenske stormennerne vilde ikkje taka han, fyrr han skreiv under ei hard handfestning, og i den lova han, at berre svenskar skulde hava rett til embætte i Sverige, og mykje anna. Ved denne handfestningi fekk den svenske adelen endaa større magt enn fyrr.

I 1442 tok nordmennerne og Kristofer til konge. Han var ein godlynd og snild mann. Riksraadet fekk større part i styringi og aga tyskararne i Bergen. I Sverige var det dyrtid og svult. Kongen for umkring der med eit stort fylgje, og daa aat hestarne hans rug, men bonden aat borkebrød. Difor kalla aalmugen han for borkekongen. Svenskarne klaga og, for di gamle kong Eirik røva fraa deim, men Kristofer totte synd i han og svara berre: „Morbror vaar sit paa eit skjer, han lyt og hava noko aa liva av.“ Kristofer døydde 1448.

Karl Knutsson. 1449–1450. No var det ute med Kalmar-samlaget. Dei fleste svenskarne vilde helst hava ein innlending til konge, og dei valde Karl Knutsson.

Danskarne tok ein tysk greve, **Kristjern av Oldenborg,** som paa morsida var skyld til det gamle danske kongehuset. Han laut lova, at riksraadet skulde hava mest all magti, og godkjenna Danmark for eit valrike.

Korkje Karl Knutsson eller Kristjern hadde erverett til Norig. Aalmugen vilde helst hava ein nordmann og tenkte paa **Sigurd Jonsson,** men denne var ikkje huga paa dette. Han liksom flest-alle norske stormenner paa denne tidi drog seg burt fraa det politiske liv, og det var for lite magt og dug i deim til aa føra folket. Ingen aalmennhug var det hjaa folket helder; det var no i lang tid vant til, at kvar sytte for seg, og brydde seg ikkje um rikssaker og let dei kongelege embætsmennerne styra. Men dette var faarlegt no. Mange utlendingar hadde trengt seg inn i norske embætte, og nokre av deim gifte seg inn i norske stormannsætter og fekk same rett som innfødde, og det sat alt fleire av deim i riksraadet. Dei kom ikkje til nokon einskap i riksraadet um kongevalet. Alle tottest dei vita,

at Norig, romgrendt, fatigt, umyndigt og hjelpelaust, ikkje kunde hava sin eigen konge. Erkebispen, **Aslak Bolt**, ein staut gamal mann, og riddaren **Olav Nilsson** til Talgøy (i Ryfylke) og fleire andre vilde hava Karl Knutsson, og honom vilde aalmugen og gjerne hava. Danskarne i riksraadet vilde hava Kristjern; dei fremste av deim var dansken bisp **Jon** av Oslo og riddaren **Hartvik Krummedike** fraa Holstein. Denne var hovding paa Akershus og hadde gift seg til store rikdomar i Norig. Riksraadet sende desse tvo til Danmark til aa tinga um fred, men fyrst laut dei gjera eiden sin paa, at dei ikkje skulde bjoda Kristjern kongedømet; men dette gjorde dei like radt, liksom dei hadde fenget fullmagt til det av det norske riksraadet. Dei kom att med ein dansk her til Oslo, og der stengde dei erkebispen og raadet inne, og riksraadet laut taka Kristjern til konge, og han skreiv under ei handfestning.

Dette vart for galet. Trønderne samla seg paa Frostating og tok Karl Knutsson til konge, og fleire andre stader gjorde dei det same. Aslak Bolt meinte paa det, at han skulde nok læra hr. Hartvik, korleis ein nordmann skulde fara med holsteinararne og utlendingarne. Karl kom til Norig, og erkebispen krynte han i Nidaros 1449.

Karl Knutsson kom ikkje til aa styra lenge. Mange av dei svenske stormennerne, helst av presteskapet, hata han og vilde helder hava samlag med Danmark. Paa eit møte i *Halmstad* millom danske og svenske riksraadar sveik dei svenske kongen sin, og paa hans vegne gav dei upp kravet hans paa kongedømet i Norig og gjorde ei avtala med danskarne um aa hava konge ihop, naar den eine kongen eller baae tvo døydde, og daa kunde Norig vera med, um det vilde.

Paa denne tidi døydde Aslak Bolt. No daa det var so lite framferd i den norske adelen, var erkebispen den, som høvde best til aa vera hovding, og no var daa landet reint hovdinglaust. Kristjern kom med ein flaate til Nidaros og vart krynt der. Strakst etter hadde han eit møte i Bergen av norske og danske riksraadar, og her vart det fastsett, at Norig og Danmark skulde altid vera sambundne „i broderleg kjærleike“. Det eine riket skulde ikkje vera framfor det andre, og kvart rike skulde styrast av innfødde menner.

Kristjern den fyrste. 1450—1481. Det norske folket gjorde ikkje motstand; det vilde ikkje havt Kristjern til konge, men no tok det viljelaust imot han like vel, og utlendske stormenner hadde raadt for Norigs framtid. Paa denne maaten fekk den *oldenborgske kongsætti* styringi yver Norig og hadde ho radt til 1814.

Det var ei stund ufred millom Kristjern og Karl, og dei herja so ille for kvarandre, at det tok til aa veksa upp hat no millom folki. Men likevel heldt den svenske adelen og presteskapet so mykje paa samlaget med Danmark, at dei jaga Karl av og henta Kristjern til Sverige, og soleis vart alle tri rike sambundne att (fraa 1457—1463).

Ved dette leitet døydde den holsteinske greve-ætti ut. Kristjern kunde no draga Slesvik under Danmark att, daa det var danskt len, men den slesvikske adelen, som hadde vortet heiltupp tysk, vilde at Slesvik og Holstein skulde vera ihop som fyrr. Daa vart Kristjern teken til hertug yver Slesvik og Holstein, og Slesvik vart skild fraa Danmark.

Kristjern skrøytte no av, at han raadde yver 40,000 kyrkjesokner og kunde reisa ein her paa 200,000 mann. Men gleda varde ikkje lenge. Han var stødt i pengeknipa; svenskarne kalla han for „den bottenlösa taska“; aalmugen i Sverige vilde helst hava Karl til konge, stormennerne vart og hatige paa Kristjern, og han laut hava seg undan fraa Sverige, og fraa den tid var Karl konge der for det meste til han døydde. Daa vart systerson hans, **Stein Sture den eldre**, riksforstandar, og aalmugen var paa hans sida. Daa Kristjern vilde taka Sverige med magt, slo svenskarne han paa *Brunkeberg* (i Stockholm), og sidan vilde ikkje den danske adelen hjelpa Kristjern til fleire herferder. Stein styrde godt. Han hjelpte bønderne mot stormennerne, og borgararne mot tyskararne og let deim faa vera med i riksstyringi. Han fekk lov av paven til aa grunnleggja universitetet i Uppsala og. Tvo aar etter fekk Kristjern og lov til aa grunnleggja eit universitet i Kjøbenhavn. 1479.

Norig fekk svida hardt for pengeknipa hans Kristjern. I Bergen hadde tyskararne bugti og baae endarne. Lensmannen Olav Nilsson til Talgøy vilde tugta deim, men daa sette dei upp. Olav Nilsson og bispen og mange andre flydde til Munkeliv kloster; men daa samla alle tyskararne seg, meir enn 2000

mann, med byrsor og bogar og kringsette klostret. Dei kom seg inn og slo ihel bispen ved altaret og tri prestar og mange andre. Olav kom seg upp i kyrkje-taarnet, men tyskararne kveikte eld paa taarnet, og daa laut Olav gaa ned og vart drepen. Heile klostret brann upp. 1455. Kristjern vaaga ikkje aa refsa tyskararne for dette. Han skyldte so mange pengar til hansebyarne, at han laut halda seg til vens med deim, og nokre aar etter gav han deim endaa større handelsrett, enn dei hadde havt fyrr.[1]

Ille vart det for Norig og, daa Margrete, dotter hans Kristjern, vart gift med den skotske kongen Jakob den tridje. Daa Kristjern var pengelaus, so han ikkje kunde gjeva dotter si heimanfylgja, vart han og den skotske kongen samstelte um, at Kristjern skulde gjeva upp kravet paa avgifti for Sudrøyarne (denne avgifti var elles ikkje betalt paa lange tider). Dette skulde vera for ein part av heimanfylgja; for den andre parten, 60,000 gylden, skulde han setja Orknøyarne og Hjaltland i pant til den skotske kongen. Dette gjorde Kristjern, det norske riksraadet uspurt. 1469. Sidan prøvde dei norsk-danske kongarne fleire gonger aa løysa att øyarne, men dei skotsk-engelske kongarne hadde magti og vilde ikkje ut med øyarne. Her hadde alt for lang tid sidan den skotske nationaliteten teket til aa trengja seg inn (sjaa s. 93). No vart det endaa verre for nordmannskapen der aa halda seg uppe. I 1530, daa skotekongen vilde innsetja ein lensmann der, reiste orknøyingarne seg og slo skotarne i eit slag; i dette fall den skotske hovdingen og 500 mann. Dette hjelpte for ei stund, men sidan vart lensvæsenet innført og lensmenner innsette, og dei tok gardarne fraa bønderne og gjorde deim til festebønder, og alt jordegods kom i henderne paa nokre faa framande stormenner, og aalmugen vart pint og plaaga med skattar. Aalmugen kunde ikkje halda paa sine gamle norske lover lenger, men det norske

[1] Tyskararne i Bergen vart frie for leidings-avgift, tiende og andre skattar (som ølskatt og vinskatt) og betalte mykje mindre toll enn andre utlendingar og dei bergenske kjøpmennerne. Paa denne maaten var det reint umogelegt for desse aa halda ut. Det var Nordlands-handelen, som hadde gjort Bergen so rik, men no hadde ikkje andre enn tyskararne lov til aa fara paa Nordland og Finnmarki. Nordlendingarne laut selja fisken for den prisen, tyskararne vilde betala, og fekk laake og dyre varor att av tyskararne.

maalet heldt dei seigt paa, til dess endeleg det vart tynt paa dei engelske „fatigskularne“. Det er ikkje meir enn umkring 100 aar sidan det slokna reint av.

Endaa minnest orknøyingarne den tid, daa det var magt i folket og dei var sine eigne herrar.

Kongeløysa. 1481—1483. Hans. 1483—1513. Kristjern hadde tvo søner. Den eldste, Hans, vart vald til konge i Danmark. Nordmennerne hadde ikkje lika styringi hans Kristjern, og bisparne og erkebispen **Gaute** lika ikkje samlaget med Danmark. **Jon Smør**, som var ein storætta mann, vart riksforstandar, men daa det norske riksraadet bad Sverige um hjelp, fekk det ikkje, og nordmennerne aaleine tottest vera for veike. Daa valde riksraadet Hans til konge 1483, men fyrst hadde han lova at han skulde tugta tyskararne, for di dei hadde drepet Olav Nilsson, og at han skulde styra etter lovi. Han skreiv under ei handfestning for Norig og Danmark; etter den skulde kvart rike vera sjølvstendigt, og adel og presteskap faa endaa større magt, og kongen endaa mindre magt enn fyrr. Same aaret tok det svenske riksraadet og Hans til konge, mot at han skulde gjeva adel og presteskap uhorveleg magt. Men den svenske aalmugen vilde ikkje hava ein utlending til konge, og Stein Sture hindra Hans i 14 aar fraa aa koma til Sverige. Men adel og presteskap vilde just hava samlag med Danmark og ein veik samlags-konge yver seg, og paa slutten kalla dei kong Hans til Sverige. Stein bad dalekarlarne um hjelp, men dei vart slegne, og no vart Hans i røyndi svensk konge 1497. Soleis kom daa Kalmar-samlaget i stand att, 100 aar etter det vart skipa fyrste gongen.

Tri aar etter vilde kong Hans og hertug Fredrik, bror hans, leggja under seg eit lite fritt bondefolk, som het ditmarskarne og budde i Holstein. Heile folket var berre 50,000 menneskje og hadde ingen adel til aa føra seg. Baae brøderne drog ut med heile det slesvik-holsteinske riddarskapet, og hadde attaat leigt den namnkjende *saksiske garde*. Dei hadde 15,000 mann i alt og drog fram liksom til gjestebod; so visse var dei paa aa vinna. Den store heren gjekk fram paa ein smal landeveg med breide dike paa sidorne, og regn og slette stod i andlitet paa deim, og vegen var so søylut, at dei knapt kunde koma

fram. Ved *Hemmingstedt* stod 500 ditmarskar. Ditmarsken er soleis laga, at landet ligg so laagt, at dei lyt demma havet ute. Den saksiske garden gjekk fram med ordtaket: „agte deg bonde, no kjem garden.“ Daa slepte ditmarskarne vatnet fraa havet inn i diki og gjekk manneleg *paa* med ordtaket: „agte deg garde, no kjem bonden.“ 4000 fiendar fall eller drukna, og kongen og bror hans kom seg med naud undan. 1500. I dette slaget miste dansken Danebrok, eit flagg, som dei hadde havt med seg i alle slag i mest 300 aar.

Daa det kom tidend um denne ulukka til Sverige, reiste svensken seg strakst, daa Hans hadde mange stormenner til uvener og folket daa som fyrr ikkje vilde vera under ein utlending. Stein Sture vart riksforstandar att. I Norig var det tvo flokkar; den eine vilde hava samlag med Sverige og hin med Danmark. Den fyrste hadde til hovding **Knut Alvsson,** som paa fars-sida var ætta fraa Sverige, men paa mor-sida var skyld til den gamle norske kongsætti. Dansken **Henrik Krummedike**, son hans Hartvik, førde den andre flokken. Knut Alvsson hadde gjort avtala med Stein Sture og fekk hjelp fraa Sverige. I fyrstningi gjekk det godt, og han tok *Tunsberghus* fraa dansken. Men daa fekk Henrik Krummedike hjelp fraa Danmark, og Knut Alvsson vart innestengd paa Akershus. Baae hovdingarne avtala eit møte; Knut skulde koma um bord paa skipet hans Henrik og vart lova trygd til møtet. Men under møtet vart det ei trætta, og Knut vart drepen og liket hans kasta paa sjøen.

Enkja hans Knut Alvsson vart no førar for den flokken, som vilde samlag med Sverige; men daa sende kong Hans hertug **Kristian**, son sin, til Norig, og han fekk gjort ende paa uroi. Hertug Kristian vart innsett til styrar i Norig 1506. Snart etter tok uroi til att, og bønderne reiste seg fleire stader. Paa Heidmarki hadde dei til førar ein mann, som het **Herlog Høvudfat**, og drap nokre harde futar og stengde Kristian inne paa Hamar. Men han kom seg undan og slo bønderne etter ein hard strid. Herlog og fleire andre hovdingar fall, andre vart fanga og retta ved Akershus, og hovudi vart sette paa stakar. Kristian mistenkte bisp **Karl** paa Hamar for aa vera upphavsmannen til denne ufreden og lokka han til seg og heldt han i fengsel. Bispen freista paa aa koma undan, men

braut foten og døydde ikkje lenge etter. Daa Kristian hadde fanga bispen, reid han til bispegarden hans Karl og ropa: „Lat upp for kongen og bispen, svensken er etter oss.“ Portvakti let upp porten, og soleis fekk Kristian bispegarden i si magt. Paa denne maaten fekk han døyvt denne ufreden. Han vilde hjelpa upp byarne og stagga tysken, men arbeidde paa aa leggja Norig reint under Danmark og gav dei beste geistlege og verdslege embætte til danskar.

Kristian den andre. 1513—1524. Kong Hans døydde 1513, og daa vart Kristian konge i Norig og Danmark. Han hadde utifraa god forstand og hug til arbeid og var den gaaverikaste av alle kongarne av det oldenborgske kongehuset, men han var hardhjarta og braadlynd, sviksam og mistenksam. Han var uppfostra hjaa ein handelsmann i Kjøbenhavn, og han lærde tidleg aa elska borgarstandet og bondestandet og hata dei store, adel og presteskap. Han laut skriva under ei urimeleg streng handfestning; men daa han vart konge, ætla han seg til aa lyfta borgar- og bondestand og stydja kongsmagti paa deim og gjera ho sterk, og han for hardt med adel og presteskap. Til raadgjevarar tok han mest simple folk. I Bergen vart han kjend med ei vakker gjenta fraa Holland, **Dyveke**, som sidan var frilla hans, og mor hennar, **Sigbrit Villums**, fekk mykje aa segja. Ho styrde tollvæsenet for han. Han forbaud „slik vond og ukristeleg skikk, som til dessa hev voret i Sjælland, Falster, Lolland og Møen, aa selja og gjeva burt fatige bønder og kristne folk som umælande fe.“ Han forbaud det norske presteskapet nordanfjels aa tvinga aalmugen til aa fiska aat seg. Adel og prestar i Danmark hadde teket seg strandrett, det vil segja: rett til aa taka alt gods, som dreiv i land. Naar eit skip gjekk under og mannskapet berga seg i land, var det tidt at dei, som hadde strandretten, slo deim ihel, so dei betre kunde koma til aa røva godset. Dette forbaud Kristian strengt. Bisparne i Jylland meinte, at det stod ingenting i bibelen mot strandretten; men Kristian spurde, um dei aldri hadde leset det femte og det sjaunde bod. Han forbaud aa brenna trollmenner og trollkjeringar, som mykje var skikk daa. Han vilde, at ungdomen paa landet og i byarne skulde læra aa lesa og skriva, og han

skipa latinskularne paa ein betre maate og gav lærararne større løn og forbaud aa risa ungarne so ille, som dei hadde gjort fyrr. I Danmark innførde han brevpost og hjelpte upp næringsvegerne i baae riki og prøvde paa aa driva hansebyarne ut or det handelsveldet, dei hadde rivet til seg i dei norske og danske byarne. Paa denne tidi tok **Martin Luther** til og preika ei reinare tru, og Kristian var den fyrste styraren utanfor Tyskland, som hadde samhug med han.

Kristian var soleis ein mann, som vilde føra folki sine fram til ei ny tid. Men det gamle hadde for stor magt. Aalmugen i Norig og Danmark heldt av han, men adel og presteskap hata han, og sameleis tyskararne, og sistpaa for han so skamleg aat, daa han vilde leggja Sverige under seg, at det vart hans eige fall.

I Sverige hadde riksforstandarar styrt i all denne tidi, fyrst Stein Sture den eldre, til han døydde, og sidan **Svante Nilsson Sture** (av ei onnor Sture-ætt), til han døydde, og etter honom son hans, **Stein Sture den yngre**. Denne kom i strid med erkebispen, **Gustav Trolle**, som hadde teket paa aa tinga med Kristian. Erkebispen vart avsett, men daa sende Kristian ein stor her av danskar og leigesoldatar til Sverige og slo Stein Sture ved *Bogesund* i Vestergjøtland. Stein vart saara og døydde paa vegen til Stockholm. Etter fleire harde slag vart Kristian herre i Sverige og vart krynt som Sveriges ervekonge. Daa tenkte han, at han skulde slaa ned det svenske stormannsveldet, so svensken ikkje skulde reisa ufred meir. Dei, som hadde voret med og avsett Gustav Trolle, vart dømde fraa livet; 2 bispar og 13 riksraadar og riddarar og mange gjæve borgarar vart retta, og liket hans Stein Sture vart uppgravet og brent. Denne ugjerningi kallar dei *„det stockholmske blodbad“*. Andre stader let han gjera det same, og paa heimvegen til Danmark heldt han paa og drap. Det er fortalt, at han tok livet av 600 menner, endaa det nok ikkje var fullt so mange. Han kravde vaapni av dei svenske bønderne og lagde paa nye skattar, og so for han til Danmark. Sidan kalla svensken han for Kristian Tyran. 1520.

No tenkte Kristian, at han hadde kua svensken. Men svensken var alt fraa Engelbrekt Engelbrektssons dagar vakt upp til liv og aalmennhug. Ein av dei stormennerne, som var retta, hadde

ein son, **Gustav Vasa.** Han for upp til Dalarne og kalla dalkarlarne til vaapn til aa berga fødelandet, og dei var viljuge. Dei samla seg og fridde landet for dansken, og Gustav vart teken til riksforstandar i 1521.

Paa same tid, som svensken reiste seg, fekk Kristian ufred med Lübeck. Adel og presteskap i Danmark fall fraa han og totte dei hadde grunn til det. Heile riksraadet hadde ikkje so mykje magt som Sigbrit Villums, og daa Kristian mistenkte adelsmannen **Torbern Okse** for aa hava gjevet Dyveke forgift, og riksraadet ikkje vilde døma han, let han 12 bønder døma han fraa livet, reint mot skikk og bruk. Presteskapet hata han, for di han heldt paa den nye trui. Attaat dette hadde han innsett ei ukjura, tyskaren **Didrik Slaghekk**, til erkebisp i Danmark, men sidan skulda han denne, for di han hadde lokka han til „det stockholmske blodbad", og brende han livande. Han hadde innsett og avsett bispar som han vilde. Daa han laut leggja paa store skattar, fall jamvel aalmugen i Jylland fraa han, men alle andre stader heldt borgarar og bønder trufast paa han. Fredrik, farbror hans, eggja stormennerne til fraafall, og riksraadarne i Jylland sette Kristian av. Kristian vart reint hugbroten og visste ikkje, kva han skulde gjera. 20 gonger paa *ei* natt rodde han att og fram millom Jylland og Fyn; endeleg raadde han seg til aa fara ut or landet til kjeisar **Karl den femte,** verbror sin. Han hadde kona si, syster hans Karl, og tri smaa born og fleire vener med seg. Sigbrit Villums var og med; folk var so hatige paa ho, at dei laut bera ho umbord i ei kista. Men kongen sjølv var so elska av borgararne, at daa han siglde fraa Kjøbenhavn, var strandi og festnings-murarne fulle av folk, som sorgfulle stirde etter kongen sin. 1523.

Alle dei store tankarne, Kristian hadde arbeidt for, vart upp i inkje. Dei gode loverne hans vart brende, og Danmark kom i henderne paa stormannsveldet att.

No vart Fredrik teken til konge i Danmark, og etter ein lang strid med borgararne i Kjøbenhavn og hine venerne hans Kristian fekk han heile Danmark i si magt. Ved den nye handfestningi fekk adelen endaa større magt; bønderne paa Sjælland og øyarne, som høyrde til, vart „vornede" liksom fyrr, og adelen fekk „hals og hand" yver festebønderne, det vil segja, rett til aa setja deim fast og, naar dom var fallen, straffa deim.

I Norig styrde dessimillom **Nils Henriksson Gyldenløve** til Austraat nordanfjels; han var den rikaste og gjævaste mannen i Norig. Sunnanfjels skulde **Olav Galle** styra. Baae tvo var innfødde nordmenner. Men sunnanfjels fekk snart Henrik Krummedike magti, han som hadde drepet Knut Alvsson. Han arbeidde paa aa faa Fredrik vald og det norske riksraadet nedlagt. Ein annan dansk mann, **Vincens Lunge**, fekk magti nordanfjels; han var gift med dotter hans Nils Henriksson, og dermed fekk han rett som innfødd nordmann og vart den megtigaste mannen i Norig. Han arbeidde paa aa faa Norig sambundet med Danmark, men vilde, at det skulde vera fritt og sjølvstendigt, og det norske riksraadet skulde vera jamsides med det danske. Erkebispen, nordmannen **Olav Engelbrektsson**, heldt med Vincens Lunge, og daa fyrste sagde nordmennerne Kristian upp og tok Fredrik til konge.

I Sverige tok dei Gustav Vasa til konge i 1523, og soleis var daa Kalmar-samlaget sprengt.

Fredrik den fyrste. 1524–1533. Det norske riksraadet bad Fredrik landvisa Henrik Krummedike fraa Norig og let han lova i handfestningi si, at Norig skulde vera eit fritt valrike, og at han ikkje skulde gjeva len til andre enn innfødde eller inngifte herrar, og løysa inn Orknøyarne.

Under Fredrik den fyrste fekk den lutherske reformation inngang i Danmark. Presteskapet der var faakunnigt og laag mykje i lauslivnad, og dette gjorde mykje til, at folk lengta etter ei reinare tru. Det var mange og, som venta berging fraa trældom og naud av den nye frie læra. Adelen hadde ikkje stort mot truskiftet helder, av di kyrkja aatte tridjeparten av alt jordegods, og dette vilde adelen gjerne hava sjølv. **Hans Tausen** preika den nye læra, og **Hans Mikkelsen** umsette det nye testamentet paa dansk. Borgararne i dei største byarne var dei fyrste, som tok ved den nye trui. I Norig vart mest ingenting gjort for reformationen, anna enn at ein munk **Antonius** dreiv paa saki i Bergen og fekk mange borgarar med seg.

Dessimillom hadde Kristian den andre prøvt paa at faa hjelp. Han baud seg til aa selja Island og andre øyar til England, men det hjelpte ikkje. Han hadde gjenget yver til den lutherske

trui, um det skulde hjelpa, men daa kjeisar Karl hata denne, gjekk Kristian yver til den katolske att. Daa hjelpte Karl han til aa samla ein stor her og flaate, og med den siglde Kristian til Norig, men storm øydelagde mange av skipi hans, og det var berre leivningarne av flaaten han kom til Norig med, 1531. Her fekk han hjelp av erkebispen Olav Engelbrektsson og dei andre bisparne, som baade var rædde Luther-trui, og at Norig skulde koma under Danmark. Dette saag det mest ut til, daa Fredrik hadde gjevet dei sterkaste festningarne i landet til danskar, tvertimot handfestningi. Kristian vart teken til konge i Oslo, men han kunde ikkje taka Akershus, som hadde ein danske, **Mogens Gyldenstjerne**, til hovding. Vaaren 1532 kom det ein dansk flaate til Oslo under **Knut Gyldenstjerne**, bror hans Mogens, og det spurdest, at ein svensk her og var paa vegen, daa den svenske kongen var likso rædd Kristian som den danske kongen var. Daa tinga Kristian med dei danske hovdingarne. Dei avtala at Kristian skulde draga til Danmark og tala sjølv med Fredrik, farbror sin, og dei lova han trygd til ferdi. Men Kristian vart sviken og førd til Sønderborg og innestengd i eit fangehol. Døri vart tilmura, og han fekk maten gjenom eit hol i muren. Samstundes døydde einaste son hans. Her sat Kristian som adelens fange i 17 aar; daa vart han førd til Kallundborg, og der hadde han det mykje betre. Han døydde 1559, 78 aar gamal, og daa hadde han voret fange i 27 aar.

Daa Kristian var fanga, laut erkebispen gjera fred og betala ei stor pengebot, og no vart Fredrik konge att paa same vilkaari som fyrr. Han døydde 1533.

Kongeløysa. 1533–1537. Den danske adelen vilde hava hertug Kristian, son hans Fredrik, til konge, men daa han heldt med Luther, hadde han mange mot seg, og kongevalet vart utsett. Dessimillom styrde det norske riksraadet i Norig og det danske i Danmark.

Borgararne i Danmark vilde hava Kristian den andre att. Borgmeistararne i Kjøbenhavn og Malmø gjorde samlag med borgmeistaren i hansebyen Lübeck, **Jørgen Wullenvever**, som studde seg til aalmugen i Lübeck og no vilde nytta tilføret og taka magti fraa det danske riksraadet og vinna att det gamle

handelsveldet i dei nordlege landi. Bønderne slo lag med borgararne. Nokre aar fyrr hadde dei forpinte tyske bønderne reist seg; den fridomen, som Luther preika um, lagde dei ut paa si vis og sette upp mot herrarne sine; men etter ein forfælande strid laag bønderne under, og det vart likso galet med deim eller endaa verre enn fyrr. No reiste dei danske bønderne seg med og vilde faa ein ende paa trældomen, og dei og borgararne freista no for siste gongen paa aa fri seg fraa adelsveldet. Grev **Kristofer av Oldenborg** var føraren deira, og etter honom fekk denne ufreden namnet *„grevens ufred“* („grevens feide“). I fyrstningi gjekk det godt. Kristian den tridje vart teken til konge av stormennerne i Jylland, men greven tok resten av Danmark. Men snart etter slo **Johan Rantsau**, herføraren hans Kristian den tridje, bønderne i Jylland og refste deim reint grysjeleg. Sidan vann han eit stort slag ved *Øksnebjerg* paa Fyn. Gustav Vasa sende Kristian den tridje hjelp, og den danske og svenske flaaten slo lübeckarne paa sjøen. Sistpaa laut Malmø og Kjøbenhavn gjeva seg. Kjøbenhavn heldt seg lengst; borgararne der gav seg ikkje, fyrr dei hadde etet upp alt dei hadde, so det fanst ikkje anna att enn „lauvet paa trei“. Hermed enda denne ufreden. Lübeck kom aldri til magt meir. Bønderne vart endaa verre trælka enn fyrr. I 49 herad i Jylland vart dei dømde fraa livet, men slapp med aa betala store pengebøter og verta festebønder. Med borgarstandet, som hadde teket seg storveges fram under dei siste kongarne, gjekk det og mykje til atters, daa adelen fekk all magti, og det varde tvo aarhundrad, fyrr Danmark vart so rikt, som det var fyre grevens ufred.

Baade greven og kongen vilde i denne ufreden faa Norig paa si sida. Erkebispen vilde venta og sjaa, korleis det gjekk, men Vincens Lunge, som no var hovding paa Akershus, fekk dei sunnanfjelske riksraadarne til aa velja Kristian den tridje. Erkebispen vilde ikkje godkjenna dette valet, som ikkje var lovlegt, og tillyste ein herredag i Trondhjem[1] 1536. Der kom Vincens og nokre utsendingar fraa Kristian den tridje, og mange bønder kom og. Strakst kravde Vincens og hine skatt for Kristian, endaa han ikkje paa lovleg maate var vald til konge, men daa vart bønderne so harme, at dei slo ihel Vincens og

[1] So kalla dei Nidaros no.

sette fast hine utsendingarne. Men til aa berga landet skorta det aalmugen paa framferd og aalmennhug og gode hovdingar. Erkebispen prøvde paa aa taka Akershus og Bergenhus, men det laake mannskapet, han hadde, var det ingi magt i. Ved same leitet gav Kjøbenhavn seg, og daa baud erkebispen forlik. Men daa han fekk sjaa, korleis adelen for aat i Danmark, totte han det var helder spelegt aa tru seg til den og for ut or landet. Han hadde med seg kruna og hine riksklenodiarne, hev dei fortalt, og desse kom aldri attende til Norig. Strakst etter døydde han. Mennerne hans heldt seg endaa i borgi hans, *Steinviksholm,* i Stjørdalen. Men dette var ei laak festning og hadde ikkje ferskt vatn dessmeir. Ein dansk her lagde seg for ho og tok ho nokre dagar etter.

Dermed gav Norig seg under Kristian den tridje, 1537.

Strakst Kristian hadde fenget magti i Danmark, samla han ein riksdag i Kjøbenhavn 1536. Denne riksdagen innførde Luther-trui i Danmark. Bisparne vart avsette og klostri nedlagde. Rikskassa fekk bispegodset, men adelen reiv til seg det meste av klostergodset og kyrkjegodset. I staden for bispar kom det no superintendentar, som hadde fast løn av rikskassa og ikkje hadde sæte i riksraadet og ingi verdsleg magt. Namnet bisp kom elles snart i bruk att.

No fekk adelen all magti i riksraadet, og daa han attaat fekk uhorveleg mykje geistlegt jordegods, vart han so megtig, som han aldri hadde voret fyrr.

Kong Kristian baud, at Luther-trui skulde innførast i Norig; ho var mest ukjend der, men Norig var viljelaust som elles. Dei fleste bisparne vart avsette og nye innsette, men prestarne vart verande i embættet. Det vart mest ikkje gjort anna til aa fremja reformationen i Norig, enn at kongen let kloster- og bispegodset tilfalla den danske rikskassa, og at danskarne tok gull og sylv og røva fraa kyrkjor og kloster og førde det til Danmark. Fraa domkyrkja i Trondhjem førde dei burt alt som fanst av eignaluter paa 2 skip. Det eine sakk ved Agdenes, og sjørøvarar tok det andre. Danskarne snøydde so reint av, at mange stader vanta dei kyrkje-kar til sakramenti. Kyrkjorne vart i mange bygder so forfalne, at aalmugen høyrde ikkje gudstenesta so langt aaret var og kunde ikkje faa døypt borni. Hamar og Oslo bispedøme vart slegne ihop til eitt, og erke-

bispesætet i Trondhjem vart nedlagt. Mykje av det godset, som den danske rikskassa fekk no, vart brukt til aa hjelpa upp universitetet i Kjøbenhavn og dei danske latinskularne, men Norig hadde ikkje noko universitet, og mest ingenting vart gjevet til dei norske latinskularne, so det snart vart reint jammerlegt med deim. Paa denne maaten var det berre faa nordmenner, som fekk slik upplæring, at dei kunde lesa til prest i utlandet. Danske prestar vilde helder ikkje gjerne fara til Norig, so etter kvart som dei gamle katolske prestarne døydde ut, vart det presteløysa mange stader, og dei prestarne, som dei fekk, var reint ulærde folk, som drakk og slost og flaadde aalmugen, naar dei kunde sleppa til. Attaat alt dette preika dei paa dansk, som aalmugen ikkje hadde godt for aa skyna. Paa denne maaten fekk folket ingi upplysning, og det gode i den gamle trui gløymdest av, men det range hekk lenge i, dei fleste staderne umkring 100 aar eller so og mange stader endaa lenger. I denne millomtidi, til den nye trui vann seg fram, var folket villare og verre, enn det hadde voret fraa di landet vart kristna. Det svivyrde dei lutherske prestarne; mange stader kom aalmugen full i kyrkja, let vera aa døypa borni og gifte seg utan aa bry seg med aa koma i kyrkja. Mange prestar vart ihelslegne eller burtjaga. Dei verdslege embætsmennerne hadde det ikkje for godt dei helder. Bønderne brydde seg lite um deim og heldt ting og møte paa si eigi hand og tok til vaapn og truga embætsmennerne til aa gjeva etter, naar det var noko bønderne ikkje lika, endaa um embætsmennerne hadde retten paa si sida. Den fyrste tidi etter reformationen var ei rein villmannstid og i fleire maatar den verste tidi, so lenge landet hev voret bygt.

Paa Island sette baae bisparne seg mot den nye trui. Ein dansk adelsmann tok den eine bispen, **Ogmund** paa Skaalholt, ein blind gubbe paa 80 aar, og reiv han ut or sengi og sette han paa ein hest og førde han til Danmark. Den andre bispen, **Jon Areson** paa Holar, tok til vaapn, men vart fanga og retta med baae sønerne sine. Sidan gjorde ikkje islendingarne motstand. Med bispegodset gjekk det som i Norig.

Paa riksdagen i Kjøbenhavn fekk adelen kongen til aa skriva under ei handfestning, som fastsette, at Norig heretter „skulde vera under Danmarks kruna, liksom eit av dei andre landi,

Jylland, Fyn, Sjælland eller Skaane er, og heretter ikkje vera eit kongerike for seg sjølv, men ein deil av Danmarks rike til æveleg tid.“

Soleis vilde den danske adelen hava det. Norig var gjenget fort til atters, fraa di det vart sambundet med Danmark. Nordmennerne var ikkje lenger eit folk aa kalla for, men berre som ein aalmuge. Paa skularne var det ingen lærdom aa faa for andre enn deim, som skulde verta prestar. Den som vilde læra seg upp, 'anten til hermann eller statsmann, laut læra dette paa kongsgarden, men daa kongen hadde flutt ut or landet, var det ingen stad ein kunde faa slik lærdom i Norig. Det var paa lag slik, som naar dei i vaare dagar vilde taka universitetet og krigsskulen og alle høgre skular og senda ut or landet.

Dei gamle stormannsætterne døydde ut eller vart bondeætter. Noko rikt borgarstand fanst ikkje helder, daa den beste handelen var i henderne paa tyskararne. Bønderne var frie som fyrr, og det at mange adelsmenner vart bønder gav bondestandet styrke og mot; men dei brydde seg ikkje um rikssaker og hadde ikkje tanke for anna enn seg sjølve. Bisparne med erkebispen til hovding var dei einaste, som det hadde voret magt i; men no, daa den nye trui vart innførd, miste bisparne si verdslege magt, og Norig fekk ingen erkebisp lenger. Soleis var Norig hovdinglaust. Det var so audt for stormenner, at det fanst ikkje so mange innfødde stormenner med rikdom og magt, at ein kunde faa valt eit skikkelegt riksraad av deim, er det fortalt. Byarne hadde vortet smaa og fatige;[1] i heile landet fanst det truleg knapt 400,000 menneskje.[2] Alt dette gjorde landet so armt, at dansken sagde, at 2 herskip eller 300 mann var nok til aa taka heile Norig.

Det var ikkje aa undrast paa, at den danske adelen vilde taka landet, som laag so herrelaust for deim, men det laga

[1] Oslo var den største av dei sunnanfjelske byarne, men hadde langt ifraa 1000 menneskje, og dei var attaat reint utarma.

[2] Danmark hadde venteleg 3 gonger so mange. I det 13de aarh. hadde Norig umkring 560,000, Danmark 1,300,000 (umfram Skaane, Halland og Blekinge). Paa reformationstidi hadde folkemengdi minka i Danmark og. (Nokre tek no til aa tru, at Norig ikkje hadde meir enn umkring 300,000 fyre mannadauden, 200,000 etter mannadauden, og at det i fyrstningi av det 16de aarh. hadde auka paa til 300,000 att.)

seg so, at det ikkje gjekk, som adelen hadde tenkt. Norig miste riksraadet sitt, og det danske riksraadet fekk mykje aa segja i Norig, og danske adelsmenner fekk alle leni, men Norig heldt paa og var eit kongerike no som fyrr, og i dei seinare handfestningarne stod det ingenting um aa gjera Norig til eit landskap under Danmark, og nordmennerne fekk aldri vita noko um dette, at landet deira skulde vera som eit landskap. — Island fekk hava alltinget sitt liksom fyrr. Det hadde den lovgjevande og dømande magti.

Ved dette leitet reknar dei, at „*den nyare tid*“, dei kallar, tek til. Dei hadde nyleg funnet Amerika og sjøvegen til Austindia. Krut og kompass og bokprentarkunsten var uppfunnen. Dei hadde teket til aa granska dei gamle greske og romerske kunstverk og skrifter, og kunst og vitenskap vart atterfødde. **Luther** og **Kalvin** reinska kyrkja for mykje ovtru og mange ureine læresetningar. Fyrr hadde gudstenesta gjenget paa latin, men no vart fyrst bibelen og sidan mange andre bøker utgjevne paa landsmaali i ymse land, og folki lærde aa lesa paa sine eigne maalføre, og upplysningi gjekk fram. Eit nytt liv vakna, og friske tankar strøymde gjenom folki. Men nettupp i denne stundi, daa alle folk trengde all si magt og framferd til aa vera med i det store kappspranget, laag det norske folket i si djupaste vanmagt. Gamle Norig, som hadde voret so megtigt og so godt styrt og fritt, og som hadde havt eit bokrike, betre enn andre folk paa den tidi, laag no som eit skips-skrov, forutan segl og styre og flagg, og let seg taka paa slæpetog av andre. Det norske folk var no berre eit bondefolk, det friaste i Europa, men forutan politisk magt. Det norske landsmaalet kunde ikkje helder halda seg under slike tilstand. Daa landet var sambundet med Sverige, fekk svenskt maal mykje inngang hjaa dei norske stormennerne, som alt den gongen var for veike til aa staa seg mot dei svenske. Daa alle tri riki var sambundne, fekk det danske maalet inngang baade i Norig og Sverige. Men daa Sverige reiv seg laus, tok svensken eit av bygdemaali sine og gjorde til bokmaal, og fekk bibelen og andre bøker skrivne paa det; men i Norig var det ingen, som kunde halda uppe det gamle landsmaalet. Dei, som hadde upplysning og magt, var framande; daa det norske folk no berre var eit bondefolk, vart det norske maalet berre eit bondemaal, og bibelen vart aldri

umsett paa norsk.[1] Det gamle maalet livde endaa friskt paa bondebygdi, og bønderne kvad visor og spela og leika seg paa leikvollen som i gamle dagar; det var endaa liv i den norske nationaliteten, men han livde avstengd fraa verdi, ventande paa betre tider, og yver den lagde det seg no liksom eit skal av framand, dansk-tysk kultur.

Sette stykket.

Fraa 1537 til 1660.

Kristian den tridje. 1537—1559.

Fredrik den andre. 1559—1588.

Etter all denne uroi kom det no fred ei lang stund. Paa denne tidi, er det fortalt, vart det fyrste sagbruket uppsett i Norig, og sidan tok dei til aa utføra skoren trelast til Holland.

Under Kristian den tridje og Fredrik den andre miste etter kvart det tyske „kontoret“ dei ser-retterne, det hadde havt i Bergen, som var den byen, det tyske handelsveldet heldt seg lengst i. Lensherren **Kristofer Valkendorf** tvinga dei tyske handverkararne, som stødt hjelpte dei tyske kjøpmennerne, naar det var uppstyr, til aa forlata landet eller gjeva seg under by-styret liksom andre borgarar. Dei tyske kjøpmennerne vart sinna og truga med aa bruka magti, men det var ute no med den tyske yvermagti paa sjøen, so no var dei ikkje faarlege lenger, og Valkendorf sette upp kanoner og lova, at han skulde skjota ned heile tyskebryggja, soframt dei gjorde staak. Snart etter laut hanse-kjøpmennerne svara skatt og retta seg etter landsens lov liksom det norske borgarskapet, so det ikkje vart noko tyskt rike liksom i Bergen lenger.

Etter Kristian vart **Fredrik**, son hans, teken til konge. Han lagde strakst under seg Ditmarsken, etter ein hard strid.

[1] Det gamle norske bokmaalet hadde ikkje fylgt med tidi og var no venteleg ei daud, stivna form. Bygdemaali, alvisst dei nordanfjelske og austanfjelske, var venteleg komne lenger og lenger burt fraa bokmaalet, so den, som skulde umsett bibelen paa norsk, hadde voret nøydd til aa setja ihop eit nytt bokmaal. (Skilnaden var mindre paa bokmaalet og dei vestanfjelske bygdemaal, av di det nettupp var eit av desse, som dei hadde gjort til bokmaal.)

I Sverige hadde Gustav Vasa slokna. Han hadde styrt godt og gjort Sverige megtigt. Etter honom kom **Eirik den fjortande**, son hans; han var ung og braadhuga.

Sjau-aars-ufreden. 1563—1570. Det var hat millom det norsk-danske kongehuset og det svenske, og dei norsk-danske kongarne vilde gjerne leggja Sverige under seg. Fredrik tok upp tri krunor i sitt vaapn, og Eirik sette det norske og danske vaapn i sitt. Meire kom til, og i 1563 braut det ut ein øgjeleg ufred, som varde i 7 aar. Svensken vann for det meste til sjøs. Den svenske admiralen, nordmannen **Jakob Bagge**, vann ved Bornholm, men i slaget ved Øland mot den danske flaaten under **Herluf Trolle** vart han fanga, og skipet hans, Makaløs, sprang i lufti med 1200 mann. Men sidan fekk svensken yvermagti paa sjøen att. Til lands vann dansken under **Daniel Rantsau**. Han slo ein dubbelt so stor svensk her ved Svarteraa og drog langt inn i Sverige og herja; svensken vilde stengja heimvegen for han, men midt paa veteren slo han seg igjenom og førde eit stort herfang med seg. Denne ufreden vart førd med dreping og brenning paa den verste røvarvis. Svensken slo jamvel kvinnfolk og born ihel. Daa voks hatet millom svensken og dansken endaa meir.

Norig var mest reint forsvarslaust. Det fanst korkje her eller flaate, og bønderne negta tidt beint fram aa verja landet. Det var so lite samhelde millom nordmennerne, at Valdres gjorde fred med svensken. I denne ufreden herja svensken vidt og breidt. So langt hev ingen fiende komet i Norig som svensken den gongen.

Ein svensk her paa 4000 mann, tyske leigesoldatar og svenske bønder, under franskmannen **Klaudius Kollart**, tok Herjedalen og Jamteland og drog inn i Trondhjems-stift. Lensherren **Evert Bild** stengde seg inne paa Steinviksholm, men det var umogelegt aa verja seg i denne laake festningi, og han laut gjeva seg. Byen Trondhjem og dei næmaste bygderne tok Eirik den 14de til konge, og mange gjæve borgarar heldt med svensken. Kollart sende ut ein flaate til aa taka Bergen, som paa den tid var hovudstaden, aa kalla, i Norig. Men lensherren i Bergen rusta ut skip og samla bønderne i Hordaland; borgararne og tyskararne hjelpte til. Denne styrken siglde nordetter og møtte svensken ved Agdenes og fanga eller drap kvar einaste mann

so nær som eitt skips-mannskap, som kom seg undan og sagde Kollart tidend um dette, og daa stengde Kollart seg inne paa Steinviksholm med 400 mann. No reiste aalmugen seg. Svensken hadde faret aat som reine villmenner, dei hadde røva og herja i Trondhjems-stift og lenger umkring, skrivet ut bønderne til soldatar og drivet inn skattar og sett upp galgar her og kvar. Domkyrkja i Trondhjem hadde dei bruka til stall og hadde teket liket til St. Olav og vilde føra det til Sverige, men daa dei vart kjeide av aa dragsa paa liket, tok dei ut av kista dei faa sylvnaglarne, som danskarne ikkje hadde teket, og so grov dei liket ned i ei kyrkja i Stjørdalen.[1] Aalmugen hadde fenget nok av svensken. Paa nokre faa dagar vart 1000 svenskar fanga eller drepne, og 4000 nordmenner kringsette Steinviksholm. Kollart hadde ikkje nok ferskt vatn, og daa han hadde drukket sjøvatn i 8 dagar, gav han seg. Soleis vart det slutt med det svenske herredømet nordanfjels.

Sunnanfjels herja svensken gruseleg vidt og breidt paa Upplandi og baae sidorne av Kristiania-fjorden. Han brende domkyrkja og kongsgarden paa Hamar[2] og kringsette Akershus, men lensherren, **Kristen Munk**, varde seg manneleg og fekk borgararne i Oslo til aa brenna byen, so ikkje svensken skulde hava tilhelde der. Sidan kom det hjelp fraa Bergen, og svenskarne vart yverfalne. Baketter brende dei liki sine, so ingen skulde sjaa, kor store tap dei hadde lidet, og drog burt. Nokre aar etter brende svensken Sarpsborg.[3]

I 1570 slutta denne grøtelege ufreden. Sverige laut betala nokre pengar, og baae riki fekk rett til aa hava 3 krunor i sitt vaapn. Efter denne ufreden vart det eit grysjelegt hat millom nordmannen og svensken, som alstødt fyrr hadde voret gode vener. Men endaa det var ille, at so skulde henda, so var likevel i desse myrke tiderne dette svenskehatet mest det einaste, som knytte nordmennerne ihop.

[1] Nordmennerne henta sidan liket og grov det ned i domkyrkja, — men dei gløymde snart, kor det var, so no veit me ikkje lenger, kor gravi hans Olav er.

[2] Der var truleg ikkje meir att av Hamar daa. Det var ute med Hamar, daa bispesætet vart nedlagt.

[3] I staden for Sarpsborg bygde kongen sidan Fredriksstad, 1 mil lenger nede ved Glaama.

Under denne kongen hadde adelen si største magt og glans i Danmark.[1] Fleire store adelsmenner livde paa denne tid. **Henrik Rantsau** var namnkjend for sin lærdom, og **Tyge Brahe** var ein av dei største astronomarne, som hev livt. **Arild Hvitfeldt** skreiv ei Danmarks-soga, og **Peder Okse** skipa paa pengevæsenet. Men adelen var stor i det vonde og, aat og drakk og stasa seg upp og trælka ned smaafolk, so det var ei skam aa vita. Han aatte helvti av Danmark.

I Norig hadde adelen mindre velde. Dei danske adelsmennerne, som hadde gift seg inn i Norig, fekk ikkje braadt so stor rett som den danske adelen. Det var ikkje so mange av deim helder. Umkring 1600, daa denne innvandringi av framand adel slutta, var talet paa adelsmenner i Norig berre tiandeparten mot i Danmark, og adelen i Norig aatte ikkje fullt sjaundeparten av landet, daa odelsretten stod deim i vegen, og kunde ikkje vinna seg rikdom, daa dei ikkje fekk len aa styra. Daa den norske adelen hadde so lite magt og det ikkje fanst noko riksraad i Norig dessmeir, raadde kongen friare i Norig enn i Danmark, og dette lika nordmennerne godt.

Det danske riksraadet vilde gjerne raada i Norig, men det var for det meste strid millom dei danske kongarne og riksraadet um kven som skulde hava magti baade ute og heime, og dette gjorde, at korkje kongarne eller riksraadet eller dei danske lensherrarne fekk strupetak paa Norig.

Kongarne hadde ingen her i Norig, som dei kunde tvinga folket med, og dei laut fara fram med lempe og laut beda um samtykke av dei beste mennerne av alle stand, naar dei vilde hava nye skattar. Under Fredrik den andre var det fleire harde lensherrar i Norig, **Ludvig Munk** og **Eirik Munk**. Bønderne sette upp mot den eine, og sende inn klaga paa klaga yver den andre, og dei vart avsette baae tvo, endaa denne kongen heldt seg mykje til vens med adelen.

Fraa 1537 hadde Norig ein *kanslar*, som stod for rettargangen. Under Fredrik den andre vart det innsett ein *stat-*

[1] Dei danske adelsmennerne hadde alle len baade i Norig og Danmark, og daa den avgifti, dei betalte til kongen av leni, ikkje var stor, fekk dei paa denne maaten dei fleste inntekterne av baae riki. (I Norig var det elles skikk, at lensherrarne hadde leni „paa rekneskap“ og ikkje paa avgift“.)

haldar til aa styra. Dette kunde trengast og, daa Fredrik ikkje var i Norig meir enn ein einaste gong.

Fredrik var ein glad og lystig mann og tura dugeleg med adelen. Han drakk meir enn han tolde og døydde 1588.

Bokriket. *Reformationstidi* 1536—1560. All den tidi Kalmar-samlaget varde, var det ikkje faa nordmenner, som heldt paa og las dei gamle norske og islendske soge-bøkerne, og dei heldt paa og tok avskrifter[1] av deim og. Etter reformationen vart dansk bokmaalet i Norig, daa rike borgarar og embætsmenner og andre, som hadde nokor upplysning, anten var innflutte danskar (og tyskarar) eller hadde fenget upplæringi si i Danmark eller av danske bøker. Daa var det fleire nordmenner, som umskreiv kongesogorne og loverne paa dansk. Den mest namnkjende av deim er **Laurits Hansson**. Men alt som vart skrivet daa, gjekk rundt i avskrifter berre, daa landet ikkje hadde komet seg so mykje, at det hadde fenget eit prenteverk.

1560 tek *„det lærde tidsrum“*, dei kallar, til og gjeng til Holberg. Fleire nordmenner lagde seg etter Norigs-soga. **Absalon Pederson** (døydde umkring 1574) skreiv *Bergens kapitelsbog* og *Norges beskrivelse*. **Peder Klausson Fries**, prest til Undal (døydde 1614) umsette kongesogorne paa dansk og skreiv ei *Norges og omliggende øers beskrivelse* og ei *naturhistorie*. Kongesogorne hans Klausson vart ei kjær bok for bønderne i fleire hundrad aar og vakte uppatt minni fraa den gamle stortidi.

Danmark var mykje lenger framme i kultur og lærdom. I reformationstidi var det mest menner av borgarstandet, som bar bokriket (reformatorarne **Hans Mikkelsen**, **Kristjern Pedersen**, **Hans Tausen**); i „det lærde tidsrum“ var det mange adelsmenner og. Adelen, som i denne tidi hadde si største magt, gjorde mykje for lærdomen; han hjelpte upp vitenskapen og hadde store boksamlingar. I „det lærde tidsrum“ var det mange, som skreiv paa latin, men mange skreiv paa dansk og, som **Anders Vedel** og adelsmannen **Arild Hvitfeldt** (døydde 1609). Han skreiv ei Danmarks-soga fraa den eldste tidi til 1559. Etter hans tid skreiv dei danske historikarne paa latin.

[1] Mange av desse avskrifterne vart sidan øydelagde av dei danske embætsmennerne, som bruka bindet til aa hava sine rekneskapar i og kasta burt resten.

Kristian den fjorde. 1588–1648. Kristian var berre 11 aar, daa faren døydde, og difor styrde 4 riksraadar for han, til han vart myndig, 1596. Formyndarstyringi let Kristian faa ei framifraa upplæring, og daa han attaat var ein gaaverik mann, vart han i mange maatar ein god konge. Han heldt mykje av Norig, og dette synte han i gjerningi og.

Det hadde laga seg betre med Norig. Handelen tok seg godt fram. Hanse-kjøpmennerne hadde mist ser-retterne sine, og strakst gjekk det fram med det norske borgarstandet. Dei bergenske kjøpmennerne trengde tyskararne ut or Nordlandshandelen, og henta sjølve dei varorne, dei hadde bruk for, fraa Tyskland. Bergen hadde under Kristian den fjorde fleire gonger so stor handel som Kjøbenhavn. Hine byarne gjekk det og fram med, daa handelen med trelast og fisk hadde auka seg dugeleg upp. Handelen var alle stader i henderne paa norske borgarar; sameleis var det med skipsferdi, so landet fekk eit dugande sjømannsstand liksom i gamle dagar. Bønderne var frie som fyrr, og ein norsk leiglending var friare og stod seg betre enn ein dansk sjølveigar.

Med rettargangen stod det laakt til. Den øvste domstolen var herredagen, men den hadde ikkje altid stunder til aa granska sakerne og kom ihop til uvisse tider. Dei lægre domstolarne var heradstingi og lagmennerne og lagtingi; men lagretta paa heradstingi høvde ikkje lenger no, daa det mange stader var vandt aa finna gode og upplyste lagrette-menner. Endaa verre var det, at lovboki hans Magnus Lagabøtar ikkje høvde lenger, og at embætsmennerne, alvisst dei danskfødde, ikkje kunde skyna det gamle maalet, ho var skrivi paa („besynderlig ikke, hvad dennem var imod“). Til aa retta paa dette gav Kristian ut ei *norsk lovbok*; det var den gamle landslov, som han umsette paa dansk med nokre rettingar og tillegg. Han innsette sorenskrivarar til aa vera raadgjevarar for lagretta, og gav ut ei norsk kyrkjelov og. Han var tidt til stades paa herredagarne, som under Kristian for det meste kom ihop tridje kvart aar. Han refste strengt fleire av lensherrarne, som endaa mest var danske adelsmenner, og fastsette, at berre innfødde nordmenner kunde faa kanslar-embættet, og kalla tidt ihop dei norske stand til riksdag. Han hadde umsut for upp-

lysningi, skipa det danske universitetet betre, sette i gang eit adelegt akademi i Sorø i Danmark, og 6 høgre skular (gymnasier), 5 i Danmark og 1 i Norig i Kristiania.

Kristian var 25 gonger i Norig. Daa det var strid um landskilet i Finnmarki med svensken, siglde han eingong radt upp til Kvite-havet, daa han vilde sjaa alt med eigne augo. Han fekk bergverksdrifti i god gang; han grunnlagde byen *Kongsberg* og sylvverket der, og *Røros* med koparverket. Desse bergverki dreiv han med tyske arbeidarar. Oslo brann i 1624,[1] og daa flutte Kristian byen yver paa den andre sida av Bjørviki, so han kom næmare Akershus festning, og bygde murar kringum den nye byen og gav han namnet *Kristiania.* 1641 grunnlagde han *Kristianssand.* Til aa hjelpa upp desse tvo byarne freista han paa aa øydeleggja grannebyarne. I Danmark grunnlagde han og fleire byar, men han øydde upp mange pengar til unyttes og med aa byggja upp gilde kongsgardar.

Paa Island stod det laakt til. All handelen var i henderne paa tyskarar og hollendingar og engelsmenner, og desse for tidt fram som reine villstyringar. Kristian vilde bøta paa dette og skipa eit danskt handelssamlag, som fekk einerett til aa driva handel paa Island (islandske kompani). Men dette vart sidan til stor skade for Island. Det vart sett takst paa alle varor, og islendingarne laut betala høge prisar for alt det, dei skulde kjøpa, og det var ikkje altid nok til aa kjøpa helder, daa tilførsli fraa Danmark tidt var for liti; for sine eigne varor fekk dei snaud betaling. For torsken, som var det Island utførde mest av, fekk dei berre setteparten av det, dei hadde fenget fyrr. Dette gjorde daa, at det ikkje lønte seg lenger aa fiska for islendingarne. Dette same kompaniet fekk einerett paa Finnmarks-handelen og, so Finnmarki vart likso utarma som Island.

[1] Daa brann domkyrkja og. Dei tenkte paa aa jorda Sigurd Jorsalafar og fleire andre kongar, som var gravsette der, paa Hovudøyi, men det vart ikkje noko av. Ingen veit no, kor kongeliki er. Sameleis hadde det gjenget i Bergen. Der reiv lensherren Eske Bilde i 1531 ned domkyrkja og andre gilde bygningar, som stod i vegen for Bergenhus festning. Ingen tok vare paa kongeliki der helder (kong Sverre, Haakon Haakonsson o. fl.). Same aaret brann mest heile Trondhjem, og daa vart domkyrkja, som var istandsett etter lauselden i 1328, so øydelagd, at ho sidan reint forforst.

Russarne hadde lagt under seg eit stort stykke av Finnmarki, fraa Kvite-havet til Kola. Det var uraad aa taka det fraa deim att, men Kristian hindra deim, so dei ikkje fekk meir.

Kalmar-ufreden. Den svenske kongen **Karl den niande,** son hans Gustav Vasa, gjorde og krav paa den norske Finnmarki og kalla seg for „konge yver alle lappar". Dette og meir til gjorde, at det vart ufred, Kalmar-ufreden dei kallar (1611—1613). Kristian tok byen og borgi Kalmar. Strakst etter døydde den svenske kongen, og son hans, **Gustav Adolf,** vart konge. Dansken vann for det meste til lands, og paa sjøen hadde han reint yvertaket. Gustav Adolf hadde leigt tvo herar i Skotland og Holland og vilde føra deim gjenom Norig til Sverige, daa dansken stengde sjøvegen gjenom Øresund. Den eine heren, som var fraa Skotland, lende i Romsdalen, 3—400 mann sterk. Dei truga ein bonde, **Peter Klungnes,** til aa syna seg vegen, og han førde deim ein lang og tung umveg, so romsdølerne skulde faa tid til aa samla seg; men dei vart ikkje mannsterke nok, og fienden slapp yver til Gudbrandsdalen. Men her gjekk bodstikka um paa gomol vis, og 300 bønder samla seg fraa Lesja, Vaage, Fron og Ringebu, og venta paa skoteheren i ei bratt lid, som heiter Kringom i Sel. Futen **Lars Gram** og tri lensmenner førde deim. Upp i lidi stelte dei til ei stor velta av timber og stein. Dei skotarne, som kom fyrst, fekk lov til aa sleppa framum, men daa storhopen kom, slepte dei velta ned paa deim, og skotarne vart knasa sund eller slengde ut i Logen eller ihelskotne. Lensmannen **Berdon Segalstad** skaut **Sinklar,** ein av førararne, med ein sylvknapp, daa han trudde, at bly ikkje kunde bita paa han. Sidan sette bønderne etter deim, som var komne framum, og hogg deim ned eller fanga deim.

Den andre heren paa umkring 1400 mann under **Munkhaven** slapp gjenom Stjørdalen fram til Sverige og fekk ikkje motstand.

Ved freden til *Knærød* 1613 gav Gustav Adolf upp kravet paa Finnmarki.

Sidan skipa Kristian ein her i Norig, so det ikkje skulde henda meir, at ein fiende trengde seg fram midt gjenom tjukke bygderne. Soleis fekk daa Norig eit landsforsvar. Fraa denne tidi vart mannskapet til flaaten for det meste teket fraa Norig og.

Indre tilstand i Danmark. Medan Norig i alle maatar no reiste seg upp fraa si vanmagt, vart Danmark veikare og veikare. Herremennerne hadde umfram hals- og handsretten fenget *birkerett* og, det vil segja rett til aa lata bønderne sine døma av domarar, som dei sjølve innsette, og det var mest tenararne deira, som aldri torde døma anderleis, enn herremennerne vilde. Naar bønderne vart so trælka, kunde ikkje jordbruket gjeva stort av seg, og difor vart Danmark fatigare no, enn det hadde voret fyrr, og største inntekti for rikskassa var Øresunds-tollen, som alle skip laut betala, som siglde gjenom Øresund. Folkemengdi minka.[1] Bønderne dugde lite til aa bera vaapn for eit fedraland, som berre baud dei trældom, so naar det ikkje var leigesoldatar til aa faa, var Danmark mest forsvarslaust til lands. Flaaten fekk, som sagt, det meste mannskapet fraa Norig. Adelen vilde ikkje leggja skatt og tidt ikkje hjelpa kongen paa andre maatar helder. Adelen var vanslegta og utlivd. Same sykja kom no paa den liksom fyrr paa den norske adelen, og den eine stormanns-ætti etter den andre døydde ut. Den danske adelen, som hadde gjevet Danmark slik glans, saug fyrst livskrafti ut or landet, og so visna han sjølv baketter.

Norig og Danmark med i Tretiaars-ufreden. Det synte seg snart, kor veikt Danmark var, i den næste ufreden (1625—1629). Kristian var med nokre aar i Tretiaars-ufreden, som stod i Tyskland millom katolikkar og protestantar. Kristian drog inn i Tyskland og vilde hjelpa protestantarne, men han tapte og laut draga heim. Dei katolske herførararne **Tilly** og **Wallenstein** tok heile Jylland, og det var berre flaaten, som berga Danmark. Kongen skreiv eingong under denne ufreden, at det fanst ikkje so mange danskar i heile heren hans, at det kunde verta so mykje som eit kompani av deim. Ved freden fekk han att landet sitt, men tyskararne hadde herja grysjeleg i Jylland i tvo aar, og heile landet vart utarma.

Den einaste boteraadi for Danmark var aa taka magti fraa adelen og hjelpa upp bondestandet. Dette skyna Kristian og, men han var ikkje mann for aa setja det i verk. Han var

[1] Folkemengdi var paa denne tidi i Danmark 900,000, i Norig 450,000. I Danmark var det paa denne tidi 5000 sjølveigarar, 40,000 festebønder, i Norig 12,000 odelsbønder, 28,000 leiglendingar paa lag.

arbeidsam som faa og hadde god vilje, men han lagde seg upp i for mange smaating (slikt som trøya til barnepika hans, ei fjøl til ein port eller aa senda stakken til dotter si til letaren).

Ny ufred med Sverige. Dessimillom vart Sverige megtigare og megtigare. Gustav Adolf sette yver til Tyskland og vilde hjelpa protestantarne og gjekk fram fraa siger til siger, til han fekk ein ærefull bane ved *Lützen*. Sidan førde hovdingarne hans svenskarne og stridde manneleg for den gode saki og gjorde Sverige til ei stormagt. Daa vart Kristian rædd og tok til aa tinga med Sveriges fiendar, men det svenske riksraadet let radt general **Torstenson** draga fraa Tyskland inn i Danmark. Kristian hadde berre nokre faa hundrad mann under vaapn, og i ei handevending tok svensken heile Jylland. Denne nye ufreden varde fraa 1643—1645. Det danske riksraadet vilde ingenting gjera, men Kristian sjølv stridde manneleg, endaa han var 67 aar. Han møtte den svenske flaaten ved *Femern*. Han var um bord paa skipet „Trefoldigheden“ og lagde inn i den heitaste elden. Ei svensk kula raaka ein planke, so han dreiv i mange stykke, og bitarne drap eller saara 12 mann, som stod umkring kongen, og Kristian sjølv miste det høgre auga og fleire tenner og datt i svime. Daa trudde mennerne hans, at han var fallen, og ropa: „Kongen er daud!“ men daa stod han upp og sagde: „Nei, Gud hev endaa unnt meg liv til aa strida for folket mitt, naar berre de vil gjera skylda dykkar“. Han vart staa-ande paa dekket med bind um hovudet, til svensken drog seg attende. Ein flaate fraa Holland kom den svenske flaaten til hjelp, og den svensk-hollendske flaaten øydelagde sidan ein deil av den norsk-danske under **Pros Mund** etter ein hard strid.

I Norig var **Hannibal Sehested**, kongens maag, stathaldar. Han var ein pengekjær mann; medan han var stathaldar, fekk han lagt under seg 1100 gardar, $^1/_{16}$ av alt jordegods, som fanst i landet. Etter honom fekk ufreden i Norig namnet *Hannibals-ufreden*. Han hadde havt mykje umsut for heren, og medan Danmark no var mest verjelaust, berga nordmennerne godt landet sitt og gjorde fleire herferder inn i Sverige. Mest namnkjend i denne ufreden vart **Kjell Stub**. Han hadde studera i Kjøbenhavn og sidan tent som soldat i Holland, og her tente han seg upp. Daa ufreden tok til, var han prest i

Ullensaker. Hannibal gjorde han til oberst, og sidan reid Kjell Stub upp og ned langs med lina (landskilet) med ei livvakt paa 12 hestkarar og heldt svensken ute. Etter ufreden vart han prest att og døydde paa preikestolen.

Kristian gjorde fred til *Brømsebro* 1645. Norig laut gjeva fraa seg Jamteland og Herjedalen, som hadde voret mest liksom eit rike for seg sjølv og var halvsvenskt; Danmark laut gjeva fraa seg øyarne Øsel og Gotland, og Halland paa 30 aar, gjeva upp sundtollen for Sverige og setja han ned for Holland. Dette var eit stort tap for rikskassa.

Etter denne harde freden kom i stand, livde Kristian endaa i 3 aar. Han kunde ikkje berga riket sitt or naudi, daa adelen stendigt var tver og berre tenkte paa seg sjølv.

Fyrr han døydde, fekk han etter gamal skikk valt eldste son sin til ettermann, men denne døydde, og strakst etter døydde faren, fyrr det vart tid til aa faa Fredrik, andre son hans, valt. Soleis var riket kongelaust, daa Kristian døydde, 1648.

Kristian den fjorde var den einaste kongen, Danmark hadde havt paa lenge, som lika betre dansk enn tysk. Alle hine kongarne snakka for det meste tysk, og tyskdomen fekk stor magt i Danmark, so det danske maalet var meir uppblanda med tysk no enn paa reformationstidi.

Bokriket. Norske umskrifter av kongesogorne og loverne var komne til Danmark, og mange totte godt um deim, alvisst ein utifraa lærd danske **Ole Worm** (d. 1654). Han fekk islendingarne til aa taka paa med aa studera det gamle bokriket; dei hadde lettast for det, daa dei ikkje hadde mist det gamle maalet sitt, og islendingarne dreiv trottugt paa i Kjøbenhavn, og dit vart det sendt fulltupp med gamle handskrifter.

Av diktarar paa denne tidi er der berre ein aa nemna: **Anders Arrebo** (d. 1637), ein danske, nokre aar bisp i Trondhjem. — I Norig vart den fyrste boki prenta 1644. I Danmark var bokprentar-kunsten innførd umkring 150 aar fyrr.

Fredrik den tridje. 1648–1670. Det danske riksraadet venta nokre maanadar med aa velja den nye kongen. Endeleg vart **Fredrik** vald paa ein riksdag av adel, presteskap og borgarar (dei danske bønderne hadde ikkje møtt

fram sidan 1570), men han laut skriva under ei handfestning, som var den strengaste, ein dansk konge hadde underskrivet. Men Fredrik var ein umtenkt og sløg mann, og vart faarlegare for adelsveldet enn far hans hadde voret. Maagarne hans Kristian, **Hannibal Sehested** og **Korfits Ulfeldt,** hadde havt mykje aa segja fyrr, men no kom det upp, at dei hadde faret uretteleg aat. Ulfeldt drog fraa Danmark og vart sidan landssvikar. Sehested vart avsett som stathaldar og skulde gjera greida for seg, men han gav alt i kongens vald, gav fraa seg til kongen alt det jordegodset, han hadde eigna til seg i Norig, og det slapp han med.

Paa denne tidi fekk Sverige ein djerv og ærekjær konge, som het **Karl Gustav,** systerson hans Gustav Adolf. Daa den polske kongen, som høyrde til Vasaætti, gjorde krav paa kongedømet i Sverige, sette Karl Gustav yver til Polen med ein ypparleg svensk her. Svenskarne hadde daa havt ufred i mange aar, og i denne lange ufreds-tidi var den svenske heren so godt upplærd, at det fanst ikkje betre her i Europa. Karl Gustav tok snart Polen; men polakkarne reiste seg paa alle kantar og hogg ned smaahopar av den svenske heren, og det tok til aa sjaa myrkt ut for Karl Gustav. Fleire magter var rædde Sverige og mana paa Fredrik den tridje, at han skulde nytta tilføret og brjota freden.

Norig og Danmark var laakt fyrebudde. Kongen hadde lova adelen i handfestningi, at han skulde ikkje leggja paa avgifti av leni, og daa utgifterne var større enn inntekterne, var der ingen annan utveg enn aa pina aalmugen. I slike harde tider bruka dei paa kongsgarden upp tridjeparten av alle inntekterne. Den danske heren var laak og uøvd, daa adelen ikkje lika ein god fast her, som kongen lett kunde bruka til skade for adelen. Endaa kassa var tom og heren uøvd, meinte endaa Fredrik og riksraadet, at dei no kunde taka att det, som Norig og Danmark hadde mist ved Brømsebro-freden, og dei sagde upp freden.

Ufred med Sverige 1657—1660. Karl Gustav vart glad, for di han no fekk aaføre til aa draga seg ut or Polen med æra, og skunda seg med 8000 mann nordetter til Danmark og tok heile Jylland. Ingenstad stod danskarne imot, so det muna, endaa dei var dubbelt so mange. Den norsk-danske

flaaten jaga den svenske i hamn, so den svenske heren kunde ikkje koma yver til dei danske øyarne; men daa sette det i med sprengkulde um veteren, og det lagde seg tjukk is paa alle sundi. Daa vart Karl Gustav glad. „Nu bror Fredrik skola vi talas vid på god svenska," sagde han og gjekk yver isen. Det var ei vaagsam ferd, men lukka var god. Daa han kom yver til Sjælland, laut Fredrik gjera ein hard fred i *Roeskilde* 1658. Danmark laut der gjeva fraa seg Skaane, Halland og Blekinge og Bornholm, og Norig miste Bohuslen og Trondhjemslen so nær som Nordland og Finnmarki, endaa nordmennerne hadde vunnet i denne ufreden; **Jørgen Bjelke** hadde teket Jamteland, og **Ivar Krabbe** hadde havt yvertaket i Bohuslen og hadde herja i dei svenske grannebygderne.

Men Karl Gustav trega snart paa, at han ikkje hadde teket alt ihop, og sumaren 1658 gjekk han i land paa Sjælland og gjekk mot Kjøbenhavn. Mange talde kong Fredrik til aa fly til Norig eller Holland, men han svara, at han vilde døy i „reidret sitt". Alt stod paa, um Kjøbenhavn kunde halda ut, til det kom hjelp, for sjømagterne vilde ikkje, at anten Danmark eller Sverige skulde eiga baae sidorne av Øresund, for sundtollens skuld. Festningsverki var i forfall og laake, men dei arbeidde natt og dag paa aa setja deim i stand; jamvel kvinnfolk og born arbeidde. Daa Karl Gustav kringsette byen, tok alle til vaapn og stridde djerveleg. Det skorta paa mat, men daa kom det ein flaate fraa Holland til hjelp med mat og mannskap. Daa gjorde Karl Gustav eit stormlaup natti millom 10de og 11te febr. 1659. Svenskarne hadde kvite skjortor utanpaa, so fienden ikkje skulde kjenna deim fraa snøen, men dette vart likskjorta for mange; svensken leid eit svært tap.

Sidan kom det hjelp fraa fleire magter, og svensken leid tap paa tap. 5000 vart fanga eller drepne ved *Nyborg* paa Fyn. Aalmugen paa Bornholm reiste seg og drap paa *ei* natt mest alle svenskarne paa øyi.

Nordmennerne berga seg godt i denne ufreden. Etter freden til Roeskilde hadde svensken teket styringi i Trondhjemslen, og skreiv ut soldatar og for hardt fram. Den norske heren vestanfjels og sunnanfjels drog upp i Trondhjemslen, og 500 gudbrandsdøler vart med. Daa samla trønderne seg og, og no slo dei svensken i fleire slag og kringsette han i Trondhjem.

Den svenske styraren **Klas Stjernskøld** sagde, at fyrr skulde han koka supa paa skinnbroki si, fyrr han skulde gjeva seg. Men han gav seg snart like vel, og no vart Trondhjemslen kvitt fienden.

Den heitaste striden i Norig stod umkring ein liten by, som het *Halden,* i Smaaleni, ikkje langt fraa landskilet. Det fanst ingi festningsverk eller skansar der. Hausten 1658 kom svensken under **Harald Stake**, 1200 mann hestfolk og 3 kompani fotfolk, gjenom Enningdalen og ætla seg mot Halden. Her laag berre 4 kompani fotfolk, men major og kjøpmann **Peder Olufsen Normand** sende bod til Fredriksstad, og derfraa kom det 2 kompani, og bønder og borgarar hjelpte og til. Natti fyrr svensken kom, sette dei upp ein skanse tvertyver vegen, og sette 3 smaa skipskanoner paa *Overberget* tett ved. Daa dei ikkje hadde kulor, gjorde dei former av murstein og støypte kulor all natti. Morgonen etter kom svensken med full musik og var viss paa han skulde taka radt den vesle byen. Men nordmennerne varde seg manneleg. Svensken gjekk paa i 7 timar, daa laut han snu og hadde mist mykje folk.

Det var aa venta, at svensken vilde hemna seg, og difor bygde nordmennerne fleire skansar av kampestein her og kvar paa fjelli umkring byen. Aaret etter kom Stake att med 4000 mann. Det rann ei elv, Tista, fraa aust mot vest tvert igjenom byen, og det var bru yver elvi. Svensken drog fram mot nordsida av byen, og her møtte nordmennerne han, men yvermagti vart deim for stor. Daa kveikte dei eld paa husi og drog seg attende til brui. Her samla alle nordmennerne seg, og det stod ein hard og lang strid. Etter store tap laut svensken draga heim.

Veteren 1660 sende Karl Gustav ein her paa 6000 mann under generalarne **Kagge, Stake** og **Horn** mot Halden, men daa hadde nordmennerne laga seg betre til. Det laag 1800 nordmenner i Halden under **Tønne Hvitfeldt, Peder Normand, Kristian Holberg** og fleire gjæve førarar. Daa dei ikkje kunde verja nordsida, kveikte dei eld paa dei husi, som stod att der. Svensken gjorde radt stormlaup paa *Braatelands-skansen.* Eit krutfat i skansen sprang i lufti, nordmennerne kom i ulag, og skansen vart teken. Herfraa kunde svensken lett teket byen. Daa kom det hjelp fraa hine skansarne, nordmennerne storma fraa tri kantar, og etter ein heit strid, som heldt paa ein time,

tok dei att skansen. Svensken gjorde fleire stormlaup, men skansen heldt seg. Denne dagen miste svensken innpaa 500 mann, daude og saara. Sidan skaut han med gloande kulor paa byen og tok ein liten skanse paa Rødsberget og stakk ihel deim, som var sjuke og saara, som han fann der, og i byen kunde ein høyra, at dei bad for seg. Byen vart mest øydelagd, det gjekk fælt med sjukdomar, og dei vanta baade mat og krut, og naudi og svulten auka paa med kvar dag. Daa byen hadde voret kringsett i 6 vikor, gjorde svensken stormlaup paa Braatelands-skansen att, men han leid store tap. Daa var det komet tidend til svensken um, at kongen deira hadde braaddøytt og daa snudde han heim og herja og brende paa heimvegen. Berre 3000 mann kom att av den svenske heren. Av nordmennerne var 900 vaapnføre menner att.

Kongen lønte sidan Halden for dette. Byen fekk kjøpstadsrett og namnet *Fredrikshald*, og kongen let byggja festningi *Fredrikssten* paa eit høgt fjell tett ved byen.

Daa Karl Gustav hadde slokna, kom det snart fred i stand i Kjøbenhavn 1660. Norig fekk att Trondhjemslen, og Danmark Bornholm, men Sverige fekk hava Bohuslen og Skaane, Halland og Blekinge, daa hine magterne, som hadde hjelpt Danmark, ikkje vilde, at det skulde faa att herredømet yver Øresund.

Sjaunde stykket.

Fraa 1660—1814.

Einvaldsmagti vert innførd. Etter denne ufreden stod det grøteleg til. Norig hadde ikkje lidet so mykje endaa, men i Danmark var gardar øydelagde, buskapen nedhoggen, næringsvegerne i forfall og gjeldi so stor, at korkje heren eller embætsmennerne kunde faa løni si. Alle hata adelen, som hadde gjort lite gagn i ufreden, men mange elska kongen, som hadde voret ein motig mann. Borgararne i Kjøbenhavn, som hadde boret vaapn og stridt manneleg, var ikkje meinte paa aa krjupa for adelen lenger, og det lutherske presteskapet vart no so megtigt, at det helder ikkje unte adelen all magti.

Fredrik kalla ihop ein riksdag av adel, presteskap og borgarar i Kjøbenhavn til aa faa pengar. Adelen var det einaste

stand, som aatte noko, men han negta reint ut aa betala skatt. Daa tenkte borgarar og presteskap paa aa gjera kongen til ervekonge og gjera handfestningi til inkjes. Men dette sagde adelen nei til og vilde fara heim, so riksdagen skulde verta upp i inkje, men daa vart portarne stengde, og dei sette ut sterke vakter. Daa vart adelen skræmd, og Fredrik vart ervekonge i Danmark, liksom han var i Norig.[1]

Borgararne vona no, at kongen skulde innføra ein fri riksskipnad, liksom dei hadde i Sverige, at han skulde faa avteket vornedskapen paa Sjælland og hine øyarne (sjaa s. 109) og teket hals- og hands-retten og birkeretten fraa adelen. Men paa denne tidi auka kongsmagti mange stader i Europa, og kongen saag snart, at han hadde ikkje noko aa ræddast for, um han gjorde seg til einvaldskonge, daa baade borgarar og prestar hadde lite vit paa styring. Fredrik gav ut eit brev, som det stod i, at han skulde hava full einvaldsmagt. Alle adelsmenner og prestar og dei gjævaste borgararne skreiv under. Sidan let kongen **Peter Schumacher** skriva *kongelovi*, som vart grunnlov i Danmark og Norig. Etter den stend kongen „yver alle menneskjelege lover og hev ikkje anna hovud eller annan domar yver seg so nær som Gud.“ Naar ein tek undan sultanen i Tyrkiet, var det ingen konge i Europa, som hadde so stor magt. Det einaste, som vart fastsett for han, var at han skulde høyra til den lutherske kyrkja, bu i riket og ikkje skifta sund landi. Denne kongelovi vart ikkje kunngjord fyrr lenge etter.

No vart riksraadet avsett, og det vart skipa 5 *regjeringsdepartement* (eller „kollegier“) til hjelp for kongen. Det var like mange adelege og borgarlege i kvart departement. Formennerne i desse vart kongens *„geheimeraad“* eller kongens raadgjevarar. Daa einvaldskongarne sidan for det meste retta seg etter det, som desse departement raadde han til, kom styringi soleis no til aa verta eit *embætsmanns-styre* (kontorstyre eller „bureaukrati“). Denne styringi varde i Danmark radt til 1849. I staden for lensherrarne innsette kongen *amtmenner*, som var kongelege embætsmenner og hadde fast løn.

[1] Fredrik kalla seg for ervekonge til Norig, og det høvde godt med folke-meiningi i Norig, som hadde voret eit erverike radt til samlaget med Danmark.

Ved dette steig inntekterne aat rikskassa til det femdubbelte, men adelen miste dei beste innkomorne sine. Han fekk hava baade birkerett og hals- og handsrett, so det vart ikkje likare for den danske bonden no enn fyrr, men elles kunde kongen, um han vilde, lata adelen betala skatt, og han miste si politiske magt. Fraa den tid drog adelen seg burt fraa kongsgarden; det gjekk med den som med den norske adelen etter Haakon den femte; heretter livde han heime paa gardarne sine, og det gjekk til atters med han baade i rikdom og i tal.

Alt dette gjorde den danske riksdagen og kongen, dei norske riks-stand uspurt, som kannhenda var det rettaste og, daa Norig gjekk for aa vera eit erverike. Brevet, som gav kongen einvald, vart sendt upp til Norig og Færøyarne og Island til underskrift. I Norig skreiv 400 bønder under, umfram adelsmenner, prestar og borgarar. Dei norske riks-stand ynskte aa faa sine eigne regjerings-departement, og det kom jamvel fram krav um eit norskt universitet. Men kongen brydde seg ikkje meir um dei norske riks-stand enn um dei danske. Styringi hadde heretter, liksom fyrr, sætet i Kjøbenhavn, og daa inntekterne fraa alle landi til kongen strøymde dit, vart Norig i mange maatar skubba til sida for Danmark. Men endaa stod Norig seg godt paa det, som hadde hendt. Det vart kvitt lensherrarne, og kongen fekk no like mykje magt i baae riki; no kom dei til aa staa jamsides, so Norig ikkje lenger vart noko lydrike under Danmark. Soleis som tilstandet hadde voret i landet alt fraa kong Sverres tid, trengde Norig ei sterk kongsmagt, og det hadde det no fenget, endaa det var ille for landet, at kongen var ein utlending og budde i utlandet.

Fredrik sette heren og flaaten i god stand. Til aa hjelpa seg med flaaten hadde han nordmannen **Kort Sivertssøn Adeler.** Han var fødd i Brevik og lærde sjømannsskap i Holland; sidan tok han tenesta i Venezia, som hadde ufred med tyrken. Her vann han stor æra, so fleire kongar vilde hava han i si tenesta.

Fredrik var berre *ein* gong i Norig. Paa hans tid var dansk so vanvyrd, at paa kongsgarden tala dei berre tysk, og soleis heldt det paa lenge etter hans tid og. Kristian, eldste son hans, lærde ikkje dansk, fyrr han var 14 aar, og endaa var det eit heppande hende, at han kom til aa læra det daa.

Kristian den femte. 1670—1699. Kristian, son hans Fredrik, var ein veik konge og retta seg mykje etter andre, var glad i stas og leik og øydde upp mange pengar.

Ny adel i Danmark. Han mistenkte den gamle adelen og skipa i Danmark ein ny adel, ein hofadel, av grevar og baronar. Det var mest tyskarar, som han tok upp i den nye adelen, og tyskdomen fekk fæl yverhand no i Danmark. Dei tala tysk paa kongsgarden, paa teatret, og i kyrkja med mange stader, og offiserarne, som for det meste var tyskarar, kommandera paa tysk. Denne nye adelen trengde den gamle danske adelen undan, liksom den danske fyrr hadde gjort med den norske.

I Norig vart det skipa tvo grevskap, *Larvik*, som halvbror til kongen, **Ulrik Fredrik Gyldenløve**, fekk, og *Tunsberg* aat Peter Schumacher, som no fekk adelsrett og namnet **Griffenfeldt**. Sidan vart dette grevskapet selt til ei tysk ætt, **Wedel**, og vart kalla *Jarlsberg*. Eit baroni, *Rosendal*, vart og skipa aat ein dansk adelsmann. —

Kristian deilte ut rang og titlar til borgarlege, so dei paa ein maate vart ein millomting av borgarstand og adelstand. Dette var baade til studning og glans for kongsmagti, men det gjorde mange fælt æresjuke og huga paa stas og fjas.

Dei fyrste aari styrde Peter Griffenfeldt som rikskanslar. Han er den største statsmannen, Danmark hev havt, men han hadde mange uvener, og dei klaga han og fekk han dømd fraa æra, liv og gods; men kongen gav han naade og sette han paa kastellet i Kjøbenhavn. Kongen tok snart til aa sakna han, og daa sette dei han paa Munkholmen ved Trondhjem, og her sat han i 18 aar. Ei lang stund tok dei pen og blekk fraa han, so han ikkje skulde hava noko aa driva tidi med. Endeleg vart han fri att, men daa var han klein med helsa og døydde eit halvt aar etter.

Den skaanske ufreden. 1675—1679. Den franske kongen **Ludvig den fjortande** hadde teket *paa* Holland, og daa fekk han ufred med den tyske kjeisaren og Brandenborg. Den svenske kongen, **Karl den ellevte**, gjorde samlag med Frankrike og drog inn i Brandenborg, men der tapte han eit stort slag, 1675. Daa tenkte Kristian den femte det var høveleg tid aa taka att fraa Sverige, det som Danmark og Norig hadde mist, og sagde upp freden. Strakst etter slokna Kort Adeler, men

Nils Juel, som kom etter honom, var og ein framifraa førar for flaaten. Han var fødd i Kristiania av danske foreldre. Ein hollendsk flaate under **Kornelius Tromp** kom Danmark til hjelp, og Tromp og Juel slo ein svensk flaate ved *Øland,* og aaret etter slo Juel ein stor svensk flaate i *Kjøgebugt.* Her miste svensken 22 skip, og Juel ikkje eit einaste. Ein dansk her sette yver til Skaane, og ein norsk her under stathaldaren **Gyldenløve** drog ned gjenom Bohuslen og tok byen *Marstrand* og festningi *Karlsten.* Etter honom kallar dei denne ufreden for *Gyldenløve-ufreden.* Ein annan norsk førar, **Løvenhjelm,** slo svensken ved *Uddevalla,* og ein norsk her tok Jamteland. Men den danske heren tapte eit stort slag ved *Lund.* Kristian og Karl var sjølve førarar i dette slaget, og det varde fraa morgonen til kvelden. Der som Karl sjølv kom, vann svenskarne, men andre stader rauk dei. Um kvelden gjekk Kristian ut or slaget, men Karl heldt ut til han vann. Aaret etter tapte Kristian ved *Landskrona* att.

Freden kom i stand i *Lund* 1679. Ludvig den fjortande hjelpte Sverige, so det fekk fred mot aa gjeva den norsk-danske kongen nokre pengar og kanoner. —

Indre tilstand. Etter denne ufreden var Sverige mest i same naudi som Danmark i 1660. Folket var misnøgt med adelen og riksraadet, og Karl fekk mest full einvaldsmagt. Han drog inn krungodset (kongens jordegods), som adelen hadde til len og etter kvart hadde fenget liksom rett til, og ved dette steig inntekterne dugeleg, og so bygde han ein stor flaate og skipa ein sterk her og fekk endaa betalt mykje av paa gjeldi. Karl den ellevte er ein av dei beste kongarne, Sverige hev havt.

Soleis styrkte Sverige seg. Men med Danmark saag det grøteleg ut. Gjeldi var uhorveleg, og endaa livde dei paa kongsgarden, liksom pengarne aldri kunde faa ende. Kongen leigde ut norske og danske soldatar til andre kongar for betaling, det var ein rein handel med manne-liv. Skattarne var reint urimeleg store, og det var mest umogelegt aa faa deim inn i Danmark, daa bonden ikkje kunde betala. Den nye adelen var stolt og faakunnig og hadde fenget hals- og handsrett, birkerett og kallsrett (det vil segja rett til aa innsetja prestar i dei prestekall, som høyrde til godset deira). Adelen slapp aa betala skatt av herregardarne og mykje av bondegodset sitt, men

skulde til vederlag krevja inn skatten av bønderne kvar paa sitt gods og gaa god for pengarne. Difor gjorde kongen no fleire og fleire herregardar, so han kunde vera viss paa skatten. Det kom ut ei rettarbot og um, at festebønderne fekk ikkje lov til aa flytja.[1] Soleis kom bønderne under endaa større trældom enn fyrr. Men daa vart det for ille. Mange visste ikkje si arme raad, anna dei rømde radt or landet. Gardarne gjekk ned i pris til det halve, og tridjeparten av Danmark laag reint i øyde. Med dei fleste danske byarne stod det og laakt til, og alt det styringi gjorde til aa hjelpa upp handelen, var det lite mun i, so lenge det stod so jammerleg til med jordbruket.

I Norig var ikkje skattarne mindre enn i Danmark, og det var myrkt og trongt for mangein bonde der og, men i det heile var det slik magt i bønderne, at dei kunde betala. Stands-skilnaden jamna seg meir og meir ut. Baade dei gamle norske kongarne og sidan dei norsk-danske kongarne hadde gjevet ut lover, som berga leiglendingarne mot hard medferd av odelsbønderne, og det stod i lovi, kor mykje det meste var, ein leiglending skulde betala. Men daa gardarne sidan steig i pris og bønderne ikkje kunde leggja paa avgifti for leiglendingarne sine, vart det til det, at det lønte seg ikkje aa bygsla burt jord, og daa selde odelsbønderne mykje bygselgods, so mange leiglendingar no vart sjølveigarar. Daa dei norske bønderne for det meste hadde raad til aa betala skattarne sine, stod kongarne seg best paa, at det ikkje var skattefrie herregardar i Norig, og no minka det fort med slike herregardar. Krungodset og adelsgodset vart selt, og leiglendingarne hadde raad til aa kjøpa, og soleis vart det til det, at i slutten av det 17de aarh. var det mange fleire sjølveigarar enn leiglendingar i Norig, og ingen adel, aa snakka um. Byarne tok seg godt fram. I den norske heren var det berre innfødde nordmenner, og dei hadde stridt manneleg, kvar gong det røynte paa. I den danske heren var det mest leigde utlendingar.

Einvaldskongarne arbeidde trottigt paa aa faa i stand eit godt lovverk. Under Kristian den femte kom det ut ei *dansk lovbok*, og sidan ei *norsk* (1687), som mykje gjeld endaa.

[1] Det var berre faa sjølveigarar paa denne tidi i Danmark.

Kongarne vilde gjerne gjera nordmenner og danskar til eitt folk, og difor gjorde dei den norske lovboki so lik den danske, som dei kunde, og det norske lovverk vart lausrivet fraa det gamle grunnlaget; men odelsretten fekk staa ved lag, sameleis dei fleste loverne, som kom bondens stell ved. Eit nytt kyrkjeritual (um skikkerne ved gudstenesta) og ei ny alterbok kom og ut.

Etter den nye lovboki vart skrivarar, som fyrr hadde voret berre raadgjevarar for bygdetings-lagretta, domarar i staden for lagretta. Dei høgre domstolarne vart lagtingi med lagmennerne til formenner,[1] og overhofretten; denne siste var skipa under Fredrik den tridje og skulde vera den øvste domstolen, men kom snart under den danske høgsterett. Fraa denne tidi vart det betre med rettargangen i Norig, og det var lettare for kvar mann aa faa rett der enn i Danmark, daa den danske adelen trakka lov og rett under føterne.

Eins maal og vegt vart innførd i baae riki.

Under denne kongen brann det ein stor deil av Stavanger, og daa flutte kongen bispesætet og stiftamtmannskapet til Kristianssand. Ved Trondhjem let han byggja festningi *Kristianssten.*

Kristian var berre *ein* gong i Norig. Han døydde 1699, men han kunde hava livt lenger, hadde han livt noko folkelegare.

Bokriket. Paa denne tidi livde den namnkjende norske diktaren **Peter Dass**. Han var ætta fraa Skotland, (het med retten Dundas) og var prest i Alstahaug i Nordland. Han skreiv gudelege songar og „Nordlands trompet". Aalmugen i Nordland heldt mykje av hr. Peter, og endaa er bøkerne hans til hugnad og gaman, alvisst for nordlendingarne.

Dorothea Engebretsdotter, ei prestekona i Bergen, skreiv og gudelege visor aat aalmugen. Baade ho og Peter Dass blanda maalet meir med norsk enn vanlegt var paa den tidi.

Den største danske diktaren paa denne tidi var den ypparlege salmediktaren **Thomas Kingo**. Han var og ætta fraa Skotland.

[1] Lagretta hadde lite aa segja i det 17de aarh. og vart truleg uppnemnd av futen. Lagmannen hadde tidt dømt forutan lagretta, og etter den nye lovboki var det berre lagmannen, som dømde. — Nevndemenner (eller tingmenner) gjekk reint av bruk i fyrstningi av det 17de aarh.

Fredrik den fjorde. 1699—1730. Den store nordiske ufreden. Fredrik den fjorde vart konge 1699. Daa var **Karl den tolvte** konge i Sverige, **Peter den store** var kjeisar i Russland, og **August** var konge i Polen og Saksen. Alle desse var unge. Fredrik og Peter og August gjorde samlag mot Karl den tolvte, daa Sverige hadde so mykje magt, at det var faarlegt og skadelegt for grannekongarne; heile Østersjøen var ein svensk innsjø aa rekna for. Fredrik drog mot den holstein-gottorpske hertugen, som var gift med syster hans Karl den tolvte. Men Karl sette snøgt yver til Sjælland og tvinga Fredrik til aa gjera fred i *Travendal* 1700. Sidan slo Karl kjeisar Peter og sette av kong August som polsk konge, men sidan tapte han slaget ved *Pultava* mot russen og laut røma til Tyrkiet. 1709. Daa gjorde Fredrik samlag med Polen og Russland att. Danskarne sette yver til Skaane, men grev **Magnus Stenbock** samla 20,000 bønder, kleint rusta og klædde, mange med tresko paa føterne, og med desse slo han danskarne ved *Helsingborg* og dreiv deim ut or Skaane. Sidan tok Fredrik det meste av det, som Sverige aatte i Tyskland; Stenbock drog ned og slo danskarne ved *Gadebusch,* men fekk paa slutten so stor yvermagt mot seg, at han laut gjeva seg med heile heren sin.

Den norsk-danske flaaten hadde yvertaket yver den svenske. I sjøslaget i *Kjøgebugt* hende det, at det kom eld i det norsk-danske skipet *„Danebrog“,* som var næmast svensken. Føraren paa dette skipet var nordmannen **Ivar Hvitfeldt** til Trondstad, son hans Tønne Hvitfeldt, som var med i 1660 ved Halden. Det var umogelegt aa sløkkja elden. Mannskapet kunde hava berga seg i baatarne, men daa hadde „Danebrog“ drivet ned paa hine skipi i den norsk-danske flaaten og kveikt eld paa deim. Daa vart Hvitfeldt og mennerne hans verande um bord og lagde seg næmare inn aat svensken og dreiv paa og skaut med dei fremste kanonerne, til elden naadde krutkammeret. Daa sprang skipet i lufti med Hvitfeldt og 500 mann. 1710.

Karl den tolvte eggja tyrken upp mot Russland, men tyrken gjorde snart fred att. Karl vart verande mange aar i Tyrkiet, og dessimillom miste Sverige heile Finnland og alt det, som det aatte austanfor Østersjøen. I Tyskland hadde det berre ei festning att, og landet var reint utarma. Endeleg gav Karl seg

paa heimvegen og kom heim joleftan 1715. Daa hadde han voret burte i 15 aar.

Karl tenkte han skulde vinna att i Norig det han hadde tapt i Tyskland og Russland. Norig var lite fyrebutt paa ufred. Dei fleste soldatarne var i Danmark, og yvergeneralen **Lützow** hadde ikkje meir enn 6000 mann, og dei var kleint forsedde baade med klæde og vaapn og mat. Pengar fanst det ikkje helder. Svensken drog inn i Norig i mars 1716 i tvo flokkar. Den eine under general **Mørner** gjekk yver Svinesund og Moss mot Kristiania, den andre under Karl sjølv drog inn i Høland. Han fanga ein oberstløytnant Bryggemann og innpaa 100 mann. Bryggemann venta ingen ufred og hadde ikkje fenget styvlarne paa, daa svensken tok han, og Karl sagde, at han helder skulde heita Tryggemann. Men oberst **Kruse** med 200 dragonar vilde hemna dette. Han møtte kong Karl ved garden *Riser,* og her stod det ein heit strid. Kruse sjølv drap 15 mann, men han fekk so mange saar sjølv og, at han laut gjeva seg med 20 mann. Hine var falne eller kom seg undan. Av svensken vart 170 mann drepne eller saara.

Sidan tok kong Karl Kristiania og lagde seg for Akershus, men han kunde ikkje taka festningi, daa han hadde for smaa kanoner. Han sende ut oberst **Løven** med 600 dragonar til aa øydeleggja sylvverket paa Kongsberg. Løven laut taka vegen um Ringerike, daa nordmennerne hadde stengt Dramns-vegen. Lützow sende ein styrke imot deim. 300 mann av nordmennerne kom til garden Stein 20de mars, same kvelden, som svensken hadde lagt seg inn paa Norderhovs prestegard og gardarne der umkring, ei halv mil fraa Stein. Det er fortalt, at prestekona **Anna Kolbjørnsdotter** sende bod til nordmennerne. Den norske hovdingen totte yvermagti var for stor. Men hine offiserarne vilde stad, og underoffiseren **Tore Hovland** baud seg til aa syna vegen, daa han kjende kvar gardstaur paa vegen, sagde han, og det lyste av baali, som svensken hadde gjort upp til aa verma seg, radt til Stein. Daa sette dei i vegen og braadtok svensken um natti. I graalysingi kom fleire nordmenner til, og slo dei svenskarne, som daa hadde samla seg. Dei drap 30 mann og fanga Løven og 160 mann, og alle hine flydde; sameleis gjekk det med svensken fleire andre stader. I slutten av april kom ein norsk styrke fraa Danmark og tok *Moss* fraa

svensken og drap eller fanga 700 mann. Ein svensk general **Ascheberg** laag med 2000 mann paa Skjeberg prestegard, og dei kunde høyra der kanon-skoti fraa slaget. Daa fortalde presten til Ascheberg, at nordmennerne hadde vunnet, og at dei hadde fenget fælt mykje folk; dermed vart Ascheberg so rædd, at han strauk heim til Sverige med heren sin.

Daa Karl ikkje kunde taka Akershus, drog han ned mot Fredrikshald. Fleire gonger fyrr hadde svenske flokkar synt seg der, men baade mannskapet paa Fredrikssten og borgararne i byen og bønderne hadde gjort deim stor skade i fleire smaaslag. I eit av desse fall klokkaren paa Id, **Ole Sveinsson Bakke.** Av borgararne var brøderne **Peter og Hans Kolbjørnsson** dei gjævaste.[1] Karl kom uventande mot Fredrikshald natti millom den tridje og fjorde juli 1716. Han ætla seg til aa taka baade byen og festningi. Han kom so braadt, at mange av nordmennerne laut slaast i berre skjorta. Baade borgarar og soldatar slost djerveleg i tri timar; daa tok svensken byen. Heile dagen etter skaut nordmennerne fraa festningi ned i byen, men daa dei ikkje kunde faa svensken ut, vart borgararne samstelte um aa kveikja eld. Hans og Peter Kolbjørnsson kveikte fyrst eld paa husi sine, og snart loga det upp i mange hus. Det var jammer og skrik i heile byen. Mange av byfolket, som hadde gjøymt seg i husi, brann upp, og sameleis mange av svenskarne, som var saara. Kong Karl vart so harm, at han beit seg i fingrarne, og laut draga seg ut or byen. Den einaste vegen var yver brui (sjaa s. 132), og her regnde det med kulor fraa festningi. Daa svensken endeleg slapp yver, kveikte han eld paa nordsida av byen og drog seg undan. Paa denne dagen miste Karl 1500 mann.

Karl venta paa ein flaate med kanoner og tilførsel fraa Sverige, og naar den kom, ætla han seg til aa prøva ein gong til. Det saag spøkjeleg ut for nordmennerne, daa Fredrikssten hadde reint for lite mannskap. Flaaten var alt komen til *Dynekilen,* tri mil fraa Fredrikshald. Men nordmannen **Peter Wessel Tordenskjold** øydelagde heile flaaten, 4 dagar etter striden paa Fredrikshald. Peter Wessel var son til ein kjøp-

[1] Dei var halvbrøder til Anna Kolbjørnsdotter. Faren var Kolbjørn Torsteinsson, prest i Sørum. Han vart innpaa 100 aar gamal og hadde skotet 100 bjørnar. Han var gift med dotter hans Kjell Stub.

mann Wessel i Trondhjem. Han var ein stor villstyring i uppvokstren, vart fyrst sett til boki og kom sidan i skræddarlæra, men sette ein snøball i nakken paa skræddaren, for til sjøs og vart sidan sjøkadet; 10 aar etter hadde han tent seg upp til vise-admiral. Han var dristig til aa slaast med svensken og hadde lukka med seg, og Fredrik gjorde han til adelsmann og gav han namnet Tordenskjold. Han fekk tidend um, at den svenske flaaten laag i Dynekilen, og at dei fleste av offiserarne var i brudlaup. I graalysingi dagen etter siglde Tordenskjold med god vind inn i Dynekilen med 2 fregattar, 2 stykprammar og 3 galeiar. Innlaupet til Dynekilen er langt og trongt; midt i innlaupet hadde svensken uppsett eit batteri, og 4000 mann fotfolk stod paa baae sidorne. Svensken fyrte alt han orka, daa Tordenskjold siglde inn, men han svara ikkje, fyrr han var komen heilt inn og kunde snu breidsida til. Slaget varde i 5 timar, daa gav svensken seg. Tordenskjold tok eller øydelagde 44 skip med 60 kanoner, ikkje eit einaste skip kom seg undan. Dagen etter drog kong Karl seg ut or Norig.

Endaa Sverige var uhorveleg utarma og hadde mist mykje folk i denne lange ufreden, tenkte ikkje kongen paa fred. Han samla so stor her, som det var raad til aa faa ihop, og i 1718 gjorde han innfall i Norig att. General **Armfelt** drog inn i Trondhjemsstift med 9000 mann, og Karl sjølv drog med 22,000 mann mot Fredrikshald og kringsette festningi. Han let tilførsel og nokre smaaskip draga yver land fraa Strømstad til Idefjorden, daa han var rædd Tordenskjold. Nordmennerne drog og nokre skip yver land, daa svensken hadde stengt Svinesund, og den norske flaaten møtte den svenske midt paa Idefjorden, og det kom til slag. Borgararne paa Fredrikshald og kong Karl stod og saag paa. Etter ein hard strid laut svensken draga seg undan med stort tap. Daa byen vart heiltupp kringsett, laut nordmennerne søkkja ned skipi sine.

Kong Karl tok fyrst *paa* fortet *Gyldenløve* og skaut sund murarne, og sidan storma han. Karl sjølv sette ein av stormstigarne til muren. Nordmennerne, 33 mann og ein løytnant, dreiv svensken nedatt tvo gonger, men tridje gongen rauk dei for yvermagti. Sidan grov svensken løypegraver og hadde ikkje langt att til festningi. Sundags eftan den 11te desember var

Karl ute i løypegraverne og saag paa. Daa kom det ei kula og gjekk igjenom hovudet hans, og det vart hans bane. Daa var han 36 aar gamal. Den svenske heren drog seg radt ut or landet, og 8 dagar etter fanst det ikkje ein svensk soldat sunnanfjels.

Dessimillom hadde Armfelt kringsett Trondhjem, men daa han ikkje kunde taka byen, gav han seg paa heimvegen. Daa han kom til Tydalen, fekk han tidend um, at kongen var fallen. Daa vilde han taka beinaste vegen yver fjellet til Sverige, men paa *Tydals-fjellet* fekk dei eit forfælande snøfok og sprengkulde paa seg; dei brende upp byrse-stokkarne og stelte seg tett ihop til aa halda varmen i seg, men fleire tusund fraus ihel, og mange av deim, som kom fram, vart kryplingar.

Endaa heldt ufreden paa nokre aar. Tordenskjold tok byen Marstrand med nokre hundrad mann og øydelagde den svenske flaaten, som laag der. Ved byen ligg festningi Karlsten, som var so sterk, at ho var mest utakande. Han sagde til kommandanten, at han hadde ein uhorveleg styrke i byen. Kommandanten sende ein løytnant ned til aa sjaa etter, kor stort mannskap Tordenskjold hadde, men Tordenskjold skjenkte han full og stelte upp same mannskapet i ymse gator, og løytnanten kom att til kommandanten og sagde, at det krydde med folk i alle gatorne. Daa lova kommandanten, at han skulde gjeva seg, men daa han drygde, gjekk Tordenskjold upp med nokre faa mann radt til festningi og stakk sabelen inn gjenom glaset til kommandanten og spurde, kva han drygde etter. Daa vart kommandanten rædd og gav seg paa flekken. Dette vart det siste storverket hans Tordenskjold. Strakst etter gjorde dei fred, og nokre maanadar etter vart Tordenskjold drepen i Tyskland i ein strid med ein oberst. Daa var han berre 29 aar gamal.

Dei gjorde fred paa *Fredriksborg* 1720 paa dei vilkaari, at Sverige skulde betala nokre pengar og betala toll i Øresund. Til Preussen og Russland laut Sverige gjeva fraa seg so mykje land, at det reint miste den yvermagti, som det hadde havt fraa di Gustav Adolf var konge, og Russland vart no stormagti i Nordeuropa.

Indre tilstand. Det saag grøteleg ut i Sverige. 220,000 mann hadde sett livet til, det var mest ikkje anna enn kvinnfolk og gubbar og born aa sjaa der. Flaaten var øydelagd, og sameleis

handel og næring, og gjeldi var stor. Etter Karl var fallen, vart syster hans dronning, men ho laut gjeva fraa seg einvaldsmagti, som hadde ført alle desse ulukkorne yver landet.

Danmark og Norig hadde og lidet uhorveleg mykje. Umfram alle dei manne-liv, som gjekk med under ufreden, leigde Fredrik ut 18,000 mann, mest nordmenner, som var med og slost (under Eugen og Marlborough) i *„den spanske ervefylgje-ufreden“*, dei kallar. Dei vann seg godt lov, men dei fleste døydde av sjukdom og saar. Det vart utskrivet so mange soldatar i Norig, at dei reknar, at landet miste tridjeparten av folkemengdi si.[1]

Fredrik gjorde ende paa vornedskapen paa Sjælland og hine øyarne, men han innførde i staden *„det militære stavnsbandet“* yver heile landet, soleis at ingen bonde, som var millom 14 og 35 aar, kunde forlata det godset, han var fødd paa. Dette var til aa letta utskrivningi til hertenesta, men for bønderne vart det nye snart verre enn det gamle. Kongen gjorde mykje for upplysningi i Danmark og bygde mange skulehus; fyrr hadde det berre voret umgangs-skular. Men upplysningi kunde lite godt verka paa eit folk, som livde under slikt hardstyre som det danske.

Nordmennerne fekk lite takk, for di dei hadde stridt so djerveleg under ufreden, og fekk no som fyrr sjaa lite att av dei pengarne, som gjekk inn i rikskassa fraa Norig. Einvaldskongarne hadde fenget det norske rettsvæsenet i god stand; det var noko, som ikkje kosta pengar. Men for upplysningi vart ingenting gjort, av di det vilde kosta aa skipa ein god aalmugeskule, og dei norske bønderne laut berga seg med laake umgangs-skular. Men den frie norske bonden hadde so godt næme og vit av naturi, at han stod høgt yver den danske bonden, som fekk betre undervisning, og den norske bonden heldt seg sjølv for aa vera mykje gjævare enn baade den danske og svenske. Under ufreden kom heile flokkar av bønder og baud seg til aa verja landet, og bonden skadde svensken slik, at han ingen veg kunde koma. Var det noko, han var misnøgd med, sende han radt inn klaga til kongen, og tidt for han ende til Kjøbenhavn og tala med kongen sjølv, og det stod slik kvekk av den norske odelsbonden, at han stødt fekk sin vilje.

[1] Likso mykje som ved svarte-dauden.

Fredrik selde likt og ulikt til aa faa pengar. Han selde sine eigne soldatar og stundom jamvel embætte. I Norig selde han mange kyrkjor og kyrkjegods, som folk i den katolske tidi hadde gjevet til aa halda kyrkjorne i stand for. Det var aalmugen, som hadde kosta dei fleste kyrkjorne og som aatte deim, men aalmugen hadde ikkje brev aa syna fram paa det. Dei, som kjøpte kyrkjorne, let desse reint forfarast. At kyrkjegodset vart selt, vart elles godt for mange, av di mange leiglendingar kjøpte av det og vart sjølveigarar. Umkring midten av det 18de aarh. var det paa lag dubbelt so mange odelsbønder som leiglendingar i Norig.

Fredrik tala tysk, liksom dei fleste oldenborgske kongarne, og gjorde ingenting for danskt maal og bokrike. Han fekk lagt heile Slesvik under sitt herredøme, men brydde seg ikkje um, at tysken trengde det danske maalet undan der. Paa denne tid var tysk so vanvyrd i Tyskland og dansk i Danmark og norsk i Norig, at dei fleste tyske fyrstarne tala fransk, paa kongsgarden i Kjøbenhavn tala dei tysk, og stormennerne i Norig tala dansk. Fredrik lika ikkje den danske adelen og bad son sin, at han ikkje skulde gjeva danske adelsmenner noko vigtigt embætte.

I sume ting var Fredrik ein god konge; han var arbeidsam og let alle sleppa inn, som vilde tala med han. Men han øydde upp mange pengar paa unyttige ting og livde eit forargelegt liv. I mange aar hadde han tvo konor. Han døydde 1730.

Paa denne tidi livde **Hans Egede**, som dei hev kalla „*Grønlands apostel*". Han var prest i Vaagen i Lofoten, men han fekk slik brennande hug til aa fara til Grønland og preika for etterkomararne av dei gamle nordmennerne der, at han lagde ned embættet sitt og siglde med kona og born til Grønland. Men ingen av nordmennerne var i live lenger, han fann berre eskimoar. Daa drog han fraa hytta til hytta og lærde seg maalet deira og arbeidde med deim i 15 aar, og mange tok ved kristendomen. Etter honom kom son hans, **Paul Egede**. — Paa same tidi preika trønderen **Thomas von Westen** evangeliet i Finnmarki.

Kristian den sette. 1730-1746

Kristian den sette, son hans Fredrik, og den tyske dronningi hans,

Sofie Magdalene, tala stødt tysk og var stive og stolte. Dei vilde ikkje for det meste tala ved nokon, mindre han var ein stor adelsmann eller fraa Tyskland. Dronningi dreiv gjøn med alt, som danskt var. Der var lekkjor um kongsgarden, so ingen skulde koma nær; ingen skulde gaa framum Kristiansborg, mindre han gjekk med hatten i handi. Møtte nokon den kongelege vogni, laut han stiga av hesten eller ut or vogni, um han reid eller kjøyrde, og staa paa vegen og helsa. Tyskarar kom inn i mengdevis i Danmark, som embætsmenner og handverkarar og jamvel kokkar og slikt. Med dei danske bønderne vart det verre enn fyrr, so jamvel godseigararne vart utarma. Radt til denne tidi hadde det gjenget til atters med folkemengdi i Danmark, no var ho paa det laagaste. (Umkring 750,000, mot 1,300,000 i det 13de aarh.) Ved dette leitet kom *pietismen* til Danmark og Norig. Pietistarne vilde gjera ende paa den stive bokstav-trui og gjera kristendomen livande i aand og sanning, men dei gjekk snart for vidt, fordømde alle andre og heldt seg sjølve for framifraa heilage og sutra og jamra yver „denne verdens daarlighed". Kongen og dronningi var pietistar. Det vart sett straff for deim, som ikkje gjekk i kyrkja, og kongen forbaud all moro, som komedi og slikt. Daa folk ikkje kunde moroa seg paa ein sømeleg maate, tok dei til aa drikka.

Kongen og dronningi slo stort paa og øydde upp uhorveleg med pengar paa gilde kongsgardar. Andre folk i Danmark tok etter, baade borgarar og adelege; det var ei skam no aa gaa paa gata, dei skulde anten kjøyra eller lata seg bera.

Kristian var berre *ein* gong i Norig. Bønderne snakka med honom som med eit anna menneskje og tok djervt baade kongen og dronningi i neven. Sidan hadde desse mykje større vyrdnad for nordmennerne enn for danskarne.

Kristian var ein arbeidsam konge. Han hjelpte upp skulevæsenet i Danmark, og innførde *konfirmation* i baae riki 1736, so fraa den tidi fekk alle borni den kristendoms-kunnskapen, som dei tottest trenga til.

Fredrik den femte. 1746–1766. Fredrik den femte, son hans Kristian, livde i leik og gleda og lauslivnad, so han ikkje vart gamal. Han deilte ut rang og titlar. No kom fransk paa moten jamsides med tysken.

Fredrik hadde nær fenget ufred med Russland. Ein holstein-gottorpsk hertug hadde vortet kjeisar i Russland og gjorde krav paa eit stykke av Slesvik og svor, at han skulde jaga kongehuset til Trankebar (i Austindia). Ein norsk-dansk her paa 70,000 mann laag i fleire aar nede i Holstein, men daa høvde det seg so lagleg, at kjeisarfrua i Russland drap kjeisaren, og det kom ikkje til ufred.

Det hadde kosta mange pengar aa halda heren i Holstein og flaaten i sjøen. Til dette kom og, at dei paa kongsgarden øydde upp femteparten av alle innkomorne, og riksgjeldi auka mykje. Til aa faa pengar lagde kongen paa ein *attpaa-skatt* („extra-skatt“), og selde krungodset i Danmark til herremennerne. Dei bønderne, som hadde butt paa krungodsi, kom no under herremennerne og fekk det mykje verre enn fyrr. Men paa denne tidi tok sume til aa skyna, at det ikkje var rett aa trælka folk slik, og fleire herremenner gjorde bønderne sine til frie leiglendingar, soleis enkjedronningi Sofie Magdalene og den store statsmannen **Johan Hartvig Bernstorff**, ein tyskar, som i 19 aar styrde utanriks-politikken.

Norig hadde det hardt under denne kongen. Heren var paa 35,000 mann, og det var reint for mykje for so lite land, og bønderne var under mykje tvang for utskrivningi si skuld. No daa mange nordmenner tok til aa studera, var det ille, at det ikkje fanst noko norskt universitet, og for handelen var det ille, at der ingen bank var. Attpaaskatten var hard og ikkje rettferdig. Kvar, som var yver 12 aar, skulde betala 30 øyre um maanaden, anten han var rik eller fatig. Bønderne umkring Bergen sette upp; 4000 bønder gjekk inn til Bergen og for ille med nokre embætsmenner; daa vart styringi skræmd, og Norig slapp aa betala denne skatten, men Danmark laut betala.

„Det merkantile system“. Indre tilstand. Under dei tri kongarne Fredrik den fjorde, Kristian den sette og Fredrik den femte prøvde styringi paa aa hjelpa upp handel og næring, men paa ein rang maate, som skikk var paa den tid. Ho gav kjøpmenner einerett til ymse slags handel og fekk folk i landet til aa fabrikera mange slags ting, som ein lettare kunde kjøpa fraa utlandet, og ho gav ut mange pengar til aa hjelpa desse fabrikantarne og forbaud aa innføra slike varor eller sette

so høg toll paa deim, at det var umogelegt aa innføra deim. („Det merkantile system“.)

Det var mest berre Danmark, som vart upphjelpt paa denne maaten, alvisst Kjøbenhavn. Denne byen vart prydd med drustelege bygningar og kunstverk og vart reint for stor, so hine byarne i Danmark ikkje kunde koma seg upp. I Kjøbenhavn vart det meste nedlagt av dei pengarne, som gjekk med til hoffet, flaaten og heren, og Kjøbenhavn fekk einerett paa handelen med vin og brennevin og salt og tobak.

Fraa 1735—1788 hadde Danmark einerett til aa selja korn til det sunnanfjelske Norig, endaa Danmark ikkje altid hadde korn nok til aa utføra. Millom aari 1740 og 1743 svalt det ihel fleire tusund for denne einerettens skuld, og bønderne laut taka til borkebrødet. Ved dette leitet hadde „de kjøbenhavnske hørkræmmere“ einehandelen paa Island, og handla slik, at 8000 islendingar svalt ihel, og styringi laut senda store kornladningar til Island, so ikkje heile folket skulde døy ut. Kjøbenhavnske borgarar hadde einerett til Finnmarks-handelen og, og pinte folket der uppe slik, at det var mest ikkje folke-verande der.

Endaa kongarne gjorde so lite for Norig og tidt berre gjorde det, som dei visste var vondt, stod det i sume maatar betre til i Norig enn i Danmark. Alle dei norske byarne gjekk dugeleg fram, og alvisst var handelen livleg med Holland og England. Under Fredrik den femte hadde Norig mykje større utførsel enn Danmark. Dei norske borgararne var ikkje vande til kongens formyndarskap, dei laut lita paa seg sjølve. Dei hadde ikkje eit utskjemt kongsgards-liv aa taka etter helder, og det vart ei meir sjølvstendig aand her uppe. Tyskdomen fekk ikkje trengja seg slik inn helder her, daa norskdomen var for sterk hjaa bonden, og borgararne hadde meir samferdsel med England og Holland enn med Tyskland. Folkemengdi hadde auka slik i Norig, at no var det yver 700,000 menneskje i landet, mest likso mange som i Danmark. Alt dette kunde mest vega jamt imot at Danmark hadde so mykje større rikdom.

Grunnvollen lagd til eit sams bokrike for Norig og Danmark. Vitenskap. Korkje i Danmark eller Norig fanst det noko bokrike aa snakka um i mange aar etter einvaldsmagti vart innførd. Den danske adelen, som hadde boret det gamle bokriket, hadde mist magti, og Danmark var gjenget til atters i aandelegt liv

likso mykje som i rikdom og magt og folkemengd. Tyskdomen flødde reint yver heile landet, og korkje dei nedtrælka bønderne eller den faakunnige tyske hofadelen eller det halvtyske borgarstand, som apa etter hoflivet, kunde verja den danske nationaliteten. Danmark var i forfall liksom Norig i det 15de og 16de aarh.; men det seig ikkje so djupt ned og hadde god studning i Norig.

Norig var i god framgang, men den topphogne norske nationaliteten trengde lange tider til aa veksa ut att. Aalmugen heldt sitt gamle norske maal, men borgarar og embætsmenner var for honom liksom framande; so lenge embætsmennerne fekk upplæringi si i Danmark, kunde det ikkje anderleis vera. I byarne slost norskt og danskt maal um yvertaket. Arbeidsfolk og smaahandlarar tala norsk, endaa ikkje so reint som bonden, men te finare folk var, te laakare norsk tala dei, og dei mest upplyste tala rein dansk med norskt tungeslag, og bokmaalet var rein dansk.

Men um det ikkje var slik magt i Norig, at det kunde arbeida seg upp eit retteleg norskt bokrike, var det likevel so mykje magt i det, at det kunde berga brorfolket or naudi og driva tyskdomen ut. Den mannen, som kom til aa gjera storverket her, var **Ludvig Holberg**. Han var son hans Kristian Holberg, som hadde voret med i Halden 1660, og var fødd i Bergen 1684. Her gjekk han paa latinskulen og vart student i 1702. Han var ei stund huslærar paa Voss, og so tok han „anden eksamen“ og embætseksamen paa eit aar, og so var han nokre aar i Norig, men daa fekk han slik hug paa at fara utanlands. Sidan var han fleire aar i England og Frankrike og vart godt kjend med kulturen der. I 1718 vart han professor.

Holberg var soleis uppfødd i Norig og upplærd i England og Frankrike. Faa menner hev havt so mykje kunnskap og so store gaavor som han. Det var meiningi hans aa skapa eit bokrike, som kunde setja Norig og Danmark jamsides med andre folk. Det eldre danske bokriket brydde han seg ikkje um, men han tok sine mynster fraa England og Frankrike.

Mange av bøkerne hans, som *Peder Paars*, *komedierne* og *Nils Klim*, refste strengt alslags narreverk, som han saag so mykje av i Danmark, og desse bøkerne hev gjort Holberg mest namnkjend. Han er ein av dei største komedi-skrivararne, som hev

livt. Under Kristian den sette var teatret i Kjøbenhavn stengt, og daa tok han til aa skriva aalvorlege bøker, som *Danmarks* og *Norges beskrivelse, Danmarks riges historie* og mangfaldige andre. Som historie-skrivar er han og ein av dei fyrste.

Holberg vart ein rik mann med bøkerne sine. Han kjøpte mykje jordegods i Danmark, og dette vart gjort til eit baroni, og Holberg sjølv vart baron. Han testamentera mesteparten til adelsskulen i Sorø, som hadde voret nedlagd ei stund, men no kom i gang att.[1] Han døydde 1754.

Dei bøkerne, Holberg hadde skrivet, vart grunnlaget for eit sams bokrike for Norig og Danmark (*„fællesliteraturen“*, dei kallar).

I fyrste helvti av det 18de aarh. var det ikkje andre store diktarar enn Holberg, men det var fleire gode vitenskapsmenner. Alvisst var det mange, som lagde seg etter fedralands-soga og gamalnorsk („islandsk“, som dei kalla det). Islendingen **Tormod Torvesson** eller **Torfæus** (døydde 1719) budde i Norig og skreiv ei drjug Norigs-soga paa latin, og **Arne Magnusson** (døydde 1730), som og var fraa Island, samla ihop mange gamalnorske handskrifter paa Island og i Norig. **Erik Pontoppidan** (døydde 1764), som var bisp i Bergen, skreiv ei *Danmarks kirkehistorie* paa tysk og ei *Norigs naturhistorie* og *„Forklaring“* yver kakisma hans Luther. **Jakob Langebek** (døydde 1775) skipa *„selskabet for det danske sprogs og den danske histories forbedring“* og arbeidde trottigt paa aa reinska dansken for framande ord. Nordmannen **Gerhard Schøning**, rektor i Trondhjem (døydde 1780), skreiv ei stor Norigs-soga, som gjekk til Olav Trygveson, og tok paa og gav ut Snorre med ei dansk og latinsk umskrift. Han og nordmannen **Gunnerus**, bisp i Trondhjem (døydde 1773), og dansken **Suhm** (døydde 1798) skipa *„videnskabernes selskab“* i Trondhjem 1760. Dette var lenge det einaste vitenskaplege samlaget, som fanst i Norig.

Kristian den sjaunde. 1766–1808. Kristian var ikkje fullt 17 aar, daa han vart konge. Same aaret vart han gift med ei engelsk kongsdotter, **Karoline Matilde.**

[1] Daa skulen vart vigd, fekk ikkje Holberg lov til aa sitja med ved taflet, der som storadelen sat. Det var elles meiningi hans Holberg, at borgarlege og skulde hava godt av denne skulen, men dei forvanska testamentet, so adelen fekk alt ihop.

Kristian brydde seg korkje um styringi eller dronningi, og dreiv paa med turing og lauslivnad, til han gjekk reint fraa vitet. Bernstorff styrde i fyrstningi, men sidan fekk ein tyskar, Johan Fredrik Struensee, all magti.

Upplysnings-tidi. I lange tider hadde einvaldskongar og stormenner i Europa livt i leik og gleda, men aalmugen hadde træla og slitet i aandelegt myrker. Kristendomen, som skulde vera ei trøyst for deim, som var i naud, vart til ei svipa i henderne paa dei store herrarne. Men ikring midten av det 18de aarh. var det fleire 'gjæve menner, mest i Frankrike, som sette fram den læra, at alle skulde vera frie og like for lovi, og dei vilde tyna all gomol ovtru og faa upplysning utbreidd til alle, so dei kunde verta gode menner og nyttige borgarar, og heile menneskja skulde verta lukkeleg. Upplysnings-mennerne lagde grunnlaget for betre tider, men ille var det, at mange av deim ikkje saag anna enn trældom og ovtru i kristendomen og vilde sopa vek den med alt det gamle.

Faa folk trengde so mykje til umbot som det danske. Aalmugen var nedtrælka, og einvaldsstyringi hadde gjort heile folket umyndigt. Ho lagde seg upp i alt, sette fyre, korleis folk skulde klæda seg, kva dei skulde eta, kor mange gjester dei hadde lov til aa beda heim, kva bøker dei fekk lov til aa prenta, kor tidt dei skulde gaa i kyrkja og meir slikt. Danskarne fann seg rolegt i alt slikt og hadde berre eit hjartans ynskje: aa faa seg ein titel.

Struensee var ein upplysnings-mann og vilde retta paa alt det gamle i ei handevending. Han gav ikkje lenger pengar til fabrikkarne, gav lov til aa prenta alslags bøker, let mange unyttige helgdagar gaa inn, daa dei berre fekk folk til aa gaa og lata seg. Dei skulde ikkje lenger hava lov til aa pina folk, naar dei vart forhøyrde, og dei skulde ikkje taka tenarar til storfolket og gjera til embætsmenner. Ein heil brote med letingar, som hadde naadeløn av kongen, tok han løni fraa. Han tenkte paa aa gjeva nordmennerne eit universitet og gjera den danske bonden fri.

Struensee hadde fenget statsraadet avsett og styrde i 16 maanadar reint som han vilde. Som ventande var, fekk han fort mange fiendar, daa han tok brødet fraa mange. Fritenkjar var han og, og gav ut alle rettarbøter paa tysk og brydde seg

aldri um ei bønskrift eller ein søknad, mindre han var paa tysk. Han heldt seg for mykje med dronningi og. Enkjedronningi, **Juliane Marie**, og son hennar, erveprins **Fredrik**, halvbror til kongen, og **Ove Guldberg**, læraren hans, og fleire andre slo seg ihop og gjekk ei natt inn til kongen og tvinga han til aa skriva under eit brev um aa setja fast baade Struensee og dronningi. Struensee og ven hans, **Brandt**, vart dømde fraa livet og retta. Fyrst hogg dei høgre handi av og sidan hovudet, so hogg dei kroppen i smaastykke og lagde deim paa „steile“ 1772. Dronningi vart førd til Hannover og døydde nokre aar etter.

Styringi hans Ove Guldberg 1772—1784. Erveprins Fredrik vart no formann i statsraadet, men daa han var ein styving, fekk Guldberg mest aa segja. Han førde alt attende til det gamle. Han var elles ein god dansk mann; han let offiserarne kommandera heren paa dansk, og det kom ut ei lov um *„innfødsretten“*, det vil segja, at berre innfødde, danskar, nordmenner og holsteinarar, skulde faa embætte. Men under denne styringi vart gjeldi større og større. Styringi gav ut ei heil mengd med pengesetlar til aa faa pengar, daa ho ikkje torde leggja paa nye skattar; dette førde sidan store ulukkor med seg. Bønderne i Danmark fekk det helder verre enn betre. Nordmennerne fekk ikkje noko universitet, og Guldberg arbeidde paa reint aa tyna det norske namnet. Riket skulde ikkje vera „dansk-norskt“, men berre danskt. „Ingen nordmann er til; alle er borgarar av den danske staten“, hev han skrivet.

Norsk nationalitet. Bokrike. Men no hadde det vakna ein sterk kjærleike til fedralandet i Norig. Upplysnings-tidi var komi dit og. Fransmannen **Rousseau** (uttal Russo) hadde skrivet mykje mot kulturen, som han sagde skjemde ut folk, og vilde, at dei skulde venda seg fraa kulturen til naturi og det gamle naturlege tilstand, som folk hadde livt i fyrr. Mange lydde etter dette, og daa tok dei til aa vyrda mykje meir um den norske bonden. Han hadde liten „kultur“ og var ikkje utskjemd; han var ikkje stort anderleis no, enn han hadde voret i gamle dagar. Den lite upplyste, men frie og gjæve odelsbonden vart no mynstermannen. Bymannen vart stolt og gild av bonden, og dei norske diktararne kvad visor baade um honom og um det fagre fedralandet. Byfolket hadde fyrr voret

mest som ei dansk nybygd i landet, men no kjende dei seg som nordmenner, og heldt seg ikkje for mindre gjæve enn danskarne. Den norske heren hadde jamleg stridt betre enn den danske. Norig var no likso folkerikt som Danmark, og dei norske diktararne var den beste studningi for bokriket, og heldt den nordiske nationaliteten uppe i Danmark. **Kristian Braunman Tullin** (døydde 1765) fraa Kristiania var ei stund den beste diktaren. Dansken **Johannes Evald** (d. 1781) vart ein mykje større diktar, men han hermde for mykje etter dei tyske, og mange hermde etter dei franske. Daa skreiv nordmannen **Johan Herman Wessel** (d. 1785) *Kjærlighed uden strømper*, som var ei skalkeherming paa den aandlause etterlikningi av den franske „klassiske“ tragedie. Trønderen **Johan Nordal Brun** (seinare bisp i Bergen, d. 1816) skreiv: *For Norge, kjæmpers fødeland* og fleire visor til Norigs pris, og **Edvard Storm** fraa Vaage i Gudbrandsdalen (d. 1794) skreiv *Sinklarsvisa* og visor paa norskt bygdemaal. Dette var fyrste gongen paa mange hundrad aar, at ein norsk namnkjend diktar skreiv paa landsmaalet. Nordmennerne **Klaus Friman** og **Jens Zetlitz** var og gode diktarar.

Dei danske diktararne og bokmennerne heldt med Evald og vilde innføra den nyare tyske diktekunst og sprikjande blærestil, som **Klopstock** hadde grunnlagt. Men nordmennerne skipa *„det norske selskab“* i Kjøbenhavn 1772; dei vilde vera sjølvstendige og naturlege og stridde med spott og lentor mot all unaturleg knoting og tilgjord skrivemaate, og tok, liksom Holberg hadde gjort, det engelske og franske bokriket til mynster (umfram det gamle greske). Dei norske handelsmennerne hadde mykje samferdsel med England og Holland og Frankrike, medan dei danske var halve tyskarar. Soleis gjekk det til, at nettupp som styringi vilde gjera dei tvo folki til *eitt*, tok det til aa verta ei kluft millom deim. —

Paa denne tidi stridde dei engelske nybygderne i Nordamerika for fridomen sin, og reiv seg lause fraa England. Frankrike, Spania og Holland hjelpte deim. Medan desse store sjømagterne slost seg imillom, heldt Norig og Danmark seg utanfor, og norske og danske skip kunde sigla fritt millom dei landi, som laag i ufred, og dei tente uhorveleg med pengar. Daa England vilde hindra denne handelen, gjorde Norig og

Danmark samlag med Sverige og Russland, um at dei skulde verja handelsskipi sine med herskip, og at fritt skip skulde gjera fri ladning, det vil segja, at eit fredelegt skip kunde føra kva slags ladning det vilde til ei av dei stridande magterne, naar det ikkje var slikt, som trengdest til ufreden, som krut og vaapn. Dette samlaget kallar dei *„den væpna nøytraliteten“*.

Krunprins Fredrik. 1784—1808. Krunprins Fredrik, einaste son hans Kristian den sjaunde, vart konfirmera 1784, og tok strakst styringi for far sin. Han var ikkje nokon framifraa mann, men ærleg og rettvis og tok seg dugelege raadgjevarar, som **Andreas Peter Bernstorff**, brorson til den eldre Bernstorff, og **Kristian Kolbjørnsen** (av same ætti som Peter og Hans Kolbjørnsen). Dette var den beste styringi Norig og Danmark hadde, i den tid dei var ihop.

I Nedenes amt hadde det lenge voret stor fatigdom. Bønderne der avla lite korn, og daa danskarne hadde einerett til kornhandelen, laut bønderne kjøpa laake vaaror til høge prisar, og laut selja sine eigne varor til underpris til aa faa korn. Mange pengekjære embætsmenner flaadde aalmugen og. Sistpaa tolde ikkje bønderne dette lenger, bodstikka gjekk, og 2000 fjellbønder samla seg fraa Nedenes amt og Telemarki og hadde ein dugeleg hovding, **Kristian Lofthus.** Styringi vart skræmd og lova godt, og daa gjekk bønderne heimatt; daa vaaga styringi seg til aa fanga Lofthus og sette han paa Akershus, men ho heldt det ho hadde lova og refste eller avsette fleire embætsmenner, og gav kornhandelen fri. 1788.

Strakst etter vart Finnmarks-handelen fri, og *Hammerfest, Trums* (Tromsø) og *Vardø* vart grunnlagde, men det var endaa mange aar, fyrr finnmarkingarne lærde seg til aa bruka fridomen sin.

Paa Island hadde den danske eineretten gjort stor skade, og islendingarne svalt ihel i tusundvis. Endeleg vart i 1786 Islands-handelen fri for alle nordmenner og danskar, og folkemengdi, som paa nokre aar hadde minka fraa 49,000 til 38,000, tok no til aa auka paa att.

Paa Island vart alltinget nedlagt 1800, og i Norig vart overhofretten og lagtingi nedlagde 1797, og det vart skipa 4 *stiftsoverretter* i staden, og *forlikelseskommissioner* vart innsette alle stader, so folk kunde avgjera sakerne sine med det gode.

I Danmark vart *stavnsbandet avteket* og bonden fri, og fraa den tid tok folkemengdi til aa auka paa der og.

Ufred med Sverige. Fraa di Karl den tolvte fall, hadde Sverige lenge frametter ein fri riks-skipnad, og dei kallar denne tidi for *„frihetstiden“*. Adelen hadde all magti, og alle hine var misnøgde. Landet hadde fleire gonger havt ufred og hadde berre fenget tap og skam. 1772 tok **Gustav den tridje** seg mest einvaldsmagt. Men mange vart misnøgde med styringi hans. Daa tenkte han, at han skulde gjera alt godt att, naar han kunde gjera eit storverk, og tok paa med ein ufred med Russland. Daa sende den norsk-danske styringi etter avtala med Russland ein norsk her paa 12,000 mann inn i Sverige, og nordmennerne vann i eit lite slag ved *Kvistrum bru* og hersette fleire byar. 1788. Daa lagde England og Preussen seg imillom, og nordmennerne laut draga seg ut or Sverige, men styringi hadde havt so liten umtanke, at mange av deim døydde av sjukdom. Ufreden millom Sverige og Russland varde i fleire aar, og enden vart, at alt skulde vera, som det hadde voret fyrr.

I slutten av det 18de aarh. heldt det paa med ufred i Europa. Daa dei engelske nybygderne i Nordamerika hadde gjort seg frie, tok fridoms-tankarne større vokster i Europa og. I 1789 braut den store *franske revolutionen* ut. Folket, som hadde voret hardt trælka, reiste seg og riste av seg alle lekkjor, baade prestevelde og adelsvelde; alle skulde vera frie og like. Kongen vart avsett og sidan retta. Hine kongarne i Europa tok fæla, og den nye franske fristaten fekk ufred med mest heile Europa.

Ufred med England. Norig og Danmark var lenge utanfor denne slaastingi, og handelen treivst ypparleg, helst den norske trelasthandelen, og store rikdomar, aa kalla, strøymde inn i landet. England hadde øydelagt eller innestengt den franske flaaten og vilde svelta Frankrike ut og stod paa det, at kjøt, mjøl og korn var „krigsfornødenheder“ (trengdest til ufreden) og forbaud nøytrale skip aa innføra slikt. Alle nordmagterne Norig-Danmark, Sverige, Russland og Preussen) slo seg ihop andre gongen um ein „væpna nøytralitet“ og vilde ikkje finna seg i, at engelsmannen saag etter ladningi paa handelsskipi. Men daa sende England ein stor flaate under **Nelson** og **Parker** mot Kjøbenhavn. Den norsk-danske styringi fekk ikkje tid til

aa setja i stand flaaten sin, so det var mest ikkje anna enn eit land-batteri og gamle blokskip til aa møta fienden med. Skirtorsdagen andre april 1801 lagde Nelson fram med helvti av den engelske flaaten, og slaget tok til. Danskarne[1] og nordmennerne hadde berre helvti so mykje mannskap og kanoner som engelsmannen, men endaa stridde dei paa kara-vis i fem timar, og Nelson sagde, at han hadde voret med i 105 sjøslag, men dette var det hardaste. Dei norsk-danske skipi vart øydelagde, men engelsmennerne kom i slik faare under striden, at Nelson baud vaapn-kvila og truga med aa drepa fangarne. Daa gjekk krunprinsen inn paa fred og lova, at han skulde gaa ut or samlaget med hine magterne. Ved same leitet vart kjeisaren i Russland, **Paul**, drepen, og den nye kjeisaren, **Alexander**, og den svenske kongen **Gustav den fjorde** gjekk inn paa fred med England.

Sidan hadde Norig og Danmark fred i seks aar, og dei norske og danske skipi tente godt. Elles var det ufred mest i heile Europa. I Frankrike vart **Napoleon** kjeisar og lagde under seg store stykke av andre rike. Han hadde ein hard ufred med Russland og Preussen og slo deim, og tvinga deim til fred i *Tilsit* 1807. Daa vart det venskap paa Frankrike og Russland. England var no den einaste, som heldt ut mot Napoleon, og det hindra tilførsel til Frankrike. Napoleon, som ingen flaate hadde mot England, vilde øydeleggja England paa den maaten, at han fekk dei fleste riki i Europa til aa lova, at dei ikkje skulde handla med England (*„kontinental-systemet“*). Ved freden i Tilsit vart Russland og Frankrike samstelte um aa tvinga baade Sverige og Norig og Danmark til samlag mot England, og Napoleon hadde ætla seg til aa taka den store norsk-danske flaaten og bruka mot England. Dette fekk den engelske styringi tidend um og sende ein stor flaate og 30,000 mann til Danmark og kravde, at Norig og Danmark skulde gjera samlag med England og senda flaaten sin dit, og der kunde han daa liggja trygt, til det vart fred. Daa krunprins Fredrik sagde nei, kringsette engelsmennerne Kjøbenhavn og skaut paa byen. Mange vart drepne og 300 hus brann upp. Tri dagar heldt dei paa og skaut, daa gav Kjøbenhavn seg, og engels-

[1] Dei fleste var danskar.

mennerne tok heile flaaten og øydelagde det, som dei ikkje kunde hava med seg. September 1807.

No var krunprins Fredrik nøydd til aa gjera samlag med Frankrike, og sidan hadde Norig og Danmark i 7 aar ufred med England. Strakst etter gjorde Russland innfall i Finnland, daa Sverige ikkje vilde vera med i samlaget mot England, og daa laut Norig og Danmark og vera med mot Sverige. 1808.

Ved dette leitet døydde Kristian den sjaunde. I alle dei aar han var konge, var han aldri i Norig.

Paa denne tidi livde ein av dei merkelegaste og mest dugande menner Norig hev havt. Det var bonden **Hans Nilssen Hauge**, f. 1771 paa Hauge i Tune. Han sagdest vera driven av aandi til aa forkynna Guds ord. Det kunde turvast og; aldri hadde det voret noko sterkt og innarlegt religiøst liv i landet, og minst paa denne tidi. Dei upplyste trudde ingenting, og prestarne preika meir um fjos-stell og potet-avl enn um synd og soning. Paa 6 aar for Hauge mest heile landet rundt og preika i kvar den krok um bot og umvending og trui paa Guds naade i Kristus, og eit sterkt kristelegt liv vakna mange stader. Samstundes lærde han folket upp til betre stell og skipa fabrikkar. „Haugianararne“ hadde mest som ein svip av dei franske hugenottarne med brennande tru og klokt arbeid. Det var ikkje aa venta, at statskyrkja og det bureaukratiske stellet hennar skulde lika denne reisning, som gjekk ut fraa bondefolket. Prestarne var etter han og fekk han i arrest mange gonger; for etter „konventikelplakaten“ av 1741 hadde ikkje andre enn prestar lov til aa preika. 1804 vart Hauge sett fast 11te gongen og sat i mange aar, medan ein „kongelig kommission“ granska hans ferd. I 1809 laut dei taka han ut or fengslet, for under ufreden var det ikkje salt aa faa fraa utlandet, og Hauge lærde deim daa aa koka salt; dermed laut han i fengsel att. I 1814 fall det endeleg dom; han laut bøta 1000 riksdalar og betala umkostningarne. Daa han kom ut, var han fatig og helselaus. Sidan kjøpte han garden Bredtvedt ved Kristiania og budde der til han døydde i 1824.

Fredrik den sette. 1808–1814.

1808 vart Fredrik konge, men i røyndi hadde han styrt alt fraa

1784. Det saag myrkt ut, helst for Norig. Daa flaaten var røva og ufreden med England tok til, var det so det krydde med engelske herskip paa sjøen, so det var mest uraad aa fara lande-millom. Engelsmennerne hadde teket ei mengd med handelsskip fraa Norig og Danmark, og det vart slutt med handel og skipsferd. Uaar vart det og, og daa det ikkje kunde koma korn fraa utlandet, vart det svult og sjukdom i Norig, og rikskassa hadde ei uhorveleg gjeld. Norig laut no syta for seg sjølv, og det vart skipa ei styringsnevnd („regjeringskommission“) for Norig med prins **Kristian August av Augustenborg** til formann; det var ein dugande mann, som folket heldt av.

Dessimillom var ufreden med Sverige i full gang. Den svenske kongen, Gustav den fjorde, var halvgalen og styrde so ille, at Sverige miste heile Finnland, endaa baade svenskarne og finnarne slost manneleg og mange gonger vann paa russen. Men Gustav hata den norsk-danske styringi meir enn Russland, og daa heren trengdest som mest i Finnland, sende han general **Armfelt** med 20,000 mann mot Norig. Nordmennerne hadde ei lang lina aa verja og rauk ved *Lier*, men alle andre stader vann dei. Ved *Toverud* i Urskoug fanga dei ein herstyrke paa 100 mann; i *Trongen* (Blaamyri) i Solør fanga dei 400 mann og likso mange ved *Berby* i Enningdalen. Fraa 14de april til 10de juni 1808 hadde svensken mist yver 2000 mann og mange kanoner og laut draga seg ut or Norig. Samstundes laga russen seg til aa gaa fraa Finnland inn i Sverige. Daa stod det so ille til i Sverige, at det var ikkje onnor raad enn aa setja av kongen. Den svenske heren, som hadde voret i Norig, gjekk til Stockholm, og Kristian August lova, at han skulde halda seg i ro so lenge. Daa vart Gustav avsett, og farbror hans, **Karl den trettande**, vart konge 1809, og daa han ikkje hadde born, vart Kristian August utnemnd til ettermannen hans. Med det same innførde svensken ein friare riks-skipnad. No fekk Sverige fred med Russland og laut gjeva fraa seg heile Finnland. Med Norig og Danmark gjorde det fred i *Jönkjöping*, soleis at alt skulde vera som fyrr. 1809.

Kristian August hadde voret ein god styrar i Norig og ein utifraa vensæl mann, og nordmennerne fylgde han med sorg

til landskilet. I Sverige vart han og ovende vensæl, men aaret etter braaddøydde han.[1]

Ufreden med England hadde vart i tvo aar og hadde voret til den største ulukka for Norig. Andre rike, som var med paa „kontinentalsystemet“, heldt paa og handla like radt med England, og store flaatar av handelsskip førde varor att og fram under nøytralt flagg. Men den norsk-danske kongen totte slikt var uærlegt og gav ikkje lov til det. Baade nordmennerne og danskarne rusta ut kaperskip (vikingskip) og mindre herskip og tok mange handelsskutor fraa engelsmennerne, og dei vann ender og daa paa dei engelske herskipi. Men ved dette vart engelsmennerne nøydde til aa senda mange herskip til havet millom Norig og Danmark, so det var stor faare for dei norske skutorne, som vaaga seg ned til Danmark etter korn, og sistpaa vart naudi so stor i Norig, at landet laut reint gaa under, skulde det halda paa slik lenger.

Tanken um sjølvstyre vaknar. Nordmennerne tok no til aa skyna, at det høvde ille for Norig aa vera i samlag med Danmark, og dei tok til aa lengta etter aa faa Norig sjølvstyrt. I slutten av det 18de aarh. (1790 til 1799) var det prentefridom i Norig og Danmark, og i den tidi fekk dei franske revolutionstankarne mykje inngang i Norig, og her kom dei i god jord. Mykje av det, som fransmennerne stridde so hardt for aa faa, hadde nordmennerne fyrr: i Norig var alle frie og like for lovi, og det norske folket var det mest demokratiske i Europa. I den tidi, daa adel og presteskap og einvaldskongar styrde landi, kunde ikkje Norig halda seg jamsides med andre land, daa det ikkje hadde nokon megtig adel eller presteskap og ikkje innanlands-kongar yver seg, men framande kongar, som i lengste laget hindra den norske nationaliteten fraa aa veksa fram. Men det var von um, naar fridomen fekk inngang alle stader, daa skulde det norske folket koma til æra att.

Fleire tok no til aa tenkja paa aa brjota det gamle samlaget med Danmark. Dette var mest dei rike trelasthandlararne og skogeigararne og jarnverkseigararne paa Austlandet. Dei vilde

[1] Storadelen var sinna paa han; riksmarskalken grev Axel Fersen, som dei mistenkte for aa hava gjevet prinsen banedrykk, vart ihelslegen, daa dei skulde gravsetja liket i Stockholm.

hava fred med Sverige og England og skyna, at det engelske sjølvstyret var mykje gagnlegare enn einvaldsmagti. Dei meinte, at jamvel eit samlag med Sverige var betre enn som det no var. Den hævaste av desse rikmennerne var grev **Herman Wedel-Jarlsberg.**[1]

Misnøgjet med kongens aatferd voks med kvar dag. Daa laut kongen gjeva etter. Danmark heldt paa med ufreden, men Norig fekk eit slags freds-tilstand med England. Nordmennerne kjøpte i England *license-brev* (uttal: leisens-brev) eller fribrev, so dei kunde føra trelast til England, og korn fraa Danmark til Norig. Hausten 1809 siglde ein stor norsk trelast-flaate ut etter Kristiania-fjorden med strjukande bør, og no kom det liv i handelen, og landet fekk det kornet, det trengde. Det var mest berre Kristianssand og bygderne vestanfor, som heldt paa med ufreden. Her treivst vikinglivet paa gomol vis, og tidt fekk dei stort herfang. I 1810 skar dei ut 48 rikt ladde skip av ein stor engelsk handelsflaate og førde til Kristianssand og selde ladningarne for 7½ million riksdalar. Det vart stor velstand for ei stund paa denne kanten, og sjømannskonor klædde seg i det finaste silkety. Men hine nordmennerne lika ikkje dette, daa det lokka engelske herskip upp under Norig, so inkje norskt skip kunde vaaga seg ut, mindre det hadde license-brev. Dei lika ikkje helder, at kongen sende upp fregatten Najaden til aa verja den norske havstrandi. Havstrandi trengde ikkje til verjing, naar berre engelsmennerne fekk vera i fred, og engelsmennerne øydelagde Najaden i Lyngør 1812. Yver 200 mann fall eller vart saara der.

I desse tronge aari auka fedralands-kjærleiken og fridomshugen paa. I 1810 vart *„Selskabet for Norges vel“* skipa, og dette sette fram det gamle kravet um, at Norig skulde faa eit universitet. I halvtanna aarhundrad hadde kongarne negta dette, daa dei var rædde, at nordmannskapen daa skulde veksa for hardt, men no, daa riki var i stor faare og naud, laut kongen gjeva etter. Store gaavor strøymde inn til det nye universitetet, og gleda var stor. Andre september 1811 vart det fastsett, at det skulde skipast, og tvo aar etter kom det i full gang. No hadde Norig fenget alt det, som trengdest, so det kunde verta eit sjølvstendigt rike.

[1] Kristian August heldt seg til dette partiet. Tanken var, at han skulde verta konge yver baade Norig og Sverige.

I desse aari hadde Frankrike under Napoleon fenget uhorveleg magt. I 1812 gjorde han innfall i Russland med heile herstyrken sin, umkring ein halv million, men det bar so uheppeleg til, at dei fleste døydde av kulde og sjukdom, og han laut draga ut or Russland med leivningarne av heren. I denne ufreden heldt Sverige med Russland. Svenskarne hadde valt ein av dei franske herførararne, **Bernadotte**, til krunprins etter Kristian August, og daa tok han namnet **Karl Johan.** Han hadde gjort ei avtala med Russland i *Aabo* 1812, at Sverige skulde faa Norig i skadebot for Finnland. Daa Napoleon hadde mist so mykje folk, gjorde dei fleste magterne i Europa samlag mot han, og Sverige vart med, og England og Preussen lova, at det skulde faa Norig. Norig og Danmark var no dei einaste, som heldt med Napoleon, og soleis fekk dei no ufred med Sverige, England og Russland og Preussen paa ein gong.

No tok England til aa hindra license-handelen, og prøvde snart etter paa aa svelta Norig reint ut. I denne naudi sende Fredrik den sette sysk nbarnet sitt,[1] **Kristian Fredrik,** upp til Norig som stathaldar, men han var ein lite dugande styrar, og naudi voks for kvar dag. 1812 var det største uaaret, folk kunde minnast, og det var mest umogelegt aa faa upp korn fraa Danmark, endaa styringi ærleg gjorde det ho kunde, og folk laut taka til borkebrødet att. Paa denne tidi gjekk papirsetlarne so ned i verde, at dei gav 1000 papirdalar for ei tunna kveite, og banken gjorde bankerot 1813, og soleis miste mange alt det dei hadde.

Den einaste bergingi, kong Fredrik den sette hadde, var Napoleon. Denne samla alt det mannskapet han kunde faa, men i oktober 1813 tapte han slaget ved *Leipzig,* og daa var det ute med han. Daa drog Karl Johan, som hadde voret med i striden mot fedralandet sitt, med ein svensk og russisk her inn i Holstein. Danskarne varde seg manneleg i fleire slag, endaa fienden var 5 gonger so mannsterk, men daa det var uraad aa halda paa med ufreden, gjorde Fredrik den sette fred i *Kiel 14de januar 1814.* Ved denne freden skulde den svenske kongen hava Norig, so nær som Island og Færøyarne og Grønland, men taka paa seg ein høveleg part av den norsk-danske riksgjeldi. I skadebot skulde Danmark faa noko land i Tyskland.[2]

[1] Han var son til erveprins Fredrik, sjaa s. 153.

[2] Svensk Pommern og Rygen. Danmark bytte burt desse for Lauenborg og ein slump pengar.

Soleis vart Norig skilt fraa Danmark. Daa hadde dei voret ihop i 434 aar.

Aattande stykket.

Aaret 1814 og frametter til no.

1814 till 1830. **Nordmennerne godkjenner ikkje Kieler-freden.** Strakst etter freden i Kiel sende kong Fredrik eit brev til nordmennerne, og i dette brevet sagde han fraa seg retten til det norske kongedømet og gav det til den svenske kongen.

Men nordmennerne vilde ikkje godkjenna denne freden og vilde ikkje finna seg i, at kongen gav burt landet, liksom ein annan eigedom, til ei framand magt, og minst til Sverige, den gamle ervefienden. Alle vart sorgfulle og harme og var full-huga paa aa verja seg. Nokre vilde helst innføra republik, men dei fleste totte, at i so faarlege tider trengde landet ein førar, og tenkte, at den folkekjære prinsen Kristian Fredrik skulde vera best laga til det. Prinsen sjølv hadde god hug paa dette, og for nordigjenom Gudbrandsdalen til Trondhjem, so han kunde sjaa, kva folket vilde, og alle stader merka han, at dei helder vilde vaaga liv og blod enn gjeva seg under Sverige.

Stormanns-møtet paa Eidsvoll. Daa prinsen kom attende, kalla han fleire av dei beste mennerne i landet til eit møte paa *Eidsvoll* (16de febr.). Prinsen meinte, at daa han var erv-ingen etter kong Fredrik den sette, og denne hadde gjevet fraa seg det norske kongedømet, so var prinsen no rette ervingen til Norigs rike; men professor **Georg Sverdrup** og fleire andre stod fast paa det, at nordmennerne no hadde rett til aa taka, kven dei vilde, til konge. Prinsen gav etter, og dei vart sam-stelte um, at prinsen skulde styra landet som regent so lenge, og at det skulde koma ihop eit riksmøte paa Eidsvoll til aa gjeva ei grunnlov. Til dette møtet skulde folket velja utsen-dingar for byarne og landsbygderne og heren og flaaten. Etter dette heldt dei ein høgtidleg bededag i Kristiania (25de febr.). Her svor fyrst prinsen og sidan heile aalmugen, at dei skulde verja Norigs sjølvstende. Sameleis gjorde dei rundt umkring i landet.

Riksmøtet paa Eidsvoll. Riksmøtet kom ihop paa Eidsvoll sundagen den 10de april. Der var 112 utsendingar.[1] Same dagen var dei i kyrkja og bad um Herrens velsigning, og dagen etter opna prinsen møtet.

Der vart strakst tvo flokkar paa riksmøtet. Den eine flokken paa umkring 30 trudde, at Norig var for veikt og utarma til aa vera eit sjølvstendigt rike, helst no, daa det kunde venta ufred med Sverige, England, Russland og Preussen paa ein gong, um det ikkje gav etter, og dei meinte, at samlag med Sverige baade var det beste for landet, og at det var reint naudturvelegt. Hovudmennerne i denne flokken var grev **Herman Wedel-Jarlsberg** og amtmann **Severin Løvenskjold**, jarnverkseigaren **Jakob Aall** og presten **Nikolai Wergeland.** Men denne flokken var so liten, at han kunde ikkje setja sin vilje igjenom. Alle hine utsendingarne stod paa, at Norig skulde vera for seg sjølv. Dei gjævaste av deim var skrivaren **Kristian Magnus Falsen**, professor **Georg Sverdrup** og skrivaren (seinare stiftamtmann) **Vilhelm Christie** og presten **Jonas Rein.** Dei vilde hava prinsen til konge, og daa han skulde erva Danmark og, var det sume som vona, at paa den maaten kunde Norig og Danmark verta sambundne att, og nokre vona og, at naar ein fri riksskipnad vart innførd, skulde svenskarne helder taka Kristian Fredrik til konge enn Karl Johan.

Baae desse flokkarne vart samstelte um, korleis grunnlovi skulde vera. Magnus Falsen hadde sett ihop upplaget til ei grunnlov, (mest etter den franske grunnlovi av 1791 og den nordamerikanske av 1787), og paa dette grunnlaget gjorde dei grunnlovi og fekk ho ferdig til 17de mai, og same dagen valde dei Kristian Fredrik til konge. Daa dette store verket var gjort, kom dei ihop siste gongen 20de mai, og daa dei hadde skrivet under protokollarne, stelte dei seg paa ei lina og tok kvarandre i henderne (soleis at kvar gav vinstre sidemannen høgre handi, og høgre sidemannen vinstre handi), og so sagde dei: „Einige og true, til Dovre fell.“ I denne store stundi hadde mange taaror i augo; dermed skildest dei og drog heim, kvar til sit sitt.

[1] Tri fraa kvart amt (av deim skulde det vera minst *ein* bonde) og tri fraa kvart av dei tvo grevskap, 27 fraa heren og 4 fraa flaaten. Fraa kvart regiment eller korps skulde det vera ein mann av underklassarne.

Grunnlovi av 17de mai. Norig skal etter grunnlovi vera eit fritt og sjølvstyrt rike. Det kann ikkje sundbytast eller gjevast burt. Det skal vera eit ervelegt kongerike, men *kongsmagti* er avknappa. Kongen hev magt til aa setja i verk det, som skal gjerast. Han er heilag, det vil segja andsvarslaus, so han korkje kann lastast eller saksøkjast. Andsvaret ligg paa statsraadet. Statsraadarne skal kongen sjølv velja av norske borgarar, som ikkje maa vera under 30 aar. Kongen hev rett til aa raada for fred og ufred og samlag med andre magter, og er førar for heren og flaaten, men han kann ikkje bruka hermagti, mindre stortinget samtykkjer, naar det er kongen sjølv, som bryt freden. Kongen utnemner embætsmenner, men dei kann ikkje setjast av utan lov og dom, so nær som statsraadar og sume andre høgsette embætsmenner.

Stortinget hev retten til aa gjeva lover. Det møter tridje kvart aar i Kristiania, men kongen kann elles og kalla stortinget ihop, naar det trengst, og daa møter same tingmennerne, som var paa siste stortinget. Dei skal velja tingmennerne soleis, at dei borgararne, som hev røysterett i kvar by og kvart prestegjeld, vèl valmenner, og desse vèl tingmennerne, eit visst tal for kvar by og kvart amt. Røysterett hev alle norske borgarar, som hev fyllt 25 aar og hev butt i landet minst 5 aar og 1) anten er eller hev voret embætsmenner, eller 2) eig skyldsett jord paa landet eller hev bygsla skyldsett jord paa lenger tid enn 5 aar, eller 3) er kjøpstad-borgar, eller 4) i kjøpstad eller ladestad eig gard eller grunn til eit verd av minst 300 riksdalar (600 krunor). Naar stortinget kjem ihop, skal det taka ut ein fjordepart av utsendingarne, som skal vera *lagtinget,* og hine skal vera *odelstinget.* Eit lovemne skal fyrst verta framsett i odelstinget, anten av ein odelstingsmann eller av kongen. Soframt lovemnet godkjennest, vert det sendt til lagtinget. Vert det godkjent der og, vert det sendt til kongen, og naar han vigslar det (gjev sanktion), vert det lov. Gjeng det ikkje igjenom i lagtinget, vert det sendt attende til odelstinget med dei paaskrifterne, som lagtinget tykkjer trengst. Daa kann odelstinget leggja vek lovemnet eller senda det til lagtinget att, anten odelstinget hev vedteket paaskrifterne eller ikkje. Vert det ikkje daa godkjent i lagtinget, skal heile stortinget koma ihop, men daa skal det

tvo tridjepartar til av heile røystetalet, til aa faa lovemnet vedteket. Naar tri storting paa rad hev vedteket eit lovemne, vert det lov, anten kongen vigslar det eller ikkje.

Stortinget hev rett til aa leggja paa skattar og toll, aa laana pengar for rikskassa og lata til dei pengarne, som trengst til utgifterne for riket.

Den dømande magti er hjaa *høgsterett* og dei lægre domstolarne. Naar ein av statsraadarne eller ein stortingsmann i si stelling som stortingsmann gjer noko galet, kann odelstinget reisa søksmaal, og daa kjem lagtinget og høgsterett ihop til ein *riksrett* og dømer i saki.

Kvar borgar hev den skyldnaden paa seg aa verja landet. Folk skal hava fritt lov til aa prenta, kva dei vil. Ingen skal faa ser-retter, og ingi jord leggjast ut til grevegardar og slikt. *Odelsretten* og *aasetesretten* skal staa ved lag.

Er det naudturvelegt aa gjera noko umbrøyte paa grunnlovi, lyt tvo tridjepartar av stortinget vera samde um det. Men slikt umbrøyte lyt aldri vera imot grunntankarne i grunnlovi. —

Ufred med Sverige. Medan alt dette gjekk for seg, skunda dei seg og innførde korn fraa Danmark og England. Ingen visste, kva dei vilde segja i utlandet, naar dei fekk høyra, at nordmennerne ikkje vilde gjeva etter, men dei vona, at stormagterne ikkje vilde tvinga nordmennerne, naar dei saag, at desse vilde vera sjølvstendige sin. Dei hadde best von til England, men den engelske stjorni vilde ikkje taka imot utsendingen hans Kristian Fredrik, og det kom sendemenner til Kristiania fraa England, Russland, Austrike og Preussen, og desse kravde, at nordmennerne skulde gjera, som fastsett var i Kielar-freden. Dan han dreiden ... til.

Den svenske heren samla seg ved grensi(?), [illegible] mann, under Karl Johan, og Russland baud seg til aa senda [illegible] mann, og England sende [illegible] den svenske [illegible] [illegible] [illegible] Men dei [illegible] vart [illegible] paa, [illegible]

Men kongen var ikkje fallen for aa føra folket i striden. Han drøymde um aa verta svensk krunprins i staden for Karl Johan og so samla alle tri riki, og difor tenkte han ikkje paa aa slaast for aalvor for det folket, han var kaara til aa styra. Livrædd var han og. Han førde kanoner og anna, som trengdest til forsvar, fraa Fredriksstad, og lagde soleis vegen til Smaaleni open for fienden.

I slutten av juli bar det ihop. 40 norske kanonbaatar, som laag ved Hvaler („Hvaløerne"), drog seg undan for ei mangdubbelt yvermagt og rodde yver til den andre sida av Kristianiafjorden. Samstundes gjekk den svenske heren yver landskilet og kringsette Fredrikssten og truga med aa skjota Fredrikshald i brand, um ikkje borgararne svor truskaps-eiden til den svenske kongen. Borgararne vilde ikkje, endaa dei ingi hjelp kunde faa fraa festningi, og daa skaut svensken i fleire dagar paa den verjelause byen. Daa vart mange hus øydelagde og brandfolki so utasa, at dei ikkje orka meir. Festningi skaut heile tidi paa svensken. Ein svensk herførar sende brev til kommandanten *Ohme,* at dei vilde hengja han, um han ikkje gav seg, og soleis truga dei han jamt. Men han svara eingong: „Eg er ein utlivd mann og skal snart døy likevel." Karl Johan lova, at han skulde halda paa med aa skjota paa byen, til dess borgararne svor eiden, og daa ein borgar sagde til han, at dei kunde brenna byen sjølve, som federne hadde gjort, svara han, at daa skulde han drepa alle ihop. Endeleg gav byen seg, men fekk gode vilkaar, daa Karl Johan ikkje vilde driva borgararne til det verste. Sidan skaut svensken berre paa festningi.

Kristian Fredrik stod med innpaa 10,000 mann i Rakkestad, og heren brann av stridshug. Daa kom det tidend um at Fredriksstad hadde gjevet seg, og daa skaut kongen paa, at det var umogelegt aa halda seg paa austsida av Glaama, og drog seg attende. Ved *Onstadsund* sette svensken *paa* brui, men nordmennerne dreiv han attende og forfylgde. Daa sende kongen bod um, at dei skulde snu. Ingenstad fekk dei lov aa slaast, naar kongen kunde hindra det. Den heitaste striden i heile ufreden var uppe ved Kongsvinger; her stod oberst *Krebs* med noko yver 2000 mann. 2dre august sette svensken paa han ved *Lier,* ei mil fraa Kongsvinger, men

nordmennerne dreiv deim attende og slo deim den 5te august ved *Matrand bru*, slik at dei miste 300 fangar og alt, dei hadde, og laut slaa seg igjenom til ikkje aa verta fanga alle ihop.

Daa denne ufreden hadde vart umkring 14 dagar, gjekk Kristian Fredrik inn paa eit forlik *(konventionen til Moss)* 14de august, og lova, at han skulde kalla ihop eit umframstorting og leggja ned kongsmagti si i stortinget, og dessimillom skulde statsraadet styra. Karl Johan lova paa den svenske kongens vegne, at um Norig vilde gjera samlag med Sverige, skulde han godkjenna grunnlovi av 17de mai med dei umbrøyte, som trengdest, naar dei tvo rike skulde verta ihopbundne. Den norske heren skulde faa heimlov, og svensken hersetja Fredrikssten.

No opna Fredrikssten fyrste gongen portarne sine for svensken. Karl Johan sjølv fangtok general Ohme og kalla han for ein god soldat og djerv hermann. Sidan gjekk han dit, der Karl den tolvte var fallen, og stod der tankefull, med hatten i handi.

Ved dette forliket vart ikkje Kieler-freden nemnd. At nordmennerne kunde faa so gode vilkaar, kom seg baade av di, at Sverige trengde hardt til fred, og at den norske heren hadde synt i nokre slag, at han ikkje hadde vanslegta, og av di at Karl Johan visste, at stormagterne, som no hadde avsett Napoleon, ikkje lika deim, som var komne til æra ved den franske revolutionen. Um det drog ut med ufreden, kunde det soleis lett henda, at stormagterne helder vilde hava ein av den gamle oldenborgske ætti til konge i Norig og Sverige. Slik som det gjekk, var Norig det einaste landet paa denne tidi, som gav seg sjølvstyre og ikkje miste det, og Karl Johan den einaste av hovdingarne, som voks upp under Napoleon og ikkje sidan miste magti si.

Samlag millom Norig og Sverige. Stortinget kom ihop den 7de oktober. Der var 80 utsendingar, og av deim hadde berre fjordeparten voret med i riksmøtet paa Eidsvoll. Nokre dagar etter lagde Kristian Fredrik ned kongsmagti og gav ho til stortinget, og same dagen gav han seg paa vegen til Danmark. Sidan vart han konge i Danmark (1839) og kalla seg Kristian den aattande og døydde 1848. Fraa di Haakon den

sette styrde, var han den einaste kongen, Norig hadde for seg sjølv.

No kom det seks utsendingar fraa Karl (den trettande) til aa tinga med stortinget, og 20de oktober vedtok stortinget, at Norig skulde gjera samlag med Sverige. Stortinget og dei svenske utsendingarne vart samstelte um dei umbrøyte, som dei laut gjera ved den norske grunnlovi, naar dei tvo rike skulde verta ihopbundne. Det vart soleis fastsett, at statsministeren[1] og tvo statsraadar skulde vera med kongen, naar han var burte fraa riket, og at etterkomararne hans Karl Johan paa manns-sida skulde erva Norigs rike. Kongen skulde hava rett til aa innsetja ein stathaldar eller ein visekonge.

Daa dette var gjort, valde stortinget den svenske kongen, Karl, til norsk konge, 4de november. Sidan sende Karl Johan stortinget heim, og innsette ein svensk greve, **Essen**, til stathaldar i Norig.

Indre tilstand fraa 1814 til 1830. Yvergangen fraa einvaldsmagt til sjølvstyre var ikkje so braad eller stor, som ein skulde tru. Nordmennerne, baade bønder og borgarar og embætsmenner, hadde voret meir sjølvstendige under einvaldsmagti enn danskarne. Under den lange ufreden hadde nordmennerne styrt seg sjølve; embætsmennerne hadde havt den største magti, og soleis vart det ei lang stund etter 1814 og.

Den fyrste tidi etter 1814 var ikkje ljos. Landet var so utarma, at det var ikkje lett at faa pengar i rikskassa, og utgifterne var store, daa det var mykje som skulde skapast reint fraa nytt. Ved bankerotten i 1813 hadde dei, som aatte kontante pengar, mist mest alt ihop, men nokre hadde fenget store eigedomar for spottpris. (Ein mann hadde kjøpt ein gard, fyrr setlarne gjekk ned, men ikkje betalt endaa. Sidan tok han upp tvo tunnor jordeple og selde, og dette betalte han garden med.) Gamaldags ærlegdom og tillit hadde ført mange i armodsdom, men dei som kunde tyda dei myrke og mangslungne loverne, stod seg godt, og prokuratorarne fekk henderne fulle med arbeid. —

I 1815 kom det fyrste ordentlege stortinget ihop. Dette og den svenske riksdagen vedtok *riksakten;* i den er det fyresett ymist um samlags-vilkaari. Same stortinget vedtok og, at det

[1] No er det tvo.

skulde ikkje lenger finnast adel i Norig, men kongen vilde ikkje vigsla denne lovi. 1816 vart Norigs bank skipa. Han fekk hovudsætet i Trondhjem. Til aa faa grunnlagt banken vart det paalagt ein sylvskatt paa 8 millionar krunor (yver 8 krunor paa kvart menneskje, som dei skulde betala i sylv), og so grøtelegt var det pengestellet, Norig hadde ervt fraa dansketidi, at dei laut gjera ein ny bankerot[1] med same dei skipa banken. Folk hadde so lite tillit no, at dei vilde ikkje taka dei nye dalar-setlarne for fullt verde. Daa landet no var so utarma, totte dei ikkje det hadde raad til aa halda so stor her, og ikkje totte dei det turvtest helder, naar der var samlag med Sverige. Dermed vedtok stortinget aa gjera heren mykje mindre. (Lina, som fyrr var 24,000 mann, vart no berre 12,000.)

Kong Karl den andre[2] (i Sverige den trettande) slokna i 1818, og daa vart **Karl den tridje Johan** konge (i Sverige den fjortande) og vart krynt til konge i domkyrkja i Trondhjem. Etter Kristian den andre hadde ingen konge voret krynt i Norig.

Svenskarne hadde mist Finnland og Pommern og hadde tenkt aa faa Norig i skadebot; det var ikkje aa undrast paa, at dei harma seg, for di Norig var fritt og sjølvstendigt og kongen hadde mykje mindre magt der enn i Sverige. Karl Johan, som ikkje hadde nokon gamal erverett aa stydja seg til, laut vara seg vel og gjera, som det sterkaste folket vilde, og daa nordmennerne vilde hava dei ytre merke paa, at dei var eit fritt folk, vart det mykje krangel med kongen. Etter grunnlovi skulde Norig hava sitt eige handelsflagg, og orlogsflagget skulde vera eit samlagsflagg („unionsflag"). I 1814 var det fastsett, at det norske flagget skulde vera raudt med ein kvit kross i og den norske løva øvst uppe ved stongi; men daa dette likna for mykje paa det danske, vedtok stortinget i 1821 ei lov um, at flagget skulde vera raudt med ein kvitkanta blaa kross i. (Dei tri fridoms-fargarne, trikoloren.) Kongen vigsla ikkje denne lovi, daa han meinte folket ikkje hadde rett til aa raada for

[1] Der gjekk 25 millionar papirdalar i landet, og der fanst ikkje sylv til aa løysa deim inn. Mesteparten var setlar, som dei hadde utgjevet i 1814 (prinse-setlarne.) Etter den nye bankerotten gjekk dalar-setlarne fraa dansketidi for 4 øyre og dei norske for 25.

[2] Karl den fyrste var Karl Knutsson 1449—1450.

flagget sitt, men han gav ut ein kongeleg resolution, at flagget skulde vera, som stortinget hadde fyresett. Men dette flagget kunde ikkje handelsskipi bruka paa langferder, daa det ikkje var godkjent av røvarstatarne ved „Middelhavet". Aa faa traktat med røvarstatarne var ikkje smaating. Det skulde store gaavor til, umkring 1 million krunor, rekna dei ut. So laut dei attaat kvart aar betala ei 7—800,000 krunor i skatt. Daa dette var meir enn heile Middelhavs-farten var verd, hadde stortinget sjølv i 1814 søkt um, at norske skip kunde faa sigla under svenskt flagg paa langferder (sud um Finisterre i Spania), men daa dette var harmelegt, sende det tvo gonger, 1815 og 1818, adressor til kongen um aa tinga med røvarstatarne og faa eit norskt flagg, som var godkjent paa alle hav. Men kongen drog seg undan. I 1818 fastsette kongen eit unions-handelsflagg, som var svenskt med dei danske fargarne øvst ved stongi, og i 1821 fastsette han, at baade norske og svenske skip skulde sigla med dette flagget paa langferder. I 1815 var det fastsett, at det norske orlogsflagget skulde vera det svenske flagget med dei danske fargarne øvst ved stongi (liksom unions-handelsflagget) og med kluft og tunga, og at dette skulde vera festningsflagg og. Det saag ut som Norig berre skulde vera eit svenskt landskap. Den norske løva vart sett paa dei svenske pengarne, og kongen kalla seg Karl den fjortande, liksom Norig var eit svenskt landskap. Nordmennerne fekk ikkje lov til aa halda fest den 17de mai helder, og 17de mai 1829 bruka kongen vaapnmagt mot borgararne (torgslaget). Nordmennerne totte ille um og, at kongen innsette svenske stathaldarar (1814—1829).

Bønderne klaga paa dei harde tiderne, uaar og svære skattar, og mange trudde sjølvstyret var skuld i alt det vonde, og at det kosta meir enn det gamle einveldet. Kongen sende spæjarar umkring i landet, og det vart ei heil røra. I 1818 sette bønderne upp paa Heidmarki, i Hallingdal og i fleire bygder og vilde gjeva kongen einvaldsmagt, men daa det bar til stykket, vaaga dei seg ikkje til. Den verste upphavsmannen til dette staaket, Halvor Hoel, hadde sidan aarspengar av kongen.

I Kieler-freden hadde det voret fastsett, at den svenske kongen skulde betala Danmark so mykje som kom paa Norig av den norsk-danske riksgjeldi. Danmark kravde 28 millionar

krunor. Dette vilde ikkje nordmennerne betala; dei hadde lidet so mykje urett og voret skubba slik til sida i dansketidi, at dei totte dei helder hadde pengar til gode, og kor som var, skulde Danmark hava pengar etter Kieler-freden, so vart det Sveriges sak, som hadde gjort den freden; nordmennerne hadde aldri godkjent han. Ikkje kunde dei betala so mykje helder. Heile aars-innkoma for rikskassa i den tidi var 6 millionar krunor, og no kom Danmark og kravde mest fem gonger so mykje som heile aars-innkoma (vilde svara til 400 millionar i vaare dagar).

I utlandet var det so lite tiltru til Norig, at daa styringi i 1820 laut laana 600,000 dalar (ein dalar er det same som 4 krunor), fekk ho sistpaa pengar i Tyskland, men paa slike harde vilkaar, at dei sidan kalla dette laanet for „Tyvelaanet“ (rikskassa fekk 555,000 dalar og laut forskriva seg for 900,000).

Kongen styrde utanriks-sakerne i baae rike og let sakerne gaa gjenom den svenske utanriks-ministeren og dei svenske utsendingarne i utlandet. So hende det, at ein engelsk handelsmann hadde smugla inn varor paa Bodø, faret ille med dei norske toll-embætsmennerne, som hadde teket varorne hans, og brotet upp pakkhusi og kravde skadebot attpaa. Den engelske styringi studde uppunder dette kravet, og med denne saki gjekk det ikkje likare, enn at engelsmannen fekk seg tilkjent skadebot. Dette kosta den norske rikskassa 450,000 krunor *(Bodøsaki)*. Sidan bad stortinget, at den norske statsministeren skulde vera med, naar dei avgjorde utanrikssaker, som kom Norig ved; men det drygde, fyrr kongen gav etter.

So myrkt det saag ut, arbeidde stortinget hugheilt paa aa fremja folkestyret og verja um grunnlovi. Nordmennerne hadde paa denne tidi det friaste folkestyret av alle folk. I 1818 tok stortinget ved adels-lovi att, men kongen negta samtykke daa og. 1821 skulde saki fram paa stortinget att. Dei fleste kongar og kjeisarar i Europa hadde gjort eit *„heilagt samlag“* („den heilage alliance“), som lest hava til fyremaal aa styra etter Guds ord, men i røyndi vilde gjera ende paa all folkefridom. Det heilage samlaget hadde nettupp havt møte i *Laybach* og tynt fridomen i Italia, og hadde ikkje noko godt hjartelag til nordmennerne. Nokre aar fyreaat hadde Danmark sendt inn klaga og, for di Norig ikkje vilde betala sin part av gjeldi.

Karl Johan samla 3000 norske og 3000 svenske soldatar ved Kristiania, og svenskarne, men ikkje nordmennerne, var fullt rusta til aa slaast, og ein svensk flaate lagde seg ved Kristiania, og svenske soldatar samla seg ved landskilet. Men stortinget let seg ikkje skræma, det vedtok adels-lovi tridje gongen, og daa vart ho til lov, og kongen vigsla ho. Same stortinget gjekk inn paa aa betala Danmark 12 millionar krunor.

Karl Johan lagde fram for stortinget 10 lovemne; han vilde hava rett til aa negta ei lov samtykke, um so stortinget vedtok ho tri gonger, rett til aa setja av embætsmenner, velja stortings-formenner og meir slikt, som var det same som aa gjera ende paa grunnlovi. Alle desse lovemni negta stortinget i 1824, og det var ikkje ordkast um deim dessmeir. (Kristian Krogh var den gongen formann i konstitutions-komiteen.) Sidan lagde kongen deim fram gong etter gong, og stortinget negta.

Det norske bokriket til 1830. I fyrstningi av dette aarhundrad, daa Norig og Danmark vart skilde under ufreden med England og sidan ved Kieler-freden, fekk dei tvo riki kvart sitt bokrike. Nettupp daa fekk Danmark tvo store diktarar, **Grundtvig** og **Oehlenschläger**, som tok emne fraa den gamle heidenske gudelæra og den gamle stortidi. Dette var til stor styrkning for den danske nationaliteten, og gjorde mykje til aa vekkja upp nordmennerne og. Nettupp som den danske diktekunst tok seg so ypparleg godt fram, var det smaatt med den norske. **J. N. Brun** døydde 1816 og **Zetlitz** 1821. Av nye diktarar er dei mest namnkjende **Conrad Nicolai Schwach**, d. 1860 („Mens Nordhavet bruser"), **Simon Olaus Wolff**, d. 1859 („Hvor herligt er mit fødeland"), **Maurits Hansen**, d. 1842, som skreiv mange forteljingar, og **Henrik Anker Bjerregaard**, d. 1842 („Sønner af Norge" og „Fjeldeventyret").

Norig etter 1830.

I slutten av 20-aari vart „det heilage samlaget" sprengt, og det vart slutt paa det bakstrævet, som alt fraa 1814 hadde leget som ei skodda yver Europa.

I 1830 vart det revolution i Frankrike *(Juli-revolutionen)*, og eit friare styre vart innført. Yver heile Europa for det

som ein fridoms-vind, og det kom som ei frisk gufs til Norig med.

Den manns-ætti, som hadde styrt i landet fraa 1814 til 1830, hadde vokset upp under einveldet, men no kom det ei ny ætt, som var uppfødd i fridom og sjølvstyre. Denne nye ætti sette seg fyre aa gjenomføra grunnlovi i aand og sanning.

Etter grunnlovi var det bønderne, som skulde hava største magti; dei skulde velja tvo tridjepartar av tingmennerne, og byarne ein tridjepart. I fyrstningi valde bønderne mest embætsmenner, og desse hadde i den fyrste tidi voret djerve og gløgge til aa verja grunnlovi. Det hadde aldri voret meir enn 20 bønder paa tinget; men paa stortinget i 1833 møtte 45, bland deim **Ole Gabriel Ueland**. No tok det til med strid millom bønderne, som vilde hava den magti, dei etter grunnlovi tyktest hava rett til, og embætsmennerne, som vilde alt skulde vera ved det gamle. Ved dette leitet hadde dei selt mykje geistlegt jordegods (beneficiargods), og dette og at mange gardar vart smaabytte, gjorde at talet paa sjølveigarar auka dugeleg paa.

Kongen kom i strid med stortinget 1836, daa han totte, det sette for hardt imot. Dei kongelege framlegg til umbrøyte i grunnlovi vart ikkje sende til ein komite, men burtlagde med ein gong. Stortingsmennerne fraa Kristiania kom med framlegg um aa fastsetja handelsflagget av 1821 ved lov og um aa faa eit norskare orlogsflagg og faa betre skikk paa ymse unionsgreidor. 17de mai heldt stortinget fest, og kommandanten paa Akershus, oberst Hagemann, let musikken gaa i gatorne. Daa vart kongen rasande, Hagemann vart avsett og stortinget uppløyst, lenge fyrr det var ferdigt; men fyrr stortinget skildest, vedtok odelstinget tiltale for riksrett mot statsminister Løvenskjold, for di han ikkje hadde talt kongen ifraa.

I september vart Løvenskjold dømd til aa bøta 4000 krunor.

Kongen trudde, at denne ugreida mykje kom av di, at der i dei siste 7 aari ingen stathaldar hadde voret til aa styra, og no utnemnde han ein nordmann, Herman Wedel-Jarlsberg, til stathaldar, og i oktober kalla han stortinget ihop att til eit umfram-storting. Dette bad den norske styringi um aa faa stelt det so, at norske handelsskip kunde sigla under norskt flagg kor dei vilde, daa røvarstatarne no ikkje var aa ottast for lenger.

(Dei stortingsmennerne, som gjorde mest til dette, var Herman Foss og Jonas Anton Hjelm.) Styringi dreiv paa saki, og i 1838 kom det kongeleg resolution um, at dei kunde bruka det norske flagget paa langferder, men dei skulde sjølve taka vaagnaden paa seg. Same aaret fekk svenskarne lov til aa sigla med sitt eige gamle flagg paa langferder. Heretter skulde den norske statsministeren vera med, naar utanriks-ministeren lagde fram for kongen utanriks-saker, som kom Norig ved (kongeleg resolution av 13de april 1835). Til aa avgjera spursmaalet um orlogsflagget og hine unions-greidorne vart det ihopsett ein unionskomite.

Same stortinget gav ut *formannskaps-lovi* (1837). Ved denne lovi fekk kvar by og kvart herad rett til aa styra sine eigne greidor, so no vart sjølvstyret fullt gjenomført.

Daa den gamle kriminal-lovi (lovi um korleis ein skal refsa lovbrot) var reint umenneskjeleg, kom det ut ei ny kriminallov i 1842.

Same aaret vart konventikel-plakaten av 1741 ved lov avteken, so dei, som høyrde til statskyrkja, no fekk løyve til aa halda gudelege møte og høyra paa lægprædikantar. Tvo gonger hadde kongen sett veto mot denne lovi, og dette var den andre lovi, stortinget dreiv igjenom mot kongens vilje. (Den fyrste var adels-lovi.)

I dei siste aari hadde det voret betre tider, handel og næring var i god framgang, og landet arbeidde seg smaatt um senn ut or armodsdomen. I 1825 vart dei svenske hamnerne opna for norske skip (so nær som kystfarten og farten paa ymse stader utanfor Europa, som var stengd for norske skip radt til 1840). Soleis gjekk mykje av fraktfarten fraa Sverige yver til norske skip. I 1826 fekk Norig handels-traktat med England og rett til aa frakta varor fraa Sverige til England. Fraa den tid gjekk det fram med skipsferdi, so Norig i 1845 hadde dubbelt so stor handelsflaate som i 1824.[1] Utførsla av fisk gjekk upp til meir enn det dubbelte, toll-innkomorne steig, so dei kunde setja ned landskatten meir og meir, til dess stortinget 1836 tok han reint burt, og sidan vart det ikkje betalt ende-

[1] I 1824 var den norske handelsflaaten paa 54,000 kommercelæster; i 1814 hadde han voret paa 69,000.

fram skatt til rikskassa i mange aar. I 1842 naadde papirsetlarne same verde som sylv.

Stortinget i 1842 tok paa og umgjorde toll-lovi og. Denne var bygd paa „det merkantile system“, men vart no etter kvart lempa etter dei nyare grunnsetningar um frihandel. Meste æra av dette hadde professor **Anton Martin Schweigaard**, som fyrste gongen møtte paa stortinget i 1842.

Etter som det leid, vart Karl Johan meir vensæl. Han skyna, at nordmennerne var eit trufast og ærlegt folk, og nordmennerne merka, at kongen hadde eit varmt hjartelag for Norigs framgang, og dei laut høgvyrda Karl Johan, som hadde voret soldat og underoffiser, og no var konge yver tvo rike. Av sine eigne pengar gav han store gaavor til framhjelp for landet, og etter 1829 innsette han berre nordmenner til stathaldarar (eidsvollsmennerne Wedel-Jarlsberg og Løvenskjold[1]). Alt dette gjorde og mykje til, at det gamle svenskehatet tok til aa leggja seg no.

Nordmennerne syrgde paa Karl Johan, daa han døydde 1844 80 aar gamal. So gamal hadde ingen norsk konge voret, fraa di Harald Haarfagre livde.

Etter honom vart **Oskar den fyrste** konge. Han hadde voret visekonge i Norig tvo gonger, 1824 og 1833. 20de juni 1844 gav han ut ein kongeleg resolution, at Norig skulde hava sitt eige orlogsflagg, likt handelsflagget av 1821, men med kluft og tunga. Eit unionsmerke av norske og svenske fargar vart innsett baade i orlogsflagget og handelsflagget i baae riki. Det vart fastsett og, at ikkje andre handelsskip kunde faa hjelp av norske og svenske konsular og herskip enn dei, som førde unionsmerke.

Soleis fekk Norig no det ytre merket paa sjølvstende; gleda vart stor i landet, daa dei svenske fargarne gjekk ned paa alle festningar og herskip, og dei norske gjekk upp.

Aaret etter sende Norig og Sverige og Danmark herskip til Marocco, den einaste av røvarstatarne, som no var att, og daa kom det ei semja i stand, at dei ikkje skulde betala skatt til Marocco lenger.

Ved dette leitet kom *skandinavismen* upp, som vilde samla Norig, Sverige og Danmark til eit forsvarssamlag. I 1845 møttest

[1] Wedel-Jarlsberg døydde 1840. Løvenskjold gjekk av 1855. Han er den siste stathaldaren.

studentarne fraa alle 3 riki og lova, at dei skulde verja Slesvik, um tysken sette paa.

Tri aar etter, 1848, braut *Februar-revolutionen* ut i Frankrike og for Europa rundt. Daa det gamle adelsveldet vart døyvt ved den fyrste store revolutionen og sidan pengemennerne fekk magti etter Juli-revolutionen, so anka arbeidaren seg under dette nye hardstyret og gruna paa, um ikkje samfundet kunde skipast paa rettferdig vis, so han kunde faa det betre. Folki totte og, at no kunde det vera slutt paa den gamle konge-politikken, og kravde folkelegt styre og sjølvstende, og dermed kom det upp store motsetningar millom ymse folk, som kongarne i gamle dagar hadde samla til eitt rike.

Tyskararne i Slesvik-Holstein gjorde upprør og fekk hjelp i Tyskland. Fraa Norig og Sverige for fleire hundrad friviljuge ned og hjelpte dansken, og kong Oskar drog ihop ein norsk og svensk her i Skaane sumaren 1848; han hjelpte Danmark til aa faa vaapnkvila, og seinare, daa det bar ihop paa nytt lag, og det so vart vaapnkvila att, hersette han Nord-Slesvik med norske og svenske hermenner. Tri av dei beste førararne i den danske heren var nordmenner: general **Rye**, som fall ved Fredericia 1849, general **Schleppegrell**, som fall ved Isted 1850, og oberstløytnant **Helgesen**, som vann paa tysken ved Fredriksstad.

I det store revolutions-aaret 1848 vart det staak og uro i Norig med. Student **Markus Thrane** for umkring i by og bygd og preika den nye revolutions-læra (kommunisme og sosialisme) og skipa arbeidar-samlag. Husmennerne totte gildt um, at jordi no skulde bytast likt millom alle, og sume stader tok dei alt paa og vilde byta. Her og kvar laut styringi samla militærmagt til aa halda styr, og Thrane og fleire andre kom i straff. I 1851 kom det ut ei lov um husmannsvæsenet, og sidan vart det mykje likare for husmennerne.

Nokre aar etter hadde Norig nær fenget ufred, daa Russland kravde eit stykke land ved Varangerfjorden. Men snart etter tok Russland paa og tøygde seg etter Konstantinopel, og dermed fekk det ufred med vestmagterne, England og Frankrike. (*Krim-ufreden* 1853—1856.) Karl Johan hadde alstødt haldet med Russland, men Oskar tydde seg til vestmagterne, og i november 1855 gjorde han ei avtala med deim, at dei skulde

hjelpa Norig og Sverige, um Russland freista paa aa taka ei hamn eller ein fiskeplass ved den norske eller svenske havstrandi *(November-traktaten).*

Med Danmark gjorde Norig i 1857 ei avtala um aa sleppa Øresunds-tollen mot aa betala $1^1/_4$ million krunor paa lag.

Paa denne tidi gjekk Norig munarleg fram i velstand. I 1845 vart **Fredrik Stang** sett yver indredepartementet; han var ein mann med baade framferd og dugleike, og no tok dei paa og lagde um gamle veger, lagde nye og grov kanalar og sette i gang eimbaatar. (Den fyrste var sett i gang 1826.) Den fyrste jarnvegen tok dei paa og bygde millom Kristiania og Eidsvoll i 1851; i 1854 tok dei paa med aa leggja telegrafar, og det kom fyrar paa den lange havstrandi. Landbruksskular vart skipa, og i 1851 tok hypothekbanken til. Midt i 50-aari gav jordbruket og fe-avlen mest dubbelt so mykje av seg som midt i 30-aari. (104 mill. krunor mot 59.)

I 1849 vart navigations-akten[1] avteken i England, og sidan hadde den norske handelsflaaten ikkje vondt for frakt. Fraa 1852 til 1855 auka handelsflaaten fraa 160,000 kommercelæster til 200,000, og under Krim-ufreden tente norske skip store pengar.

Daa vestmagterne hadde stagga Russland, vart det eit friare drag paa alle umkverve, frihandels-systemet vann seg fram i mange land, og rikdom og handel auka paa. Paa denne tidi fekk Norig handels-traktatar med framande land og fekk vera med i det store kapp-spranget. Fabrik-drifti tok seg og godt fram.

Etter all denne blømingi kom det i 1857 ein penge-krise, som herja mest i heile Europa, og gamle grunnfeste handelshus ramla alle stader. Han kom til Norig med, men stod ikkje lenge paa.

Stortinget bøtte mykje paa loverne i denne tidi. I 1845 kom dissentar-lovi ut. Etter grunnlovi hadde ikkje jødarne lov til aa vera i Norig. I 1851 slapp dei inn. Det var diktaren **Henrik Wergeland**, som hadde voret trottigast til aa arbeida for denne saki.

I 1854 kom det ut ei lov um, at menner og kvinnor skulde erva likt, og same aaret vart det vedteket, at alle, ikkje berre bønderne, skulde vera med i heren, som grunnlovi baud.

[1] Denne lovi vart gjevi 1651 og fastsette bland anna, at varor som var tilverka og avla i Europa, berre kunde innførast til England paa engelske skip eller skip, som tilhøyrde det landet, dei vart utførde fraa.

I 1851 møtte fyrste gongen **Johan Sverdrup** paa stortinget. Han var uppglødd for tankarne i Februar-revolutionen og samla ein flokk umkring seg, dei liberale. Sverdrup arbeidde paa aa samla all magt i stortinget og i alle maatar gjenomføra ei styring for folket ved folket. Bønderne, som samla seg kring Ueland, dreiv paa og sparde og arbeidde for demokratiet og sjølvstyret og alt, som kunde vera til framhjelp for bønderne. Baae desse flokkarne vilde taka magti fraa embætsmennerne. Dei, som heldt paa det gamle, samla seg under Schweigaard og studde seg til kongsmagti.

Oskar var ein utifraa vensæl konge, endaa han, alvisst etter Februar-revolutionen, heldt strengt paa magti si og brydde seg lite um statsraadet. I 1852 vart han sjuk; um hausten same aaret døydde i Kristiania **Gustav**, son hans, ein emneleg mann og god tonediktar. Kongen syrgde mykje og vart aldri frisk meir. Dei tvo siste aari, han livde, var berre eit langt sloknande. Han døydde 1859.

Etter honom vart Karl, son hans, konge. Han kalla seg *Karl den femtande* i Norig, endaa han med retten var *den fjorde*. Han hadde voret visekonge i Norig i 1856 og fyrstningi av 1857; sidan styrde han i tvo aar for far sin med full kongeleg magt. Karl var ein stor, vakker og endefram mann og godt lika, men mange totte han beinka seg for mykje etter svensken.

I 1855 hadde stathaldaren Løvenskjold gjenget av, og aaret etter hadde statsraad Stang vortet sjuk og fenget avskil. Daa Karl vart konge, var det eit meir frilyndt statsraad, *det Sibbern-Birchske.*

Nordmennerne hadde aldri lika, at kongen etter grunnlovi hadde rett til aa innsetja ein svenske til stathaldar, og det hadde fleire gonger komet framlegg um aa leggja ned stathaldar-posten. I 1859 kom det framlegg att, og Karl hadde lova samtykke. Stortinget vedtok framlegget; berre 2 røysta imot.

Men no bar det so uheppeleg til at svenskarne var harme, for di stortinget i 1857 hadde negta samtykke til ei lov um millomriks-handelen; dei totte det var greidt aa vita, at nordmennerne vilde vera reint for seg sjølve. Nokre vikor fyrr stortinget vedtok framlegget um stathaldar-posten, vart den *anckarsvärdske motionen*, dei kallar, framsett i den svenske riksdagen; i den vart det sagt, at det var krenkjande for Sverige, um Norig

vart jamsides med det, og motionen sette fram krav um revision (gjenomsyn og umgjering) av unions-akten paa grunnlag av Kieler-freden. Norig skulde soleis reknast for herteket land. Daa det kom tidend til Sverige um, at stortinget hadde vedteket framlegget um stathaldar-posten, vart *den dalmanske motionen,* dei kallar, framsett i den svenske riksdagen; denne gjekk ut paa, at daa stathaldar-posten var innkomen i grunnlovi, daa stortinget i 1814 tinga med dei svenske utsendingarne, kunde ikkje stortinget leggja ned posten, mindre riksdagen samtykte. Paa denne maaten vart den norske grunnlovi ein kontrakt med Sverige, og svenskarne fekk raada likso mykje for grunnlovi som nordmennerne.

No braut det gamle hatet fram paa baae sidorne av Kjølen. Dei tvo motionarne vart sende til ein komite (ekonomi-utskottet), som samtykte deim og kravde revision av unions-akten paa grunnlag av Kieler-freden. 17de mars 1860 vedtok alle 4 stand paa den svenske riksdagen denne komite-innstillingi. I riddarsalen staaka og skreik 300 adelsmenner ved midnettes-tider slik, at ein skulde tenkt dei gamle murarne hadde ramla ned.

Etter dette vart kongen skræmd og negta sanktion 4de april i norskt statsraad, men lova, at sidan, naar det høvde betre, skulde han sjølv koma med framlegg um aa leggja ned stathaldar-posten. — Soleis vann svensken, men trega paa, at saki var avgjord i *norskt* statsraad og ikkje i „svenskt-norskt“.

23de april hadde stortinget møte um sanktions-negtingi. Det sat utetter natti, liksom den svenske adelen hadde gjort i riddarsalen, og dryfte saki, men heiltupp roleg og stillferdleg. Samrøystes vedtok stortinget ei adressa til kongen, at den svenske riksdagen ikkje hadde noko med brigde i den norske grunnlovi, og at ein revision av samlags-greidorne kunde ikkje Norig finna seg i paa andre vilkaar, enn at baae riki fekk same rett.

Ved dette leitet skipa dei skyttarlag rundt umkring i landet til aa hjelpa heren, um noko skulde koma paa.

1861 kom det svenske statsraadet med framlegg um revision; der skulde vera sams storting for Norig og Sverige etter folketalet, tvo svenskar mot ein nordmann. Etter dette vart det usemja i det norske statsraadet; enden vart, at dei tri djervaste gjekk av, **Birch-Reichenwald, Petersen** og **Ketil Motzfeldt.** I staden for deim kom bland andre **Fredrik Stang.**

Danmark hadde sidan den siste ufreden havt eit ævelegt krangel med Tyskland. Tysken vilde ikkje, at Slesvik skulde bindast ihop med Danmark, men med Holstein, og dei „eiderdanske“ og likeins „skandinavarne“ i Norig og Sverige vilde hava Holstein utskilt og binda Slesvik til Danmark. Kong Karl var ein god ven med Fredrik den 7de i Danmark, og i 1863 heldt dei paa og avtala eit forsvarssamlag um aa verja Danmark til Eideren. Men fyrr dette var avgjort, braaddøydde den danske kongen. Den nye kongen, Kristian den 9de, skreiv under ei sams grunnlov for Slesvik og Danmark, og dermed sende Preussen og Austrrike ein her inn i Danmark, februar 1864.

No kom kong Karl i skorfeste; skam var det, um han ikkje hjelpte, og raadlaust var det aa slaast med tvo stormagter. I mars kom eit umfram-storting ihop; kongen bad um pengar og lov til aa bruka hermagti. 29de mars vedtok stortinget mot 2 røyster, at kongen kunde bruka hermagti, men sende eit fylgjeskriv med, at „Norges deltagelse i den danske krig maa være afhængig af, at en alliance er afsluttet, hvorved der tilveiebringes forholdsmæssighed mellem stridskræfterne paa begge sider“ og at „den store flerhed af det norske folk sikkerlig ikke ønsker nogen nærmere politisk forbindelse mellem de forenede riger og Danmark.“ Svenskarne var ikkje huga paa aa hjelpa, vestmagterne vilde ikkje; den danske styringi var so einvis og, at det var ikkje greidt aa hjelpa ho; dermed stod Danmark no hjelpelaust aaleine og miste heile Slesvik.

Stor sorg vart det i Norig, daa det gamle brorlandet for so ille. Mange totte og, at smaafolki ikkje kunde greida seg lenger i slike tider, mindre dei slo seg ihop. 31te mai 1864 vart *det skandinaviske selskab* skipa i Kristiania; det vilde arbeida for eit samlag av dei tri rike med sams utanriks-styre, sams her og ting (unions-parlament) etter folketalet. Mange av dei mest høgsette mennerne var med i dette samlaget. Men snart tok folk til aa tvila for, at det budde noko meir innunder, og at meiningi var, at Norig og Danmark skulde gaa upp i Sverige. Dei, som heldt paa Norigs sjølvstende, gjekk ut tor samlaget slike som advokat **Dunker** og diktaren **Bjørnstjerne Bjørnson.**

Mange skandinavar meinte, at det fyrste, dei laut gjera, naar dei skulde setja skandinavismen i verk, var aa slaa Norig og Sverige ihop til eitt rike, so kunde Danmark koma med sidan.

Stortinget i 1863 hadde gjevet sitt samtykke til ein revision av unionen paa same grunnlaget som unions-akten. Ein unionskomite vart vald ei tid etter, og hausten 1867 kunngjorde komiteen framlegget sitt, og styringi lagde det fram i stortinget 1868—69. Etter dette framlegget skulde ikkje Norig og Sverige berre vera ihop under *ein* konge (personal-union), men ein ny heil-stat, ein svensk-norsk stat, skulde byggjast ovanpaa dei tvo gamle rike (real-union).

Medan dei mest høgsette mennerne i landet tøygde seg etter fyremaal, som laag langt utanfor landsens grensor, tok stortingsmann **Søren Jaabæk** fraa Lista til og skipa *bondeven-samlag* umkring i landet; desse vilde jamna ut all stands-skilnad og gjera ende paa penge-velde og embæts-velde, setja ned rentefoten og løningarne til embætsmennerne. Inkje blad i landet hadde so mange tingarar som „Folketidende“ hans Jaabæk, og Jaabæk sjølv var ei stund den megtigaste mannen i landet.

I 1865 hadde **Herman Anker** og **Olaus Arvesen** grunnlagt den fyrste „folkehøgskulen“ paa Sagatun til aa gjeva bondegutarne større upplysning og hug paa kunnskap. **Kristofer Brun** og fleire kom snart etter.

Ved dette leitet tok „maalreisningi“ til for aalvor og, med **Ivar Aasen** og **Aasmund Olavsson Vinje** til fyregangsmenner.

I 1859 hadde stortinget vedteket, at byarne berre skulde velja tridjeparten av tingmennerne, slik som grunnlovi i 1814 hadde fyresett (byarne hadde i 1859 50 tingmenner, heretter fekk dei 37). I 1869 vedtok stortinget eit framlegg av styringi, at stortinget skulde møta kvart aar.

Alt dette auka magti for bønderne og stortinget; bønderne og dei liberale, maalmenner og folkehøgskulevener slo seg no ihop til eit megtigt vinstreparti mot ministeriet Stang og unionspolitikken aat høgre.

I 1870 miste høgre sin gjæve førar Schweigaard. Samstundes døydde bonde-hovdingen Ueland; han hadde voret med i unionskomiteen, og dei sagde, han hadde trega slik paa, at han hadde voret med paa unions-framlegget, at han gjekk i gravi fyre tidi. Landet syrgde etter baae tvo.

Paa stortinget i 1871 rauk unions-framlegget; berre 17 tingmenner røysta for det.

I 1824 hadde stortinget negta samtykke til eit framlegg av Falsen, at statsraadarne skulde hava rett til aa vera med i stortings-møti. Sidan kom kongen gong etter gong med framlegg um det same, men det nytta aldri; stortinget tvila for, at kongen og statsraadet daa kunde faa for mykje magt. Ein av dei fremste maalsmennerne for denne saki i 1860 var Fredrik Stang.

Men no tok stortinget til aa skifta meining. Naar statsraadarne sat paa kontorkrakkarne sine og ikkje fekk vera med i stortingsmøti, vart dei meir som andre embætsmenner, styrde kvar sitt departement, hadde ikkje andsvar for, korleis det gjekk, og vart kongens tenarar; naar so kongen styrde eit anna større folk og, var det lite trulegt, at eit slikt statsraad skulde staa seg mot paaverknaden fraa kongen og Sverige. Kom statsraadarne med i stortings-møti, vart dei statsmenner og ikkje berre embætsmenner, laut hava folkets tillit og kom til aa verta folkets raad hjaa kongen. Stortinget kjende seg so sterkt og no, at det ikkje var rædd for aa taka mot statsraadarne, um dei kom.

I 1872 vedtok stortinget statsraads-saki med 80 røyster mot 29, men no hadde Stang og skift meining og talde kongen til aa negta sanktion. Ministeriet Stang meinte no, at skulde statsraadarne møta i stortinget, laut dei med same krevja fleire brigde i grunnlovi. Tvo av statsraadarne totte dette var urett og gjekk av (den eine var **O. J. Broch**).

Etter dette sende stortinget ei mistillits-adressa til kongen, og daa sagde heile statsraadet seg viljugt til aa taka avskil, men Karl sagde, han hadde tillit til det, og at det skulde staa.

No var 1000 aar gjengne, sidan Harald Haarfagre vann slaget i Hafrsfjord og samla riket; 18de juli heldt dei *tusundaars-fest* yver heile landet og reiste ei stytta paa Haralds-haugen.

Um hausten døydde kong Karl. Han hadde ingi søner, berre ei dotter **Lovise**, som var gift med krunprins Fredrik i Danmark.

Etter Karl vart **Oskar den andre**, bror hans, konge.

I 1873 vedtok stortinget samrøystes, at stathaldarposten skulde verta nedlagd, og at ein statsminister skulde hava forsætet i statsraadet i Kristiania. Kongen samtykte dette i norskt statsraad og utnemnde Fredrik Stang til statsminister i Kristiania.

I 1874 vedtok stortinget med 74 røyster mot 35 statsraads-saki att, men med eit lite brigde, so det ikkje var plent same vedtaket som i 1872. Kongen negta daa og.

I 1877 vedtok stortinget statsraads-saki i same ordlag som i 1874, med 82 røyster mot 29. Kongen sagde nei.

No vart striden millom stortinget og styringi heitare. Stortinget tok no til aa styra paa eigi hand, og stortings-komitearne hadde meir aa segja enn regjeringsdepartementerne, og det saag ut til, at styringi skulde verta staa-ande som ei bru paa turre landet; atterhaldsmennerne, alvisst i byarne paa Austlandet, gjorde ring umkring kongen og venta berging fraa honom.

Endaa verre vart det i 1879, daa det kom framlegg um aa lovfesta flagget av 1821 („det reine flagget“, utan unionsmerke). Dette trudde mange var det same som aa segja upp samlaget med Sverige, og no vart det slikt staak og livnad, so ingen tingmann vaaga seg til aa røysta for det.

17de mars 1880 vedtok stortinget statsraads-saki tridje gongen i same ordlagi. Vinstre meinte det, at det var med grunnlov-saker liksom med andre saker, at kongen ikkje hadde rett til aa negta sanktion meir enn tvo gonger til eit lovemne, som var vedteket i same ordlag *(suspensivt veto)*, og sume meinte paa det, at kongen slett ikkje hadde noko „veto“ (rett til aa negta sanktion) i grunnlov-saker. Høgre stod paa det, at kongen i slike saker hadde *absolut veto*, og 29de mai negta kongen sanktion. Berre ein av statsraadarne talde ifraa.

No kom Johan Sverdrup med framlegg i stortinget, um at dette vedtaket um statsraads-saki skulde gjelda som grunnlov, og 9de juni vedtok stortinget dette med 74 røyster mot 40; men styringi vilde ikkje fira.

Um hausten tok statsminister Stang avskil, og **Kristian August Selmer** vart ettermannen hans.

No kveste det paa med striden, heile landet skildest i tvo flokkar, og mange nye stridsemne kom til. Stortinget vedtok i 1881 eit brigde i grunnlovi um aa vidka røysteretten, for dei gamle reglarne var reint umogelege no (ein slagtar hadde røysterett, men ikkje ein lækjar; paa ein skule hadde vaktmeisteren røysterett, men ingen av lærararne); kongen negta sanktion. Stortinget negta pengar, som styringi bad um, og let

pengar til, som styringi ikkje vilde taka imot; no tok styringi seg rett til veto i bevilgningssaker og.

21de juni 1882 møtte kong Oskar med hoffet og dei øvste embætsmennerne i tingsalen og løyste upp stortinget. Kongen sat og las upp trontala; han sagde, at hans „overbevisning“ var „urokkelig“ og bad um, at eit naadigt forsyn vilde avvenda det vonde, som vilde koma, um dei rikka grunnvollen for den samfundsorden, som det norske folket i so mange aar hadde livt lukkeleg og fritt med.

Dette gjorde vondt verre. No hadde kongen sjølv teket parti. „Kongsmagti hev brent skipi sine“, sagde høgre, og 14 dagar etter trontala sagde Bjørnstjerne Bjørnson paa Stiklestad til 4000 bønder, som der hadde samla seg, at soframt kongen ikkje kunde gjeva upp det absolute veto, fekk det norske folket gjeva upp kongsmagti.

No bar det til med trugsmaal verre og verre. Høgre slo frampaa um statskupp, og folkevæpnings-samlag laga seg til alle stader og vilde verja grunnlovi.

Sumaren og hausten var det nytt val. Trontala spreiddest yver heile landet, og dei heldt store folkemøte og dryfte ho. Enden vart, at vinstre fekk 82 tingmenner, høgre 32.

Likevel vilde ikkje høgre gjeva seg. Det var meir no enn ein strid um politiske spursmaal, det vart meir og meir ein strid millom tvo livssyn. Utlivd tysk filosofi og romantik raadde endaa i dei høgre samfundslag, mange stader, alvisst i byarne sunnanfjels, jamsides med grov materialisme og mistru til folket og landet. Men mange var det og, som hadde teket til aa arbeida seg ut or dette og hadde fenget friare synsmaatar fraa Vest-Europa med tru paa framgang og utvikling. Fyrr stortinget kom ihop i 1883, sende nokre høgremenner ut eit *upprop til kristendomens vener,* at kristendomen var i faare, um vinstre vann; jamvel sume vinstremenner totte det var ikkje heiltupp faarelaust.

Vinstre var no so sterkt paa tinget, at det kunde setja berre vinstremenner i lagtinget, og endaa hadde det reint yvertaket i odelstinget. Etter eit langt ordskifte 16de til 24de april vedtok odelstinget med 53 mot 32 røyster tiltale for riksrett mot heile styringi. Mest i 3 fjordungaar heldt riksretten paa; i februar 1884 vart Selmer dømd fraa embættet.

Mange trudde, at kongen ikkje vilde bry seg um denne domen, og ved same leitet gav han sitt samtykke til aa klaga Bjørnstjerne Bjørnson og fleire andre for majestæts-brot. Endeleg fastsette kongen 11te mars, at Selmer skulde gaa av; samstundes gjorde han Selmer til riddar av den svenske serafimer-orden, den høgste svenske orden, som finst.

Høgre vart no harmt paa kongen, som hadde gjevet etter for riksretten, og paa høgsterett, som ikkje hadde sprengt riksretten, og vilde, at no skulde dei *gjera* noko, ikkje berre snakka. Dessimillom dømde riksretten den andre statsministeren, Kjerulf, og 6 statsraadar, som hadde talt kongen til aa negta sanktion i statsraads-saki, fraa embættet, den eine etter den andre, og 3 vart dømde til aa bøta 8000 krunor kvar.

3dje april kom eit nytt ministerium i stand, *aprilministeriet.* Alle dei tri statsraadarne, som var dømde til bøter, fekk plass i det nye ministeriet, og ein av deim, Schweigaard, son til professor Schweigaard, vart statsminister i Kristiania. Alle dei nye statsraadarne var menner, som vilde halda fram med striden.

Men no kom det upp, at chefen for arme-departementet, Munthe, i riksretts-tidi hadde teket av laasarne paa 20,000 byrsor og gjøymt deim, at herstyrken i Kristiania hadde fenget skarpe patronar, og at kanoner hadde stadet ferdige paa Akershus. Vinstre vart reint forstøkkt; slikt hadde ikkje hendt i den beiskaste styretidi hans Karl Johan, og odelstinget stemnde fyrst ein av april-ministrarne og sidan Munthe[1] til aa møta for seg og fekk upplyst, kva som hadde hendt. Det var aa vange og, at odelstinget skulde stemna inn statsminister Schweigaard, so han kunde gjera greida for, korleis det hekk ihop med det, at Selmer hadde voret med i statsraadet, etter han var dømd. Det synte seg og no, at det ingi hjelp var aa faa for høgre fraa Sverige, og dermed veik april-ministeriet undan; det gav upp dei søksmaal, som ministeriet Selmer hadde reist for majestæts-brot, og vilde gjeva etter i ymse ting, men no var det for seint, og det bad um avskil 31te mai.

No totte mange, striden hadde vart lenge nok, og vilde hava eit forliks-ministerium med Broch (s. s. 183) til statsminister; nokre av stortings-fleirtalet skulde og vera med; men høgre

[1] Munthe var sjuk og kunde ikkje koma, men sende skriftlegt svar paa spursmaali.

totte det var ei skam, um kongen smaaminka seg til aa taka niande-juni-menner med i ministeriet. So vart ikkje dette av.

Daa var det ikkje onnor raad, enn at kongen bad Johan Sverdrup taka styringi, og nokre dagar etter, 26de juni, vart ministeriet Sverdrup utnemnt. Gleda var stor paa vinstre, og mange totte gildt um, at ein bonde, **Baard Haugland**, no var komen med i kongens raad. Sundagen 29de juni gjekk ei stor folkeferd i gatorne i Kristiania, 35 fanor og 10,000 mann; bland deim var bønderne under det gamle merket hans Magnus Berrføtt; dei takka stortinget, Johan Sverdrup og kongen, og fraa kongsgarden kunde Oskar sjaa ned paa 40,000 menneskje, som hadde krulla seg ihop um folkeferdi og gledde seg, av di det no skulde koma fred og soning i landet.

Etter avtala vedtok stortinget no mot 25 røyster statsraadssaki att med eit tillegg (at den, som hadde voret statsraad, kunde veljast til tingmann andre stader, enn der han budde), og framlegg um aa vidka røysteretten, og kongen samtykte dette og meir til, som det hadde voret usemja um, og 2dre juli møtte statsraadarne fram i stortinget.

I 1885 var det ting-val att, og folket godkjende det, som hadde hendt. Paa det nye tinget for vinstre til aa kløyva seg; nokre vinstremenner kalla seg for „moderate“ og sagdest halda paa kristendomen og det nationale; dei kalla hine vinstremennerne for „reine“ og totte dei var hoste radikale og europæiske og fritenkjande. Baae vinstreflokkarne heldt likevel ihop i ymse ting og dreiv i 1887 igjenom *jury-lovi.* Ved den kom folke-domstolar i staden for dei gamle embætsmannsdomstolar, og landet vart bytt i 6 lagdøme, Borgarting, Eidsivating, Agder, Gulating, Frostating og Haalogaland. Større lovbrot vert no paadømde ved *lagmanns-rett;* i denne er 3 domarar; den eine av deim kallast lagmann og er formann i retten; lagretta, 10 folkevalde menner, skal avgjera, um den, som er under tiltale, er skyldig eller ikkje. Mindre saker vert paadømde ved *meddoms-rett,* underdomaren (byfut eller skrivar) og tvo folkevalde domsmenner.

Sverdrup var i ei vanskeleg stilling. I 1885 vedtok den svenske riksdagen eit brigde i grunnlovi um utanriks-saker. Fyrr greidde den svenske utanriks-ministeren desse sakerne ut i „ministerielt statsraad“ for kongen; i dette skulde ein svensk

statsraad vera med og etter 1835 den norske statsministeren, naar det var saker, som kom Norig ved. Utanriks-saker laag under kongen serskilt, og han hadde einvaldsmagt, aa kalla, paa dette umkvervet. Soleis var paa ei vis Norig og Sverige jamstelte, naar slike saker vart avgjorde; men etter brigdet i 1885 kom desse sakerne under same andsvar som andre saker, slik at riksdagen no fekk tilsyn med deim, og 2 svenske statsraadar skulde no vera med i det ministerielle statsraadet. Fyrr var det i dette statsraadet 1 norsk mot 2 svenske, no vart det 1 norsk mot 3 svenske, og attaat var dette statsraadet no andsvarlegt for riksdagen, men ikkje for stortinget.

Soleis var Norig endaa verre stelt med utanriks-sakerne no enn fyrr, og ministeriet Sverdrup kunde ikkje faa bøtt paa dette.

Den usemja, som var millom vinstremennerne, kom inn i ministeriet med, den eine statsraaden gjekk av etter den andre, og dei „reine“ drog seg burt fraa ministeriet. I 1888 var det ting-val att. Dei moderate var no so forarga, at dei hjelpte høgre med aa „hogga ned“ fleire av dei beste vinstremennerne, og no vart høgre den sterkaste av dei tri flokkarne paa tinget. Ministeriet Sverdrup var no berre som ein skugge; sumaren 1889 tok høgre styringi, og **Emil Stang**, son hans Fredrik Stang, vart førar for det nye høgre-ministeriet.

Ved tingvalet i 1891 vann det reine vinstre, og daa vart det eit vinstre-ministerium under rektor **Steen**. Daa han styrde, vedtok stortinget, at Norig skulde hava konsular for seg sjølv, og daa kongen negta samtykke, gjekk ministeriet Steen av. Sidan vart det ein hard strid, svensken sagde upp millomrikslovi, mange totte det beina seg til ufred med Sverige, og stortinget let mange pengar til, so heren og flaaten kunde koma godt istand, um noko skulde henda. I 1897 fekk vinstre stort fleirtal att ved tingvalet, og daa vart Steen statsminister att. Det siste stortinget innførde aalmenn politisk røysterett og vedtok ei lov um, at handelsflagget ikkje skal hava unionsmerke lenger. Kongen negta samtykke, men daa tvo storting fyrr hadde vedteket denne lovi i same ordlag, vart det lov likevel.

Av lover, som kom ut, sidan aarlege storting vart innførde, kann nemnast: lovi um pengevæsenet 1873, som gjorde gull

til myntfot, og lovi um mynt-konventionen med Sverige og Danmark i 1875; fraa den tid skulde ein rekna i krunor og øyre i staden for dalar, mark og skilling. Same aaret vart det vedteket aa innføra metrisk maal og vegt. I 1878 og 1880 vart det fastsett tru-fridom for dei fleste embætsmennerne. I 1882 fekk kvinnor lov til aa verta studentar. I 1889 kom det ut tvo lover um *folkeskulen* paa landet og i byarne, so borni no vil faa mykje betre upplæring enn paa den gamle aalmuge-skulen. I 1896 vart den kommunale røysteretten vidka so mykje, at han vart mannjamn, aa kalla.

I dei siste femti aari hev det gjenget mykje fram med landet i mange maatar. Telegrafar og veger er lagde rundt heile landet. I 1860 fanst det 68 kilometer jarnveg, no 2000. Handel og skipsferd hev auka paa, so handelsflaaten er paa lag 5 gonger so stor som i 1850 og 30 gonger so stor som i 1767, og nordmennerne er eit av dei fremste folki paa sjøen. Endaa mange hev utvandra til Amerika, er folkemengdi no meir enn dubbelt so stor som i 1814, og Kristiania, som i 1814 hadde berre 10,000 menneskje, hev no 220,000.

Bokrike, kunst og vitenskap. Maalreisningi. Etter 1814 voks det upp ei ny ætt, som tok til aa skyna, at det ikkje var nok for nordmennerne aa vera politisk frie og sjølvstyrande, og at det vanta mykje paa, at dei var eit heilvakset folk, slik som dei fleste andre folk i Europa. Dei totte, at Norigs-soga fraa Kalmarsamlaget til 1814 var reint ærelaus, og hata Danmark, som dei meinte var skuld i det. Landet var yvergrott med danskt tungemaal og kultur, og dei laut frigjera seg for dette og vera seg sjølve. Umkring aaret 1830 tok det til ein heit strid um dette, og difor kallar dei tidi fraa 1830 og frametter for *„Norskheds-perioden“*.

Den, som gjekk i fyreenden med desse nye tankarne, var **Henrik Wergeland**, son til presten Nikolai Wergeland. Han er Norigs største diktar. Han hata all ufridom og hardstyring og trudde paa framgang og utvikling. Han vilde gjera nordmannen til ein upplyst og fri borgar „under borgarkransen skodande fritt og vidt ut i verdi“, men vilde, at han skulde vera norsk og. Han heldt bonden for aa vera den rette arvtakaren etter dei gamle nordmennerne fraa stortidi. Alle dei framgangstankarne, som sidan hev voret uppe, leika alt i hugen hans;

han skreiv visor paa bygdemaal og spaadde eit nytt norskt bokmaal „fyrr aarhundradet raudnar ned“.

Dette var nettupp, daa bønderne møtte mannsterke paa stortinget og fekk Ueland til førar. Daa tok dei fæla, som heldt paa det gamle („intelligensen“); dei hadde si rot i det tysk-danske kulturlivet og vilde halda det aandelege samliv med Danmark ved lag, medan Wergeland samstava med engelske og franske synsmaatar. „Intelligensen“ fylkte seg um diktaren **Johan Welhaven** (d. 1873). Mange av deim vart sidan store menner, som A. M. Schweigaard, Fr. Stang, Birch-Reichenwald, Dunker og P. A. Munch.

I 1834 skreiv Welhaven *Norges dæmring* med ymse fagre ord um Norigs framtid, men endaa meir med skjerande spott; det stod i diktet so mykje som so, at nordmannens heim ikkje var Norig, men Danmark og Norig. No skildest alle tenkjande menner i landet i tvo flokkar, og det kveste paa med striden („Dæmrings-feiden“). „Norskhedsmændene“ tok 17de mai aaret etter paa fleire stader og brende boki hans Welhaven med stor høgtid, og i 1838 gjekk dei i teatret *paa* „dæmrings-mændene“ med knytte nevar og jaga deim ut, daa dei peip for Wergeland (teaterslaget).

Daa Wergeland døydde 1845, syrgde heile folket, og aldri hadde Norig set maken til likferd.

I dei siste aari hadde det stilna av med striden, og den tysk-danske romantikken fekk yverhand i Norig, men vart so national, so han kom til aa gjera ei stor gjerning. I 1838 gav **Jakob Aall** (d. 1844) ut si umskrift av kongesogorne; for umskrifti hans Peder Klausson var reint utsliti og gamaldags. 1840 gav **Jørgen Moe** (d. 1882) ut „Norske folkeviser og stev“, og 2 aar etter gav han ut i lag med **Peter Christian Asbjørnsen** (d. 1885) „Norske folkeeventyr“. Sidan kom „Norske huldreeventyr og folkesagn“ av Asbjørnsen. No hadde Welhaven mogna til si diktar-gjerning med og skreiv fagre dikt og hadde fenget betre tru paa folket. Presten **Magnus Landstad** (d. 1880) skreiv upp visor i Telemarki, og **Ludvig Lindeman** (d. 1887) samla folketonar. Dei namngjetne maalararne **Adolf Tiedemand** (d.1876) og **Hans Gude** og fleire andre maala bilæte fraa det norske folkelivet og den norske naturi, og den store spelemannen **Ole Bull** (d. 1880) spela norske tonar. Tonediktararne **Rikard**

Nordraak (d. 1866) og **Halfdan Kjerulf** (d. 1863) vann seg eit stort namn ved si norske tonediktning, og **Bjørnstjerne Bjørnson** og **Henrik Ibsen** skreiv sine fyrste diktarverk. Alle desse opna augo og hjarto paa byfolket, so det saag, at det var den gamle norske grunnen, som det nye skulde veksa upp or.

Det nye livet, som hadde vakna i Norig, synte seg i vitenskapen og. Her skal nemnast astronomen **Kristofer Hansten** (d. 1873), matematikaren **Nils Henrik Abel** (d. 1829), zoologen **Mikael Sars** (d. 1869), og historikarne **Rudolf Keyser** (d. 1864) og **Peter Andreas Munch** (d. 1863), som granska den gamle Norigs-soga og det gamle norske maalet, og maalgranskaren **Ivar Aasen** (d. 1896) som drog fram bygdemaali.

Fraa fyrstningi av 40-aari til midten av 60-aari lagde diktarar, kunstmenner og vitenskapsmenner eit ypparlegt grunnlag for nationalt arbeid. Ein fin daam av romantik og skandinavisme laag yver det heile. Men sidan tedde livet seg, som det var, hardt og ikkje altid so fagert. Skandinavismen var det ikkje større mun i, enn at Danmark miste Slesvik. Bonden, som dei hadde kvedet so fagert um, vart „radikal" og vilde slaa ned løningarne for embætsmennerne, og bondens maal kravde sitt gamle rom att. Samstundes som den politiske striden braut ut i 60-aari, trengde realismen romantikken undan. Bjørnson og Ibsen teikna bilæte av det norske samfunds-liv, som det er, og gav folket mangt eit sannings-ord til aa tenkja paa. Bokriket vart ikkje til hugnad lenger, men til tugt. **Camilla Collet** (d. 1894), syster hans Wergeland, vart fyregangsmann til aa hjelpa kvinna fram til større rett. Nye dugande diktarar kom til, som **Jonas Lie, Alexander Kjelland** og **Kristian Elster** (d. 1881).

Fleire gilde vitenskapsmenner hev det voret i den siste tidi og. Her skal nemnast historikaren **Ernst Sars** og maalgranskaren **Sofus Bugge**. I 1893 drog **Fritjof Nansen** paa ei Ishavs-ferd med skipet **„Fram"** og kom mykje lenger nord, enn nokon annan hadde gjort. Paa denne merkelege ferdi var han burte i 3 aar.

Maalreisningi, som tok paa alt i 50-aari, trudde dei lenge var berre eit romantiskt paafund, men i midten av 60-aari vart det aalvor i leiken. **Aasmund Olavsson Vinje** var ein av vaare

beste diktarar; han døydde 1870. Av andre landsmaals-diktarar er dei mest namnkjende **Ivar Aasen, Henrik Krohn** (d. 1879), **Kristofer Janson, Arne Garborg** og salmediktaren **Elias Blix.** Det nye testamentet er no umsett paa norsk, og meir og meir hev landsmaalet arbeidt seg fram jamsides med det framande bokmaalet, baade i bokriket, i skulen og i kyrkja.





